



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Kommunestyret
Møtestad: Høgskulen i Volda, Hans Strøm-bygget, rom 243
Dato: 21.04.2016
Tid: 14:00

NB!

**Kommunestyret møter kl. 12:00 for å delta i oppdatering om studien
BARN I MIDT-NORGE - VOLDAPROSJEKTET**

Kommunestyremøtet med handsaming av sakene startar kl. 14:00.

.....

Kommunestyremøtet er flytta ei veke fram i forhold til oppsett plan, til den 21. april. Dette medfører at sakene som skal handsamast i formannskapsmøtet den 19. april, vert utsendt til kommunestyret utan tilråding frå formannskapet.

Tilrådinga frå formannskapet vert lagt ut på lesebretta til kommunestyret så snart formannsaksprotokollen er godkjent den 20. april.

.....

Medlemer som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemer kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700 eller postmottak@volda.kommune.no.

Varamedlemer får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.



VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 42/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 43/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 44/16	Planid 2012007- Detaljregulering- B58 Bustadområde Bratteberg/Heltne
PS 45/16	Årsmelding og skatterekneskap for 2015
PS 46/16	Kommunereform - Intensjonsavtale om å slå saman Volda og Ørsta kommunar
PS 47/16	Kommunereforma - Intensjonsavtale om å slå saman Volda, Hornindal og Stryn kommunar
PS 48/16	Fordeling av midlar til asyl-, busetjings,- og integreringsarbeidet
PS 49/16	Oppreisning for tidlegare barnevernsbarn
PS 50/16	Felles vegpakke for Volda og Ørsta - prosess
PS 51/16	ORIENTERINGSSAKER
OS 14/16	Høring - Kommunelovutvalgets utredning 2016: 4 - Ny kommunelov
OS 15/16	Arena for læring og velferdsteknologi - Møre og Romsdal (ALV - Møre og Romsdal)
OS 16/16	Søknad om tilskot til vegar, breiband og andre digitaliseringstiltak i kommunar som skal slå seg saman
OS 17/16	Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet den 09.03.2016
OS 18/16	Orientering om midlar til auka pedagogtettleik i 1. - 4. klasse
OS 19/16	Statleg sysselsettingspakke i statsbudsjettet for 2016 - vedlikehaldsmidlar



VOLDA KOMMUNE

PS 52/16

DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE

DS 51/16	Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 18/148
DS 52/16	Mellombels bruksløyve, tilbygg Gbr 30/219
DS 53/16	Igangsettingsløyve, takteking Gbr 19/877
DS 54/16	Mellombels bruksløyve Gbr 15/16/0/1
DS 55/16	Løyve til tiltak, løfteplattform Gbr 10/23
DS 56/16	Dispensasjon Gbr 6/36
DS 57/16	Løyve til tiltak, bruks- og fasadeendring Gbr 19/275
DS 58/16	Løyve til tiltak, mellombels bruksendring Gbr 4/5
DS 59/16	Løyve til tiltak, tilbygg/garasje Gbr 12/22
DS 60/16	Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 20/283/0/2
DS 61/16	Igangsettingsløyve, garasje og veranda Gbr 19/83
DS 62/16	Ferdigattest, naust og flyrebrygge Gbr 80/8
DS 63/16	Ferdigattest, garasje Gbr 20/531
DS 64/16	Igangsettingsløyve, bustad Gbr 12/3
DS 65/16	Mellombels bruksløyve Gbr 17/231
DS 66/16	Løyve til endring Gbr 19/877
DS 67/16	Rammeløyve, teknisk anlegg Gbr 16/12
DS 68/16	Løyve til endring Gbr 30/24
DS 69/16	Ferdigattest, garasje Gbr 13/47
DS 70/16	Løyve til tiltak, parkeringsplass Gbr 20/79
DS 71/16	Løyve til tiltak, påbygg Gbr 20/36
DS 72/16	Ferdigattest gbr 4/5
DS 73/16	Ferdigattest Gbr 131/3

GRUPPEMØTE

Måndag 18.04.16

AP	kl. 18:00-20:00	Møterom Dalsfjorden
V	kl. 20:00-22:00	Møterom Dalsfjorden
KRF	kl. 19:30-21:30	Møterom Voldsfjorden
SV	kl. 18:00-20:00	Møterom Austefjorden
SP	kl. 19:30-21:30	Møterom Austefjorden - evt. anna møterom
MDG	kl. 20:00-22:00	Møterom Austefjorden

Tysdag 19.04.16

H	kl. 17:30-19:30	Møterom Austefjorden
FRP	kl. 18:15	Møterom Voldsfjorden

PS 42/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 43/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Elisabeth Busengdal/Heidi Istad Arkivsak nr.: 2012/2280
Arkivkode: 2012007

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
45/16	Formannskapet	15.03.2016
44/16	Kommunestyret	21.04.2016

PLANID 2012007- DETALJREGULERING BUSTADOMRÅDE B58- ØVRE HELTNE

Handsaming:

Saka vart sendt på nytt til formannskapet 14.03.2016, med eit tillegg (nytt pkt. 2) i administrasjonen si tilrådinga:

Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr. oreigningslova § 2, siste ledd og kap. 16 i plan og bygningslova.

Planleggar Heidi Istad, orienterte om planarbeidet.

Jørgen Amdam kom med slikt framlegg:

Kommunestyret skal ha befarung i området før vedtak.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, inkl. nytt pkt. 2 og framlegget frå ordføraren, vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 15.03.2016 til kommunestyret:

- 1. Detaljregulering for område "B58 – Øvre Heltne", slik det går fram av planomtale og føresegner datert 18.02.2016 og plankart datert 22.02.2016, vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12-12.***
- 2. Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr. oreigningslova § 2, siste ledd og kap. 16 i plan og bygningslova.***

3. Kommunestyret skal ha befaring i området før vedtak.

Administrasjonen si tilråding:

4. *Detaljregulering for område "B58 – Øvre Heltne", slik det går fram av planomtale og føresegner datert 18.02.2016 og plankart datert 22.02.2016, vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12-12.*
5. *Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr. oreigningslova § 2, siste ledd og kap. 16 i plan og bygningslova.*

Vedleggsliste:

Planomtale datert 10.04.2015, justert 18.02.2016
Reguleringsføresegner datert 18.12.2013, revidert 18.02.2016
Plankart datert 22.02.2016
Merknader ved offentleg ettersyn

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan for Volda sentrum, Mork-Furene og Vikebygda
Planframlegg utlagt til offentleg ettersyn, datert 18.12.2013
Formannskapssak PS 6/14, den 21.01.2014 med vedlegg

Samandrag av saka:

Volda kommune har utarbeidd reguleringsplan for området til bustadformål på øvre Heltne. Området er avsett til bustadformål i kommunedelplan Volda sentrum og har der nemninga B58.

Planforslaget vart utarbeidd av firma Per Mulvik AS, på vegne av Volda kommune. Etter høyring og offentleg ettersyn er det gjort nokre endringar i planforslaget.

Planprosessen er gjennomført i samsvar med reglane i plan og bygningslova kap 12, og planframlegget vert no, etter gjennomført offentleg ettersyn, fremja for godkjenning.

Saksopplysningar:

Det er utarbeidd detaljreguleringsplan for eit bustadområde som i kommunedelplan for Volda sentrum er kalla B58. Området ligg nord for Heltne/Bratteberg feltet ovanfor Bjørnevegen. Planforslaget vart utarbeidd av firma Per Mulvik AS, på vegne av Volda kommune.

Planområdet si utstrekning og arealbruk er i hovudsak i samsvar med kommunedelplan for Volda sentrum, Mork/Furene og Vikebygda, godkjent 18.06.2009. I forhold til arealet som var avsett til bustadformål(B58) i kommunedelplanen er planområdet utvida noko mot nord for å kunne sikre areal til nødvendig avskjeringsgrøft for overvatn m.v.

Planprosessen er gjennomført i samsvar med gjeldande sakshandsamingsreglar etter pbl. Kap. 12 i PBL2008 og reguleringsframlegget er utarbeidd i samsvar med reglane i § 12-3.

Oppstartsmøte med plankonsulent vart gjennomført 19.10.2012.

Varsel av planoppstart og tilskrivning av partar/høyringsinstansar i brev av 23.11.2012.

Planframlegg vart fremja for handsaming i Formannskapet som sak PS 6/14 den 21.01.2014, der det vart gjort slikt vedtak:

Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 18.12.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10

Planframlegget er etter det lagt ut til offentleg ettersyn den 24.01.2014, ved kunngjering i avisa Møre og på kommunen si heimeside. Varsel til aktuelle fagorgan, lag og organisasjonar og partar i området er sendt med brev datert 24.01.2014. Frist for merknader var sett til 11.03.2014 og vi har motteke 13 merknader, som alle tatt inn og kommentert under.

Ved offentleg ettersyn har ein motteke fylgjande merknader/ innspel:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 10.03.2014:

”Etter å ha sett på vegnettet som fører opp til Bratteberg, er vi av den oppfatning at bustadområdet er uheldig plassert både ut frå topografi, mangel på samanhengande gang og sykkelveggar og moglegheit for tilkomst for ringbuss.

Natur- og miljøvern

Det er ikkje registrert spesielle naturfaglege interesser innan planområdet av regional- og nasjonal verdi. Når det gjeld landskapsverknader etterlyste vi ei synleggjering av dette i vårt innspel til planarbeidet i brev av 04.01.2013. Dette er vist på forsida av planomtalen og som figur 14 side18. Det er sjølvsagt ikkje enkelt å vise ei tenkt utbygging, men på illustrasjonen er det berre vist ein bustader, og ikkje dei areala som er regulert for konsentrerte småhus. Det vi elles ser i utbygde område høgt oppe i lia i Volda, er at landskapsverknadane i stor grad er avhengig av korleis tomtene blir utnytta og tilpassa i form av store arkitektheikna hus med store glasfasadar, høge murar m.v.

Samfunnstryggleik

Flomfare er omtala i ROS analysen som eit problem det må gjerast noko med. I fellesføresegnene § 4.1 er det sett rekkefølgekrav til sikringstiltak langs Heltneelva. I tillegg er det lagt ein plan for å flytte ein avskjerande overvasskanal. I føresegnene er det lagt opp til at denne skal opparbeidast samstundes med bustadfeltet. Vi meiner denne bør vere på plass før utbygginga tek til. Vi tilrår at ein tek omsyn til at prognoser viser auka nedbørmengder generelt og at store mengder kan kome på kort tid i framtida. Feltet er tenkt utbygd i eit område vi meiner kan vere tungt tilgjengeleg i snøvintrar for t.d større brannbilar ved ei utrykking.

Barn og unge

Dei fysiske oppvekstvilkåra for barn og unge er ikkje fullt ut tilfredstillande. Årsaka til dette er den lange avstanden til Volda sentrum med sine fritidsaktivitetar, og skular utan busstilbod. Å sykle til og frå Bratteberg byr på utfordringar med bratte bakkar med smale og trafikkerte veggar delvis utan fortau/gang og sykkelveg. Sjølv om det på reguleringskartet ser greit ut med tanke på grøntkorridorar og friområde, vil det bli ei utfordring å få til flate og funksjonelle leikeplassar som er store nok i høve til behovet.

Føresegner

Det er positivt at fortau langs Bjørnevegen skal etablerast for utbygging av feltet tar til. Det same gjeld støytiltak som er foreslege i rapporten frå Sweco. Å stille krav om korleis

husa skal plasserast på tomta og plassering av soverom i høve støy, kan bli vanskeleg for kommunen å følgje opp i kvar byggesak.

Konklusjon

Fylkesmannen er skeptisk til meir bygging i bratt terreng med særleg lange tilførsleveggar der nokon av dei er for smale til at det er mogleg for ringbussen å komme seg fram. Vi meiner spesielt barn- og unge får lide ved utbyggingar som dette, der det er lite attraktivt å sykle til og frå skule/fritidsaktivitetar, og ein heller ikkje har busstilbod til bustadområda. Sjølv om det er mykje som talar imot den ønska utbygginga, meiner vi det ikkje er grunnlag for å reise motsegn til planen. Det er Volda kommune som er ansvarleg for å vurdere om det er grunnlag for ei forsvarleg utbygging innan B58 Bratteberg.”

Kommentar:

Lokalisering av bustadfeltet (og avklaring sett i høve til natur, miljø og landskap) er avklara gjennom godkjent kommunedelplan med tilhøyrande konsekvensutgreiing (knytt til nye utbyggingsområde). Dei topografiske forholda og etablert vegsystem gjer det vanskeleg å oppnå tilfredstillande tilgang på ringbuss i mange av bustadområda. Det går ringbuss frå Vikebygdvegen, opp Bakkelidvegen, vidare opp Hjellbakkane og over til Uravegen. Frå nedre del av B58 til næraste busstopp(ved Uravegen) er det om lag 500 m, målt langs etablert/planlagt fortau. Dette er nærare ringbussrute enn t.d. bustadfeltet Bratteberg aust.

Synleggjering av landskapsverknadane er vist i illustrasjonar i planomtalen. I illustrasjonane er det vist volum for typiske einebustader og volum for typiske 2 eller 4 mannbustader. Den faktisk bygde situasjonen vil sjølvstyk ikkje vere muleg å illustrere fullt ut når det er lagt til rette for fritt sal av dei einskilde tomtene til private tomtekjøparar utan binding til val av bestemte hustypar. Det er elles sett krav i reguleringsføresegnene om at det i søknad om bygglyoyve skal ligge føre teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg og garasje si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar.

Behova for avskjerande overvasskanal og tiltak i /langs Heltne-elva er teke inn som føresetnader i plan, jf planføresegner med rekkefylgjekrav.

Ordlyden her er justert i planomtale og føreseger i samsvar med fylkesmannen sitt innspel.

Fylkesmannen meiner oppvekstvilkåra for barn og unge ikkje er fullt ut tilfredstillande på grunn av avstanden til fritidsaktivitetar og skular utan busstilbod. Bustadområdet vil tilhøyre Øyra skulekrins og elevane vil truleg gå på Bratteberg og Vikebygda skule. Her er lagt opp til etablering av gangveg langs Bjørnevegen som ein føresetnad for utbygginga, noko som vil gjere skulevegen sikrare. Her er elles lagt til rette med snarveggar og gangtraséar i området som gjer at avstand til skule og barnehage ikkje er så stor som Fylkesmannen gir uttrykk for. Avstanden til fritidsaktivitetar i Volda sentrum vil for mange bli oppfatta for lang til at borna kan gå/sykle dit, men her er grønkorridorar, stiar, gang- og sykkelveggar som gjer at mange likevel vel å sykle/gå til t.d. Årneset og stadionområdet.



Avsette område til leik i planområdet er valt ut i samråd med kommunen sin barnerepresentant og vil kunne gje eit godt og variert tilbod for barn og unge i området. Området o_L1 er elles relativt flatt og har stort potensiale for ulike bruksformål til leik. Ballplass er vist i område o_Fr5, og er allereie delvis planert. Dei andre leikeplassane ligg i brattare terreng og dei er derfor lagt inntil grønsone der det kan etablerast stinett som kan gi betre tilkomst til leikeområda. I desse leikeområda kan ein på delar av areala planerast for å oppnå flatare og meir funksjonelle areal. I føresegnene er det knytt krav til innhald på dei aktuelle areala og rekkefylgjekrav knytt til ferdigstilling. Det er elles gode aktivitetsareal tilgjengeleg ved skuleområdet for Bratteberg skule, ved barnehagen i same området og ein etablert ballplass ved Bøgardsvegen.

Det aktuelle feltet ligg med øvre veg på ca kote 225. Dette er lågare enn øvre bustadrekke i Bratteberg aust som ligg om lag på kote 240. Ut frå erfaringa her, der området no er mest ferdig utbygd, finn ein at både driftsmessige og beredskapsmessige tilhøva vil bli tilfredsstillande.

Planframlegget tek i stor grad omsyn til dei problemstillingar som fylkesmannen tek opp. Ut over endringa nemnt ovanfor vedkomande overvassgrøft og behov for sikringstiltak langs Heltneelva, finn ein ikkje at merknaden gir grunn til endringar i plan. Det er gjort fleire grep i planen når det gjeld tilhøva for barn og unge, og bustadfeltet har ikkje dårlegare busstilbod eller gang-/sykkelmogelegheiter til og frå fritidsaktivitetar enn det som elles er situasjonen for bustadområda i dalsidene i Volda sentrum.

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev av 12.03.2014:

”Vi har ikkje merknader til kart og føresegner utover at føresegnene må vere tydelege dersom leikeareal og anna friareal skal vere offentleg eller felles. Dette har betydning for kven som har ansvar for opparbeiding og vedlikehald, og dermed kven som skal innfri rekkjefølgekrava. I følge planomtalen skal fleire av friområda vere offentlege. Føresegner og planomtale må vere konsistente her.

Planomtalen er elles grundig og gjer greie for alle dei tilhøve som det kan stillast krav om. Vi har berre ein redaksjonell kommentar. Kapittel 6 bør gå ut, ettersom det er gjort greie for innhaldet i 2.5. I innhaldsoversikta kan det sjå ut som om det er kapittel 6 som er konsekvensutgreiinga.

Sidan området generelt er bratt, kunne vi gjerne også tenkt oss at det var synleggjort korleis leikeareal (O_L1-3) kan opparbeidast. Dette er likevel ikkje ei innvending stor nok til at vi vil gjere motsegn gjeldande.

Planen kan etter eit par mindre presiseringar eigengodkjennast. Vi viser til detaljar ovanfor.”

Kommentar:

Inndelinga av friområde og leikeplassar i området er gjennomtenkt og avklara gjennom prosessen i samråd med m.a. barnerepresentanten og kommunalteknisk avdeling. Vi meiner elles at grunnlaget for opparbeiding av leikeområda er godt sikra gjennom reguleringsføresegnene pkt 2.1.3 og rekkefylgjebestemmelsar gitt i føresegnene pkt 4.1. Føresegnene er foreslått justert for å få klarare avgrensing mellom offentlege område og fellesareal. Jf. Justert planomtale og føresegner. Kapittel 6 Konsekvensutgreiing er tatt ut jf. merknaden.

Merknaden gir ut over dette ikkje grunn til endringar i plan.

NVE, brev av 25.02.2014:

”Langs Heltneelva er det sett av ei sone på 20 meter med grøntområde. Det er i planomtalen synt til at det har vore tilfelle med overfløyning av område langs Heltneelva nedanfor planområdet, og at flaumproblema kan forventast å auke som følgje av utbygging innanfor planområdet.

I rekkefølgjeføresegnene er det sett krav om at nødvendige sikringstiltak i område som er utsett for overfløyning må vere gjennomført før utbygging i planområdet kan ta til. Ved sikring av flaumutsette område bør det takast omsyn til at ein sikrar mot ein 200 års flaum med klimaframskriving.”

Kommentar:

Dei omsyn som er vist til er vurderte i plan og teke omsyn i planen, jf. rekkjefølgjeføresegner. Det er gjort presiseringar i føresegnene.

Kommunalt råd for funksjonshemma , sak 5/14 den24.02.2014:

- 1. Funk har ingen innvending mot Detaljregulering B58 Bratteberg.*
- 2. Funk ber om at foreskrift om Universell utforming blir utført som beskrevet i Byggteknisk foreskrift – TEK 10, datert 05.09.2013, først del – andre del – tredje del og fjerde del der dette er mulig med hensyn til typografien. Dog er det ønskelig om at 20 % av byggingsmassen blir universelt utformet.*
- 3. Funk ber om at gangvegen mellom Bjørnevegen-Plassevegen blir realisert snarest.*

Kommentar:

Dei punkt som her vert teke opp er vurderte i plan og teke omsyn til i utforming av vegsystem, og i føresegner knytt til plan. Krav om universell utforming følgjer av TEK10. Sidan planområdet ligg i eit temmelig bratt område og planen først og fremst legg til rette for einebustadtomter er det lite aktuelt med krav om at ein gitt del skal vere universelt utforma. Slike krav vil vere vanskeleg å innfri og er mest aktuelt i meir sentrumsnært areal der topografien ligg meir til rette for at universelt utforma bustad kan realiserast. Det er sett rekkjefølgjekrav om at fortau langs Bjørnevegen må vere gjennomført før ein kan ta til med utbygging innanfor planområdet. Merknaden gir ikkje grunn til endring av planen.

Eldrerådet, sak 4/14 den24.02.2014:

- 1. Eldrerådet tek reguleringsplan B58 Bratteberg til vitende, men peikar igjen på bustader for eldre i sentrum. Det er særskilt viktig at eldre bur nær dei sentrale tilboda.*
- 2. Gangvegen Bjørnevegen – Plassevegen må realiserast snarast.*

Kommentar:

Bustader for eldre i sentrum ligg utafor det planen skal løyse og vert å ta med som innspel til arbeid med kommuneplanen sin arealdel. Det er sett rekkjefølgjekrav om at fortau langs Bjørnevegen må vere gjennomført før ein kan ta til med utbygging innanfor planområdet. Merknaden gir ikkje grunn til endring av planen.

Heltne-Bratteberg Grendalag, brev av 28.03.2014:

Positivt med stor grad av einebustadar og presisering av at frittliggjande småhus er definert som einebustader.

Ein bør ha ein overordna plan for bustadbygging i Volda som seier noko om fordelinga av konsentrert busetnad og frittliggjande bustadar. Vi meiner at det i Heltne-Brattebergfeltet ligg til rette for større tomter og frittliggjande einebustadar og at denne type bustad bør dominere i feltet. Utbygginga siste åra viser at det framleis er både behov og interesse for å byggje einebustadar. Vår erfaring viser også at det er viktig å ha klart definerte områder for

konsentrert busetnad. Vi meiner at framlegget til reguleringsplan tek dette i vare på ein god måte.

Tursti gjennom feltet.

Det går i dag ein sti/ traktorveg gjennom det planlagde feltet til «vasshuset». Denne er mykje nytta og bør ivaretakast slik det er lagt opp til i framlegget til reguleringsplan. Denne turstien må opparbeidast som ein del av klargjeringa av bustadfeltet og det må vere samanheng mellom gangstien i feltet og den vidare stien opp til vasshuset.

Støy.

Brattebergfeltet tek til å bli stort og trafikken aukar tilsvarande. Det er ein tilførselsveg i feltet som skal ta unna all trafikk. I tillegg til det som er foreslått i reguleringsplanen bør det settast i verk støyskjermande tiltak for dei eksisterande husa i Bjørnevegen, Plassevegen og Bøgardsvegen som ligg nærast planområdet og tilførselsvegen.

Traffikktrygging.

Viser til tidlegare innspel om trafikktrygging rundt Bratteberg skule. Med auka utbygging og auka trafikkbelastning, er dette viktig å utbetre i samband med reguleringsplan B58 for ny utbygging:

1. Gangveg langs Bjørnevegen

Det må vere samanhengande gangveg langs heile Bjørnevegen med overgangsfelt til gangvegen som går frå Plassevegen langs Hjellbakkane. Gangfeltet må grunna trafikksikkerheit ligge ved Plassevegen.

2. Fotgjengarovergangar i Hjellbakkane / Sikker skuleveg.

Det må kome tre opphøya fotgjengarovergangar i Hjellbakkane for å sikre skulevegen til Bratteberg skule.

A. Kryssing Hjellbakkane/Bergsvegen/Bratteberg skule

Gangfelt: Gangfeltet går i dag frå midten av ei buslomme. Det er laga nytt tilknytningspunkt mellom Bergsvegen og Hjellbakkane og gangfeltet bør vere her.

Gangveg: Flytting av gangfelt vil medføre behov for forlenging av gangveg langs skulen sin parkeringsplass fram til det nye gangfeltet. Gangfeltet kan med fordel vere opphøya.

Ny innkøyring til parkeringsplassen: Innkøyringa til parkeringsplassen bør flyttast til austsida av plassen.

B. Etablering av fotgjengarovergang ved gangveg som kjem frå Bratteberg skule v/Ballbingen.

Det er opparbeidd ei grusa rås over skuleområdet. Denne rása kjem usikra opp på den trafikkerte vegen Hjellbakkane rett nedanfor Frikyrkja. For bilistar er det ikkje synleg at her kan skje kryssing av veg. Her må merkast med overgangsfelt og skilting. Stenging er lite hensiktsmessig då både born og vaksne frå denne sida av feltet uansett vil finne ei kryssing her når dei skal til skule eller til ballbingen på fritida.

C. Etablering av gangveg i forlenging av gangveg frå Bakkelidvegen til Hjellbakkane/Nylenda (Kriken).

Vegen er asfaltert og trafikkert og bør sikrast med merka overgangsfelt.

Desse tiltaka vil etter vårt syn kunne gjere trafikksituasjonen på staden langt tryggare og meir oversiktleig. Overgangsfelta bør vere opphøya for å redusere farta i Hjellbakkane. Vegen er lang og rett og det vert ofte brukt mykje høgare fart enn tillat. Dette er skummelt ettersom den ligg langs skuleområdet og alle skuleborna som bur i Brattebergfeltet må krysse vegen til og frå skulen.

3. Gangfelt i krysset Vikebygdvegen/Bakkelidvegen

Det må merkast opp gangfelt nedst i Bakkelidvegen i forlenginga av gangveg, samt over Vikebygdvegen -helst aust for krysset.

Dette er skuleveg til born både til Vikebygda og Bratteberg skular, samt ein svært mykje nytta turveg rundt Rotevatnet.

Bakkelidvegen er den einaste tilkomsten til Brattebergfeltet og er svært trafikkbelasta. Regulering av nye bustadområde i feltet, medfører auka trafikk.

4. Uravegen

Uravegen er framleis skulevegen til omlag ¾ av elevane på Bratteberg skule. Denne må sikrast med gangveg åtskild frå køyrebane snarast. Viser til kommunestyret sitt vedtak av 18.06.2009: «Kommunestyret vil ikkje ta standpunkt til endra status for Uravegen før dette er nærare utgreidd gjennom ein reguleringsprosess, eller gjennom rullering av Trafikkplanen for Volda sentrum der konsekvensar knytt til tilstøytande vegnett er betre belyst. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei sak om oppstart av slik prosess.»

Kommentar:

Planlagt utbygging med stor grad av einebustadtomter er i samsvar med tidlegare innspel frå m.a. grendalaget. I det justerte planframlegget er det sett av noko meir areal til konsentrert busetnad, då nokre av einebustadtomtene vert sett på som lite eigna for einebustader. Ein kombinasjon med innslag av konsentrert busetnad i eit einebustadområde vil vere positiv med omsyn til å kunne tilby ulike typar butilbod i området.

Turstien gjennom feltet er ivareteke gjennom planløysinga. Det er sett rekkjefølgjekrav om opparbeiding av sti/turveg gjennom feltet, før bustader kan takast i bruk i området.

Støylvurdering er gjennomført sett i høve til planlagt byggeområde og det er sett krav om tiltak innanfor planområdet. I støylvurderinga er det konkludert med at bustadfeltet sør for planområdet (Bjørnevegen) ikkje får eit auka støypproblem på grunn av utbygginga, då auken er mindre enn 3dB. Elles vert det i støylvurderinga vist til at reduksjon av fart vil redusere støynivået. Utgreiing av støysituasjon knytt til eksisterande bumiljø langs Plassevegen og Bøgardsvegen grunna generell trafikkauke, fell utanfor denne planoppgåva og må eventuelt gjerast gjennom eiga sak. Ev. som del av t.d trafikktryggingssplan/-generell vegplan for kommunen.

Trafikktryggingsspørsmåla rundt Bratteberg skule fell også utanfor det denne planen skal avklare. Dei aktuelle tiltakspunkta bør få si vurdering og eventuell prioritering i kommunen sin trafikktryggingssplan. Det er høve til å knyte krav om trafikktryggingstiltak utafør planområdet i form av rekkefylgjebestemmelsar i denne planen. Kostnader kan ut frå reglane i PBL ikkje leggjast på tomtene her og vi vil derfor ikkje tilrå ei slik binding. Det same gjeld dei spørsmål som er nemnt vedkomande gangveg i forlenging av gangveg frå Bakkelidvegen til Hjellbakkane/Nylenda (Kriken), og gangfelt i krysset Vikebygdvegen/-Bakkelidvegen som også bør takast inn i Trafikktryggingssplanen. Spørsmålet om avklaring av Uravegen sin status fell utanfor dette planarbeidet og bør heller vurderast ved gjennomgang av det overordna samlevegssystemet i området, som del av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel som skal startast opp i 2016.

Vilkår om opparbeiding av gangveg langs Bjørnevegen er med i planen, jf. Rekkefølgjekrav.

Merknaden gir ikkje grunn til å tilrå endringar av planen. Dei øvrige innspela vedkomande ulike trafikktryggingstiltak i tilgrensande området vert å sjå som innspel til trafikktryggingssplan for kommunen.

Tømrrer Service AS, brev av 10.03.2014

"I forbindelse med offentlig ettersyn for ny reguleringsplan bratteberg så har vi et par innspill.

1) Vi ber kommuna ta ei lita vurdering av beskrivelse mønehøgde og gesimshøgde i reguleringføresegnene . Vi viser til veileder H- 2300 grad av utnytting side 46 . Vi viser spesielt til at slik gesims og mønehøgde er beskrevet i føresegnene så vil eit tradisjonelt hus med loft takark være for høgt til at det skal kunne byggast i feltet. Dette på grunn av at gesimshøgde på slike hus etter ny veileder skal måles frå møne på takarka.

2) Slik som feltet no er regulert så er det regulert svært mange enebolig tomter i feltet. I høve behov så er det faktisk slik at det er en mindre del av befolkninga som har god nok økonomi til å kunne bygge seg enebolig. Vi viser til at kommunen har en god del ledige eneboligtomter i felt bratteberg 2 (mens areal for konsentrert utnytting er utbygt for lengst) samt i ny regulert byggefelt K10 på klepp. Vi ber kommunen vurdere om der bør legges opp til flere tomter for konsentrert bebyggelse samt en del enkelt tomter som det også kan bygges 2 manns bolig på.

Slik en, ser det så bør eit kommunalt byggefelt være tilrettelagt for alle. Der bør en kunne bygge konsentrert bebyggelse (rimlege leilighete) en bør kunne bygge 2 manns boliger på en del tomter, og en bør kunne få bygge eneboliger på en del tomter for dei som har økonomi til å gjere det.”

Kommentar:

Det er tatt ein gjennomgang av føresegner om møne- og gesimshøgde og har gjort nokre endringar i første rekke ut frå omsynet til landskapstilpassing av ny bustadbygging i det bratte området. Det er gjort endringar i §2.1.1.b) og d) der det er foreslått at maksimal gesims og mønehøgde vert målt frå opphavleg terreng sitt gjennomsnittsnivå og ikkje frå planert terreng. Ein vil då kunne unngå at bygg vert plassert på høge fyllingar med dominerande murar. Det er også gitt høve til auka gesimshøgde til 9 m for bygg med pulttak, flatt tak, ark og takopplett, dette punktet er ei imøtekomning av merknaden. §2.1.2 b) og e) er også endra slik at maksimal gesims- og mønehøgde skal målast ut frå opphavleg terreng sitt gjennomsnittsnivå.

I feltet er det lagt opp til at ein i hovudsak skal ha frittliggande einebustader, men og noko areal til konsentrert utbygging. I justert plan er no ytterlegare to områder teke inn som areal for konsentrert utbygging. Vidare er områda BK2, BK3 og BK4 litt utvida. Dette ut frå ny vurdering av terrengmessige tilhøve, og dels ut frå innspel i saka. Jf. Nye område Bk5 og Bk6.

Sigbjørn Raknes og Dag Bratteberg, brev av 09.03.2014

”Velteplass for tømmer.

Det skal byggast ny velteplass for tømmer som erstatning for eksisterande velteplass. Den nye velteplassen må vere ferdigstilt før oppstart av byggefeltet. Plasering av den nye Velteplassen bør planleggast i lag med grunneigarane slik at den blir best teneleg for alle partar.

Viser til skjønnsføresetnadene punkt 4 og tilleggsføresetnadene punkt B og C.”

Kommentar:

Det vert her vist til Skjønn i S.S.Herredsrett, den 11.juli 1978 - oreigningskjøn i samband med kommunal overtaking av areal til bustadområde Heltne /Bratteberg til utbygging. Det heiter her om vegar og areal til lunneplassar:

”De eksisterende utskiftingsveger og/eller driftsveger til areal som ligger ovenfor oreigningsområdet, forutsettes ikke nedlagt eller omlagt før i tilknytning til samtidig anlegg av offentlige vegar, som gir adgang til fremtidig atkomst. Fremtidig adkomst til ovenforliggende områder forutsettes til en hver tid å være like tjenlig for drifts og adkomstbehov, som grunneierne og bruksberettigede tidligere har hatt. Kommunen planlegger ved senest fullført utbygging av veg og tekniske anlegg i selve oreigningsområdet,

å legge en avskjæringsgrøft langs oreigningsområdetets øvre kant. Den nedre grøftkant vil etter oppkastning bli planert, slik at den samtidig kan gi brukbar traktoradkomst på vinterføre, med nødvendig tilknytning til de opparbeidete veger. Dersom eierne av de ovenforliggende tilstøtende teiger senere måtte ønske det, har de rett til i et inntil 5 meter bredt område på nedsiden av avskjæringsgrøften å forsterke vegen, for helårstransport for jord- og skogformål.

I samråd med grunneierne vil kommunen for hver ovenforliggende teig bygge avkjørsel for driftsformål over avskjæringsgrøften, slik at man får tjenlig adkomst til teigen. Dersom terrengforhold tilsier dette, forbeholder kommunen seg rett til å legge avkjørsel felles for to teiger, i bytet mellom teigene.”

C. Areal til lunneplassar skal visast på reguleringsplan når denne vert utarbeidd for det øverste området. Lunneplassane skal vere omlag 50 m lange og strekke seg frå tilknytingspunktet til driftsvegen/turvegen ved overvassgrøfta. Slike lunneplassar skal anleggast øvst i feltet i tilknytning til ein eller fleire av stikkvegane i utbyggingsområdet.”

Slik lunneplass er opparbeidd vest for krysset mellom Bjørnevegen og vegen til høgdebassenget. Denne er i planforslaget regulert til friområde/leikeplass, men det er sett rekkjefølgjekrav om ny velteplass før opparbeiding av denne kan gjennomførast. Velteplassen vil derfor ikkje bli fjerna før det ligg føre avtale om ein ny.

I rekkefølgebestemmelsane er det sagt fylgjande:

k) O_Fr5 skal opparbeidast før bustader innanfor BF6 og BK1 kan takast i bruk.

l) Før opparbeiding av o_Fr5 skal det vere gjort avtale om ny velteplass for tømmer til erstatning for eksisterande velteplass for tømmer som ligg innanfor o_Fr5.

Også skogetaten har peika på behovet for lunneplassen og at denne bør oppretthaldast inntil eventuell erstatningsområde er på plass. Då den eksisterande lunneplassen(o_Fr5) er tenkt som ein kvartalleikeplass for heile området, ikkje berre for B58, (området skal også dekke behovet for ball/leikeplass ved utbygging i området Ottagarden), synest det ikkje vere rett at opparbeidingskravet skal leggast som føresetnad for utbygging av så stor del av byggeområdet i B58. Vi foreslår difor at pkt 4.1. j) i rekkefølgjekrav vert endra til å omfatte berre den austlegaste del av feltet, BF6 og BK1, jf justerte føresegner.

Rasmus Heltne, brev av 04.03.2014

”1. Når det gjeld førebygging av Heltneelva, meiner vi at det er så omfattande at det må utarbeidast ein eigen plan på dette arbeidet.

-Det har tidlegare vore utarbeid plan på dette arbeidet, som ikkje har vore gjort noko med. Vedlagt kopi av dette.

-Kapasiteten på elva er i dag sprengt, og ho toler ikkje at det vert sett meir vatn på ho. Slik vi forstår det skal alt overflatevatn førast til elva, og tidlegare forbyggingsplanar må oppgraderast med ny plan for heile elva.

-Området rundt det verna kvernhuset som står på bruk 4 må forebyggast på ein slik måte at vassveita ned til kvernakallen kan restaurerast. Det må vere kommuna sitt ansvar å reparere skader elva har gjort her, då tidlegare forebyggingsplanar ikkje har blitt utført.

-Når elva har blitt så stor som ho no blir, foreslår vi at elva blir flytta litt mot vest i dette området. -Fylkesantikvaren bør komme med forslag til løysing her.

-Det må settast rekkefølgjekrav om at heile elva skal vere førebygd før oppstart av omtalt bustadområde.

2. Når det gjeld tilkomst til skogsteig bruk 4.

-Det må skrivast bruksrett på vegen opp til pumpehuset

-Det må sikrast tilkomst over elva ved pumpehuset.

-Bruk 4 må ha tilkomst til skogsteig vest for elva mellom Kolda og pumpehuset via vegnettet/dreneringsgrøft over det nye byggefeltet.

-Det må planleggast ny lunneplass for tømmer .”

Kommentar:

Spørsmål om avleiing av vatn frå utbyggingsområdet i Heltne /Bratteberg var tema i skjøn i regi av Volda kommune i 1978. Det vart allereie der sett vilkår for slike avskjerande tiltak og utbetringar/sikring i/langs Heltneelva.

I dei generelle skjønsetnadane heiter det her:

”3. Vatn fra oreigningsfeltet og arealet overfor forutsettes avledet etter planer, slik disse i hovedsaken er skissert under rettsforhandlingene ved kommuens avdelingsingeniør. Kommunen tar på seg ansvar for disse vassføringer, og sørger for at de tiltak i elver og bekker utføres, som statens ved vassdragsstell finner nødvendig i tilknytning til fremlegging og godkjenning av planene, og etter at de saksøkte har fått høve til å uttale seg spesielt om disse problem ved den videre formelle og reelle behandling av vassproblemene.

Kommunen planlegger ved senest fullført utbygging av veg og tekniske anlegg i selve oreigningsområdet, å legge en avskjæringsgrøft langs oreigningsområdets øvre kant. Den nedre grøftkant vil etter oppkasting bli planert, slik at den samtidig kan gi brukbar traktoradkomst på vinterføre, med nødvendig tilknytning til de opparbeidete veger. Dersom eierne av de ovenforliggende tilstøtende teiger senere måtte ønske det, har de rett til i et inntil 5 meter bredt område på nedsiden av avskjæringsgrøften å forsterke vegen, for helårstransport for jord- og skogformål.”

Tiltaksplan vart i samband med oppstart av utbygging av byggefelta Heltne/Bratteberg utarbeidd i samråd med NVE, men berre ein liten del av sikringa er gjennomført. Krav om full gjennomføring er sett som føresetnad for utbygging av B58-området.

Når det gjeld spørsmåla i pkt 2 er dette dels av privatrettsleg karakter og dels tiltak som fell utanfor denne planen.

Momenta i merknaden er i stor grad teke omsyn til i reguleringsføresegnene for planframlegget, og merknaden gir ikkje grunn til endringar i planforslaget.

Roy Inge Heltne, brev av 06.03.2014

1. *Det er feil å kalle dette "bustadområde Bratteberg". Stort sett alt arealet ligg på gnr.20 som er Heltne.*
2. *Sikringstiltak i Heltneelva.*
Dette er tiltak som kommunen skulle ha utført når utbygginga Heltne / Bratteberg starta på slutten av 70 talet. At kommunen har utelatt å gjennomføre sikringstiltaka i over 30 år kan ikkje føre til at kostnadane med sikringa no vert belasta utbygginga av B 58, og at dette vert brukt som argument for lågare grunnpris.
3. *Fartsgrenser / trafikktryggingstiltak.*
I §4, fellesføresegner står det at fartsgrensa skal reduserast til 40 km/t frå krysset til Plassevegen. Dette finn eg noko lite gjennomtenkt. Til lenger opp i feltet ein kjem til lågare vert trafikkettleiken. Behovet for trafikktryggingstiltak, mellom anna redusert fartsgrense, vil vere større lenger nede i feltet der trafikken er mange gongar så høg. Etter mitt syn burde ei 40 km/t sone gjelde heilt frå krysset Vikebygdvegen — Bakkeliidvegen, men i det minste forbi Bratteberg skule. Som ein del av føresegnene burde fartsgrensa på Vikebygdvegen vere nedsett til 50 km/t minst forbi krysset til Bakkeliidvegen. I dette krysset har det vore fleire trafikkulukker også med personskadar, og er eit kryssingspunkt for mange skuleborn. Innkøyringa frå dei private vegane er til dels uoversiktlige, særskilt vinterstid, noko som også talar for lågare fartsgrense. Utbygginga i feltet dei siste åra har ført til betydelig trafikkauke og denne kjem til å bli enno større no. Kommunen må då sjå heile trafikkbiletet i samanheng, ikkje berre bit for bit. Ein øvre sambindingsveg mellom

- byggfeltet, noko ein no har muligheit til å få til, ville fordelt trafikken mykje betre og ikkje minst gitt ein vesentlig miljøvinst etter som at transportavstanden mellom bustadområda og skule / barnehage ville blitt vesentlig kortare.*
4. *Tilkomst til skogsteigane.
Det må sikrast at vi får tilkomst til dei skogsteigane som vert liggande att mellom byggfeltet og vegen til vassmagasinet. Firmaet Mulvik hevdar at ein har dette frå vegen til vassverket. Dette vil ikkje bli ei tilfredsstillande løysing og ein må sikre tilgang frå veg langs avskjeringsgrøfta slik vi har i dag.*
 5. *Gjerdeplikt.
Kommunen er i dom i samband med utbygginga i -70 /-80 pålagt gjerdeplikt mot utmark. Dette vil ikkje bli endra men må presiserast i føresegnene.*
 6. *Parkering for turgåarar.
Det bør etablerast ein parkeringsplass ved krysset mellom Bjørnevegen og vegen til vassmagasinet. Vassmagasinet er blant Volda sine mest nytta utgangspunkt for turmål. Særskilt no når det er kome veg mellom vassmagasinet og Reset. Ein mykje nytta veg som ligg flott til i Volda si solside. Vegen til vassmagasinet er ein privat veg som tidvis vert nytta i samband med skogsarbeid. Det er såleis inga sjølvfylgje at denne er open og at bilar kan parkerast ved vassmagasinet. Ein parkeringsplass i nemnte område vil vere eit godt tiltak for å legge til rette for friluftsliv og fysisk fostring.”*

Kommentar:

Det er rett at det meste av feltet ligg på gnr 20 Heltne og ein er samd i at dette også burde avspegle namnet på området dersom ein skal ha eit namn med grunnlag i lokalisering-/avgivareigedom. Vi forslår difor å endre namnet til ”Øvre Heltne – B58”

I skjønnsføresetnader har kommunen i tilknytning til innløyning av grunn til Heltne /Brattebergområdet i 1978 påtatt seg ansvar for sikring mot overvatn/avrenning frå området, inkl naudsynt sikring av Heltneelva.

At dette ikkje enno er tilfredsstillande løyst er beklageleg og vert av teknisk sektor vurdert som ein eksisterande stor risiko. Det er registrert svært mange nesten-situasjonar i området etter tidlegare utbygging, men ein har heldigvis, dels ved særleg tilsyn, unngått større skader/uhell. Kostnader med sikring av elva kan såleis ikkje påleggast utbygginga av B58 åleine. Det er difor sett av midlar til dette sikringsarbeidet i økonomiplan.

Etablering av p-plass ved enden av Vassverkvegen er eit viktig tiltak og er lagt inn som del av vilkår knytt til opparbeiding av område o_Fr5 i føresegner/planbeskrivelse.

Dei aktuelle innspela vedkomande fartsgrenser og behov for tiltak på/langs eksisterande vegnett, og behov for nye vegløyningar er dels vurderte i plan, og fell dels utanfor dette planarbeidet.

Spørsmål knytt til tilkomst til attverande areal og gjerdehald er naturlege spørsmål å ta med i høve grunnavtalar og gjennomføring av utbygging av området.

Roar Driveklepp, brev av 06.03.2014

” Byggfeltet B58 ligg på Heltne sin grunn og bør heite Øvre Heltne. Bratteberg som det no blir kalla, ligg aust for dette planlagte feltet og avstår derfor ikkje grunn.”

Etter orkanen for ca 20 år sidan, bygde eg vegen, som blir kalla «Roarvegen», for å få ned

tømmeret. Frå vegen har eg laga fleire sidelommer, som blir nytta til lager av bl.a. gardsreidskap, båtvoan, gravemaskinreidskap og store natursteiner til muring. Alt dette må flyttast til ein anna eigna lagringsplass når byggefeltet blir påbegynt. Eg vil forslå at Volda kommune/utbyggar lagar ein lagringsplass til meg ovenfor byggefeltet på min skogsteig, som erstatning for vegen og noverande lagringsplasser. Ei god løysing vil f.eks. vere å bruke Roy Inge Heltne (naboeigedom) sin vegavkøyrslø frå vatnrensaneanlegg-vegen og forlengje den vegen til min eigedom der eg vil forslå at det blir laga denne nye lagringsplassen”.

Kommentar:

Viser til forslag om namneendring for området i kommentar til merknaden over. Spørsmål om tiltak knytt til alternative lagringsbehov etter innløyising av grunn/utbygging i området er naturleg å ta opp som del av grunnavtale/ev. skjøn knytt til slik overtaking av grunn.

Monika Pøhlmann-Kairies, brev av 12.01.2012

”Dersom det er mulig, uten at vi blir forplikta til å bygge der innan kort tid eller har ekstra kostnader i samheng med regulering av området til bustadområde, ønsker eg at familien min og eg får muligheten til å behalde ein del av området som hører til GNR 20/BNR22 og som ligger lengst opp i terrenget.

Hovudgrunnen til dette ønsket er at resten av familien (bl. a. broren min og søskenbarnet mit) - som også har sine røter i Volda - ikkje har hatt noko høve til å bygge på egen grunn/grunn som ligger på vår opprinnelig eigedom.

I tillegg er det av praktiske grunnar viktig at det arealet vi eventuelt kan få behalde ligger så nært som mulig inntil skogsarealet som høyrer til gnr 20/bnr 22.

Dessuten vil eg gjerne få meir opplysning om kva det eventuell vil medføre for meg når det gjeld frister, kostnader og andre relaterte punkt.

På den andre siden ønsker eg å få meir informasjon om kva eg kan reikne med som erstatning for tap av grunn og eventuelle skader som oppstår i samheng med arbeidet der.”

Kommentar:

Spørsmål om eventuelle grunneigartomter er det lang tradisjon for i kommunen. Både i tilknytning til utbygging av Heltne/Bratteberg og Engeset/Klepp er det gitt høve til uttak av grunneigartomter for dei som avstår grunn. Vi legg til grunn at dette kan imøtekomast også her som del av avtale om kjøp av grunn.

Vilkår vil då som regel vere at kostnadane med opparbeiding av tekniske anlegg skal vere som for alle andre tomter i feltet og at desse kostnadane forfell til betaling innan 1 år etter at tomtene er tildelte. Spørsmål om byggefrist for tomtene må/bør også avklarast i slike avtalar. Dersom det ikkje ved avtale vert semje om semje om pris/grunnlag for avståing, vil kommunen i slike saker tilby å nytte rettsleg skjøn for fastsetting av rett grunnpris for området.

Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan.

Kay Ove Johansen, brev av 02.07.2014

*”Jeg har et ønske om å kjøpe/slå sammen dem to nederste tomtene ved B58-Bratteberg
Ønsker å bygge et hus på tomtene,*

Legger ved en plantekning (se vedlegg)


*NB. dette er bare et utkast når/viss jeg får tillslag på kjøpet blir jeg sammen med dere og utbygger lage til en best mulig løsning for alle parter, Jeg tror snuplassen vil bli etisk best
Viss den er på enden av gaten IKKE slik den er tegnet inn på min tegning.”*

Kommentar:

Bustadområdet skal utbyggast i kommunal regi og tomtene verte lyst ut for sal med reglar for tomtetildeling. Det vert utarbeidd eiga sak for fastsetting av tomtepris/tomtetildelingskriteriar når utbyggingskostnadane gjennom anbudsprisar og anleggsrekneskap er kjend.

Tomtene i Brattebeg B58 er i utgangspunktet relativt store, og ligg på omlag 1000 m² og ut frå behov for fordeling av opparbeidingskostnader for feltet er det ikkje ønskeleg med særleg større tomter. Ein kan derfor ikkje tilrå einebustadtomt på 2100 m² og ut frå ynskje om å rasjonalisere med tilgjengeleg areal, og forventeleg pris/kostnad sett i høve til utbygging av tekniske anlegg.

Plassering av snuhammaren i gata her er også vurdert tidlegare og ut frå innspelet her, utan at ein har funne grunn til endring då terrenget i området er relativt flatt utan så store skråningsutslag ved snuhammaren.



Frå Kay Ove Johansen

Frå reguleringsplanen

Merknaden gir ikkje grunn til endring av planforslaget.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ivareteke gjennom planprosess og i utforming av planbeskrivelse-, plankart- og føresegner.

Økonomiske konsekvensar:

Reguleringsplanarbeidet er tidlegare finansiert.

I økonomiplan er det sett av midlar til grunnkjøp/opparbeiding av tekniske anlegg i perioden 2016-18. Kostnader til grunnkjøp og tekniske anlegg innanfor området vil normalt verte belasta tomtene gjennom fastsett tomtepris. Det vert utarbeidd eiga sak for fastsetting av tomtepris/tomtetildelingskriteriar når utbyggingskostnadane gjennom anbudsprisar og anleggsrekneskap er kjend.

Vilkåra knytt til opparbeiding av tekniske anlegg og infrastruktur utanfor området vil gje kostnader for kommunen som til dels ikkje kan belastast tomtene i feltet. Dette gjeld m.a del av gangveg/fortau langs Bjørnevegen, sikring av Heltneelva i samsvar med skjønnsvilkår 1978, og eventuelle andre trafikktryggingstiltak utanfor feltet som vert sett som vilkår for utbygginga.

Føresetnader om sikring av Heltneelva og etablering av ordning for overvatn ligg inne i økonomiplan for perioden 2016-18, slik at dette kan gjennomførast før utbygging av feltet, slik rekkefølgebestemmelsar i planføresegnene legg opp til.

Fortau langs Bjørnevegen og kryssing mot Hjellbakkane/Plassevegen er trafikktryggingssprosjekt som saman med eventuelle andre tiltak i samlevegssystemet må finansierast utafor utbyggingsprosjektet for B58 og ev. prioriterast i trafikktryggingssplanen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Er vurdert og ivareteke gjennom planprosess og i utforming av planbeskrivelse-, plankart- og føresegner.

Vurdering og konklusjon:

Gjennomgang og vurdering av innkomne merknader viser behov for nokre mindre endringar av planforslaget.

Det skisserte opplegg for planområdet og føresetnader lagt til grunn for utbygging gjennom rekkefylgjerføresegner gir eit godt grunnlag for utbygging av området.

Tekniske løysingar og vilkår knytt til tilrettelegging av areal for leik og naturoppleving synest tilfredstillande løyst.

Endringar i planomtalen:

For å sikre konsistens mellom reguleringsføresegnene, plankartet og planomtalen er det gjort nokre mindre endringar og presiseringar i planomtalen.

Endringar i plankartet:

Ut frå ny vurdering av terrengmessige tilhøve for nokre av einebustadtomtene, og dels ut frå merknad i saka er areal til konsentrerte småhus foreslått auka frå 10,1 daa til 17,4 daa, ved at to nye område er teke inn(BK5 og BK6)og ved utviding av områda BK2, BK3 og BK4.

Etter nærare vurderingar av det bratte terrenget, som gir stor fyllingshøgd på utsida av snuhammarane i dei to øvste bustadgatene, er det gjort framlegg om endra plassering og utforming av snuhammarane. Området er snørikt og det er difor sett av noko meir areal omkring snuhammar til anna trafikkformål -snøopplag m.m for å førebygge driftsmessige konflikter knytt til m.a. snørydding.

Desse endringane gjer at talet på tomter for einebustader er redusert frå 44 til 36, medan arealet til konsentrerte bustader er auka frå 10,1 daa til 17,4 daa.

Endring av reguleringsføresegnene:

Det er gjort endringar i §2.1.1.b) og d) når det gjeld føresegn om byggehøgd. For å sikre at bygg får ei så god terrengtilpassing som mogeleg foreslår ein at maksimal gesims og mønehøgd vert målt frå opphavleg terreng sitt gjennomsnittsnivå og ikkje frå planert terreng. Ein vil då kunne unngå at bygg vert plassert på høge fyllingar med dominerande murar. Det er også gitt høve til auka gesimshøgd til 8 m for bygg med pulttak, ark og takopplett. §2.1.2 b) og e) er også endra slik at maksimal gesims- og mønehøgd skal målast ut frå opphavleg terreng. Dette vil vere med på å redusere uheldige landskapsverknader som Fylkesmannen viser til i si fråsegn.

Under §2.1.3 er det sett inn eit nytt pkt. f) om at o_L1 - o_L3 skal vere offentlege leikeplassar. På same vis er det lagt til punkt under §§2.3.1 og 2.3.2 med føresegn om at friområda skal vere offentlege. I føresegn §2.3.2 a) er det lagt til eit tillegg om at ballbanen skal gjerdast inne mot aust, sør og vest. Etablering av p-plass ved enden av Vassverkvegen er eit viktig tiltak og er lagt inn som del av vilkår knytt til opparbeiding av område o_Fr5 i justerte føresegner, og i §2.3.2. b) er det derfor tatt inn føresegn om at det skal tilretteleggast for parkering i/ved området.

Føresegn §2.2.7 er endra slik at det no vert krav om at overvasskanalen skal opparbeidast før utbygging tar til jf. merknad frå Fylkesmannen.

Fleire av føresegnene under §4.1 om rekkjefølgje er justert.

Ordlyden i §4.1. b) er justert i samsvar med fylkesmannen sitt innspel, slik at det no er krav om at avskjeringskanalen vert etablert før utbygging innanfor planområdet kan ta til.

Rekkjefølgjekravet om tiltak i samlevegssystemet gjennom bustadområda nedanfor er vurdert på nytt og ein har kome til at dette er tiltak som bør gjennomførast uavhengig av utbygging i B58, Ein har derfor tatt vekk dette rekkjefølgjekravet. Tiltak i samlevegssystemet må prioriterast i Trafikktryggingssplanen.

Ein foreslår å endre namnet på planen til B58 Øvre Heltne jf. merknader.

Med dei endringar som er lagt inn i planomtale og føresegner revidert 18.02.2016 og plankart justert sist 1.11.2015 er det grunnlag for at planen kan eigengodkjennast av kommunen.

Eg rår til at planframlegget planomtale-, plankart og føresegner datert 1.11.2015, vert fremja for slutthandsaming i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

I reguleringsplanprosessen er det også avklart at gjennomføring av planen ”*tvillaust er meir til gagn enn skade*”, jfr. oreigningslova § 2, siste ledd og kap. 16 i plan- og bygningslova.

.....
Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Til planseksjonen for kunngjering av planvedtak etter kommunestyret sitt vedtak.




VOLDA KOMMUNE

FORSLAGSSTILLAR:
VOLDA KOMMUNE

PLANOMTALE - FORSLAG TIL DETALJREGULERING FOR :
B58 ØVRE HELTNE. PLANID: 2012007

DATO: 18.12.2013
REVIDERT: 18.02.2016




mulvik
www.mulvik.no

1	SAMANDRAG	4
2	BAKGRUNN.....	4
2.1	Målet med planen	4
2.2	Forslagsstillar, plankonsulent, eigartilhøve	4
2.3	Tidlegare vedtak i saka	4
2.4	Utbyggingsavtalar	5
2.5	Krav om konsekvensutgreiing.....	5
3	PLANPROSESSEN.....	5
3.1	Medverknadsprosess, varsel om oppstart, evt. Planprogram	5
4	PLANSTATUS OG RAMMEBETINGEL SAR	6
4.1	Overordna planar	6
4.1.1	Regionale planar	6
4.1.2	Kommuneplanens arealdel evt. kommunedelplanar	6
4.2	Gjeldande reguleringsplanar	6
4.3	Tilgrensande planar	6
4.4	Temaplanar	7
4.5	Statlege planretningslinjer/rammer/føringar	8
5	BESKRIVELSE AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE TILHØVE.....	9
5.1	Beliggenheit	9
5.1.1	Beliggenheit.....	9
5.1.2	Avgrensing og størrelse på planområdet.....	9
5.2	Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk.....	10
5.3	Landskap og stadens karakter	10
5.3.1	Eksisterande bebyggelse.....	10
5.3.2	Topografi og landskap	10
5.3.3	Estetisk og kulturell verdi	11
5.3.4	Solforhold	11
5.3.5	Lokalklima.....	11
5.4	Kulturminne og kulturmiljø.....	11
5.5	Naturverdiar	12
5.6	Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområde, barn og unge sine interesser	13
5.7	Trafikktilhøve	13
5.7.1	Vegsystem	13

5.7.2	Køyretilkomst	13
5.7.3	Ulukkessituasjon	14
5.7.4	Trafikktryggleik for mjuke trafikantar	14
5.7.5	Kollektivtilbod	14
5.8	Sosial infrastruktur	14
5.8.1	Skulekapasitet	14
5.8.2	Barnehagedekning	14
5.8.3	Anna	14
5.9	Universell tilgjengelegheit	14
5.10	Teknisk infrastruktur	14
5.10.1	Vatn og avløp	14
5.10.2	Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m	14
5.10.3	Renovasjon	14
5.11	Grunnforhold	15
5.11.1	Stabilitetsforhold	15
5.11.2	Leidningar	15
5.12	Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)	15
5.12.1	Radon	15
5.12.2	Flomfare	15
5.12.3	Sabotasje-/terrormål	15
5.13	Privatrettslege bindingar	16
5.14	Analyser/utgreiingar	16
6	KONSEKVENSGREIING	16
7	BESKRIVELSE AV PLANFRAMLEGGET	16
7.1	Reguleringsformål	17
7.2	Frittliggande småhus(BF1-9)	17
7.3	Konsentrerte småhus(BK1-BK6)	18
7.4	Friområde og uteoppfallsareal	19
7.4.1	Privat og felles uteoppfallsareal	19
7.4.2	Offentlege friområde	19
7.4.3	Turvegar	19
7.5	Barn og unge	20
7.6	Bomiljø/bokvalitet	22
7.6.1	Fordeling av leiligheiter og hustyper	22
7.6.2	Universell utforming av bygg	22

7.6.3	Kvalitet på og utforming av uterom.....	22
7.6.4	Støytiltak.....	22
7.6.5	Krav om utomhusplan og rekkefølgebestemmelsar	22
7.6.6	Energiløysing.....	23
7.7	Parkering.....	23
7.8	Trafikkløysing.....	23
7.8.1	Køyretilkomst/tilknytning til overordna vegnett	23
7.8.2	Utforming av vegar/bredde og stigningsforhold	23
7.8.3	Beskrivelse av evt. avvik frå vegnormalane	25
7.8.4	Tilgjengelegheit for gåande og syklende	25
7.8.5	Felles tilkomstvegar, eigedomstilhøve	25
7.8.6	Kollektivtilbod.....	25
7.8.7	Krav til samtidig opparbeiding.....	25
7.9	Overvatn og tilknytning til infrastruktur	25
7.9.1	Plan for vatn, overvatn og avløp samt tilknytning til offentleg nett	25
7.9.2	Tilknytning til fjernvarmeanlegg	26
7.9.3	Avfallshandtering/miljøstasjon.....	26
7.10	Planlagde offentlege anlegg	26
7.11	Gjennomføring, miljøoppfølging	26
7.12	Universell utforming.....	26
7.12.1	Beskrivelse av krav.....	26
7.12.2	Beskrivelse av korleis universell tilgjengelegheit skal løysast.....	27
7.13	Skog- og landbruksaktivitet	27
7.14	Kulturminne	27
7.15	Sosial infrastruktur.....	27
7.16	Avbøtande tiltak/løysingar ROS.....	27
7.17	Rekkefølgebestemmelsar	27
8	Verknader/konsekvensar av planframlegget	29
8.1	Overordna planar.....	29
8.2	Landskap, stadens sin karakter og estetikk	29
8.3	Konsekvensar for naboar.....	30
8.4	Kulturminne og kulturmiljø.....	31
8.5	Naturverdi og naturmangfald.....	31
8.6	Uteområde, rekreasjonsinteresser og barn og unge sine interesser.....	31

8.7	Trafikktilhøve	31
8.7.1	Vegtilhøve.....	31
8.7.2	Trafikkauke/-reduksjon.....	32
8.7.3	Kollektivtilbod.....	32
8.8	Sosial infrastruktur.....	32
8.8.1	Skulekapasitet.....	32
8.8.2	Barnehagekapasitet.....	32
8.9	Universell tilgjengelighet	32
8.10	Energibehov – energiforbruk.....	32
8.11	ROS	32
8.12	Teknisk infrastruktur.....	32
8.12.1	Vatn og avløp.....	32
8.12.2	Trafo	32
8.13	Jordressursar/landbruk.....	33
8.14	Konsekvensar for næringsinteresser	33
8.15	Økonomiske konsekvensar for kommunen	33
8.16	Interessemotsetnader	33
8.17	Avveging av verknader.....	33
9	Innkomne innspel	33

1 SAMANDRAG

På vegne av Volda kommune er det utarbeidd detaljregulering for B58 Øvre Heltne. Gjennom planen er det lagt til rette for utbygging av eit nytt bustadfelt ovanfor eksisterande busetnad i Heltne/Brattebergområdet. Byggefeltet vil få 36 einebustadtomtar for frittliggande småhus og 17,4 daa er sett av til konsentrerte småhus delt på seks avgrensa område.

2 BAKGRUNN

2.1 Målet med planen

Planarbeidet er ei oppfølging av kommunedelplan for Volda sentrum med Mork/Furene og Vikebygda, der det vart tatt inn eit nytt bustadområde B58 med krav om reguleringsplan før utbygging.

Målsettinga med planarbeidet er å legge til rette for å kunne tilby eit tilstrekkeleg tal attraktive kommunale einebustadtomter til å møte etterspurnaden i tida framover. Det er vidare ei målsetting å sikre overordna grønstruktur, friluftssinteressene og å kunne tilby gode areal for leik og opphald for barn og unge i området.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigartilhøve

Forslagsstillar for planarbeidet er Volda kommune, som også er eigar av delar av området. Per Mulvik AS er plankonsulent.

Det er følgjande eigarar innanfor planområdet:

Grunneigarar	Eigedom
Johan Elias Heltne v/Adv. Jørund Stig Knardal	20/3
Rasmus Heltne	20/4
Roy Inge Heltne	20/6
Per Heltne og Torild Skrede Heltne	20/7
Roar Driveklepp	20/13
Norunn Bjørke	20/18
Monika Pølmann	20/22
Hallgeir Heltne	20/28
Volda kommune	20/190, 20/326, 21/7, 21/113, 20/498, 20/499

2.3 Tidlegare vedtak i saka

Planområdet er lagt ut til bustadformål i kommunedelplan for Volda sentrum, plan godkjent 18.06.2009.

Planarbeidet er starta opp etter vedtak i formannskapet den 11.06.12, sak PS 111/12, der det vart gjort slikt vedtak, pkt 2:

2. Med heimel i pbl § 12.1 2. ledd vil Volda kommune utvide reguleringsområdet til også å omfatte område B 58. Kommunen vil tinge med grunneigarane om overtaking av arealet. Skulle ikkje friviljug avtale kome på plass, er kommunen innstilt på å gjennomføre reguleringsplanen med heimel i kap. 16 i plan- og bygningslova.

2.4 Utbyggingsavtaler

Det kan vere behov for utbyggingsavtaler der private firma opparbeider tiltak og anlegg som kommunen seinare skal overta driftsansvaret for.

2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Kommunen har vurdert at det ikkje vil vere behov for konsekvensutgreiing då planarbeidet i hovudsak vil vere i samsvar med overordna plan og heller ikkje vil ha vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn.

3 PLANPROSESSEN

3.1 Medverknadsprosess, varsel om oppstart, evt. Planprogram

Formell saksgang jf. reglane i plan- og bygningslova sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Det vart halde oppstartmøte med kommunen 19.10.2012 før oppstart av planarbeidet. Referat frå oppstartmøtet er vedlagt. Planoppstart vart varsla med annonse i avisa Møre og på kommunen si heimeside. Det vart sendt brev til berørte partar og høyringsinstansar med informasjon om oppstart av planarbeidet med frist for merknader sett til 12.01.2013. Det vart motteke 9 merknader som er vurdert og kommentert i planomtalen. Alle merknader til planoppstart er vedlagt.

Etter handsaming i kommunen har planframlegget vore sendt ut til berørte partar og høyringsinstansar for uttale. Planen har og samtidig vore lagt ut til offentleg ettersyn med ein frist på 6 veker.

Etter høyringsfristen har innspel blitt gjennomgått og planframlegget er justert ihht. innkomne merknader, før planframlegget vert fremja for endeleg handsama i kommunen. Under er oversikt over planprosess med framdrift.

Framdrifta etter offentleg ettersyn har blitt skipla pga vakanse i stilling ved planseksjonen.

Planfase	Medverknad	Tid
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varselbrev til berørte partar.		Varslingsbrev datert 23.11.2012 Kunngjeringsannonse den 24.11.2012
Høyringsperiode	Innspel/merknad til planoppstart.	Høyringsfrist 12.01.2013
Utarbeiding av planforslag		Januar – november 2013
Oversending av planforslag til kommunen		Desember 2013
Kommunal handsaming om utlegging til offentleg ettersyn/høyring. (frist 12 veker)	Volda formannskap	21.01.2014
Offentleg ettersyn/høyring(6 veker)	Merknad til planforslag	24.01.2014 – 11.03.2014
Handsaming av merknader og ev. godkjenning av plan.	Administrasjonen i kommunen	Februar - mai 2014
(stopp i vidare handsaming grunna vakanse i stilling i planseksjonen		Fram til aug.2015
Ny gjennomgang av merknader og planinnhald etter off ettersyn.	Administrasjonen i kommunen	Sept – oktober 2015
Fremjing av justert plan datert 1.11.2015 for 2. gongs handsaming - tilråding til Formannskapet	Administrasjonen i kommunen	Februar 2016

Godkjenning av planforslag	kommunestyret	Februar 2016
Kunngjøring av godkjent plan		Februar 2016

4 PLANSTATUS OG RAMMEBETINGELSER

4.1 Overordna planar

4.1.1 Regionale planar

4.1.2 Kommuneplanens arealdel - kommunedelplan

Kommunedelplan for Volda sentrum med Mork/Furene og Vikebygda er gjeldande for planområdet. B58 er sett av til bustadområde, medan andre delar av planområdet er friområde og LNF-område.



Figur 1 Utsnitt av KDP for Volda sentrum inkl. Mork/Furene og Vikebygda


4.2 Gjeldande reguleringsplanar

Det er ingen gjeldande reguleringsplanar innanfor planområdet.

4.3 Tilgrensande planar

Planområdet grensar til fleire gjeldande planar og ein plan som er under arbeid.


PlanID	Plannamn	Godkjent/ikraftdato
1973002	Felt K130 RH-II	23.03.1976
1985001	Heltne/Bratteberg 2	17.01.1985
1988003	Bratteberg 1	30.06.1988
2011012	Bratteberg Aust	03.10.2011
	Ottagarden	Under arbeid



Figur 2 Tilgrensande reguleringsplanar

4.4 Temaplanar

Det er utarbeidd tettstadanalyse for området som skal leggest til grunn for planarbeidet.



Figur 3 Illustrasjon frå Tettstadanalyse for Volda sentrum

I tettstadanalysen vert det skissert visjonar for grønstrukturen som vil vere aktuelt å ta omsyn til ved utarbeiding av planforslaget.

4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Det er hovudsakleg følgjande rikspolitiske retningslinjer som er aktuelle for planarbeidet:

- RPR for barn og unge i planlegginga
- RPR for areal og transportplanlegging


I tillegg vil planarbeidet vere basert på PBL med forskrifter og rettleiingar, samt andre aktuelle lover med tilhøyrande forskrifter.

5 BESKRIVELSE AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE TILHØVE

5.1 Beliggenheit

5.1.1 Beliggenheit

Planområdet ligg i Heltne/Brattebergområdet, nordaust for Volda sentrum.



Figur 4 Planområdet si plassering

5.1.2 Avgrensing og størrelse på planområdet

Planområdet er på om lag 107 daa. Ved varsling av oppstart av planarbeidet vart det lagt til grunn eit areal på om lag 135,5 daa. På bakgrunn av innspel til planoppstart er planområdet redusert ved at eit areal mot nord vart tatt ut. Første bilde viser varsla planområde og neste er planområdet slik det no ligg til grunn for planforslaget.



Figur 5 Planområde ved varsling av planoppstart



Figur 6 Justert plangrense

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Planområdet er i dag i bruk til skogsdrift og beite. Planområdet ligg mellom to vegar. Den eine, nord for feltet, er ein skogsveg som også er tilkomstveg til kommunen sitt vassverk. Vegen er mykje nytta som del av friluftsområde, som turveg og tilkomst til fjellområda ovanfor. Den andre vegen er Bjørnevegen, ein samleveg som går gjennom og fram til eksisterande bustadområde.

5.3 Landskap og stadens karakter

5.3.1 Eksisterande bebyggelse

Det er ingen eksisterande busetnad innanfor planområdet. Sør-, aust- og vest for planområdet finn vi derimot etablerte bustadfelt med stor grad av einebustader med innslag av konsentrert busetnad i form av tomanns- og firmansbustader.




Figur 7 Ortofoto av planområdet


5.3.2 Topografi og landskap

Terrenget er bratt og ligg i lidsida ovanfor eksisterande busetnad. Planområdet er synleg frå dalbotnen og motsett dalside. Med den bratte lidsida som bakgrunn vil ikkje silhuettverknad vere noko aktuell problemstilling. I utbyggingsfasen vil skjeringar ved utbygging av vegar og overvasskanal ligge eksponert til. Ved ferdig utbygging av feltet med tilplanting av skjeringar vil desse verte mindre eksponert.

Skråningskartet, som vist på neste side, viser at store delar av planområdet har skråning mellom 1:3 og 1:4. Berre ein mindre del sørvest i planområdet har terreng med skråning under 1:4.



Figur 8 Illustrasjon av terrenget i planområdet



Figur 9 Skråningskart

5.3.3 Estetisk og kulturell verdi

Området var tidlegare eit tettvakse granskogbelte med tilplanta granskog, og ein del areal nytta til beite. Pr. i dag er området prega av uthogst på grunn av skadar på granfeltet etter orkanen vinteren 2011.

5.3.4 Solforhold

Planområdet ligg sørvendt og har gode soltilhøve.

5.3.5 Lokalklima


Planområdet ligg mellom kote 166 og kote 216 og her vert følgjeleg mykje snø vinterstid, som kan ligge noko lengre utover våren enn andre stader nærare Volda sentrum.

5.4 Kulturminne og kulturmiljø

Planområdet består av fleire teigar og det er registrert nokre steingardar i området. Her er også spor etter oppbygde stiar og driftsvegar. Det er gjort oppslag i <http://www.kulturminnesok.no/> utan funn av kulturminne. Kulturminnemynde har heller ikkje meldt om nyare eller automatisk freda kulturminne eller potensiale for slike funn.

5.5 Naturverdier

Planområdet er ei tidlegare skogkledt liseide ovanfor eksisterande bustadfelt. Området hadde produktiv barskog med svært høg bonitet. Det meste av skogen er no hogd ut som følge av skadar etter orkanen Dagmar i 2011. Det er gjort oppslag i Artskart og Naturbase utan funn av verdifulle artar. Ein må likevel kunne anta at her er fugle-, dyre og plantearter som er vanlege i slike område og i randsona langs elva. Uthogsten har truleg medført endringar i artsmangfaldet.



Figur 10 Utsnitt frå skog og landskap



Figur 11 Foto frå planområdet etter uthogst



Figur 12 Foto med vindfellt tømmer etter orkan

5.6 Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområde, barn og unge sine interesser

Planområdet ligg inntil mykje brukte friluftsområde i dalsidene og fjellområda kring Volda sentrum. Gjennom planområdet går det ein enkel traktorveg som er mykje brukt som tursti. Også langs elva finn vi spor etter ein eldre sti. Sørøst i planområdet ved Heltneelva ligg eit område som er mykje brukt av barnehagar og som aktivitetsområde for barn og unge. Elles har området tett granskog og liten verdi som friluftsområde. Næraste ballplass ligg inne i tilgrensande byggefelt sør for planområde. Under er bilde av eldre sti og gangbru over Heltneelva.



5.7 Trafikktilhøve

5.7.1 Vegsystem

Tilkomst til planområdet vil vere via Bakkeliidvegen, Hjellbakkane og Bjørnevegen som er samlevegen gjennom bustadfeltet sør for planområdet. Denne samlevegen har avkøyrsløse frå Vikebygdvegen/FV 45.

Hjellbakkane og Bjørnevegen har 6 m breidde inkl. skulder og 1,5 m på kvar side til grøft og snøopplag. Hjellbakkane og Bakkeliidvegen har ein-sidig gang/sykkelvegløysing. Ein-sidig fortausløysing er også under utbygging langs Bjørnevegen. Dette samsvarer med breiddekrav i gjeldande vegnormal for samleveggar med ÅDT på meir enn 1500 bilar. Fv 45 har ÅDT på 3650 (henta frå NVDB- nasjonal vegdatabank) fram til krysset til Bakkeliidvegen. Etter dette punktet har FV45 ÅDT på 500. Ein må derfor anta at det er betydeleg trafikk opp Bakkeliidvegen. Mykje av denne trafikken er knytt til skule og barnehagar i området og trafikkmengda vidare forbi Plassevegen er truleg betydeleg mindre.

5.7.2 Køyretilkomst

Planområdet har i dag fleire driftsavkøyrsløse frå tilgrensande skogsveg.

5.7.3 Ulukkessituasjon

Det kan vere ein tendens til for høg fart på delar av samlevegssystemet. Det er registrert trafikkulykke med personskade i krysset mellom Bakkelidvegen og Hjellbakkane.

5.7.4 Trafikktryggleik for mjuke trafikantar

Det er fortau langs samlevegane i bustadområdet. Det er etablert ei gangbru over Heltneelva med gangtilkomst til Røysli/Heltneområdet. På same måte er det etablert gangsti over Rotevasselva til Vikebygd skule. Situasjonen for mjuke trafikantar synes godt ivareteke gjennom etablerte løysingar.

Fortau manglar langs Hjellbakkane og Bjørnevegen frå Plassevegen og oppover. Dette gir trafikkfarlege tilhøve for mjuke trafikantar.

5.7.5 Kollektivtilbod

Det går buss frå sentrum og opp til Hjellbakkane og nedatt Uravegen. Det er i dag ikkje aktuelt å vidareføre ringbussruta opp Bjørnevegen.

5.8 Sosial infrastruktur

I Brattebergområdet finn ein barneskule, fleire barnehagar, kyrkje(Frikyrkja) og tennishall.

5.8.1 Skulekapasitet

Det er gangavstand til to barneskular frå planområdet. Vikebygd skule som har 1.-4. klassetrinn og Bratteberg skule som har 1.-7. klassetrinn. Det er praktisert flytande kringsgrenser mellom skulane.

5.8.2 Barnehagedekning

Det ligg fleire barnehagar nær planområde. Ein er kjent med at fleire av desse har kapasitet til auka barnetal.

5.8.3 Anna

Næraste daglegvarebutikk finn ein på Myrane, elles må ein til Volda sentrum for å finn offentleg og privat tenesteyting.

5.9 Universell tilgjengelegheit

Området er ei skogkledt skråning utan tilrettelegging i forhold til prinsipp for universell utforming. Det bratte terrenget kan vere utfordrande i forhold til å oppnå universelt utforma tilkomst og uterom innan planområdet.

5.10 Teknisk infrastruktur

5.10.1 Vatn og avløp

Kommunen kan levere vatn opp til kote 240 m utan bruk av pumping. Avløp kan koplast til eksisterande nett i etablert bustadområde nedanfor planområdet. Overvatn førast til Heltneelva.

5.10.2 Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m

Det ligg høgspenkabel i vegen opp til vassverket. Det må etablerast ny trafo for levering inn til planområdet.

5.10.3 Renovasjon

Det er etablert henting av avfalldunk langs veg i området.

5.11 Grunnforhold

5.11.1 Stabilitetsforhold

Ein er ikkje kjent med spesielle utfordringar når det gjeld stabilitet i området. Området består av morenemassar som er tjukkast i dei nedre delane av planområdet.



Figur 13 Lausmasekart frå NGU

5.11.2 Leidningar

I nedre del av planområdet ligg ei avskjeringsgrøft som leier overvatn til Heltneelva.

5.12 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit er gått gjennom og ligg vedlagt. Ein finn at det kan vere knytt uakseptabel risiko når det gjeld fare for overfløyming av lågareliggande område. Elles har ein valt å kommentere tilhøva når det gjeld radon og potensielle sabotasje-/terrormål.

5.12.1 Radon

Ein har ikkje kunnskap om tilhøva når det gjeld radon innan planområdet, då det ikkje har vore gjennomført undersøkingar. Det vil uansett vere krav om radonførebyggande tiltak jfr. TEK § 13-5.

5.12.2 Flomfare

Ein er kjent med at det har vore tilfelle med overfløyming av område langs Heltneelva nedanfor planområdet. Ein må også kunne forvente at omfanget vil kunne auke som følge av utbygging innanfor planområdet. Det eksisterer eldre planar for førebygging av utsette strekningar langs Heltneelva. Det må settast rekkjefølgjekrav om gjennomføring av nødvendig førebygging før tiltak kan settast i verk innanfor planområdet.

5.12.3 Sabotasje-/terrormål

Volda vassverk har anlegg nord for planområdet. Dette kan vere eit potensielt sabotasjemål. Det

er lite sannsynleg at dette vil skje og at busetnaden innanfor planområdet vert meir råka av ein ev. sabotasjehandling enn andre abonnentar til vassverket. Ein vurderer at det er akseptabel risiko og at det ikkje vil vere hensiktsmessig eller aktuelt med tiltak innanfor planområdet.

5.13 Privatrettslege bindingar

Planområdet er eit landbruksområde nytta til beite og skogsdrift men er delt til full eigedom. Det er såleis ikkje grunn til å tru at det er knytt andre andre bruksrettar/klausular som ligg på eigedomane. Typiske rettgar og klausular ville kunne vere beite-, jakt- og ferdselsrettar.

5.14 Analyser/utgreiingar

Det er ikkje gjort andre analyser eller utgreiingar enn det som kjem fram i planomtalen.

6 KONSEKVENSGREIING

Det er ikkje krav om konsekvensutgreiing jf. Pkt. 2.5.

7 BESKRIVELSE AV PLANFRAMLEGGET

Det er sett av nokre avgrensa areal til konsentrert småhusbustnad medan resten av bustadområdet er sett av til einebustader, leikeareal, friområde, overvasskanal og vegar.



Figur 14 Illustrasjon av muleg utbygging innanfor planområdet

7.1 Reguleringsformål

Arealtabell

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
Bustader-frittliggjande-småhus (9)	36,9
Bustader-konsentrert-småhus (6)	17,4
Leikeplass (3)	1,6
Sum areal denne kategori:	57,4

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

	Areal (daa)
Annan veggrunn - grøntareal (5)	0,2
Annan veggrunn – teknisk anlegg (7)	4,3
Fortau (3)	1,2
Gang-/sykkelveg	0,3
Køyreveg (5)	6,1
Overvassnett	10,8
Sum areal denne kategori:	31,1

§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur

	Areal (daa)
Angitt grøntstruktur kombinert med andre angitte hovudformål	5,9
Friområde (4)	10,9
Sum areal denne kategori:	18,4

Totalt alle kategorier: 106,9


7.2 Frittliggjande småhus(BF1-9)

Det er sett av 9 område på til saman 36,9 daa til frittliggjande småhus i form av einebustader innanfor planområdet. Det er 36 tomter for einebustader innafor desse områda. Utnyttingsgraden er sett til 30% BYA. Gesimshøgde skal ikkje vere over 6 m og mønehøgde skal ikkje vere over 9 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. For bygning med pulttak, flatt tak, ark og takopplett skal gesimshøgde i flukt med yttervegg ikkje overstige 9 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå.

Det vil vere høve til oppføring av garasje på inntil 50 m². Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 2,5 m og mønehøgde ikkje over 4,0 m og då berre i ei høgde. Det er ikkje tillete med ark på garasje. Der terrenget gjer det naudsynt, kan garasje førast opp med maksimal gesimshøgde 4,5m og maksimal mønehøgde på 6,0m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. Garasje som vert oppført vinkelrett på veg skal ha ein avstand på 5 m til vegkant og garasje oppført parallelt med veg skal ha ein avstand på 3 m frå vegkant.

Det skal settast av areal til 2 biloppstillingsplassar pr. husvere. Minimum ein av desse skal visast som plass i garasje.

Ein har valt tosidig utnytting av tilkomstvegane med tomter som er om lag 30 m breie. Dette vil gi mulegheit for utbyggingsprinsipp som vist i figuren under.



7.3 Konsentrerte småhus(BK1-BK6)

Det er sett av 17,4 daa til konsentrerte småhus. Dette er tomter som på grunn av terreng og tilkomst frå veg gjer det nødvendig med samla utbygging. Det vil derfor vere lite hensiktsmessig å nytte desse areala til frittliggande småhus. Her kan det oppførast to-mannsbustader, rekke- eller kjedehus, og fleirmannsbustader i inntil 2 etasjar.

Utnyttingsgraden kan vere på maksimalt 40 %BYA. Maksimal gesimshøgde kan vere inntil 8 m og maksimal mønehøgde inntil 9 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. For bygning med pulttak, flatt tak, ark og takopplett skal gesimshøgde i flukt med yttervegg ikkje overstige 9 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. Kvar av utbyggingsområda BK1 – BK6 skal opparbeidast under eitt og det skal utarbeidast situasjonsplan for heile utbyggingsområdet som skal følgje søknad om byggeløyve.

Det skal settast av minimum 2 biloppstillingsplassar pr. husvere og ein av desse skal vere overdekt. Overdekte biloppstillingsplassar kan vere i form av frittliggande garasje-/carportar, felles garasje-/carportanlegg eller i garasjekjeller. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 2,5 m og mønehøgde ikkje over 4 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. Det er ikkje tillete med ark eller takglas på garasje.

Innanfor BK1 – BK6 skal det settast av eigna uteopphaldsareal til lek og opphald for barn. Alle bueiningar skal innan ein gangavstand på 50 m ha ein småbarnsleikeplass på minimum 200 m². Maks 20 bueiningar kan vere felles om ein slik småbarnsleikeplass som minimum skal vere utstyrt med sandkasse, huske-/klatrestativ og sittebenk. Småbarnsleikeplassen skal vere opparbeidd før bustadane innanfor området kan takast i bruk.

7.4 Friområde og uteopphaldsareal

7.4.1 Privat og felles uteopphaldsareal

Planområdet vil hovudsakleg vere eit einebustadområde med private uteopphaldsareal på eiga tomt. Med tomtestørrelser på 900 – 1000 m² og utnyttingsgrad opp mot 30 %BYA vil ein kunne legge til rette for gode private uteopphaldsareal som kan ligge usjenert til i forhold til naboen. Tomtene vil vere bratte og det vil vere utfordrande å oppnå universelt utforma uterom.

Det er ikkje lagt til grunn at det skal leggest til rette for felles uteopphaldsareal innafor areal sett av til frittliggande småhus. Det er derimot sett av store offentlege friområde som vil kunne fungere som felles uteopphaldsareal.

Innanfor BK1 – BK6, som er sett av til konsentrert småhusområde med mulegheit for oppføring av to-mannsbustader, rekke- eller kjedehus, og fleirmannsbustader i inntil 2 etasjar, skal det vere felles uteopphaldsareal kring bygningane. Private uteopphaldsareal vil hovudsakleg vere på private uteplassar, terrasser og balkongar.

7.4.2 Offentlege friområde

Det er sett av 10,9 daa til offentlege friområde, delt på fire område o_Fr1 - Fr4. I tillegg er det eit større offentlig friområde(o_Fr5) kombinert med areal til leik på 5,9 daa. Totalt er det sett av 18,4 daa til offentlege friområde.

O_FR1

O_Fr1 er ein del av den overordna grønstrukturen frå fjorden, via Elvadalen til Arneset og vidare langs Heltneelva opp til fjellområda ovanfor busetnaden i Volda sentrum. Her er det eit stinett som er mykje brukt og som skal vidareførast med enkel tilrettelegging. Det vil vere viktig å oppretthalde naturmiljøet langs elva, og det vil derfor ikkje vere høve til andre tiltak enn enkel opparbeiding av nytt stinett på strekinga mellom o_V1, o_V2, o_V4 og o_L1 som skal tene som alternativ tilkomst til o_L1. Det vil kunne tillatast nødvendig skjøtsel av skog og førebygging av elva for å sikre busetnad og infrastruktur langs Heltneelva.

O_Fr2 – o_Fr4

Desse tre friområda er ein gjennomgåande grønkorridor gjennom bustadområdet. I denne korridoren skal det opparbeidast sti som skal bindast saman med eksisterande, og som kan nyttast som snarveg gjennom bustadområdet eller som turveg til friluftsområda ovanfor. Tverrgåande sti/turveg skal opparbeidast med breidde på inntil 3 m, fast dekke og lys. Stien må leggest skånsamt i terrenget for i størst muleg grad å unngå uheldige terrenginngrep. Skjering og fyllingar må tilsåast og beplantast med stadegen vegetasjon. Det skal opparbeidast tverrgåande sti gjennom o_Fr2 før bustader innanfor BF4,5,7 og 8 kan takast i bruk. Før det kan takast i bruk bustader innanfor BF1, 2, 3 og 4 skal det vere opparbeid sti/turveg gjennom o_Fr3 og o_Fr 4.

O_Fr5

Dette er eit større friområde der det skal etablerast ballbane/ballbinge og anna utstyr for leik, aktivitet og fellesopphald for både barn og unge og bebruarar elles innanfor planområdet og tilgrensande bustadområde. Leik og opphald for barn og unge skal prioriterast. Området skal tilretteleggast med parkering.

7.4.3 Turvegar

Det er ikkje sett av eige areal til turvegar. Det er derimot opna for etablering av turveg i

grønkorridoren gjennom bustadområdet (o_Fr2-o_Fr4). Dette vil erstatte og forbetre den stien som er der i dag. Turvegen skal opparbeidast med breidde på inntil 3 m, med fast dekke og belysning. Turvegen vil vere bratt og vil ikkje tilfredstille stigningskrav i forhold til prinsippet om universell utforming. Dei fleste vil nok nytte seg av vegsystemet i området, men det vil likevel vere eit visst behov for ein tverrgående snarveg gjennom området. Turvegen vil vere ein god erstatning for den råsa som er der i dag. Ein kan godt sjå for seg at ein slik turveg vil vere attraktiv for spreke turgåarar som ønskjer å nytte dei gode turområda ovanfor busetnaden. For å sikre nødvendig opparbeiding av det tverrgående gangsambandet er det knytt rekkjefølgjekrav til opparbeidinga slik at opparbeidinga skjer i takt med utbygginga av bustadfeltet (sjå pkt. 7.4.2)




Figur 15 Illustrasjon som viser grønkorridor med turveg/sti gjennom bustadfeltet

7.5 Barn og unge

Det er lagt til rette for 37 nye einebustadtomter i tillegg til areal for konsentrerte småhus. Dette vil gi eit betydeleg tal barn og unge i området. Det er sett av 1,6 daa til leikeplass i tillegg til 5,9 daa kombinert friområde og leik og 10,9 daa til andre friområde. Terrenget i området er bratt og ein har prøvd å plassere leikeareal på best muleg eigna område, slik at ein kan oppnå leikeareal med gode kvalitetar som ikkje er for bratte. To av leikeplassane ligg i bratt område som kan gjere det vanskeleg med opparbeiding. O_L3 har ei skråning på 1:2,8 og o_L2 har ei skråning på 1:4,2, begge har breidde på 20m. Ein har derfor lagt dei inn til grønkorridoren gjennom bustadområdet, slik at leikeplassane får tilkomst frå turveg/sti gjennom grønkorridoren, som skissert i bildet under.

O_L2 og 3 vil ha funksjon som nærleikeplass for store delar av bustadfeltet. Nokre av eigedomane vil få såpass stor avstand til sin nærleikeplass at dei minste borna ikkje vil kunne ta seg fram dit på eiga hand. I eit slikt typisk einebustadområde med romslige tomter vil dei fleste ha areal nok til småbarnsleik i eigen hage. Nærleikeplassen vil likevel vere eit viktig supplement og ein møteplass for småbarn i følgje med vaksne. Innanfor BK-områda skal det settast av eige

område for småbarnsleik. Etter kvart som barna veks til vert det meir naturleg at dei tek seg fram til leikeplassen på eiga hand. Det er sett av til dels store areal til fri- og leikeområde. Dei terrengmessige utfordringane gjer at det er lite hensiktsmessig med opparbeiding av heile leikeareala. Spesielt i dei mest bratte områda vil opparbeiding av leikeplassar kunne medføre store terrenginngrep. Det meste av leikearealet vil likevel framstå som attraktive i eigenskap av å vere naturleikeområde som det dei opparbeidde leikeareala gjer, kanskje spesielt for dei litt større barna som søker andre utfordringar enn det dei opparbeidde leikeplassane kan tilby.



O_L1

O_L1 er eit mykje nytta skogsområde for både barn på eiga hand og av fleire barnehagar. Området ligg nær elva og er eit noko flatare areal enn elles i området. Arealet er på 1.4 daa og er stort nok til å romme mange ulike aktivitetar i alle årstider. O_L1 skal ha tilgjengeleg hovudtilkomst frå fortauet langs Bjørnevegen. Enkel sti gjennom o_FR1 skal opparbeidast og knytast på allereie etablert sti i området, som alternativ tilkomst frå o_V1, o_V2 og o_V4. Delar av arealet med hovudtilkomsten frå Bjørnevegen skal opparbeidast med aktuelt leikeplassutstyr, medan resten vert verande som eit naturleikeområde som i dag. Det tilrettelagte arealet kan gjerdast inne. Det er krav om at delar av leikearealet skal opparbeidast og utstyrast med minimum sandkasse, sklie, huske-/klatrestativ og sittebenk før bustader innanfor o_BF7, o_BF9 og BK4 kan takast i bruk. Leikeplassen vil vere utsett for støy frå Bjørnevegen og det er eit krav at det vert etablert støyskjerm langs fortauet forbi leikeplassen.

O_L2

O_L2 er eit leikeareal på 0.87 daa og ligg i skrånande terreng på nedsida av o_V2. Leikearealet ligg inntil friområdet o_Fr2 noko som gjer det muleg å sjå områda i samanheng. I o_Fr2 skal det opparbeidast sti/turveg og leikeplassen skal ha tilkomst frå denne. Med ei slik løysing vil ein enklare kunne utnytte delar av arealet innanfor o_L2 til ein opparbeidd leikeplass med tilhøyrande utstyr. O_L2 vil ha funksjon som nærleikeplass for husstandar med tilkomst frå o_V2 innanfor BF 4,5,7,8 og BK 2,4,6. Det er krav om at o_L2 skal opparbeidast før bustader innanfor dette området kan takast i bruk. Ein tilstrekkeleg del av leikeplassen skal opparbeidast og utstyrast med minimum sandkasse, huskestativ og sittebenk. Resten av leikearealet vil ha funksjon som

naturleikeområde.

O_L3

O_L3 er eit leikeareal på 0,6 daa på nedsida av o_V1. Terrenget er skrånande og øvre del av leikeplassen vil vere prega av fylling frå vegen. Her vil likevel vere gode mulegheiter for opparbeiding av delar av leikearealet for plassering av leikeplassutstyr, medan øvrig areal vil ha funksjon som naturleikeområde. For å få god tilkomst til opparbeidd leikeareal innanfor o_L3 må denne samordnast med opparbeiding av sti gjennom o_Fr3. Leikeplassen vil ha funksjon som nærleikeplass for husstandar med tilkomst frå o_V1 og husstandar langs o_V3. Det er krav om at O_L3 skal opparbeidast og utstyrt med minimum sandkasse, huskestativ og sittebenk før bustader innanfor dette området kan takast i bruk.

7.6 Bomiljø/bokvalitet

7.6.1 Fordeling av leiligheiter og hustyper

Det er ønskjeleg å prioritere einebustadtomter framfor areal til konsentrert busetnad i dette området, då det i tilgrensande område (Ottagarden) vil vere stor grad av konsentrert busetnad. Det er derfor lagt til rette for 36 einebustadtomter med størrelse på mellom 800-1000 m². Seks areal på til saman 17.4 daa er sett av til konsentrert småhus i form av to-mannsbustader, rekke- eller kjedehus, og fleirmannsbustader i inntil 2 etasjar.

7.6.2 Universell utforming av bygg

Universell utforming er krevjande i bratt terreng. Val av hustype vil vere avgjerande for om det vert krav om universelt utforma bygg. Det er ikkje lagt føringar for val av hustype eller krav om universelt utfoma bygg ut over gjeldande regelverk.

7.6.3 Kvalitet på og utforming av uterom

Det er i stor grad einebustadområde innanfor planområdet og det er ikkje sett av felles uteareal bortsett frå friområda og leikeplassane. Innanfor områda sett av til konsentrerte småhus vil det verte stilt krav om felles uterom/opparbeidd uteareal/friområde.

På grunn av det bratte terrenget vil det kunne vere nødvendig med støttemurar på dei einskilde tomtene for å kunne ta opp noko av høgdeskilnadene.

7.6.4 Støytiltak

Det er gjennomført ei støyfagleg vurdering som konkluderer med at områda nærast Bjørnevegen vil vere støyutsett. Det vil vere behov for støyskjerming av leikeplassen L1, som bør ha støyskjerm med 1,2 m høgd over lokalt terreng plassert ved ytterkant av fortau langs Bjørnevegen. På plankartet er det vist gul støysone med omsynsone H220. For å sikre tilfredstillande støytilhøve for bustadområda som kjem innanfor gul støysone, bør bustadhusa plasserast nord på tomta, dei fleste av soveromma bør ha vindauge mot nord og terrassar bør ha tett rekkverk på 1 m.

7.6.5 Krav om utomhusplan og rekkefølgebestemmelsar

Det er knytt rekkefølgebestemmelsar til opparbeiding av leikeplassar og turvegar. Ved søknad om byggeløyve innanfor område sett av til frittliggande småhus skal det ligge føre teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg og garasje si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar.

Innanfor areal sett av til konsentrerte småhus skal det ved søknad om byggeløyve ligge føre

situasjonsplan og teikningar og ev. anna visualisering som viser bustadbygg og garasje si plassering i terrenget og i høve til kringliggende bygningar, samt plan for opparbeiding av uteareal/friområde.

7.6.6 Energiløysing

Det vil bli nytta tradisjonelle energiløysingar i planområdet.

7.7 Parkering

Innanfor områda BF1-9 er det krav om 2 parkeringsplassar pr. husvere. Minimum ein av desse skal visast som plass i garasje. I område BK1 – BK6 er det også krav om 2 parkeringsplassar pr. husvere og ein av desse skal vere overdekt. Overdekte biloppstillingsplassar kan i desse områda vere i form av frittliggende garasje-/carportar, felles garasje-/carportanlegg eller i garasjekjeller.

7.8 Trafikkløysing


7.8.1 Køyretilkomst/tilknytning til overordna vegnett

Tilkomst frå overordna vegnett FV45(Vikebygdvegen) vil vere via Bakkelidvegen, Hjellbakkane og vidare langs Bjørnevegen. Bustadfeltet vil bli betjent via to nye avkøyrslar frå Bjørnevegen.

7.8.2 Utforming av vegar/bredde og stigningsforhold

O_V1

O_V1 er hovudavkøyrsla til bustadfeltet. Frå avkøyrsla til Bjørnevegen og fram til pel 200 skal det vere fortau. Følgjande normalprofil er nytta for o_V1 fram til pel 200:




Regulert vegbreidde er 4,25 m inkl. skulder/kantstein, 3 m til fortau og 2 m på kvar side til sideareal. Vegen er dimensjonert for lastebil og har snuhammar i enden.

Frå pel 200 til enden vil det ikkje vere fortau. Vegen er totalt 437,9 m lang med maksimal stigning på maksimalt 1/12(7,89%) fram mot pel 280 der vegen går over i svakt fall til vegen.

O_V2 – o_V4

Saman med o_V1 er dette bustadgater innad i feltet. Det er nytta følgjande normalprofil for o_V2 – o_V4 og o_V1 frå pel 200 til enden:



Regulert veggbreidde er 4,25 m inkl. skulder med 2 m på kvar side til sideareal. Vegane er dimensjonert for lastebil og har snuhammar i enden.

O_V2 har fall på heile strekninga med størst maksimalt fall på 7,95 % på ei kort strekning frå om lag pel 20 til pel 68. Derifrå har vegen eit fall på 2,5% fram til pel 180 før den flatar ut mot enden med eit fall på om lag 0,8%.

O_V3 har maksimal stigning på 8% på ei strekning frå om lag pel 9 til pel 112 og derifrå og til enden ei svak stigning på i underkant av 1%.

O_V4 har maksimal stigning på 9% mellom pel 12 og pel 60 før den slakkar av og går med fall på 2,3% til enden.

O_V5

Dette er del av eksisterande veg. Det er planlagt fortau langs denne vegen. Fortauet skal ha total breidde på 3m inkl. kantstein.

Lysanlegg vil inngå i vegutbygginga.

Hjellbakkane/Bjørnevegen (nedre del av veg O_V5) er som eige trafikktryggingstiltak planlagt utvida gjennom den skarpe svingen ved Heltneelva, og skal her også få fortau og fotgjengarkryssing. Vegbreidda skal også utvidast frå krysset mot Plassevegen.

Dette området ligg utanfor planområdet, men er i føresegnene til plan føresett gjennomført før utbygging i feltet vert sett i gang. Jf. Rekkefølgeføresegner. §4.1.

SVT1 og 2

Snuhammarane i enden på o_V1 og o_V2 har et utvida areal sett av til annan vegggrunn, som er tilrettelagt for snøopplagring.

7.8.3 Beskrivelse av evnt. avvik frå vegnormalane

Alle vegane som er dimensjonert som tilkomstveg vil ligge innanfor krav i gjeldande vegnormal for vegtype A1.

7.8.4 Tilgjengelegheit for gåande og syklande

Det er lagt opp til fortau langs Bjørnevegen(o_V5) og den mest trafikkerte delen av o_V1. Det er elles lagt opp til blanda trafikk i bustadgatene. Med det lave talet på bueingar som kvar bustadgate skal betjene oppfattast dette som ei tilfredsstillande løysing. I det bratte terrenget vil store skjeringar og fyllingar langs vegnettet vere ein kritisk faktor for utnytting av bustadtomtene. Ved å auke vegkorridorane med 3 m vil ein få betydelege inngrep i bustadtomtene. I tillegg til vegsystemet er det også lagt inn ein grønkorridoren gjennom feltet der det skal opparbeidast ein tverrgående turveg.

7.8.5 Felles tilkomstvegar, eigedomstilhøve

Alle vegane innanfor planområdet vil vere offentlege vegar.

7.8.6 Kollektivtilbod

Det er ikkje kollektivtilbod inn til planområdet. Samlevegane i området har tilfredsstillande standard også til dette, om det skulle bli aktuelt seinare.

7.8.7 Krav til samtidig opparbeiding


Vegane i området må byggast ut samtidig med utbygging av bustader i området. Utbygginga av bustadfeltet kan skje i fleire trinn.

7.9 Overvatn og tilknytning til infrastruktur

7.9.1 Plan for vatn, overvatn og avløp samt tilknytning til offentleg nett

Det er anlegg både for vatn og avløp nær planområdet som ein kan knyte seg på. Vatn kan leverast opp til cote +240 m. utan behov for pumpestasjon. Det er utarbeidd ein illustrasjon som viser muleg prinsipp for VA-løysing. Overvatn frå feltet vil bli ført til Heltneelva. Vegar og grøntkorridorar vil vere trasè for overvass-systemet og anna VA-anlegg.

Det må etablerast ny avskjeringskanal ovanfor dei nye bustadområda. Avskjeringskanalen vil leide overvatn frå overliggande terreng til Heltneelva. Det er tatt utgangspunkt i følgjande normalprofil for avskjeringskanal med vedlikehaldsveg. Vedlikehaldsvegen vil ha bredde på 3,5 m. Grøfta må dimensjonerast/prosjekterast.



7.9.2 Tilknytning til fjernvarmeanlegg

Det er ikkje krav om tilknytning til fjernvarmeanlegg.

7.9.3 Avfallshandtering/miljøstasjon

Det er lagt opp til avfallshenting langs dei interne vegane i feltet. Alle vegar har snehammar i enden og er dimensjonert for lastebil. Innanfor områda for konsentrerte småhus skal det etablerast felles oppsamlingspunkt. Areal til dette må visast på situasjonsplan i samband med byggesak.

7.10 Planlagde offentlege anlegg

Det er lagt til grunn at kommunen skal opparbeide byggefeltet og tildele byggeklare tomter. Vegane, friområda, leikeplassane og all infrastruktur i feltet vil derfor vere offentlege anlegg.

7.11 Gjennomføring, miljøoppfølging

Bustadfeltet kan byggast ut stegvis og det er sett krav om rekkjefølgje for opparbeiding av leikeplassar og turvegar.

7.12 Universell utforming

7.12.1 Beskrivelse av krav

Det er krav om trinnfri tilkomst til alle bygningar med bustader. Gangtilkomst mellom parkering og inngangspartiet skal i utgangspunkt ikkje ha større stigning enn 1:20, på kortare strekningar på inntil 3 m kan stigning vere maksimum 1:12. I bratt terreng der dette ikkje kan oppnåast vil ikkje dette kravet gjelde for bustad utan krav om heis. Dei same krava er gjeldande også for sekundærhusvere som hybel m.v.

Leikeplassane i bustadfeltet vil vere uteareal med krav om universell utforming. Dette vil m.a. medføre at det skal settast av eit horisontalt felt med fast dekke på minimum 1,6 m x 1,6 m som mulegjer deltaking og likestilt bruk, i tillegg til at nivåskilnader skal vere sikra.

7.12.2 Beskrivelse av korleis universell tilgjengelegheit skal løysast

Bustadfeltet ligg i bratt terreng noko som gjer det utfordrande å oppnå universell tilgjengelegheit. Plassering av garasje/parkering og bustad samt val av hustype vil vere avgjerande for om ein kan oppnå universelt utforma tilkomst etter reglane i TEK 10. Bustadane på nedsida av veg vil lettare kunne oppnå tilgjengelegheit, og brukbar tilkomst.

For dei to leikeplassane som ligg i det mest krevjande og bratte terrenget vil det vere utfordrande å oppnå universelt utforma tilkomst. Ein har derfor valt ei løysing der det kan vere muleg å oppnå universelt utforma tilkomst etter reglane i TEK10 § 8-7 frå turveg i tilgrensande grønkorridor. Dette krev også at den delen av turvegen som blir ein del av tilkomsten til leikearealet også vert universelt utforma og at det horisontale feltet inne på leikeplassen ligg i forlenging av tilkomsten.

7.13 Skog- og landbruksaktivitet

Med full utbygging av bustadfeltet vert det ikkje skogdrift i området. Ved trinnvis utbygging kan ein vere i ein situasjon der skogeigarane framleis kan drive skogen i området, ein føreset i så fall at tilkomst vert frå eksisterande skogsveg.

7.14 Kulturminne

Det er ikkje funn av bevaringsverdig kulturminne innanfor planområdet.

7.15 Sosial infrastruktur

Bustadfeltet ligg i gangavstand til både skule og fleire barnehagar.

7.16 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

Det må gjennomførast tiltak langs Heltneleva i dei område som er utsett for overfløyning.

7.17 Rekkefølgebestemmelsar

Nødvendig sikringstiltak langs Heltneelva, i område som er utsett for overfløyning, må vere gjennomført før utbygging innanfor planområdet kan ta til.

Eksisterande avskjeringskanal vil måtte flyttast før utbygging innan planområdet. Det er derfor sett krav om at ny avskjeringskanal må vere etablert før tiltak som vil påverke eksisterande avskjeringskanal vert sett i gang.

Etablering av fortau langs Bjørnevegen, utviding av svingen ved Heltneelva og fortau/breiddeutviding av vegen frå Plassevegen må vere gjennomført før utbygging innanfor planområdet kan ta til.

Leikeplassane må opparbeidast i takt med utbygginga innanfor feltet. O_L1 skal opparbeidast før husstandar med tilkomst frå o_V4 innanfor BF7 og 9 samt BK4 kan takast i bruk. O_L2 må opparbeidast før husstandar med tilkomst frå o_V2 innanfor BF4,5,7 og 8 samt BK2, 4 og 6 kan takast i bruk. På same måte må o_L3 opparbeidast før husstandar med tilkomst frå o_V1 innanfor BF1, 2, 4 og 5 vert tatt i bruk. O_Fr5 og o_GS1 skal opparbeidast før bustader innanfor BK1,2,3,5 og 6, BF3 og BF6 kan takast i bruk.

Før leikeplassen o_L1 kan takast i bruk skal det vere etablert nødvendig støyskjerming langs Bjørnevegen(o_V5) slik at leikeplassen o_L1 får tilfredstillande støyforhold jfr. Støyrapport frå Sweco datert 05.11.2013.

Det skal opparbeidast tverrgående sti/turveg gjennom o_Fr2 før bustader med tilkomst frå o_V2 innanfor BF4,5,7 og 8 samt BK4 og BK3 kan takast i bruk. Før det kan takast i bruk bustader med tilkomst frå o_V1 innanfor BF 1,2,4 og 5 samt BK3, skal det vere opparbeid sti/turveg gjennom o_Fr3 og o_Fr 4.

Før opparbeiding av o_Fr5 skal det vere gjort avtale om ny velteplass for tømmer til erstatning for eksisterande velteplass for tømmer som ligg innanfor o_Fr5.
Ny velteplass skal opparbeidast i samråd med aktuelle skogeigarar før o_Fr5 får endra bruk.

8 Verknader/konsekvensar av planframlegget

8.1 Overordna planar

Området for bustader er utvida i forhold til overordna plan. Det er først og fremst BF1, BF3 og BF6 som utgjør utvidinga av bustadområdet i forhold til B58 i overordna plan. I tillegg er eit langsgående grøntbelte som går gjennom planområdet tatt ut. Det er behov for fleire einebustadtomter i Volda og det er derfor ønskeleg å kunne utvide bustadfeltet vestover mot Heltneelva i forhold til avsett bustadområde i overordna plan. Arealet her er eit granskogsfelt som det vil vere lite hensiktsmessig å la stå igjen når B58 i overordna plan vert bygd ut. Utviding av bustadarealet vil gi 22 ekstra tomter ved å forlengje to av bustadgatene i byggefeltet. Dette vil vere ein meir økonomisk fordelaktig måte å auke tilgangen på fleire bustadtomter på, enn å opparbeide heilt nye bustadfelt.

Den gjennomgåande grøntsona som ligg i overordna plan var meint som trasè for ein tursti. Denne vil vere erstatta av bustadgatene som går gjennom bustadfeltet og fortau langs Bjørnevegen. Skogsvegen ovanfor utbyggingsområdet er allereie i dag ein av dei mest nytta turvegane i området. Her er det tilknytingar til turvegssystema både vestover mot Røyslida og Klepp og austover mot Reset/Driveklepp.


8.2 Landskap, stadens sin karakter og estetikk

Utbygginga av bustadfeltet vil medføre store endringar i området sin karakter ved at eit til no tettvokst granskogområde vert erstatta av eit einebustadfelt. Ein har lagt vekt på å legge vegane best muleg i terrenget, ved å følgje dei langsgående terrengekotene, og dermed redusere fyllings- og skjeringsutslaga i størst muleg grad. I byggeperioden vil området framstå som sår i landskapet som vil vere godt synleg frå motsett side av dalen. Når utbygginga er gjennomført og skjering/fylling er tilplanta vil området framstå som ei naturleg utviding av eksisterande bustadområder.

Bustadfeltet består stort sett av romslege einebustadtomter med innslag av fleirmannsbustader på avgrensa område, noko som vil vere i same skala som eksisterande bustadmasse i Brattebergområdet. Skogsvegen til vasshuset og skogsområdet ned mot avskjeringskanalen vil framstå som ei naturleg avgrensing mot markaområda ovanfor busetnaden. Under er vist nokre enkle illustrasjonar av slik utbygginga kan framstå når feltet er utbygd:



Figur 16 Illustrasjon av muleg utbygging av bustadfeltet, sett frå aust



Figur 17 Illustrasjon av muleg utbygging av bustadfeltet sett frå vest v/Bjørnevegen



Figur 18 Oversiktsbilde frå muleg utbygging sett frå sør

8.3 Konsekvensar for naboar

Naboane til det nye bustadfeltet vil vere husrekka på nedsida av Bjørnevegen. Med Bjørnevegen, fortau og vegetasjonsbelte vil ein få ein god avstand til nabobusetnaden. Naboane vil derimot oppleve at Bjørnevegen vert meir trafikkert, med både meir støy og innsyn. Auken i trafikk på

Bjørnevegen vil i følge støyvurderinga ikkje medføre eit auka støyproblem. Med utgangspunkt i fartsgrense på 50 km/t vil auka støy vere på mindre enn 3 dB og med reduksjon av farta til 30 km/t vil støynivået verte redusert med 2dB. Dei har også i dag innsyn frå forbi passerande på Bjørnevegen og ny busetnad vil derfor ikkje medføre særleg forverring av denne situasjonen.

8.4 Kulturminne og kulturmiljø

Ein er ikkje kjent med at område har verdifulle kulturminne og kulturmiljø og planen vil derfor ikkje medføre særlege verknader for dette.

8.5 Naturverdi og naturmangfald

Det er ikkje registrert verdifulle artar i området. Ein må likevel legge til grunn at området har eit naturmangfald typisk for barskog og nærleik til elv. Det er lagt inn ei grøntsone langs elva som vil sikre naturverdiar og naturmangfald i dette området.

8.6 Uteområde, rekreasjonsinteresser og barn og unge sine interesser

Det har vore ei målsetting å ivareta omsynet til gjennomgåande grønstruktur og barn og unge sine interesser på best muleg måte gjennom heile planarbeidet. Barnerepresentanten har vore aktivt med i utvikling av planløyising og har hatt gode innspel når det gjeld grønstrukturen.

Leikearealet o_L1 er eit område som barnehagar nyttar til tur og aktivitetsområde og er også nytta av barn elles. Langt på veg har dette området funksjon som ein 100-metersskog. Dette området er sett av til leikeplass. Arealet går over i grøntdraget langs Heltneelva, som er ein del av den overordna grøntstrukturen i Volda sentrum. Dette arealet er sikra gjennom planen som offentleg friområde med allmenn tilgjenge.

Markaområda ovanfor busetnaden og ovanfor skogsvegen som går opp til vasshuset er mykje brukt av befolkninga i heile Volda sentrum. Det er hovudsakleg Skogsvegane som er nytta som tilkomst til desse områda, men ein kan også sjå at tverrgåande trakk gjennom planområdet opp til skogsvegen er nytta som tilkomst. Ved å sette av ein 30 m brei grøntkorridor gjennom bustadfeltet, med høve til etablering av turveg, vil dette framleis kunne ha funksjon som tilkomst til markaaområdet. Samtidig vil også turvegen ha funksjon som snarveg for dei som er busett i området.

Det er sett av to leikeareal langs grøntkorridoren. Grøntpartiet blir utvida og tydeleggjort og vi får ei oppdeling av eit elles monotont bustadfelt med lange einsformige bustadgater med hus på rekke på kvar side av vegen. Med breie sentrale og tverrgåande grøntområde med leikeareal, kan ein få attraktive område for leik, opphald og ferdsel for både barn, unge og vaksne.

I dette bratte området er det gjerne ei utfordring å finne egna område for ballplass. Lengst mot aust i planområdet er det sett av eit større areal til kombinert friområde og leik. Her er det eit flatare område som lett kan vidareutviklast slik at det vert eigna som ballplass eller for plassering av ein mindre ballbinge. Området har variert topografi med til dels bratte skråningar, men her kan også vere rom for opparbeiding av både leikeareal og anna felles uteopphaldsareal. Området ligg slik til at det vil kunne nyttast også av tilgrensande bustadområde.

8.7 Trafikktilhøve

8.7.1 Vegtilhøve

Tilkomst til bustadfeltet vil vere via etablert samleveg gjennom etablert bustadområde. Vegen her har ei regulert breidde på 6 m med gang-/sykkelveg eller fortau. Bjørnevegen har ei krapp kurve ved Heltneelva som kan vere utfordrande ved auka grad av trafikk. Her er det føresett breiddeutviding, etablering av fortau og kryssingsfelt for fotgjengarar. Dette ligg inne som aktuelt

trafikktryggingstiltak, og er føresett gjennomført før utbygging i område B58 vert sett i gang.

8.7.2 Trafikkauke/-reduksjon

Utbygginga innanfor planområdet vil medføre ein merkbar auke i trafikken gjennom etablerte bustadområde. Samlevegen har også i dag utfordringar med for høg fart. Dersom vi reknar omlag 70 nye bueiningar innanfor planområdet vil dette kunne medføre ein auke i ÅDT på 280 personbilar. Dette vil vere med på å forverre den trafikale situasjonen i området. Det bør derfor etablerast fartsreducerande tiltak på samlevegssystemet. Det er såleis lagt opp til 40 km/t fartsgrense frå kryss Hjellbakkane x Plassevegen. Det er derfor sett krav om at slike tiltak skal vere gjennomført før utbygging innanfor planområdet kan ta til.

Utbetringar i eksisterande vegnett med eventuelle nye fotgjengarfelt, fartsgrense mv vert vurdert og prioritert gjennom kommunen sin trafikktryggingssplan.

8.7.3 Kollektivtilbod

Ringbussen går i dag via Hjellbakkane-Uravegen og Røyslidvegen/Heltnevegen. Næraste haldeplass er såleis ved Bratteberg skule og ved kryss Heltnevegen x Røyslidvegen.

8.8 Sosial infrastruktur

8.8.1 Skulekapasitet

Bratteberg skule og Vikebygd skule er barneskular i gangavstand frå bustadfeltet. Det er flytande krinsgrenser i området og med utviding av Øyra skule i Volda sentrum vil det truleg vere kapasitet til å ta i mot den elevauken som realisering av planen kan medføre.

8.8.2 Barnehagekapasitet

Barnehagedekninga i området er god og har kapasitet til auke i barnetalet som vil følgje av utbygginga det vert lagt til rette for gjennom planen.

8.9 Universell tilgjengelighet

Terrengtet i planområdet er svært utfordrande når det gjeld universell tilgjengelegheit. Med rett val av hustype på nedsida av tilkomstvegane (ca. 20 tomter) vil ein kunne innfri krava i TEK10 m.o.t. tilkomst til bygning med bueining utan krav om heis. I områda for konsentrerte småhus vil det vere godt muleg å oppnå at 50 % av bustadane kan vere universelt tilgjengeleg.

8.10 Energibehov – energiforbruk

Om lag 70 nye bueiningar vil medføre auka energibruk. Det er ikkje sett ytterlegare krav om energisparande tiltak eller alternative energikjelder enn det som kjem fram av TEK10.

8.11 ROS

Utbygging innanfor planområdet vil truleg medføre raskare avrenning til Heltneelva. Dette kan auke sannsynet for overfløyming av lågareliggende område. Det er derfor sett krav om at det må gjennomførast nødvendige sikringstiltak før utbygging innanfor planområdet.

8.12 Teknisk infrastruktur

8.12.1 Vatn og avløp

Det vil ikkje vere behov for omlegging/nyanlegg av eksisterande anlegg for vatn og avlaup.

8.12.2 Trafo

Det vil vere behov for etablering av ny trafo i området, det er sett av areal til dette i tilstøytande

reguleringsplan for Ottagarden.

8.13 Jordressursar/landbruk

Skogdrifta vert avvikla innanfor planområdet og vi får ein reduksjon av produktivt skogsareal på om lag 100 daa. Dette er ein betydeleg skogsressurs og vil vere negativt for skogsnæringa. På arealet mellom overvasskanalen og skogsvegen kan det framleis drivast med skogsdrift og beite. Tilkomst vil vere via eksisterande tilkomstar frå skogsvegen.

8.14 Konsekvensar for næringsinteresser

Det er ingen andre næringsinteresser enn skogsdrift i området. Problemstillinga er drøfta i overordna planverk der det vart konkludert med at utbygging i området kan skje på trass av bortfall av skogsdrift i området.

8.15 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planen medfører behov for innløyasing av private eigedomar og opparbeiding av offentlege anlegg. Før utbygging av bustadfeltet må det også gjennomførast sikringstiltak i Heltneelva, samt trafikktrykkingstiltak på samlevegnettet i området. Det er stort behov for einebustadtomter i åra framover og det er sannsynleg at sal av tomter vil finansiere kostnadane som følgjer av utbygginga.

8.16 Interesse motsetnader

Det er motteke 9 merknader til oppstart av planarbeidet og det er ikkje gjort kjent vesentlege interesse motsetnader. Ein er m.a. blitt gjort kjent med utfordringar i forhold til trafikksituasjonen i samlevegssystemet, problem med overflauming av lågareliggande område og forslag/krav om ny velteplass for tømmer. Dei to første momenta er imøtekomen ved at det er sett rekkjefølgjekrav. Når det gjeld erstatning for velteplass for tømmer er også dette avklara gjennom planføresegner.

8.17 Avveging av verknader

Planen vil ha størst negativ verknad for skogsdrifta i området. Delar av området er omdisponert frå LNF-område til bustadområde i overordna plan. Utviding av bustadarealet ut over det som er fastsett i overordna plan vil medføre ytterlegare reduksjon av produktiv skogsareal. Utvidingsarealet vil imidlertid ligge noko inneklemt noko som kan gjere det utfordrande med effektiv skogsdrift. Hovudføremålet med planarbeidet er å skaffe tilstrekkeleg tal attraktive kommunale einebustadtomter for å kunne møte framtidig bustadbehov. Med utvidinga av bustadområdet slik det er lagt opp til i planen vil ein få ein auke på 22 tomter noko som også er med på å styrke det økonomiske grunnlaget for utbygginga.

9 Innkomne innspel

1. NVE, 28.11.2012:

Ber om at føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag vert nytta til å merke vasstrengen og kantsoner. Elv med kantsoner kan regulerast til «natur og friluftsliv». Tilrådd minsteavstand frå busetnad til elv er 20 m. Elva sitt skadepotensial for reguleringsområdet bør vurderast. Området er eit potensielt utløpsområde for snøskred på skrednett sine aktsemdkart, men ligg utafor fareområde for skred i NGI sine gamle stein- og snøskredkart. Desse er meir nøyaktige. Opplyser om at mindre utløysingsområde med høgdeskilnad på mindre enn 20 m og skråningar på mellom 20 og 50 m kan falle utafor karta og derfor må sjekkast ut.

Vurdering:

Planområdet går inntil elva og det er sett av ein grøntkorridor langs elva. Grøntkorridoren langs

elva er med på å sikre minsteavstand frå busetnad til elv på 20 m.

Elva sitt skadepotensial er vurdert som del av ROS-analyse. ROS-analyse konkluderer med at risiko for overflauming av lågareliggande område er sannsynleg. Det er sett rekkjefølgjekrav med krav om at det ikkje vert sett i gong utbygging innafor planområdet før nødvendige tiltak i Heltneelva er gjennomført.

2. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 04.01.2013:

Natur- og miljøverninteresser

Er skeptisk til landskapsverknaden av ei utbygging høgare oppe i lia enn dagens byggelinje og krev at planarbeidet må synleggjere dette. Om nødvendig bør ikkje dei høgareliggande områda byggast ut. Viser til at dei også var skeptiske til område B58 i høyringane til kommunedelplanen. Er positiv til at ein vil sikre grøntkorridor langs Heltneelva og det må leggast stor vekt på ferdsels- og opplevingsverdiane i turvegssystemet frå Øyraelva mot Melshornet og Reset.

Barn og unge sine interesser

Er nøgd med at ein skal legge vekt på gode interne friområde for uteopphald og leik. Planen må sikre/dokumentere tilgang på gode og funksjonelle uterom som er eigna for leik og rekreasjon, viser til rettleiar T-1513 som gir rammer for planarbeidet. Planarbeidet må vere merksam på trafikktryggleik utanfor planområdet.

Samfunnstryggleik

Det må gjennomførast ROS-analyse.

Konklusjon

Skeptisk til bygging høgare oppe i lia enn det kommunedelplanen legg til rette for. Er uroa over kva verknader utbygginga vil ha for friluftinteressene i området. Varslar motsegn om planen bryt opp og reduserer ferdsels- og opplevingsverdiane i området, og dersom barn og unge sine interesser ikkje blir tilstrekkeleg sikra.

Vurdering:

Natur- og miljøverninteresser

Ein har redusert planområdet noko og busetnaden er trekt lenger ned i lia. Det er sett av grøntkorridor langs elva og ein korridor gjennom bustadområdet. Grøntkorridorane legg til rette for at ein kan bevare ferdsels- og opplevingsverdiane i turvegssystemet frå Øyraelva mot Melshornet og Reset.

Barn og unge sine interesser

Det er sett av store areal til leik i tillegg til dei to grøntkorridorane. Trafikktryggleik utafor planområde er eige punkt i planomtalen.

Samfunnstryggleik

Med utgangspunkt i Fylkesmannen si sjekklister er det utarbeidd ROS-analyse for planarbeidet.

Konklusjon

Fråsegna er i det vesentlege imøtekomen.

3. Roy Inge Heltne, 29.11.2012

Peikar på Volda kommune si gjerdeplikt, som må flyttast til nordsida av det nye byggefeltet. Ber om at samleplass for tømmer må erstattast dersom denne vert fjerna. Meiner det må leggast til

rette for sambindingsveg frå Bjørnevegen og utover Solhøgda, Engeset og Klepp. Bør lagast veg mellom det nye byggefeltet/Bjørnevegen til Heltnevegen/Raudemyrvegen. Dersom kommunen ikkje løyser inn alt arealet sør om vegen til vassmagasinet, må det sikrast tilkomst til den delen av eigedomen som vert liggande att.

Vurdering:

Gjerdeplikt og erstatning for samleplass for tømmer vil vere tema ved ev. avtale om innløyising av eigedomar.

Spørsmål om ev. sambindingsveger ikkje ein del av planarbeidet.

Planområdet er noko redusert og dei øvste delane er ikkje med. Det vil vere tilgang til eigedomane frå vegen opp til vasshuset.

4. Statens vegvesen, 13.12.2012:

Ber om at tilkomst til hovudveg vert nærare informert om i planprosessen. Har elles ingen merknader.

Vurdering:

Planområdet vil ha tilkomst frå etablert samleveg, som har etablert avkøyrsløse frå Vikebygdvegen/FV

5. Tussa, 21.12.2012:

Viser til at Tussa Nett har ein høgspenkabel som ligg i vegen til Volda vassverk. Det må settast av plass for nettstasjon til å forsyne Ottagarden byggefelt og B58. Aktuelt areal for nettstasjon er ca. 2,5 * 2,0m og avstand til bygning må vere min. 5 m. Minner om reglar for anleggsbidrag for utbygging av straumnett.

Vurdering:

Det vert sett av eige areal til nettstasjon innanfor reguleringsplanen for Ottagarden, som skal forsyne begge byggefelta.

6. Møre og Romsdal fylkeskommune, 08.01.2013:

Barn og unge

Må legge til rette for tilstrekkeleg areal til leik, og barn og unge skal vere eige kapittel i planomtalen.

Universell utforming

Peikar på at området er bratt og at det vert utfordrande å møte krav til universell utforming av uteareal. Dette må synleggjerast særskilt i planomtalen.

Planfagleg vurdering

Vonar at planomtalen vert utarbeidd og strukturert i samsvar med plan- og bygningslova §4-2 og at den vert godt illustrert. Viktig å vise korleis byggetomtene vert liggande i landskapet og særleg verknadane av konsentrert busetnad. Utfordringar kring parkeringsdekning og tilkomst må omtalast. For den delen av planområdet som vert i strid med gjeldande plan må dagens bruk omtalast.

Konklusjon

Ingen særlege merknader, men manglande ivaretaking av interessane til barn og unge kan vere grunnlag for motsegn.

Vurdering:

Barn og unge er eige kapittel i planomtalen. Planomtalen tek også for seg utfordringar i forhold til universell utforming. Merknaden er imøtekomen.

7. Rasmus Heltne:

Ber om at teigen må få same pris som for andre teigar som vert tomtepris. Foreslår ny lunneplass vest for høgdebasseng på bnr.:4. Kommunen må ta ansvar for Heltneelva nedanfor høgdebassenget. Ber om skriftleg avtale! Vedlagt er fleire brev som omhandlar situasjonen i Heltneelva.

Vurdering:

Oppgjer for eigedomar som vert omfatta av reguleringsplanen vert eit forhold mellom kommunen og den einskilde grunneigaren.

Lunneplass som foreslått kan vere eit godt alternativ så lenge ein tek omsyn til turstiane i området. Arealet ligg utafor plangrensa, men vil kanskje vere tilstrekkeleg med avtale med grunneigar.

Situasjonen i Heltneelva må takast på alvor. ROS-analyse vil mest sannsynleg påvise risiko for overflauming av lågareliggande område. Vil truleg vere behov for å sette rekkjefølgjekrav. Bør ikkje sette i gong utbygging innafør planområdet før nødvendige tiltak i Heltneelva er gjennomført.

8. Bjørg Henriksen, 11.01.2013:

Lurer på kva det betyr at plangrensa kan bli justert. Peikar på at overvasskanalen aldri er tom, at det er leirholdig jord i området som aldri blir tørr og spør kva konsekvensar det vil få at overvasskanalen vert flytta. Er bekymra for at den leirhaldige jorda vert for vasshaldig om kanalen vert flytta og er redd for jordskred. Spør om korleis ein vil sikre at bakken ikkje skal sige. Spør om kvifor planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Peikar på at det er stor trafikk i området og at det bor mange barn og unge og nyetablerte familiar i området. Meiner Bjørnevegen er dårleg dimensjonert og har ein kritisk sving ved Heltneelva. Er skeptisk til om Bjørnevegen kan takle auka trafikkmengde. Peiker også på ein turveg som går tvers gjennom området som er mykje brukt som tur og friluftsområde. Ber om at ein skal kunne nytte denne vegen også i framtida utan at området vert ødelagt av estetisk skjemma og prangande busetnad i svært bratt terreng. Ber om at spørsmåla vert besvart og tatt omsyn til i det vidare arbeidet.

Vurdering:

Eksisterande overvasskanal vert erstatta av nytt overvassanlegg. Dette vil betre situasjonen i området også for busetnaden nedanfor Bjørnevegen.

Bjørnevegen har fortau og er dimensjonert som samleveg og tilrettelagt for auka trafikk. Det vert etablert fortau langs Bjørnevegen. Den kritiske svingen ved Heltneelva kan få ei breiddeutviding.

Det er sett av grøntkorridor gjennom planområdet der det vert muleg å etablere turveg/sti. Grøntkorridoren vil vere 30 m brei og leikeplassar er lagt inntil grøntkorridoren. Slik vert det god avstand mellom turveg/sti og tilgrensande busetnad.

Det er hovudsakleg lagt til rette for einebustadtomter på same måte som for resten av Brattebergfeltet. Berre to avgrensa areal er sett av til konsentrert busetnad. Her kan det førast opp to-/firmannsbustader og rekkehus i inntil to etasjar med maksimal mønehøg på inntil 9 m.

9. Monika Pølmann-Kairies, 12.01.2013:

Ønsker å behalde ein del av egedomen 20/22 som ligg lengst oppe i terrenget. Viser til at ein del av familien ikkje har fått høve til å bygge på eigen grunn på opphavleg egedom. Ber om at arealet dei ev. kan behalde vert liggande så nær som muleg inntil skogsarealet som høyrer til gbnr.: 20/22. Ber om opplysningar når det gjeld frister, kostnader og andre relaterte punkt. Ønsker også informasjon om kva som kan reknast med som erstatning for tap av grunn og ev. skadar som oppstår i samanheng med arbeidet.

Vurdering:

Oppgjer for egedomar som vert omfatta av reguleringsplanen vert eit forhold mellom kommunen og den einskilde grunneigaren. Det same gjeld spørsmål om grunneigartomter.



(Plan utarbeidd av – Volda kommune ved innleige av Per Mulvik AS)

Plangodkjenning:

Volda kommunestyre sak /15, den .2015

For rådmann,

Jørgen Vestgarden Utviklingssjef
e.f.m.

PlanID: 1519 – 2012007

Utarbeidd: 18.12.2013

Arkivsaknr.: 2012/2280

Revidert: 18.02.2016

Reguleringsplan - **B58 – Øvre Heltne**

REGULERINGSFØRESEGNER:

§1. GENERELT

§1.1. Gyldighetsområde

Desse reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som på plankartet er vist med reguleringsgrense. Føresegnene og plankart kjem i tillegg til krav i plan- og bygningslova.

§1.2. Privatrettslege avtaler

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtaler som er i strid med planen.

§1.3. Arealbruksføresmål

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med Pbl. §§ 12-5 og 12-6 til følgjande føremål:

Bebyggelse og anlegg (Pbl. § 12-5 nr. 1)

- 1111 Frittliggande småhus
- 1112 Konsentrerte småhus
- 1610 Leikeplass

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. § 12-5 nr. 2)

- 2012 Fortau
- 2011 Køyreveg
- 2018 Annan veggrunn – tekniske anlegg
- 2019 Annan veggrunn – grøntanlegg
- 2143 Overvassnett

Grønstruktur (Pbl §12-5 nr. 3)

- 3040 Friområde
- 3900 Kombinert friområde/leikeplass

Omsynssoner (Pbl §12-6)

- H_140 Sikringssone for friskt
- H_220 Gul støysone



§2. AREALBRUK

§2.1. Bebyggelse og anlegg, PBL. §§12-5 NR.1 OG 12-7

2.1.1 Frittliggende småhus

- a)** Innan BF1 – BF9 skal det kunne førast opp frittliggende einebustader med mulegheit for utleigedel/sekundærhusvære i sokkeletasje, med tilhørande anlegg som garasje, bud og liknande.
- b)** Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegransene som er vist på plankartet. Bygningar tillatast oppført med mønehøgde inntil 9 m og gesimshøgde 6 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. For bygning med pulttak, flatt tak, ark og takopplett skal gesimshøgde i flukt med yttervegg ikkje overstige 9 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå.
- c)** Grad av utnytting av tomtene er bestemt av "tillate bebyggd areal" (BYA) slik:
Område BF1 – BF9: Max % BYA = 30%
- d)** I område merka BF1 – BF9 skal garasjar ikkje byggjast større enn 50 m² BYA og då berre i ei høgde. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 2,5 m og mønehøgde ikkje over 4,0 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. Normalt skal garasjar ha berre ein etasje, men der terrenget gjer det naudsynt kan garasje førast opp med maksimal gesimshøgde 4,5m og maksimal mønehøgde på 6,0m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå, men då med maksimal grunnflate på 42m². I slike tilfelle kan garasje ha underetasje eller loftetasje. Slike rom kan ikkje godkjennast som rom for varig opphald. Garasje oppført vinkelrett på veg skal plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal. Garasje med innkøyring parallelt med veg skal ha avstand 3 m frå regulert trafikkareal.
- e)** Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk og at bygningar i same området får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg. Det skal leggjast vekt på å nytte/ta vare på eksisterande vegetasjon samt opparbeide gode uteareal. Ved søknad om byggjeløyve skal det ligge føre teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg og garasje si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar.
- f)** På kvar einskild tomt skal det opparbeidast 2 parkeringsplassar på eigen grunn. Minimum ein parkeringsplass pr. husvere skal vere i garasje/carport.
- g)** Der terrenget etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannetomt eller veg, kan kommunen gje påbod om at planeringshøgder skal løftast eller gjerast lågare, eller at det vert nytta skråningar som gjer høgda på støttemurane lågare. Det tillatast oppført støttemur i eigedomsgrensa. Gjerde og mur mot veg skal godkjennast av kommunen.
- h)** Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.

2.1.2 Konsentrert småhus

- a)** I område merka BK1 – BK6 kan det førast opp konsentrerte småhus i inntil 2 etasjar med tilhørande anlegg som garasje, bod og liknande.
- b)** Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegransene som er vist på plankartet. Der byggelinje er vist skal påbygg/tilbygg plasserast innanfor desse. Bygningar tillatast oppført



med maksimal mønehøgd på 9 meter og maksimal gesimshøgd på 6,5 meter frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. For bygning med pulttak, flatt tak, ark og takopplett skal gesimshøgd i flukt med yttervegg ikkje overstige 9 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå.

c) Grad av utnytting av tomtene er bestemt av "tillete bebygd areal" (BYA) slik:

Område BK1 – BK6 : Max % BYA = 40%

d) I område merka BK1 – BK6 bør garasjar som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg med inntil 6 biloppstillingsplassar i kvart garasjebygg. Unntaksvis kan frittstående garasje (til ei buening) byggast med grunnflate inntil 36 m². Parkering kan dekkjast ved felles parkeringsplass/-kjellar. Det skal settast av 2 parkeringsplassar pr. buening. Ein av desse skal vere overdekt.

e) Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 2,5 m og mønehøgd ikkje over 4 m frå eksisterande terreng sitt gjennomsnittsnivå. Det er ikkje tillete med ark eller takglas på garasje.

f) Garasje oppført vinkelrett på veg skal plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal. Garasje med innkøyring parallelt med veg skal ha avstand 3 m frå regulert trafikkareal.

g) Ved handsaming av søknad om byggjeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk og at bygningar i same området får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg. Det skal leggjast vekt på å opparbeide gode uteareal. Ved søknad om byggjeløyve skal det ligge føre situasjonsplan og teikningar eller anna visualisering som viser bustadbygg og garasje si plassering i terrenget og i høve til kringliggande bygningar, avkøyrleordning og internt vegsystem, samt plan for opparbeiding av uteareal. Utbygging innanfor kvart av områda skal skje samla.

h) Der terrenget etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannetomt eller veg, kan kommunen gje påbod om at planeringshøgder skal løftast eller gjerast lågare, eller at det vert nytta skråningar som gjer høgda på støttemurane lågare. Det tillatast oppført støttemur i eigedomsgrensa. Gjerde og mur mot veg skal godkjennast av kommunen.

2.1.3 Leikeplass

a) Leikeplassane o_L1 – o_L3 skal opparbeidast slik at dei er eigna for leik og opphald, minimum med sandkasse, huske-/klatrestativ, benk og noko fast dekke. Utafor den opparbeidde delen av leikeplassane skal eksisterande vegetasjon så langt som muleg bevarast. Leikeplassane kan gjerdast inne.

b) Det skal utarbeidast situasjonsplan for opparbeiding av leikeplassane.

c) Leikeplassane kan nyttast til sport, leik og tilkomst til desse areala, og skal opparbeidast i den grad det er naudsynt å legge til rette for slik bruk. Ved opparbeidinga skal det leggjast særleg vekt på god og tilgjengeleg tilkomst frå offentleg veg.

d) Nødvendig opparbeiding/arrondering og tilkomst til areala skal gjennomførast samtidig med utbygging av feltet.

e) Naudsynte bygg eller anlegg som inngår som del av området sitt bruksføremål kan oppførast etter godkjenning av kommunen.

f) O_L1 – oL3 skal vere offentlege leikeplassar.



§2.2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, pbl. §§12-5 NR.2 OG 12-7

2.2.1 Offentleg køyreveg

I offentlege trafikkområde skal det byggast

- Køyreveg
- Fortau
- Gang-/sykkelveg

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som skal inngå som del av tomtearealet.

Vegskjeringar og fyllingar kan tilplantast og skal behandlast på ein tiltalende måte.

Tomteeigar kan etter søknad føre opp mur i grense mot regulert vegområde for å redusere skråningsutslag.

2.2.2 Offentleg køyreveg

a) Vegområde merka o_V1 – o_V5 er offentlege vegar.

b) Vegane skal opparbeidast med fast dekke, gatelys og breidder som vist i plankartet.

2.2.3 Gang-/sykkelveg

O_GS1 er offentlig gang-/sykkelveg og skal opparbeidast med fast dekke, lys og breidder som vist på plankartet.

2.2.4 Fortau

a. Fortau o_F1-3 er offentlig fortau langs Bjørnevegen og skal opparbeidast med fast dekke og breidder som vist på plankartet.

b. Fortau o_F4 er offentlig fortau som skal opparbeidast samtidig med veg o_V1 og opparbeidast med fast dekke og breidde som vist i plankartet.

2.2.5 Anna vegareal – teknisk anlegg

Dette er areal til grøft, skjering og fyllingsskråningar og snøopplag.

2.2.6 Anna vegareal – grøntareal

Dette arealet kan tilplantast og vil vere ein buffer mellom bustadtomtene og Bjørnevegen.

2.2.7 Overvassnett

Innan o_OV1 skal det opparbeidast avskjerande overvasskanal med vedlikehaldsveg.

Skjeringar og fyllingar skal tilplantast og skal behandlast på ein tiltalende måte.

Overvasskanalen skal opparbeidast før utbygging av bustadfeltet tar til.

§2.3. Grønstruktur, pbl. §§12-5 NR.3 OG 12-7

2.3.1 Friområde(o_Fr1 – o_Fr4)

a. Innanfor o_FR1 er det ikkje høve til anna tiltak enn enkelt vedlikehald på eksisterande stinett, etablering av enkel sti på strekninga mellom o_V1, o_V2, o_V4 og o_L1 som skal tene som alternativ tilkomst til o_L1. Det vil også kunne tillastast nødvendig skjøtsel av skog og førebygging av elva for å sikre busetnad og infrastruktur langs Heltnelva.

b. Innanfor o_Fr2 – o_Fr4 skal tverrgående sti/turveg opparbeidast med breidde på inntil 3 m, fast dekke og lys. Stien må leggjast skånsamt i terrenget for i størst muleg grad å unngå uheldige terrenginngrep. Ved opparbeidinga skal ein sjå til at tilknytning mellom



tursti og vegar vert tilordna på ein bruksmessig, tilgjengeleg og estetisk god måte.

Skjering og fyllingar må tilsåast og beplantast med staden vegetasjon, og naturleg vegetasjon skal i størst muleg grad takast vare på. Tilgrensande leikeareal skal få tilkomst frå sti/turveg som vert etablert innan o_Fr2 og o_Fr3.

c. Det skal utarbeidast situasjonsplan for opparbeiding av friområda med gjennomgåande tursti.

d. O_Fr1 – o_Fr4 skal vere offentlege friområde.

2.3.2 Friområde/Leikeplass(o_Fr5)

a. Innanfor o_Fr5 kan det etablerast ballbane/ballbinge og ev. anna utstyr for leik, aktivitet og fellesopphald for både barn og unge og bebuarar elles innanfor planområdet og tilgrensande bustadområde. Ballbane skal gjerdast inne mot aust, sør og vest.

b. Nødvendig opparbeiding/arrondering og tilkomst til areala skal gjennomførast samtidig med utbygging av feltet. Det skal leggjast vekt på god tilknytning til offentlege vegar. Det skal tilretteleggast for parkering i/ved området.

c. Det skal utarbeidast situasjonsplan før opparbeiding av o_Fr5.

d. Leik og opphald for barn og unge skal prioriterast.

e. Ev. skjering og fyllingar etter opparbeiding av området må tilsåast og beplantast med staden vegetasjon, og naturleg vegetasjon skal i størst muleg grad takast vare på.

f. Naudsynte bygg eller anlegg som inngår som del av området sitt bruksføremål kan oppførast etter godkjenning av kommunen.

g. O_Fr5 skal vere offentleg friområde.

§3. Hensynssoner, pbl. §12-6

§3.1. Sikringssoner

3.1.1 Frisikt

Frisiktsonene merka «H140» i vegkryssa må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innafor frisiktsonene skal planerast ned til 0,5 meter over tilgrensande vegars nivå.

§3.2. Støysoner

3.2.1 Gul støysone H220

a) For å sikre tilfredstillande støynivå i bustadområda som er omfatta av gul støysone bør bustadhusa plasserast nord på tomte, dei fleste av soveromma bør ha vindauge mot nord og terrassar bør ha tett rekkverk på 1 m.

b) O_L1 skal ha støyskjerm med høgd 1,2 m over lokalt terreng plassert ved ytterkant av fortau langs o_V5.

§4. Fellesføresegner

§4.1. Rekkefølge, Pbl. §12-7 nr.10

a) Nødvendig sikringstiltak langs Heltneelva, i område som er utsett for overfløyning, må vere gjennomført før utbygging innanfor planområdet kan ta til.



- b) Ny avskjeringskanal innanfor o_OV1 må vere etablert før utbygging innanfor planområdet kan ta til.
- c) Før utbygging av planområdet kan ta til skal det skiltast med sone 40 km/t frå krysset til Plassevegen og vidare opp Bjørnevegen.
- d) Etablering av fortau langs Bjørnevegen må vere gjennomført før utbygging innanfor planområdet kan ta til.
- e) Vegar, fortau og VA-anlegg skal utbyggast samtidig med utbygging av tomtene.
- f) O_L1 skal opparbeidast før husstandar med tilkomst frå o_V4 innanfor BF7 og 9 samt BK4 kan takast i bruk.
- g) Før o_L1 kan takast i bruk som leikeareal må det etablerast nødvendig støyskjerming, i samsvar med tilrådd løysing i støyfagleg rapport frå Sweco datert 05.11.2013.
- h) O_L2 skal opparbeidast før husstandar med tilkomst frå o_V2 innanfor BF4,5,7 og 8 samt BK2, 4 og 6 kan takast i bruk.
- i) O_L3 skal opparbeidast før husstandar med tilkomst frå o_V1 innanfor BF 1,2 4 og 5 vert tatt i bruk.
- j) O_Fr5 skal opparbeidast før bustader innanfor BK1 og BF6 kan takast i bruk.
- k) Før opparbeiding av o_Fr5 og o_GS1 skal det vere gjort avtale om ny velteplass for tømmer til erstatning for eksisterande velteplass for tømmer som ligg innanfor o_Fr5.
- l) Tverrgåande sti/turveg gjennom o_Fr2 skal opparbeidast før bustader med tilkomst frå o_V2 innanfor BF4,5,7 og 8 samt BK2 og 4 kan takast i bruk.
- m) Tverrgåande sti/turveg gjennom o_Fr3 og o_Fr4 skal vere opparbeidd før bustader med tilkomst frå o_V1 innanfor BF 1,2 4 og 5 kan takast i bruk.

§4.2. Vegsystem

Vegskråningar skal setjast i stand med tilplanting/tilsåing samstundes med ferdigstilling av bustadfeltet. Terreng, gjerde og hekkar langs gater skal ikkje vere høgare enn 0.7m over vegnivået. Ved avkøyrsløse gjeld ovannemnde, men høgda skal ikkje vere over 0.5 m.

§4.3. Terrengbehandling

Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengsår skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast. I tilfelle der det førekjem utgravne massar skal desse leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande. Ved varige opne utgravingar, som vegskjeringsar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 1,5 m, bør det etablerast støttemur.

§4.4. Vegetasjon

Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad bevarast. I samband med anleggsarbeid bør vegetasjonen som kan bevarast, skjermast mot fysiske øydeleggingar. Byggjearbeid skal utførast med omsyn til terreng og vegetasjon.

**§4.5. Automatisk freda kulturminne**

Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvar ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.

§ 5 Generelt.

Det er ikkje høve til, med private servituttar, å skipe tilhøve som er i strid med desse føresegnene. Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld vedtekter i Plan- og bygningslova og bygningsvedtektene for Volda kommune. Når særlege grunnar talar for det kan kommunen tillate mindre vesentlege endringar frå reguleringsplanen innanfor ramma av bygningslovgjevinga og dei kommunale vedtektene.

Reguleringsplan Bratteberg B58 slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 01.11.2015 vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

For Administrasjonssjefen
Per Heltne, Planleggar
e.f.m.

Reguleringsplan-Bygningar og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)

- Bustader - frittgjende småhus
- Bustader - konsentrert småhus
- Leikeplass

Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)

- Keyeveg
- Fortau
- Gang-sykkelveg
- Annan veggrunn - tekniske anlegg
- Annan veggrunn - grantareal
- Overvassnett

Reguleringsplan-Grøntstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)

- Frømråde
- Kombinerte grøntstrukturformål

Reguleringsplan-Omsynsoner (PBL2008 §12-6)

- Sikringsone - Friskt
- Staysone - Gul sone etter rundskriv T-1442

Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL2008

- Sikringsonegrense
- Staysonegrense

Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008


- Planen si avgrensning
- Regulert tomtegrense
- Eigedoms grense som skal opphevast
- Byggjegrænse
- Regulert senterlinje
- Frisktslinje
- Regulert støyskjerm
- Regulert støttemur

Kartgrunnlag i M: 1:1 000


Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk 1:1000



REGULERINGSPLAN Bratteberg B58 MED TILHØRENDE REGULERINGSBESTEMMELSER	Kartblad:			
	Planid: 2012007			
	Arkivnr.: 2012/2280			
SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAKS-NR.	DATO	SIGN.	
Revisjon:				
Endra etter off. ettersyn		22.02.2016	HI	
Kommunestyrets vedtak:				
Kommunestyret - eigenpodjening				
2. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker		08.04.2014	HAB	
Offentlig ettersyn fra 24.01.2014 til 11.03.2014		21.01.2014	HAB	
1. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker	PS 6/14	24.11.2013	HI	
Kunngjering av oppstart av planarbeidet		19.10.2013	HI	
Oppstartsliste				
PLANEN UTARBEIDET AV: Volda kommune	PLANNR.	TEGNNR.	SAKSBEH.	
	2012007		HI	



Roy Inge Heltne
Kolbeingarden
Vikebygdvegen 67
6104 Volda

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/2280	Avd. Utv
Løpenr.	Sfs. Hab
6 MAR 2014	
Arkivdel:	Planid
Klassering P:	2012007
Klassering S:	

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Merknader til reguleringsplan for bustadområde Bratteberg B58, sak 2012/2280

I utgangspunktet synest eg det er en fin plan som eg ikkje har vesentlige merknadar til.

Ynskjer likevel å kome med nokre kommentarar:

1. Det er feil å kalle dette "bustadområde Bratteberg". Stort sett alt arealet ligg på gnr. 20 som er Heltne.
2. Sikringstiltak i Heltneelva.
Dette er tiltak som kommunen skulle ha utført når utbygginga Heltne / Bratteberg starta på slutten av 70 talet. At kommunen har utelatt å gjennomføre sikringstiltaka i over 30 år kan ikkje føre til at kostnadane med sikringa no vert belasta utbygginga av B 58, og at dette vert brukt som argument for lågare grunnpris.
3. Fartsgrenser / trafikktryggingstiltak.
I §4, fellesføresegner står det at fartsgrensa skal reduserast til 40 km/t frå krysset til Plassevegen. Dette finn eg noko lite gjennomtenkt. Til lenger opp i feltet ein kjem til lågare vert trafikkettleiken. Behovet for trafikktryggingstiltak, mellom anna redusert fartsgrense, vil vere større lenger nede i feltet der trafikken er mange gongar så høg. Etter mitt syn burde ei 40 km/t sone gjelde heilt frå krysset Vikebygdvegen – Bakkelidvegen, men i det minste forbi Bratteberg skule. Som ein del av føresegnene burde fartsgrensa på Vikebygdvegen vere nedsett til 50 km/t minst forbi krysset til Bakkelidvegen. I dette krysset har det vore fleire trafikkulukker også med personskadar, og er eit kryssingspunkt for mange skuleborn. Innkøyringa frå dei private vegane er til dels uoversiktlige, særskilt vinterstid, noko som også talar for lågare fartsgrense. Utbygginga i feltet dei siste åra har ført til betydelig trafikkauke og denne kjem til å bli enno større no. Kommunen må då sjå heile trafikkbiletet i samanheng, ikkje berre bit for bit. Ein øvre sambindingsveg mellom byggefelt, noko ein no har mulighet til å få til, ville fordelt trafikken mykje betre og ikkje minst gitt ein vesentlig miljøvinst etter som at transportavstanden mellom bustadområda og skule / barnehage ville blitt vesentlig kortare.

4. Tilkomst til skogsteigane.

Det må sikrast at vi får tilkomst til dei skogsteigane som vert liggande att mellom byggefeltet og vegen til vassmagasinet. Firmaet Mulvik hevdar at ein har dette frå vegen til vassverket. Dette vil ikkje bli ei tilfredsstillande løysing og ein må sikre tilgong frå veg langs avskjeringsgrøfta slik vi har i dag.

5. Gjerdeplikt.

Kommunen er i dom i samband med utbygginga i -70 /-80 pålagt gjerdeplikt mot utmark. Dette vil ikkje bli endra men må presiserast i føresegnene.

6. Parkering for turgåarar.

Det bør etablerast ein parkeringsplass ved krysset mellom Bjørnevegen og vegen til vassmagasinet. Vassmagasinet er blant Volda sine mest nytta utgangspunkt for turmål. Særskilt no når det er kome veg mellom vassmagasinet og Reset. Ein mykje nytta veg som ligg flott til i Volda si solside. Vegen til vassmagasinet er ein privat veg som tidvis vert nytta i samband med skogsarbeid. Det er såleis inga sjølvfylgje at denne er open og at bilar kan parkerast ved vassmagasinet. Ein parkeringsplass i nemnte område vil vere eit godt tiltak for å legge til rette for friluftsliv og fysisk fostring.

Volda 05.03.2014


Roy Inge Heltne

Eigar av gnr 20 brnr. 6

2012/2280

Sonja Håvik

Fra: Torild Driveklepp [torild@hybelvolda.no]
Sendt: 7. mars 2014 00:15
Til: V-Postmottak
Emne: Merknad til Planid 2012007 B58 Bustadområde Bratteberg

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Til Volda Kommune.

Merknad til Planid 2012007-Detaljregulering-B58 Bustadområde Bratteberg.

Byggefeltet B58 ligg på Heltnane sin grunn og bør heite Øvre Heltne e.l. Bratteberg som det no blir kalla, ligg aust for dette planlagte feltet og avstår derfor ikkje grunn.

Etter orkanen for ca 20 år sidan, bygde eg vegen, som blir kalla «Roarvegen», for å få ned tømmeret.

Frå vegen har eg laga fleire sidelommer, som blir nytta til lager av bl.a. gardsreidskap, båtvoغن, gravemaskinreidskap og store natursteiner til muring. Alt dette må flyttast til ein anna egna lagringsplass når byggefeltet blir påbegynt.

Eg vil forslå at Volda kommune/utbyggjar lagar ein lagringsplass til meg ovenfor byggefeltet på min skogsteig, som erstatning for vegen og noverande lagringsplasser. Ei god løysing vil f.eks. vere å bruke Roy Inge Heltne (naboeigedom) sin vegavkøyrslе frå vatnrensaneanlegg-vegen og forlenge den vegen til min eigedom der eg vil forslå at det blir laga denne nye lagringsplassen.

Volda 06.03.2014

Roar Driveklepp

Gnr.20 Bnr.13

Tlf 99277660

This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.

For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>

blir sent via e-post heidi@mulvik.no til

Per Mulvik AS
PB 86
6101 VOLDA

München, 12.01.2013

Merknader ang. Varsel om oppstart av planarbeid for bustadområde B58 - Bratteberg i Volda Kommune
Monika Pöhlmann-Kairies GNR20/BNR22
Dykkar ref.: Heidi Istad

Eg viser til dykkar brev av 23.11.2012

Då eg er ein av dei grunneigarane (GNR.20/BNR.22) som vil bli berørt av dette tiltaket, vil eg gjerne fremje mine merknadar i denne saka.

Dersom det er mulig, uten at vi blir forplikta til å bygge der innan kort tid eller har ekstra kostnader i samanheng med regulering av området til bustadområde, ønsker eg at familien min og eg får muligheten til å behalde ein del av området som hører til GNR 20/BNR22 og som ligger lengst opp i terrenget.

Hovudgrunnen til dette ønsket er at resten av familien (bl. a. broren min og søskenbarnet mit) - som også har sine røter i Volda - ikkje har hatt noko høve til å bygge på egen grunn/grunn som ligger på vår opprinnelig eigedom.

I tillegg er det av praktiske grunnar viktig at det arealet vi eventuelt kan få behalde ligger så nært som mulig inntil skogsarealet som høyrer til gnr 20/bnr 22.

Dessuten vil eg gjerne få meir opplysning om kva det eventuell vil medføre for meg når det gjeld frister, kostnader og andre relaterte punkt.

På den andre siden ønsker eg å få meir informasjon om kva eg kan reikne med som erstatning for tap av grunn og eventuelle skader som oppstår i samanheng med arbeidet der.

Med vennlig helsing

Monika Pöhlmann-Kairies

Fra: Henning Heltne [Henning@mesterhussunmore.no]
Sendt: 10. mars 2014 13:07
Til: V-Postmottak
Emne: Innspel reguleringsplan Bratteberg.
Vedlegg: Side 46 gesimshøgde..pdf

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

I forbindelse med offentlig ettersyn for ny reguleringsplan bratteberg så har vi et par innspill.

1) Vi ber kommuna ta ei lita vurdering av beskrivelse mønehøgde og gesimshøgde i reguleringsføresegnene . Vi viser til veileder H- 2300 grad av utnytting side 46 . Vi viser spesielt til at slik gesims og mønehøgde er beskrevet i føresegne så vil eit tradisjonelt hus med loft takark være for høgt til at det skal kunne byggast i feltet. Dette på grunn av at gesimshøgde på slike hus etter ny veileder skal måles frå møne på takarka.

2) Slik som feltet no er regulert så er det regulert svært mange enebolig tomter i feltet. I høve behov så er det faktisk slik at det er en mindre del av befolkninga som har god nok økonomi til å kunne bygge seg enebolig. Vi viser til at kommunen har en god del ledige eneboligtomter i felt bratteberg 2 (mens areal for konsentrert utnytting er utbygt for lengst) samt i ny regulert byggefelt K10 på klepp. Vi ber kommunen vurdere om der bør legges opp til flere tomter for konsentrertbebyggelse samt en del enkelt tomter som det også kan bygges 2 manns bolig på.

Slik en, ser det så bør eit kommunalt byggefelt være tilrettelagt for alle. Der bør en kunne bygge konsentrert bebyggelse (rimlege leilighete) en bør kunne bygge 2 manns boliger på en del tomter, og en bør kunne få bygge eneboliger på en del tomter for dei som har økonomi til å gjere det.

Med venlig hilsen Henning Heltne Byggmester

Mvh

Henning Heltne

Dagleg leiar / Byggmeister

Tømrer Service AS

Tømrer Prosjekt AS

Røysbakken 5

6100 Volda

Tlf 700 55 910

Dir. 932 12 702

Fax 700 55 912

henning@mesterhussunmore.no

www.mesterhussunmore.no

This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.
For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>

Fra: Kay Ove Johansen [mailto:kayove@norwegiangroup.no]
Sendt: 2. juli 2014 15:34
Til: Per Heltne
Emne: Re: VS: tomtefelt Bratteberg b58

Hei Per Heltne,

Jeg har et ønske om å kjøpe/slå sammen dem to nederste tomtene ved B58-Bratteberg
Ønsker å bygge et hus på tomtene,
Legger ved en plantekning (se vedlegg)
NB.dette er bare et utkast når/viss jeg får tillslag på kjøpet blir jeg sammen med dere og utbygger
Lage til en best mulig løsning for alle parter, Jeg tror snuplassen vil bli etisk best
Viss den er på enden av gaten IKKE slik den er tegnet inn på min tegning.

Ta kontakt viss det er noe som er uklart

Ha en fin ettermiddag



Vennlig hilsen / Best Regards

KAY OVE JOHANSEN
MARKETING & BUSINESS DEVELOPMENT
Phone +47 700 76000
Mobile +47 413 20 078
Email kayove@norwegiangroup.no

NORWEGIAN GROUP
post@norwegiangroup.no
www.norwegiangroup.no

Fra: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Dato: torsdag 10. april 2014 15:17
Til: Kay Ove Johansen <kayove@norwegiangroup.no>
Emne: VS: tomtefelt Bratteberg b58

Viser til telefonsamtale
Her er planbeskrivelse o plankart slik det var lagt ut til off ettersyn
Ta kontakt med Harald Berstad for eventuelle innspel

mvh

Per Heltne
Fagansvarleg - Plan



Volda kommune
Utvikling
Tlf 70 05 87 17/ 91 15 13 47
www.volda.kommune.no

Høyringsuttale, Reguleringsplan B58.

Heltne-Bratteberg Grendalag handsama reguleringsplanen i styret og på årsmøtet og vil utifrå dette kome med fylgjande merknadar:

***Positivt med stor grad av einebustadar og presisering av at frittliggjande småhus er definert som einebustader.**

Ein bør ha ein overordna plan for bustadbygging i Volda som seier noko om fordelinga av konsentrert busetnad og frittliggjande bustadar. Vi meiner at det i Heltne-Brattebergfeltet ligg til rette for større tomter og frittliggjande einebustadar og at denne type bustad bør dominere i feltet. Utbygginga siste åra viser at det framleis er både behov og interesse for å byggje einebustadar. Vår erfaring viser også at det er viktig å ha klart definerte områder for konsentrert busetnad. Vi meiner at framlegget til reguleringsplan tek dette i vare på ein god måte.

***Tursti gjennom feltet.** Det går i dag ein sti/ traktorveg gjennom det planlagde feltet til «vasshuset». Denne er mykje nytta og bør ivaretakast slik det er lagt opp til i framlegget til reguleringsplan. Denne turstien må opparbeidast som ein del av klargjeringa av bustadfeltet og det må vere samanheng mellom gangstien i feltet og den vidare stien opp til vasshuset.

***Støy.** Brattebergfeltet tek til å bli stort og trafikken aukar tilsvarande. Det er ein tilførselveg i feltet som skal ta unna all trafikk. I tillegg til det som er foreslått i reguleringsplanen bør det settast i verk støyskjermande tiltak for dei eksisterande husa i Bjørnevegen, Plassevegen og Bøgardsvegen som ligg nærast planområdet og tilførselsvegen.

***Traffikktrygging.**

Viser til tidlegare innspel om traffikktrygging rundt Bratteberg skule. Med auka utbygging og auka trafikkbelastning, er dette viktig å utbetre i samband med reguleringsplan B58 for ny utbygging:

1. Gangveg langs Bjørnevegen

Det må vere samanhengande gangveg langs heile Bjørnevegen med overgangsfelt til gangvegen som går frå Plassevegen langs Hjellbakkane. Gangfeltet må grunna trafikksikkerheit ligge ved Plassevegen.

2. Fotgjengarovergangar i Hjellbakkane / Sikker skuleveg.

Det må kome tre opphøya fotgjengarovergangar i Hjellbakkane for å sikre skulevegen til Bratteberg skule.

A. Kryssing Hjellbakkane/Bergsvegen/Bratteberg skule

Gangfelt: Gangfeltet går i dag frå midten av ei buslomme. Det er laga nytt tilknytningspunkt mellom Bergsvegen og Hjellbakkane og gangfeltet bør
Her

Gangveg: Flytting av gangfelt vil medføre behov for forlenging av gangveg langs skulen sin parkeringsplass fram til det nye gangfeltet.

Gangfeltet kan med fordel vere opphøya.

Ny innkøyring til parkeringsplassen: Innkøyringa til parkeringsplassen bør flyttast til austsida av plassen.

B. Etablering av fotgjengarovergang ved gangveg som kjem frå Bratteberg skule v/Ballbingen.

Det er opparbeidd ei grusa rås over skuleområdet. Denne råsa kjem usikra opp på den trafikkerte vegen Hjellbakkane rett nedanfor Frikyrkja. For bilistar er det ikkje synleg at her kan skje kryssing av veg. Her må merkast med overgangsfelt og skilting. Stenging er lite hensiktsmessig då både born og vaksne frå denne sida av feltet uansett vil finne ei kryssing her når dei skal til skule eller til ballbingen på fritida.

C. Etablering av gangveg i forlenging av gangveg frå Bakkelidvegen til Hjellbakkane/Nylenda (Kriken).

Vegen er asfaltert og trafikkert og bør sikrast med merka overgangsfelt.

Desse tiltaka vil etter vårt syn kunne gjere trafikksituasjon en på staden langt tryggare og meir oversiktleg. Overgangfelta bør vere opphøga for å redusere farta i Hjellbakkane. Vegen er lang og rett og det vert ofte brukt mykje høgare fart enn tillat. Dette er skummelt ettersom den ligg langs skuleområdet og alle skuleborna som bur i Brattebergfeltet må krysse vegen til og frå skulen.

3. Gangfelt i krysset Vikebygdvegen/Bakkelidvegen

Det må merkast opp gangfelt nedst i Bakkelidvegen i forlenginga av gangveg, samt over Vikebygdvegen -helst aust for krysset.

Dette er skuleveg til born både til Vikebygda og Bratteberg skular, samt ein svært mykje nytta turveg rundt Rotevatnet.

Bakkelidvegen er den einaste tilkomsten til Brattebergfeltet og er svært trafikkbelasta. Regulering av nye bustadområde i feltet, medfører auka trafikk.

4. URAVEGEN

Uravegen er framleis skulevegen til omlag $\frac{3}{4}$ av elevane på Bratteberg skule. Denne må sikrast med gangveg åtskild frå køyrebane snarast. Viser til kommunestyret sitt vedtak av 18.06.2009: «Kommunestyret vil ikkje ta standpunkt til endra status for Uravegen før dette er nærare utgreidd gjennom ein reguleringsprosess, eller gjennom rullering av Trafikkplanen for Volda sentrum der konsekvensar knytt til tilstøytande vegnett er betre belyst. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei sak om oppstart av slik prosess.»

Vi ber om at denne saka vert sett i gang no i samband med auka utbygging i feltet.

Med vennleg helsing
Heltne Bratteberg Grendalag



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	03.02.2014	7379/2014/REGULERINGSPLAN	Johnny Loen, 71 25 82 88	12.03.2014

Volda kommune - reguleringsplan - detaljregulering gbnr 20/3 m fl - Bustadområde B58 Bratteberg - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Vi har ikkje merknader til kart og føresegner utover at føresegnene må vere tydelege dersom leikeareal og anna friareal skal vere offentleg eller felles. Dette har betydning for kven som har ansvar for opparbeiding og vedlikehald, og dermed kven som skal innfri rekkjefølgjekrava. I følgje planomtalen skal fleire av friområda vere offentlege. Føresegner og planomtale må vere konsistente her.

Planomtalen er elles grundig og gjer greie for alle dei tilhøve som det kan stillast krav om. Vi har berre ein redaksjonell kommentarar. Kapittel 6 bør gå ut, ettersom det er gjort greie for innhaldet i 2.5. I innhaldsoversikta kan det sjå ut som om det er kapittel 6 som **er** konsekvensutgreiinga.

Sidan området generelt er bratt, kunne vi gjerne også tenkt oss at det var synleggjort korleis leikeareal (O_L1-3) kan opparbeidast. Dette er likevel ikkje ei innvending stor nok til at vi vil gjere motsegn gjeldande. Planen kan for vår del eigengodkjennast.

Konklusjon

Planen kan etter eit par mindre presiseringar eigengodkjennast. Vi viser til detaljar ovanfor.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Fra: Sigbjørn Raknes [sraknes@mimer.no]
Sendt: 9. mars 2014 22:43
Til: V-Postmottak
Emne: Merknader B58 Bratteberg

Merknader til detaljregulering B58 Bratteberg.
Volda 09.03.14

Velteplass for tømmer.

Det skal byggast ny velteplass for tømmer som erstatning for eksisterande velteplass. Den nye velteplassen må vere ferdigstilt før oppstart av byggefeltet. Plasering av den nye Velteplassen bør planleggast i lag med grunneigarane slik at den blir best teneleg for alle partar. Viser til skjønnsføresetnadene punkt 4 og tilleggsføresetnadene punkt B og C.

Mvh
Sigbjørn Raknes Dag Bratteberg

This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.
For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/2280	Awd. UHV
Løpenr.	Shs. HAB
3 MAR 2014	
Arkivdel:	PLAN 10
Klassering P:	2012007
Klassering S:	

Vår dato: 25 FEB. 2014
Vår ref.: NVE 201207631-4 rv/tes
Arkiv: 323
Dykkar dato:
Dykkar ref.: 2012/2280

Sakshandsamar:
Terje Systad

Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljregulering B58 Brattberg - Volda kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 24.1.2014. Saka gjeld offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for B58 Brattberg. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for bustader med tilhøyrande infrastruktur.

Langs Heltneelva er det sett av ei sone på 20 meter med grøntområde. Det er i planomtalen synt til at det har vore tilfelle med overfløyning av område langs Heltneelva nedanfor planområdet, og at flaumproblema kan forventast å auke som følge av utbygging innanfor planområdet. I rekkefølgjeføresegnene er det sett krav om at nødvendige sikringstiltak i område som er utsett for overfløyning må vere gjennomført før utbygging i planområdet kan ta til.

Ved sikring av flaumutsette område bør det takast omsyn til at ein sikrar mot ein 200 års flaum med klimaframskriving.

Med helsing

for Toralf Ohnes
Brikt Samdal
regionsjef

Terje Systad
Terje Systad
overingeniør

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Utviklingssektoren

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/2280	1742/2014	2012007	SVK/ SOH	26.02.2014

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - UTLEGGING TIL OFFENTLIGETTERSYN -
DETALJREGULERING B58 BRATTEBERG**

Vi melder med dette frå at Eldrerådet den 24.02.2014, hadde føre ovannemnde som sak PS 4/14, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Eldrerådet tek reguleringsplan B58 Bratteberg til vitende, men peikar igjen på bustader for eldre i sentrum. Det er særst viktig at eldre bur nær dei sentrale tilboda.*
- 2. Gangvegen Bjørnevegen – Plassevegen må realiserast snarast.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Kopi til:
Harald Berstad - sakshandsamar
Per Heltne - arealplanleggar

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon:	www.volda.kommune.no Telefaks: 70058701	Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	---	-------------------------	----------------------------

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Harald Berstad Arkivsak nr.: 2012/2280
Arkivkode: 2012007

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/14	Formannskapet	21.01.2014
5/14	Eldrerådet	24.02.2014
	Ungdomsrådet	
5/14	Kommunalt råd for funksjonshemma	24.02.2014

UTLEGGING TIL OFFENTLIGETTERSYN - DETALJREGULERING B58 BRATTEBERG

Handsaming:

Arealplanleggar Per Heltne orienterte om saka.

Arne Torvik kom med slikt framlegg:

- 1. Funk har ingen innvending mot Detaljregulering B58 Bratteberg.*
- 2. Funk ber om at foreskrift om Universell utforming blir utført som beskrevet i Byggteknisk foreskrift – TEK 10, datert 05.09.2013, først del – andre del – tredje del og fjerde del der dette er mulig med hensyn til typografien. Dog er det ønskelig om at 20 % av byggingsmassen blir universelt utformet.*
- 3. Funk ber om at gangvegen mellom Bjørnevegen-Plassevegen blir realisert snarast.*

Røysting:

Framlegget frå Arne Torvik vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunalt råd for funksjonshemma - 24.02.2014

- 1. Funk har ingen innvending mot Detaljregulering B58 Bratteberg.*
- 2. Funk ber om at foreskrift om Universell utforming blir utført som beskrevet i Byggteknisk foreskrift – TEK 10, datert 05.09.2013, først del – andre del – tredje del og fjerde del der dette er mulig med hensyn til typografien. Dog er det ønskelig om at 20 % av byggingsmassen blir universelt utformet.*

3. Funk ber om at gangvegen mellom Bjørnevegen-Plassevegen blir realisert snarest.

Handsaming:

Per Heltne orienterte om saka.

Roger Nedreklepp kom med slikt fellesframlegg:

1. Eldrerådet tek reguleringsplan B58 Bratteberg til vitende, men peikar igjen på bustader for eldre i sentrum. Det er særst viktig at eldre bur nær dei sentrale tilboda.
2. Gangvegen Bjørnevegen – Plassevegen må realiserast snarast.

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Eldrerådet - 24.02.2014

1. Eldrerådet tek reguleringsplan B58 Bratteberg til vitende, men peikar igjen på bustader for eldre i sentrum. Det er særst viktig at eldre bur nær dei sentrale tilboda.
2. Gangvegen Bjørnevegen – Plassevegen må realiserast snarast.

Handsaming:

Barnerepresentanten, Berit Koen, var til stades under handsaminga av saka.

Planleggar, Per Heltne, orienterte formannskapet om: Detaljregulering B 58 Bratteberg.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 21.01.2014

Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 18.12.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.

Administrasjonen si tilråding:

Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 18.12.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.

Vedleggsliste:

Planomtale, Føresegner, ROS-sjekkliste og Reguleringskart – datert 18.12.2013

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan Volda sentrum

Vedtak om planoppstart

Avtale om engasjement av plankonsulent

Innspel ved planoppstart

Saksopplysningar:

I kommunedelplan for Volda sentrum med Mork/Furene og Vikebygda er området sett av til bustadføremål, friområde og LNF-område. Planframlegget er utarbeidd av Volda kommune, ved innleigd plankonsulent, P.Mulvik as. Oppstartmøte vart halde 19.10.12. og planarbeidet vart etter det varsla igangsett i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8.

Planområdet er avgrensa slik:

Mot nord og aust fylgjer plangrensa langs kommunal veg til vassverk/reinseanlegg, i sør er plangrensa sett til senterlinja i Bjørnevegen og mot vest er planen avgrensa til Heltneelva. Arealet innanfor plangrensa utgjer om lag 107 daa. Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 - Bratteberg er no ferdig utarbeidd og vert tilrådd lagt ut til offentleg ettersyn.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege endringar i høve til gjeldande overordna plan. Vil kunne gje godt og triveleg bumiljø nær knytt opp mot fantastisk fine tur- og naturområder.

Økonomiske konsekvensar:

Planarbeidet er finansiert gjennom eige vedtak.

Opparbeiding av området i kommunal regi vil krevje at det seinare vert avsett ressursar til dette i økonomiplan/budsjett.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Jf Ros-analyse gjennom F.mannen sine retningslinjer som ligg ved.

Vurdering og konklusjon:

Planprosessen er så langt gjennomført i samsvar med reglane i PBL §12-3 og §12/8.

Dei aktuelle innspela ved varsel om planoppstart er teke omsyn til i planutforminga. Jf. planomtalen.

Leikeplassar er utpeika i samråd med kommunen sin barnerepresentant og lagt inn i planområdet slik at det også grensar opp mot eksisterande friområde med ballplass/leikeareal. Det er lagt inn grøntone som gangareal mellom tilgrensande vegar og inn mot leikeområda.

Fylkesmannen sin mal for risikoanalyse er nytta og ligg ved planomtalen. Det er ikkje påvist tilhøve som gir grunn til særlege tiltak ut frå denne gjennomgangen.

Planframlegget vert tilrådd fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med PBL §12-10.

Rune Sjurgard
rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Går som melding til Utviklingssektoren, planseksjonen for utlegging av plan til offentleg ettersyn jf. pbl § 12-10.



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Utviklingssektoren

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/2280	1834/2014	2012007	SVK/ SOH	27.02.2014

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - UTLEGGING TIL OFFENTLIGETTERSYN -
DETALJREGULERING B58 BRATTEBERG**

Vi melder med dette frå at Kommunalt råd for funksjonshemma den 24.02.2014, hadde føre
ovannemnde som sak PS 5/14, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Funk har ingen innvending mot Detaljregulering B58 Bratteberg.*
- 2. Funk ber om at foreskrift om Universell utforming blir utført som beskrevet i Byggteknisk foreskrift – TEK 10, datert 05.09.2013, først del – andre del – tredje del og fjerde del der dette er mulig med hensyn til typografien. Dog er det ønskelig om at 20 % av byggingsmassen blir universelt utformet.*
- 3. Funk ber om at gangvegen mellom Bjørnevegen-Plassevegen blir realisert snarest.*

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Kopi til:
Per Heltne - arealplanleggar
Harald Berstad - sakshandsamar

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon:	www.volda.kommune.no Telefaks: 70058701	Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	---	-------------------------	----------------------------

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Harald Berstad	Arkivsak nr.:	2012/2280
		Arkivkode:	2012007

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
6/14	Formannskapet	21.01.2014
5/14	Eldrerådet	24.02.2014
	Ungdomsrådet	
5/14	Kommunalt råd for funksjonshemma	24.02.2014

UTLEGGING TIL OFFENTLIGETTERSYN - DETALJREGULERING B58 BRATTEBERG

Handsaming:

Arealplanleggar Per Heltne orienterte om saka.

Arne Torvik kom med slikt framlegg:

- 1. Funk har ingen innvending mot Detaljregulering B58 Bratteberg.*
- 2. Funk ber om at foreskrift om Universell utforming blir utført som beskrevet i Byggteknisk foreskrift – TEK 10, datert 05.09.2013, først del – andre del – tredje del og fjerde del der dette er mulig med hensyn til typografien. Dog er det ønskelig om at 20 % av byggingmassen blir universelt utformet.*
- 3. Funk ber om at gangvegen mellom Bjørnevegen-Plassevegen blir realisert snarest.*

Røysting:

Framlegget frå Arne Torvik vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunalt råd for funksjonshemma - 24.02.2014

- 1. Funk har ingen innvending mot Detaljregulering B58 Bratteberg.*
- 2. Funk ber om at foreskrift om Universell utforming blir utført som beskrevet i Byggteknisk foreskrift – TEK 10, datert 05.09.2013, først del – andre del – tredje del*

og fjerde del der dette er mulig med hensyn til typografien. Dog er det ønskelig om at 20 % av byggingsmassen blir universelt utformet.

3. Funk ber om at gangvegen mellom Bjørnevegen-Plassevegen blir realisert snarest.

Handsaming:

Per Heltne orienterte om saka.

Roger Nedreklepp kom med slikt fellesframlegg:

- 1. Eldrerådet tek reguleringsplan B58 Bratteberg til vitende, men peikar igjen på bustader for eldre i sentrum. Det er særst viktig at eldre bur nær dei sentrale tilboda.*
- 2. Gangvegen Bjørnevegen – Plassevegen må realiserast snarast.*

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Eldrerådet - 24.02.2014

- 1. Eldrerådet tek reguleringsplan B58 Bratteberg til vitende, men peikar igjen på bustader for eldre i sentrum. Det er særst viktig at eldre bur nær dei sentrale tilboda.*
- 2. Gangvegen Bjørnevegen – Plassevegen må realiserast snarast.*

Handsaming:

Barnerepresentanten, Berit Koen, var til stades under handsaminga av saka.

Planleggar, Per Heltne, orienterte formannskapet om: Detaljregulering B 58 Bratteberg.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 21.01.2014

Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 18.12.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.

Administrasjonen si tilråding:

Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 18.12.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.

Vedleggsliste:

Planomtale, Føresegner, ROS-sjekkliste og Reguleringskart – datert 18.12.2013

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan Volda sentrum

Vedtak om planoppstart

Avtale om engasjement av plankonsulent

Innspel ved planoppstart

Saksopplysningar:

I kommunedelplan for Volda sentrum med Mork/Furene og Vikebygda er området sett av til bustadføremål, friområde og LNF-område. Planframlegget er utarbeidd av Volda kommune, ved innleigd plankonsulent, P.Mulvik as. Oppstartmøte vart halde 19.10.12. og planarbeidet vart etter det varsla igangsett i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8.

Planområdet er avgrensa slik:

Mot nord og aust fylgjer plangrensa langs kommunal veg til vassverk/reinseanlegg, i sør er plangrensa sett til senterlinja i Bjørnevegen og mot vest er planen avgrensa til Heltneelva. Arealet innanfor plangrensa utgjer om lag 107 daa. Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 - Bratteberg er no ferdig utarbeidd og vert tilrådd lagt ut til offentleg ettersyn.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege endringar i høve til gjeldande overordna plan. Vil kunne gje godt og triveleg bumiljø nær knytt opp mot fantastisk fine tur- og naturområder.

Økonomiske konsekvensar:

Planarbeidet er finansiert gjennom eige vedtak.

Opparbeiding av området i kommunal regi vil krevje at det seinare vert avsett ressursar til dette i økonomiplan/budsjett.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Jf Ros-analyse gjennom F.mannen sine retningslinjer som ligg ved.

Vurdering og konklusjon:

Planprosessen er så langt gjennomført i samsvar med reglane i PBL §12-3 og §12/8.

Dei aktuelle innspela ved varsel om planoppstart er teke omsyn til i planutforminga. Jf. planomtalen.

Leikeplassar er utpeika i samråd med kommunen sin barnerepresentant og lagt inn i planområdet slik at det også grensar opp mot eksisterande friområde med ballplass/leikeareal. Det er lagt inn grøntone som gangareal mellom tilgrensande vegar og inn mot leikeområda.

Fylkesmannen sin mal for risikoanalyse er nytta og ligg ved planomtalen. Det er ikkje påvist tilhøve som gir grunn til særlege tiltak ut frå denne gjennomgangen.

Planframlegget vert tilrådd fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med PBL §12-10.

.....


Rune Sjurgard
rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Går som melding til Utviklingssektoren, planseksjonen for utlegging av plan til offentleg ettersyn jf. pbl § 12-10.



Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/2280	Ans. Utv
Løpenr.	Sns HAB
13 MAR 2014	
Arkivdel: Planid	
Klassering P: 2012007	
Klassering S:	

Volda kommune Detaljregulering - reguleringsplan for bustadområde B58 - Bratteberg Fråsegn ved offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER

Generelt

Etter å ha sett på vegnettet som fører opp til Bratteberg, er vi av den oppfatning at bustadområdet er uheldig plassert både ut frå topografi, mangel på samanhengande gang- og sykkelveggar og moglegheit for tilkomst for ringbuss.

Natur- og miljøvern

Det er ikkje registrert spesielle naturfaglege interesser innan planområdet av regional- og nasjonal verdi. Når det gjeld landskapsverknader etterlyste vi ei synleggjering av dette i vårt innspel til planarbeidet i brev av 04.01.2013. Dette er vist på forsida av planomtalen og som figur 14 side 18. Det er sjølv sagt ikkje enkelt å vise ei tenkt utbygging, men på illustrasjonen er det berre vist ein bustader, og ikkje dei areala som er regulert for konsentrerte småhus. Det vi elles ser i utbygde område høgt oppe i lia i Volda, er at landskapsverknadane i stor grad er avhengig av korleis tomtene blir utnytta og tilpassa i form av store arkitektheikna hus med store glasfasadar, høge murar m.v.

Samfunnstryggleik

Flomfare er omtala i ROS analysen som eit problem det må gjerast noko med. I fellesføresegnene § 4.1 er det sett rekkefølgjekrav til sikringstiltak langs Heltnelva. I tillegg er det lagt ein plan for å flytte ein avskjerande overvasskanal. I føresegnene er det lagt opp til at denne skal opparbeidast samstundes med bustadfeltet. Vi meiner denne bør vere på plass før utbygginga tek til. Vi tilrår at ein tek omsyn til at prognoser viser auka nedbørsmengder generelt og at større mengder kan kome på kort tid i framtida. Feltet er tenkt utbygd i eit område vi meiner kan vere tungt tilgjengeleg i snøvintrar for t.d større brannbilar ved ei utrykning.

Barn og unge

Dei fysiske oppvekstvilkåra for barn og unge er ikkje fullt ut tilfredstillande. Årsaka til dette er den lange avstanden til Volda sentrum med sine fritidsaktivitetar, og skular utan

busstilbod. Å sykle til og frå Bratteberg byr på utfordringar med bratte bakkar med smale og trafikkerte vegar delvis utan fortau/gang og sykkelveg. Sjølv om det på reguleringskartet ser greitt ut med tanke på grøntkorridorar og friområde, vil det bli ei utfordring å få til flate og funksjonelle leikeplassar som er store nok i høve til behovet.

Føresegner

Det er positivt at fortau langs Bjørnevegen skal etablerast før utbygging av feltet tar til. Det same gjeld støytiltak som er føreslege i rapporten frå Sweco. Å stille krav om korleis husa skal plasserast på tomta og plassering av soverom i høve støy, kan bli vanskeleg for kommunen å følgje opp i kvar byggesak.

Konklusjon

Fylkesmannen er skeptisk til meir bygging i bratt terreng med særleg lange tilførsleveggar der nokon av dei er for smale til at det er mogleg for ringbussen å komme seg fram. Vi meiner spesielt barn- og unge får lide ved utbyggingar som dette, der det er lite attraktivt å sykle til og frå skule/fritidsaktivitetar, og ein heller ikkje har busstilbod til bustadområda. Sjølv om det er mykje som talar imot den ønska utbygginga, meiner vi det ikkje er grunnlag for å reise motsegn til planen. Det er Volda kommune som er ansvarleg for å vurdere om det er grunnlag for ei forsvarleg utbygging innan B58 Bratteberg.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar


Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Rasmus Heltne
Uravegen 3
6104 Volda
gnr.20 bnr.4

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/2280	Avd. Utv
Løpenr.	Shs. Hab
7 MAR 2014	
Arkivdel:	Planid
Klassering P:	2012/07
Klassering S:	

Volda 04.03-14

Volda kommune
postmotak
stormyra 2
6100 Volda

Merknad til Reguleringsplan bustadområde Bratteberg B58

1. Når det gjeld forebygging av Heltneelva, meiner vi at det er så omfattande at det må utarbeidast ein eigen plan på dette arbeidet.
 - Det har tidlegare vore utarbeidd plan på dette arbeidet, som ikkje har vore gjort noko med. Vedlagt kopi av dette.
 - Kapasiteten på elva er i dag sprengt, og ho toler ikkje at det vert sett meir vaten på ho. Slik vi forstår det skal alt overflatevaten først til elva, og tidlegare forbyggingsplanar må oppgraderast med ny plan for heile elva.
 - Området rundt det verna kvernhuset som står på bruk 4 må forebyggast på ein slik måte at vassveita ned til kvernakallen kan restaurerast. Det må vere kommuna sitt ansvar å reparere skader elva har gjort her, då tidlegare forebyggingsplanar ikkje har blitt utført.
 - Når elva har blitt så stor som ho no blir, foreslår vi at elva blir flytta litt mot vest i dette området.
 - Fylkesantikvaren bør komme med forslag til løysing her.
 - Det må settast rekkefølgekrav om at heile elva skal vere forebygd før oppstart av omtalt bustadområde.
2. Når det gjeld tilkomst til skogsteig bruk 4

- Det må skrivast bruksrett på vegen opp til pumpehuset
- Det må sikrast tilkomst over elva ved pumpehuset.
- Bruk 4 må ha tilkomst til skogsteig vest for elva mellom Kolda og pumpehuset via vegnettet/dreneringsgrøft over det nye byggefeltet.
- Det må planleggast ny lunneplass for tømmer.

*Me kjem ikkje til atverande skogsteig
frå nedsida lenger no.*

Heilsing

Rasmus Heltne

Rasmus Heltne

A. kassett KA/rb

Til grunneigarar ved Heltneelva

Peder R. Heltne	- gnr. 20, bnr. 4
Ingrid Johansen Heltne	- gnr. 20, bnr. 3
Lars og Reidun Heltne	- gnr. 20, bnr. 1
Lars Heltne	- gnr. 20, bnr. 24
Olaug Driveklepp	- gnr. 20, bnr. 35
Johannes Steffensen	- gnr. 20, bnr. 38
Magnus Heltne	- gnr. 20, bnr. 36
Karen R. Heltne	- gnr. 20, bnr. 27

FORBYGGING AV HELTNEELVA.

Punkt 3 i skjønnsføresetnadane har følgjande ordlyd:

„Vatn fra oreigningsfeltet og arealet ovenfor forutsettes avledet etter planer, slik disse i hovedsaken er skissert under rettsforhandlingene ved kommunens avdelingsingeniør. Kommunen tar på seg ansvar for disse vassføringer, /og sørger for at de tiltak i elver og bekker utføres, som statens vassdragsstell finner nødvendig i tilknytning til fremlegging og godkjenning av planene, og etter at de saksøkte har fått høve til å uttale seg spesielt om disse problem ved den videre formelle og reelle behandling av vassproblemene.“

Desse reglane gjeld dei som var partar i skjønet og kommunen meiner å praktisere desse reglane også for dei som er interessert i Heltneelva utan at dei var med i skjønet.

Vi forstår desse føresetnadane som dei gjeld avleiing av vatnet frå deler av feltet både før og etter at vassdragsvesenet sin plan er fullført. Vassdragsvesenet vil ikkje kunne få ferdig sine planar før ut på hausten d.å. og planane vil då bli lagt fram for alle dei interesserte.

Imidlertid må entreprenøren med det første leide noko vatn ut i Heltneelva før den kan bli forbygd. Etter vårt skjønn går dette inn under den første setninga i punkt 3 som kommunen etter 2. setning har ansvaret for.

Kommunen vil under dette arbeidet passe særleg godt på at elva ikkje gjer skade både på grunn av den naturlege vassføringa og ved det tilleggsvatn som elva blir tilført frå feltet.

Vi gjer på førehand dette klart for alle dei interesserte slik at dei er på det reine med at det er på kommunen sitt ansvar entreprenøren arbeider når

A.

han med det første ses igang arbeid med å leide vater frå feltet ut i Hellingselva. Vi rekner med at ingen av dei interesserte har noko å merke til dette og presiserer seggen at all arbeid med å fyre vater ut i Hellingselva blir gjort på kommunen sitt ansvar.

Dersom De skulle ha noko å merke til dette, bed vi om å få høyre frá Dykk straks, og seinast innan 3 veker frá idag.

VOLDA FORMANESKAPSKONTOR, den 12. juni 1979


Knut Andersen
kontorsjef



John Thaulle
avd. ing.


Vilkar etter å ha ^{ha} ikke joff var fra kommunearbeidsg
 Det var ein belingelise fra vordragssesmet
 om å gjere attalar om joff ligg i ny melle. vegen slik
 det er begritt fra raktvakt og oppover


Rasmus Helene
 Johan Helene
 Lars Helene

Utset til plan, den 10. juli 1979. Forebygging
 av Hellingelva (400) ved Helene i Volda kommune. Det vart
 da laga plan, med arbeidstetkingar over dette
 arbeidet.
 Denne sikringa av elva skulle ver ein belingelise for at
 Volda kommune skulle få lov til å fore all
 overflatevatnet fra fjellet, og all dreneringsvatnet
 fra to store byggefelt til denne elva. Da dette
 arbeidet med forebygginga enno ikkje er utført krev vi
 grunnleggarar no att det vert gjort alvor av planen.
 Vi vil hjer merkam på at Hellingelva har gjort
 skade fleire gongar da ho ikkje klarer å take unda det
 vatnet ho har vorte tillørt etter kvart av kommunar.
 Vi håper på ei snarleg handling.
 Vi ser det som ønskeleg at elva vert laud
 langs byie mellom Rasmus Helene og Johan Helene så
 langt som mulig. Vi ser også att kvendhuset som står
 alt i elva vort verma.

Helene, 8.2.1980.

[Faint handwritten notes]







SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Ove Bjerkvik

Arkivsak nr.: 2013/554

Arkivkode: 210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
62/16	Formannskapet	05.04.2016
45/16	Kommunestyret	21.04.2016

ÅRSMELDING OG SKATTEREKNESKAP FOR 2015

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 05.04.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2015 til vitende.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2015 til vitende.

Vedleggsliste:

Årsmelding 2015

Skatterekneskapen 2015

Årsmelding interkommunal arbeidsgjevarkontroll 2015

Kontrollrapport revisjon 2015

Uttale frå kontrollutvalet

Saksopplysningar:

Orienteringssak vedk. årsmelding og skatterekneskapen for 2014 jf vedlagte dokument.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Skatteoppkrevjaren i Volda

VOLDA KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

UTSKRIFT

frå

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Volda kommune	08/16	232	09.03.2016

SAK 08/16 KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2015 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Vedlegg

- Kontrollrapport 2015 frå Skatteetaten av 15.02.2016.
- Årsmelding for 2015 frå Skatteoppkrevjaren av 20.01.2016.
- Skatterekneskapen 2015 av 20.01.2016.
- Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll 2015 av 14.01.2016.

Saksopplysning

Viser til Kontrollrapporten frå Skatteetaten, Årsmelding frå Skatteoppkrevjaren, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll.

Følgjande kjem av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna intern kontroll.
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og framlegginga av rekneskapen.
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølging av restansane.
- Arbeidsgivarkontrollen, også utført i tilstrekkeleg omfang.

Ikkje tilfredsstillande:

- Ingen merknad.

Andre tilhøve:

Når det gjeld detaljar for innkrevjinga viser eg til Skatteetaten sin kontrollrapport pkt. 3, Årsmeldinga frå skatteoppkrevjaren pkt. 3 og Skatterekneskapen. Skatt fordelt til kommunen viser kr 193.969.561 mot kr 184.301.006 i 2014. Dvs. ein auke på kr 9.668.555 eller 5,25%.

Kommunen hadde budsjettetert med 190 mill. i skatteinngang. Tilleggsinntekta vart då 3,9 mill.. Jf. Årsmeldinga pkt. 1.3.2.

Samrøystes uttale

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Årsmelding for Skatteoppkrevjaren, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll for 2015.

Rett utskrift

Åram, 10. mars 2015



Ada Elise Håberg

Konsulent

Utskrift til: Rådmann (til vidare behandling)
Skatteoppkrevjar (til vidare behandling)
Kommunestyret (til vidare behandling)



Kommunestyret i Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Volda kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2015	Tal årsverk 2014	Tal årsverk 2013
1,9	1,6	1,6

I år rapporterer arbeidsgjevarkontrollen at dei har brukt 0,8 årsverk til kontrollarbeid, medan eit normalår skal utgjere 0,5 årsverk.

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Volda kommune viser per 31. desember 2015 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 887 042 763 og uteståande restansar² på kr 9 153 333, av dette krav stilla på vent kr 456 654. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2016.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2015 for Volda kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2013:	17,2	95,95 %	97,00 %	97,33 %	94,83 %
Arbeidsgjevaravgift 2014:	172,4	99,89 %	99,90 %	99,93 %	99,84 %
Forskotskatt personlege skatteytarar 2014:	44,6	99,86 %	99,80 %	99,52 %	99,46 %
Forskotskrekk 2014:	320,7	99,97 %	100,00 %	100,00 %	99,94 %
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2014:	40,9	100,00 %	99,90 %	100,00 %	99,98 %
Restskatt upersonlege skattytarar 2013:	12,5	98,79 %	99,40 %	99,99 %	99,11 %

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Volda kjøper arbeidsgjevarkontrollar av Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Resultat for kommunen per 31. desember 2015 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar 2015:	Utført kontroll 2015 (i %)	Utført kontroll 2014 (i %)	Utført kontroll 2013 (i %)	Utført kontroll 2015 region (i %)
342	17	17	5,0 %	3,5 %	3,9 %	4,1 %

4. Kontroll av skatteoppkrevjarkontrollfunksjonen

Skattekontoret har i 2015 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll. Siste stadlege kontroll vart halden 21. mai 2015. Stadleg kontroll for området arbeidsgjevarkontroll vart halden ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor 20. og 21. mai 2015.

Skattekontoret har i 2015 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

5. Resultat av utført kontroll

- *Intern kontroll*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

- *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- *Skatte- og avgiftsinnkrevjing*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- *Arbeidsgjevarkontroll*


Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2015 gjeve tilråding som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 17.juni 2015. Ved kontroll av arbeidsgjevarkontrollordning er det sendt inn rapport til Nordre Sunnmøre kemnerkontor 23.oktober 2015.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på tilråding som er gjevne.

Venleg helsing


Rune Langsø Johansen
Avdelingsdirektør
Skatt Midt-Norge


Stein-Ove Hjortland

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Volda kommune
- Skatteoppkrevjaren for Volda kommune
- Riksrevisjonen



Årsmelding for 2015

**Skatteoppkrevjaren i
Volda kommune**

Innhold

1. Generelt om skatteoppkrevjaren sine oppgaver	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret	3
1.1.1 Ressurser	3
1.1.2 Organisering	4
1.1.3 Ressurser og kompetanse	4
1.2 Internkontroll	4
1.3 Vurdering av skatteinngangen	5
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret	5
1.3.2 Kommunen sin andel av skatteinngangen i rekneskapsåret	5
1.4 Skatteutval	5
2. Skatterekneskapen	6
2.1 Framlegg av skatterekneskapen	6
2.2 Margin	6
2.2.1 Margin for inntektsåret 2014	6
2.2.2 Margin for inntektsåret 2015	6
2.2.3 Kommentarer til marginavsetninga	6
3. Innfordring av krav	7
3.1 Restanseutvikling	7
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	7
3.1.2 Kommentar vedk. restansesituasjonen og restanseutviklinga	8
3.1.3 Restanser eldre år	8
3.1.4 Kommentarer vedk. oppfølging av restanser eldre år	8
3.2 Effektivitet av innfordringsarbeidet	9
3.2.1 Vurdering av skatteoppkrevjarkontoret sitt resultat pr. 31.12.2015	9
3.2.2 Vurdering av innfordringsavktiviteten, og i kva grad den verkar inn på innfordringsresultatet	9
3.2.3 Omtale av særskilte forhold	9
3.2.4 Eventuelle tiltak skatteoppkrevjarkontoret har sett i verk for å betre effektiviteten i innfordringsarbeidet	10
3.3 Særnamskompetanse	10
4. Arbeidsgjevarkontroll	10
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen	10
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller	10
4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen	10
4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen	11
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	11
4.6 Utførte informasjonstiltak	11

1. Generelt om skatteoppkrevjaren sine oppgaver

Kort omtale av arbeidsområdet:

- Bokføring/kontroll/avstemming av skatterekneskap.
- Fordeling av skatteinntektene mellom dei ulike skattekreditorane.
- Skatteavrekning for personlege og upersonlege skattytarar
- Kontroll og avstemming av mottatte A-meldinger
- Innfordring av skatt og arbeidsgjevaravgift
- Tvangsinnfordring – tvangssal, konkurs, gjeldsordning m.m.
- Arbeidsgjevarkontroll/informasjonstiltak
- Sekretærfunksjon for skatteutvalet

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling

	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved SKO som kun er nytta til SKO-funksjonen i rekneskapsåret	1,6	100 %
Ressursbruk ved SKO, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatterekneskap	0,2	13 %
Innfordring av skatt/arbeidsgjevaravgift	0,6	38 %
Arbeidsgjevarkontroll	0,8	31 %
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar	0,1	6 %
Skatteutval	0,1	6 %
Administrasjon	0,1	6 %
(Andel fordelt skal være 100 %)	1,9	100 %

1.1.2 Organisering



Den kommunale skatteoppkrevjaren er fagleg underlagt instruks frå skattedirektoratet og administrativt underlagt rådmannen i kommunen.

Skatt -og innfordringsseksjonen er organisert som eigen seksjon under økonomistaben og har i tillegg til skatteinnfordring også ansvar for innfordring av kommunale eigedomsavgifter og andre kommunale krav som td husleige, barnehage, pleie og omsorgstenester m.m.

Skatteoppkrevjaren er leiar for seksjonen som har 2 tilsette + interkommunal kontrollør for arbeidsgjevarkontroll.

1,9 årsverk går hovudsakleg med til arbeid med skatterekneskap, innfordring av skatter og avgifter og arbeidsgjevarkontroll. I år rapporterer arbeidsgjevarkontrollen at dei har brukt 0,8 årsverk til kontrollarbeid, medan eit normalår skal utgjere 0,5.

0,5 årsverk er knytt til innfordring av kommunale eigedomsavgifter og andre kommunale krav, samt administrasjon av dette. Innfordringskonsulenten deltek også i saksbehandling for bustøtte og lånesøknader vedk. kommunale startlån – dette utgjere om lag 0,3 årsverk.

I 2012 vart det inngått avtale mellom Volda og Ålesund kommune vedk. kjøp av tenester knytt til arbeidsgjevarkontrollen . Volda sin del av kontrollsamarbeidet utgjorde i 2015 omlag 7,45% og tilsvarer ca 50 % av ei heil stilling. Avtalen gjeld frå 01.08.2012 og tenesta vert utført av arbeidsgjevarkontrollen ved Nordre Sunnmøre Kemnerkontor i Ålesund.

1.1.3 Ressurser og kompetanse

- **Skatterekneskap**
Løpande ajorhald og føring av rekneskapan er tilfredstillande både med hensyn til ressurser og kompetanse.
Det er stort sett skatteoppkrevjar som utfører dette arbeidet.
- **Innfordring**
Kompetanse på innfordringsarbeidet vert vurdert som god, og vert i hovudsak utført av skatteoppkrevjar.
- **Arbeidsgjevarkontroll**
Vakant stilling som rekneskapskontrollør vart i 2013 tatt ut og erstatta med interkommunal arbeidsgjevarkontroll. Kompetansen vert rekna som god.

1.2 Internkontroll

Det vart utarbeidd nye skriftlege rutiner for skatteområdet i 2009.

Rutinene skal reviderast/oppdaterast regelmessig som ein del av internkontrollen ved kontoret.

Oppdatering av rutinene er utført i 2014.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

Skatteinngang 2015				
Ar	2015	2014	endring i kr	endring i %
Fordelt til Folketrygden – arbeidsgiveravgift	175 759 057	169 791 500	5 967 557	3,51 %
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	194 680 061	192 331 505	2 348 556	1,22 %
Fordelt til Fylkeskommunen	42 572 391	40 185 071	2 387 320	5,94 %
Fordelt til kommunen	193 969 561	184 301 006	9 668 555	5,25 %
Fordelt til Staten	280 061 693	285 679 861	-5 618 168	-1,97 %
Totalt	887 042 763	872 288 943	14 753 820	1,69 %

Den totale skatteinngangen har hatt ei positiv utvikling for 2015, og har auka med 1,69 % i forhold til 2014. Folketrygda, kommunen og fylkeskommunen er dei av skattekreditorane som har hatt ein oppgang i inntektene, medan staten har ein nedgang. Skatteinngangen er likevel god når ein ser på totalresultatet og indikerer bl.a. at sysselsettinga er høg, og at lønsveksten gir auka skatteinntekter.

Innbetalt skatt vert fordelt mellom skattekreditorane etter kapittel 8 i skattebetalingslova. Fordelingsprosentane

Inntektsår	Skatteordning	Kommune	Fylke	Folketrygd	Staten	Herav fellesskatt	Herav toppskatt
2015	Etterskuddspliktige	3,30	0,60	0	96,10	101,90	+ 1,90
2015	Forskuddspliktige	28,75	6,29	29,13	35,83	87,86	12,34
2015	Renter og gebyr	28,75	6,29	29,13	35,83	87,86	12,34
2014	Etterskuddspliktige	2,60	0,50	0	96,90	99,40	0,60
2014	Forskuddspliktige	28,96	6,37	28,93	35,74	86,29	13,71
2014	Renter og gebyr	28,96	6,37	28,93	35,74	86,29	13,71

kan variere noko frå år til år, og er fordelt slik i 2014 og 2015:

1.3.2 Kommunen sin andel av skatteinngangen i rekneskapsåret

Som ein ser av tabellen øvst på sida, så har kommunen hatt ei auke på 9,6 mill kr i forhold til året før.

Dette gir ein prosentvis auke på 5,25 % og resultatet ligg godt over forventa skatteinntekt.

Det var budsjettert med 190 mill medan reell skatteinngang var på 193,9 mill. Dette ga eit inntektstillegg på 3,9 mill. kr. i 2015.

Det gode resultatet viser at lønsutvikling og sysselsetting for tida er stabil. I tillegg er effektiv innfordring og positivt marginoppgjær også med og påverkar resultatet i positiv retning.

1.4 Skatteutval

Nye skatteutval vart oppretta med verknad frå 01.01.2009 jfr endring i Skattebetalingslova § 15-1.

Endringa medførte at det skulle opprettast eit skatteutval for kvart skattekontor. Det betyr at ein har fått 5 regionale skatteutval for heile landet.

Volda kommune er knytt til region Midt-Norge som består av Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag.

Skatteutvalet er inndelt i 3 avdelinger - 1 avdeling pr fylke og har 4 medlemmer i kvar avdeling.

Medlemmane er oppnemnt av fylkestinget i kvart fylke, og skal oppnemnt etter same kriterie som skattekontoret og skatteklagenemda.

Skatteutvalet kan ettergi inntil kr. 200.000,- av velgerds og rettferdsgrunnar. Er beløpet høgare går saka vidare til skattekontoret/skattedirektoratet.

Skatteoppkrevjaren er sakshandsamar for Skatteutvalet. Det var 2 saker til handsaming i 2015 og det vart ettergjeve kr 29.850,- medan det året før var 2 saker med ettergjeving på kr 30.591,-.

2. Skatterekneskapen

2.1 Framlegg av skatterekneskapen

Framlegg av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren i Volda kommune stadfestar at skatterekneskapen for 2015 er bokført, avstemt og framlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

Årsrekneskapen for 2015 ligg ved årsmeldinga, og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2014

Forklaring	Beløp
Innestående margin for inntektsår 2014, pr. 30.10.2015	1 564 901
For mykje avsett margin for inntektsår 2014	1 564 901
For lite avsett margin for inntektsår 2014	

2.2.2 Margin for inntektsåret 2015

Marginavsetning for inntektsåret 2015 pr 31.12.2015: kr 61 045 228

Marginprosent

Prosentavsetning: 10 %. Gyldig frå: 23.11.1992 (dato)

2.2.3 Kommentarer til marginavsetninga

Marginavsetninga er meint å skulle dekke framtidige utbetalingar av tilgode skatt. For inntektsåret 2014 kom vi ut med positiv margin, dvs for mykje avsett margin. Dette kan variere noko frå år til år jfr tabellen nedanfor.

	2010	2011	2012	2013	2014
Avsett margin i %	10	10	10	10	10
Overskytande margin	+ 4 587 329	1 499 083	+ 224 807	+ 4 026 395	1 564 901
Kommunen sin andel	+ 1 481 707	436 233	+ 65 149	+1 168 057	453 191

Marginprosenten vert fastsett av kommunestyret, og har ikkje vore endra sidan 1992.

Prosentavsetning: 10 %. Gyldig frå: 23.11.1992

Marginavsetning for rekneskapsåret 2014 pr 31.12.2015 var kr 69 642 787

Prosentavsetning for rekneskapsåret: 10 %

Skatteoppkrevjaren vurderer frå år til år om det er behov for justering av marginprosenten.

3. Innfordring av krav

3.1 Restanseutvikling

3.1.1 Totale restanser og berostilte krav

	Restanse	Herav berostilt restanse	Restanse	Herav berostilt restanse	Endring i restanse	Endring i berostilt restanse
	31.12.2015	31.12.2015	31.12.2014	31.12.2014	Reduksjon (-) Auke (+)	Reduksjon (-) Auke (+)
Skatteart						
Sum restanse						
pr. skatteart						
Arbeidsgiveravgift	460 631	0	433 630	0	27 001	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	623 851	19 945	649 308	19 945	-25 457	0
Forskuddsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskuddsskatt person	1 813 207	118 067	2 106 577	118 067	-293 370	0
Forskuddstrekk	475 791	0	279 848	0	195 943	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	243 809	3 320	227 594	3 320	16 215	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	198 371	0	455 763	0	-257 392	0
Restskatt person	5 337 673	315 322	5 943 437	347 596	-605 764	32 274
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0	0	0
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
Sum restanse	9 153 333	456 654	10 096 157	488 928	-942 824	32 274

Ulike tvangstiltak vert nytta for å få inn restansane. Dette er utlegg, utleggstrekk, betalingsavtaler, motrekning i tilgodebeløp hos kommune, fylke og stat, tvangssal og konkurs.

Skatteoppkrevjaren i Volda har særnamsmannskompetanse. Dette er med på å gi ei meir effektiv innfordring med mindre tidsforbruk. I samband med utleggsforretningar kjem ein ofte fram til ein avtale med skuldaren slik at ein unngår vidare tvangsinnfordring.

I 2015 vart det utført 62 utleggsforretningar mot 70 året før. Pantegebyr overført til Volda kommune utgjorde kr. 157.509,-.

Skatteoppkrevjaren har tilgang til m.a. grunnlagsdataregisterert, eigedomsregisteret, motorvognregisteret og løsreregisteret. Dette er med på å effektivisere arbeidet med tvangsinnfordringa.

Frå inntektsåret 2007 innførte skattedirektoratet "stille aksept" for sjølvmeldingar på lønnstakarar og pensjonistar. Dette har medført ein betydeleg nedgang av antal skjønsligna personar, og det er no kun personleg næringsdrivande som vert skjønsligna dersom dei ikkje leverer sjølvmelding.

Ved skatteavrekninga for 2014 vart 6 personar skjønsligna mot 5 året før. Tilleggsskatt og forseinkingsavgift utgjorde til saman kr. 252.504,-. Tilsvarende tal for 2013 var total tilleggsskatt og forseinkingsavgift på kr 269.335,

3.1.2 Kommentar vedk. restansesituasjonen og restanseutviklinga

Av ulike årsaker vil totalrestansen svinge noko frå år til år.

Etter tabellen under pkt 3.1.1 ser ein at total restanse pr 31.12 totalt har minka med kr 942.824,- eller 9 % i forhold til 2014.

Restanse på restskatt person har hatt ei auke på kr 605.764,- i forhold til året før, og restskatt for upersonlege skattyttarar ein nedgang med kr 257.392,-.

Arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk har auka med hhv kr 27.001,- og kr 195.943,- i forhold til året før.

Forskotsskatt person har minka med kr 293.370,- medan forskotsskatt upersonlege er uendra frå året før med kr 0,- i restanse.

Det er avskrive og ettergjeve restansar i 2015 på skattyttarar med totalt kr 472.528,- mot kr 1.492.652,- året før. Dette er restansar frå konkursar, gjeldsordningar og andre ufåande skattar som er tapsført.

2015 syner eit år med nedgang i totalrestansen, og gode innfordringsrutiner er med på å halde restansen på eit akseptabelt nivå.

Utvikling i utlikna skatt:

(Beløp oppgitt i mill.kr)

	2010	2011	2012	2013	2014	Endring siste år	
Antal skattytere	6 495	6 586	6 707	6 775	6 868	93	1,37 %
Utligna skatt	528,6	599,5	595,9	636	650,7	14,7	2,31 %
Forskott	576,3	645,5	642,9	691,9	697,5	5,6	0,81 %
Til gode skatt	61,4	62,7	64,5	72,5	67,5	-5	-6,90 %

Endring i utlikna skatt for inntektsåret 2014 har hatt ei auke på kr 14,7 mill eller 2,31 % i forhold til året før.

3.1.3 Restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2013		1 074 369
2012		451 606
2011		782 041
2010 – 19XX		3 758 950

3.1.4 Kommentarer vedk. oppfølging av restanser eldre år

Restansane for eldre år er sikra med utleggsforretning der resultatet enten er pant i ulike formuesgoder eller utleggsforretning der det ikkje er funne teneleg utlegg. Restansane vert regelmessig følgt opp for vurdering av vidare innfordring. Dette kan være ulike former for tvangsbegjæringer som utleggstrekk, tvangssal, konkursvarsel. I enkelte tilfeller har skuldnar fått opna offentleg gjeldsordning eller det er innvilga betalingsordningar.

Kontoret har fylgt opp rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato tom 31.12. forrige år og sikra at krav ikke vert forelda uten at det er sett i verk tiltak.

Pr 31.12.2015 var 2 krav forelda på til saman kr 1.476,-. Skatteoppkrevjar har vurdert vidare innfordring på desse som lite teneleg og dermed latt dei bli forelda.

3.2 Effektivitet av innfordringsarbeidet

3.2.1 Vurdering av skatteoppkrevjarkontoret sitt resultat pr. 31.12.2015

Innfordra skatt/avgift av sum krav til innfordring siste år målt i %

Skatteart	Resultatkrav 31.12.15		Resultat pr. 31.12.15		Resultat regionen	Diff Krav/resultat
	Innfordra	Totalt innbetalt	Innfordra	Totalt innbetalt	Totalt innbetalt	Totalt innbetalt
Restskatt 2013 personlege	75,0	97,0	61,6	95,9	94,8	+ 1,1
Forskotsskatt 2014 Personlege		99,8		99,9	99,5	0,1
Restskatt 2013 upersonlege		99,4		98,8	99,1	+ 0,6
Forskotsskatt 2014 upersonlege		99,9		100	100	0,1
Forskotstrekk 2014		100		100	99,9	0,0
Arb.gj.avgift 2014		99,9		99,9	99,8	0,0

Innfordringsresultat pr 31.12 vert målt etter innfordra skatt og totalt innbetalt.

Innfordra skatt = sum/skatt og avgift når rettidig innbetalt og forseinka innbetalt er trekt i frå.

Innfordra skatt vert mao definert som innbetalt etter at skatteoppkrevjar har sett i verk innfordringstiltak.

Innfordring av restskatt personlege s/y ligg 1,1 % under resultatkravet . Dette er ei negativ utvikling, og kan delvis forklarast med skjønnslikning på ein person som har flytta frå Volda, men som ikkje har kjent adresse verken i Norge eller utlandet. I tillegg er det ein stor restanse knytt til ein personleg næringsdrivande der vi har sikkerheit for kravet i fast eigedom. Denne eigedomen er no under tvangssal. Det positive er at vi fortsatt ligg godt over gjennomsnittresultatet for regionen.

Resultatet for restskatt for upersonlege s/y ligg også litt under kravet, og her er mesteparten av restansen knytt opp mot konkursar.

Ellers syner resultatet på dei andre skatteartane mindre avvik, og her ligg resultatet over både resultatkrav og gjennomsnittet for regionen.

3.2.2 Vurdering av innfordringsaktiviteten, og i kva grad den verkar inn på innfordringsresultatet

Innfordringsaktiviteten er god for Volda kommune, og står i klar samanheng med innfordringsresultatet. Volda ligg godt an resultatmessig samanlikna med dei andre kommunane i regionen, og ligg godt over gjennomsnittet for regionen og resultat på landsbasis.

SOFIE er eit effektivt og moderne innfordringssystem og har no vore i bruk i 9 år. Debitortilpassa innfordring vert aktivt brukt, og vi ser heilt klart gevinstar både når det gjeld innfordringsresultat og ikkje minst innsparing av tid og ressursar ved kontoret.

3.2.3 Omtale av særskilte forhold

Det har ikkje oppstått særskilte forhold som påverkar innfordringsresultatet for 2015.

3.2.4 Eventuelle tiltak skatteoppkrevjarkontoret har sett i verk for å betre effektiviteten i innfordringsarbeidet

Innføring av debitortilpassa innfordring (DTI) for innkrevjing av restskatt frå 2010 har fungert godt, og ein ser ein klar samanheng mellom betring i resultat som gir raskere og meir korrekt innfordring under dei ulike strategiane. DTI betyr at opplysningar om økonomiske forhold og evt. betalingshistorikk for tidlegare restskattar vert sett i system og innfordra etter ulike betjeningsstrategier.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren i Volda har hatt særnamsmannskompetanse for skatte- og avgiftskrav sidan 01.06.1989. Frå 01.01.2009 vart denne kompetansen lovbestemt i Skattebetalingslova av 17.06.05. Særnamskompetansen gir heilt klart fordelar, og er med på å gi ei meir effektiv innfordring med mindre tidsforbruk.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Frå 01.08.2012 vart det i samarbeid med kommunane Ulstein og Sande inngått samarbeid med Ålesund kommune vedk. kjøp av tenester knytt til arbeidsgjevarkontroll. Avtalen går ut på å kjøpe tenester tilsvarande om lag ei 50 % stilling og vert fordelt på deltakarkommunane rekna etter ein fordelingsnøkkelen basert på innbyggartal.

Tenesta vert utført av arbeidsgjevarkontrollen ved Nordre Sunnmøre Kemnerkontor i Ålesund og samarbeidet omfattar totalt 16 kommunar.

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Tal på planlagde kontrollar i 2015:

Det var planlagt 17 kontrollar for 2015

Desse utgjør: 5 % av alle leverandørane av LTO i kommunen.

Tal på utførte kontrollar i 2015:

Det er utført 17 kontrollar i 2015

Desse utgjør: 5 % av alle leverandørane av LTO i kommunen.

Tal på kontrollar utført i 2014:

Det er utført 12 kontrollar i 2014

Desse utgjør: 3,5 % av alle leverandørane av LTO i kommunen.

4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

Det er utført 17 kontrollar og det vart avdekt følgjande forhold:

Inntekt/utbytte som ikkje er innrapportert til skattekontoret: kr 1.663.051,-

Grunnlag for arbeidsgjevaravgift som ikkje er avgiftsberekna: kr 224.714,-

Av dei utførte kontrollane er 6 av dei personallistekontrollar. Dette er eit nytt kontrollområde frå 2014 og gjeld for verksemdar som driv innan området servering, frisør og skjønnheitspleie samt bilverkstader og bilpleiebransjen. Formålet med reglane om krav til personalliste er å motvirke svart arbeid.

Kontrollen avdekte manglar på fleire av verksemdene og medførte pålegg om følge gjeldande regelverk for ettertida.

Det er i 2015 ikkje sendt melding til politiet for brot på skatte- og avgiftsreglane.

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Kjøp av kontrolltenester frå Nordre Sunnmøre Kemnerkontor har fungert bra og vi har god dialog med kontrollørane vedkomande løpande kontrollar.

Vi har fått utført 17 av 17 planlagde kontrollar i 2015 og det er første året vi har oppnådd kravet om kontroll av 5% av alle arbeidsgjevarar i kommunen.

Sjølv om resultatet er nådd, så er tidsbruken i kontrollordninga ikkje godt nok utnytta etter vårt syn. Her har vi eit mål om å verte betre, og vil i samarbeid med Nordre Sunnmøre Kemnerkontor søke å utnytte kontrollressursane enno meir effektivt.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Det har i 2015 vore samarbeid med skattekontoret på området for personallistekontrollar.

4.6 Utførte informasjonstiltak

I desember vart det arrangert eit dagskurs for arbeidsgjevarar og næringsdrivande i kommunen.

Kurset vart halde ved Ivar Aasantunet i Ørsta i regi av den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen frå Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Det var 33 deltakarar på kurset mot 40 året før.

Informasjonsdagen er lagt opp med forelesingar rundt aktuelle tema på lønsområdet.

Dette er eit kursopplegg som har vist seg å være populært, og vi tek sikte på å tilby arbeidsgjevarane dette kvart år framover.

Sted/dato: Volda, 20.01.2016

Ove Bjerkvik

Skatteoppkrevjaren sin signatur

Vedlegg: Årsrekneskap for 2015 - signert av skatteoppkrevjaren.

SKATTEREKNESKAPEN 2015

ARSREKNESKAP FOR 1519 VOLDA FOR INNTEKTSÅRET 2015 AVLAGT ETTER KONTANTPRINSIPPET

	2015	2014
Likvider	67 609 696	61 976 838
Skyldig skattekreditorene	-6 497 231	-2 816 602
Skyldig andre	-67 234	-54 093
Innestående margin	-61 045 228	-59 106 140
Udisponert resultat	-3	-3
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-175 759 057	-169 791 499
Kildeskatt mv - 100% stat	0	0
Personlige skatteyttere	-668 431 399	-644 610 268
Upersonlige skatteyttere	-42 938 124	-57 641 778
Renter	64 301	-315 547
Innfordring	21 516	70 150
Sum	-887 042 763	-872 288 942
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	175 759 057	169 791 500
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	194 680 061	192 331 505
Fordelt til Fylkeskommunen	42 572 391	40 185 071
Fordelt til kommunen	193 969 561	184 301 006
Fordelt til Staten	280 061 693	285 679 861
Krav som er ufordelt	0	-1
Videresending plassering mellom kommuner	0	0
Sum	887 042 763	872 288 942
Sum Totalt	0	0

Volda 20.01.2016


Ove Bjerkvik
skatteoppkryvjar



FORKLARING TIL ÅRSREKNESKAPEN

Generelt

Skatterekneskapen er avlagt etter kontantprinsippet. Dette viser skattar og avgifter mv som er innbetalt i løpet av året, korleis desse fordeler seg på skatteartane, samt korleis innbetalte skattar og avgifter er fordelte mellom skattekreditorane.

Innbetalte skattar og avgifter blir fordelte mellom skattekreditorane i samsvar med gjeldande fordelingstal.

Hovudpostane i Årsrekneskapen

Likvider

Skatteoppkrevjaren sine likvider inneheld inneståande på bankkonto for skatt og eventuell kontantbeholdning.

Skuldig til skattekreditorane

Her ligg resultatet frå periodisk oppgjer for desember som blir utbetalt seinast 10. januar. Dersom kolonnen viser eit positivt beløp, har skattekreditorane gjeld til skatteoppkrevjaren. Dette beløpet forfell til betaling 20. januar.

Skuldig til andre

Posten inneheld uidentifiserte og uplasserte innbetalningar som ikkje er fordelt til skattekreditorane.

Udisponert resultat

Dette skal vere eit mindre beløp og gjeld øreavrunding.

Innbetalte skattar og avgifter, Renter, Innfordring

Dette er innbetalt arbeidsgjevaravgift, kjeldeskatt, personlege skattytarar, selskapsskatt, renter, innfordring etter frådrag for margin m.m. som er fordelt mellom skattekreditorane.

Fordelt til skattekreditorane

Her kjem fram innbetalte skattar og avgifter, og korleis desse er fordelte mellom skattekreditorane.

Krav som er ufordelte

Dette skal vere eit mindre beløp og gjeld øreavrunding.

Interkommunal samarbeidsgruppe
Arbeidsgiverkontroll

Et samarbeid mellom kommunene
Ålesund, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Ulstein, Volda og Ørskog

ÅRSMELDING
INTERKOMMUNAL
ARBEIDSGIVERKONTROLL

ÅR 2015

ARBEIDSGIVERKONTROLL

1. Generelt om arbeidsgiverkontroll

1.1 Samarbeidspartnere

Den Interkommunale arbeidsgiverkontrollen ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor er et samarbeider mellom flere kommuner. Tilknyttet kommuner i 2015 er Giske, Hareid, Haram, Herøy, Norddal, Sandøy, Skodje, Stranda, Sula, Ørskog, Stordal, Sande, Volda, Ulstein og Ålesund.

1.2 Formål

Hovedformål for arbeidsgiverkontrollen er kontroll av rett arbeidsgiver til rett tid.

Formålet med samarbeidet er å styrke, effektivisere og bedre arbeidsgiverkontrollen, gjennom et større faglig miljø i.

1.3 Arbeidsgiveransvar / kontorkommune

Ålesund kommune som vertskommune har arbeidsgiveransvaret. Interkommunal arbeidsgiverkontroll er en egen seksjon, organisert som en del av Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Kemneren er seksjonens nærmeste overordnet. Kontorkommunen foretar ansettelse og stiller nødvendig kontor og utstyr til disposisjon mot forholdsmessig refusjon av utgiftene.

1.4 Kontrollvirksomheten

Seksjonen skal i hovedsak stå for den stedlige kontrollen i kommunene. Seksjonen driver sin virksomhet i nært samarbeid med skatteoppkreverne i den enkelte kommune, og har også et godt samarbeid til AGK – gruppa (arbeidsgiverkontrollgruppa) i Skatt Midt- Norge som gjør vedtak i forhold til våre rapporter. Kontrollvirksomheten foregår reelt og formelt på vegne av skatteoppkreveren i vedkommende kommune og under dennes ansvar.

1.5 Styringsgruppa

Styringsgruppen består av tre medlemmer. Kemneren i Nordre Sunnmøre er fast medlem. De øvrige velges av og blant skatteoppkreverne i de samarbeidende kommuner. Funksjonstid er to år. Teamleder deltar på møtene i styringsgruppen. Valg av styre ble gjennomført i februar 2015. Sittende styre ble gjenvalgt.

Medlemmer 2015 jf årsmøte den 12.2.2015 har vært:

Kemner i Nordre Sunnmøre	Lindis Skeide Nyland
Skatteoppkrever i Volda	Ove Bjerkvik
Skatteoppkrever i Herøy	Jan Driveklepp

Det har vært avholdt to møter i styringsgruppen i år.

Saker som ble tatt opp:

- Status - fremdriften i kontrollarbeid
- Personallistekontroller
- Veien videre – statliggjøring - ressurser
- nye kommuner søkt seg inn i samarbeid
- styrke arbeidsgiverkontrollen

Det er etter dette underskrevet samarbeidsavtale i med Ørsta kommune, gjeldende fra 1.1.2016. Og bestemt å styrke ressurser i arbeidsgiverkontrollen, med to stillinger i 2016. Av praktisk hensyn er det lagt opp til at ene stillingen blir utlyst på et senere tidspunkt i 2016.

1.6 Ressurs fordeling

Kontrollene i den enkelte kommune er fordelt etter en fordelingsnøkkel basert på folketallet i kommunene. Registrert effektiv kontrolltid var 840 DV. Til sammenligning var år 2014 registrert med 837 DV brukt til kontrolltid.

I dette inngår også blant annet teamleders beregnet tid ved kvalitetssikring. Reisetid utgjør 9 dagsverk og 58 dager er registrert som kursdager. Reisetid og tid til opplæring er fordelt etter prosentvis andel på kommunene. Total kursdager er iberegnet dager som medgår til de kurs vi arrangerer for arbeidsgivere, regnskapsførere. De ansatte som ikke har vært direkte involvert, deltar da ved ene kursdag som tilhører.

Kontrollgruppa i Interkommunale arbeidsgiverkontrollen har i snitt hatt ca 6,8 årsverk i 2014, inkludert teamleders administrative del.

2. Organisering

2.1 Personalet 2015

Vi har ikke hatt full oppdekning på personal i 2015. Vikar har vært i ca 80 %, dette etter at Kim André Fevang Kolstad valgte å slutte. En lønnsrevisor har hatt redusert stilling 80 % i fem måneder og 90 % i 7 måneder.

Teamleder:

Sigrun Andersen

Lønnsrevisorer i 2015 :

Eldrid Smogeli

Marita Nogva

Kay Robert Brastad

Asbjørn Martin Fiedler Rørvik

Trude Grindvik

Marianne Leithe, vikar

Det var i årsplan lagt til grunn totalt dagsverk (DV) på 1328, effektiv kontrolltid på 1090 DV, Beregnet DV er i henhold til regionen beregning av årsverk, 210 d. pr år.

2.2 Opplæring / etterutdanning

Registrert kurstid er

58 dager ekstern, inkl. fagdager / oppdateringskurs ved Skatt Midt- Norge.

Kurs beskrivelse med antall deltagere fra oss:

NARF kurs 1 stk.(4 d)

Landskonferansen i Oslo med 2 stykker. (4 d)

Skatt Midt - Norge 1 fagdager 7 stk (7 d)

Skatt Midt - Norge informasjonsdag 2 stk (2 d)

Skatt Midt - Norge Koss ledelse 2 (2d)

Skatt Midt - Norge PLK 1(1d)

Infotjenesten – 4 (3 d)

Intern i kommunen, HMS 2 stykk (3 dv)

Egne kurs 3 stykker avholder 4 informasjonsdager (12)

Egne kurs KOSS 2 deltagere (2 d)

Eget KOSS oppfølging 7 (7 d)

3. Arbeid og resultatoppnåelse

3.1 Resultat pr 31.12.2015

Kommune	Antall lev. rapp. til SKM pr 31.12.14	Planlagt kontroller, jf årsplan	Gj. ført kontroller	Resultat i prosent av lev. Pr 31.12.14
NSK*	2854	140	91	3,2
Haram	319	16	7	2,2
Hareid	168	8	6	3,6
Herøy	440	22	19	4,3
Sande	99	5	2	2,0
Stranda	269	13	5	1,9
Sula	253	13	12	4,7
Ulstein	335	17	5	1,5
Volda	342	17	17	5,0
SUM	5079	251	164	

*Nordre Sunnmøre kemnerkontor (NSK) og står da for syv kommuner samlet.

Utfordringer i 2015, fra 1. januar skulle alle nye påbegynte objekter inn i KOSS og alt arbeid skal utføres der. Enkelte valgte å overføre påstartet objekter da dette var mulig. Overgangsfasen har vært krevende da rapporter har vært handtert ulikt i videreføringen til Skatt Midt – Norge, egen rutine for kontroller registret og påbegynt i KOSS før 10. februar 2015, egen rutine for de som var påbegynt etter. Andre nye rutiner / innføringer i KOSS har kommet etter hvert gjennom året, eksempelvis for personallistekontroller og tilbake svar på vedtak. Vi har og endret rutine for kvalitetssikring. KOSS har heller ikke fungert ideelt hele veien, da det har vært systemfeil underveis og en har hatt noe dobbeltarbeid og ekstra oppfølging.

Spørsmål om statliggjøring har preget arbeidsgiverkontrollen i 2015. Dette medførte blant annet at det ikke ble utlyst stilling, og at Marianne Leithe har vært vikar i 80 %. Arbeidet med å styrke kontrollgruppen ble da også utsatt utover året til en avklaring kom.

Krav til antall kontroller var 254, vi beregnet i planene 251 kontroller for 2015. Vi har oppnådd 164 kontroller, avviket i forhold til krav blir 90 stk. Til sammenligning hadde vi 194 kontroller i 2014 med et avvik på 53 stk.

Årsak for våre avvik tilskrives at vi i utgangspunkt mangler ressurser sett til antall pålagte kontroller. Krav til antall rapporter tilsier 8- 9 stillinger som ren lønnsrevisor, mot våre 6. Med knappe ressurser er vi sårbare ved fravær.

Det legges stor vekt på kvalitet. Kontrollen med etterfølgende rapporten skal gi et godt grunnlag for den senere saksbehandling av vedtak om endring av ligning, og for eventuelle anmeldelser. Dette innebærer at vi bruker mer ressurser på å innhente informasjon i forbindelse med kontrollene og å få til gode fakta beskrivelser. Ny rutine innen kvalitetssikring medfører at vi er to som utfører kvalitetssikringen, dette skal og dokumenteres.

Vi ser allikevel at det er forbedringspotensial i det å begrense tid pr kontroll jamfør vesentlighetsnivå og vurdert risiko.

Det har ikke vært det store år med avdekning, det forklares delvis med knappe ressurser, ressurser brukt på personallistekontroller og en større andel enkle kontroller, sett mot tidligere år.

Vi har og kontroll av mange konkurser, dette har medført at avdekning med påfølgende vedtak på arbeidsgivergrunnlaget har gått ned. Det blir ikke foreslått vedtaksendring (behandling) av avdekt arbeidsgivergrunnlag i disse sakene, da det ikke er likvider å hente, saksbehandling blir bortkastet. Det blir allikevel meldt som endring på differanse mellom innberettet oppgaver og det som avstemning avdekker. Her vil det og i enkelte tilfeller bli en avdekning som er negativ. Det har vært innmeldt lønn, men hvor lønn ikke er utbetalt gir negativ avdekning.

Totalt sett skulle det vært levert bedre, som det vises til, er det flere forhold som påvirker resultatet. Fra år 2016 vil en styrke arbeidsgiverkontrollen. Det er ansatt to nye med start fra 1.februar, den ene erstatter vakante stilling som har vært. Videre vil det bli utlyst for en stilling til i 2016.

3.2 Tidsforbruk

Antall dagsverk i snitt pr kontroll har vært ca 4,88 DV. Fjorårets beregnende var 4,42 DV.

3.3 Resultat av kontrollarbeidet 2015

For inntektsåret 2015 er dette telt;
 Endringsforslag arbeidsgiveravgift.
 Endringsforslag inntektsgrunnlag
 Rettinger(egenrettinger) ved at vi sender lønns og trekkoppgaver.
 Egenrettinger av virksomhet påvirket av kontroll.

Vi har følgende totalresultat i år:

antall kontroller 164
 antall rapporter med avdekning er 50 stk, av disse er,
 antall AK rapporter med beløp (endringsforslag) 35 stk
 antall FK rapporter med avdekning 2 stk
 antall kroner foreslått endring - sak inntektsgrunnlag kr 12 185 855 (inkl. egenrettinger)
 antall kroner foreslått endring - sak AGA kr 9 860 256 (inkl. egenrettinger)
 antall kroner forslag egenretting for AGA 180 257 (Negativ sum – 738 136, og - 87 491 påvirker)
 antall kroner forslag egenretting for inntekt 1 795 130 (Negativ sum -738 136, og - 87 491 påvirker)

Interkommunal arbeidsgiverkontroll	2015	2014	2013*
Endring inntekt ansatte	kr 12 185 855	kr 17 091 021	kr 29 184 711
Endring arbeidsgiveravgiftsgrunnlag:	kr 9 860 256	kr 10 910 169	kr 33 147 299

* Et større forslagsbeløp 15 000 000 i NSK ble ikke vedtaksbehandlet.

Vedtak: vi er målt på:

Beløp – måle vedtaket fra skattekontoret i beløp som andel av forslaget i beløp fra SKO

Antall – måle hvor mange av skattekontorets vedtak som beløpsmessig er lik endringsforslaget i våre rapporter.

For hvert av forholdene (beløp og antall) er parameteren splittet på:

Grunnlag arbeidsgiveravgift og inntektsgrunnlag (likningsendring for ansatte)

Det er et krav at 50 % av avdekning på avdekningskontrollene

Sum totale antall vedtak for AGA er 7 fra skattekontoret.

Rett vedtak på 5 stk. Gir korrekt treff med 71,4 %.

Sum totale antall vedtak for inntektsgrunnlag er 49. Rette vedtak 36, gir riktig 73,5 %.

Avdekning målt i år prosentvis av total antall rapporter er 23,8 %, mot fjorårets 21,1 %.

Det er registrert 16 kontroller i 2015 som har avdekt mulig straffbare forhold.

For NSK er det i 2015 sendt inn 13 anmeldelser mot 2 i 2014. Av disse gjelder 6 av forholdene for 2015, 7 anmeldelser gjelder forhold avdekt i 2014.

	2015 antall	2015 beløp	2015	Avdekn.	2014 antall	2014 Beløp	2014
	Vårt / SKM	Vårt forslag	SKM vedtak	% beløp	Vår / SKM	Vårt forslag	SKM vedtak
Vedtak inntekt	36 / 49	8 928 607	8 722 304	97,7 %	65/87	9 376 121	8 761 282
Vedtak AGA	5 / 7	2 515 823	2 552 945	98,5 %	13 /19	3 378 237	2 821 659

Antall, «vårt tall» er antall rette sett til vedtak.

Vi har 13 rapporter pr 31.12.15 som ikke er vedtaksbehandlet(PLK er ikke medregnet i disse). I personallistekontrollene 2015 er foreslått gebyrer totalt med sum 268 320,-. Resultat av ferdig vedtatt gebyr pr 31.12.15, er sum kr 180 600,-. Våre forslag på disse var sum 189 200. Gjenstående 10 PLK som ikke er behandlet pr 31.12.15, er foreslått med sum 96 320,-

3.4 Informasjonstiltak

Informasjons – dagene våre trakk 192 deltagere. Det ble i år gjennomført informasjonsdag i Ålesund, Herøy, Ørskog og Ørsta.

4. Regnskap 2014.

Regnskap for år 2015 er avstemt og innfor det budsjetterte.

5. Konklusjon

Seksjonen har i 2015 ferdigstilt 164 bokettersynsrapporter. Dette er 87 kontroller mindre enn hva vi i utgangspunkt hadde som mål. Dette til tross for økt grad av enkle, formal kontroller. Det bekrefter knappe ressurser etter endret krav, føringer og at 2015 har vært utfordrende på flere vis i en omstillingsfase.

Vi har i 2015 en nedgang i endringsforslag, sum avdekning spesielt innfor AGA endring. Dette skyldes både kontroll i konkurser, endringene av vesentlighetsgrense for endringsforslag og ressurser brukt på PLK.

Proveny av disse PLK fremkommer ikke tall for avdekning.

Vi mener kvaliteten på kontrollene og rapportene er gode, men at det er forbedringspotensial.

Følgende dagsverk føres over til 2016.

Kommune	Overført DV til neste år
Ålesund	- 1
Giske	30
Haram	16
Hareid	-7
Herøy	-23
Norrdal	5
Sande	21
Sandøy	4
Skodje	-16
Stordal	3
Stranda	-2
Sula	-25
Ulstein	33
Volda	-46
Ørskog	10

Ålesund, den 14.1.2016

Sigrun Andersen
teamleder



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2014/137
		Arkivkode:	020

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
68/16	Formannskapet	19.04.2016
46/16	Kommunestyret	21.04.2016

KOMMUNEREFORM - INTENSJONSAVTALE OM Å SLÅ SAMAN VOLDA OG ØRSTA KOMMUNAR.

Handsaming:

Røysting:

Tilråding/ Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Volda kommunestyre vedtek *Intensjonsavtale om slå saman kommunane Volda og Ørsta*, datert 15. mars 2016. *Økonominotat*, datert 15. mars 2016 er vedlegg til avtalen.**
- 2. Under føresetnad av likelydande vedtak i Ørsta kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre å legge intensjonsavtalen til grunn for rådgjevande folkerøysting 19. mai 2016.**
- 3. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.**

Vedleggsliste:

Intensjonsavtale om å slå saman kommunen Volda og Ørsta, datert 15. mars 2016
Økonominotat. Vedlegg til intensjonsavtalen, datert 15. mars 2016

Uprenta saksvedlegg:

Tidlegare saker om kommunereform handsama i Volda kommunestyre:

- Kommunereform, handsama 28.08.14, PS 107/14
- Kommunereform – Strategi for vidare arbeidet, handsama 18.12.14, PS 164/14
- Kommunereform – Status pr. 1. halvår 2015, handsama 18.06.15, PS 70/15
- Kommunereform – Oppnemning av forhandlingsnemnd, handsama 26.11.15, PS 126/15
- Rådgevinge folkerøysting om intensjonsplan for samanslåing, handsama 28.01.16, PS 10/16
- Kommunereform – Utviding av mandat, handsama 25.02.16, PS 21/16

Samandrag av saka:

Intensjonsavtale om å slå saman kommunen Volda og Ørsta, er framforhandla av forhandlingsnemndene i Volda og Ørsta. Intensjonsavtalen skal leggest til grunn for rådgevinge folkerøysting 19. mai 2016. Ved folkerøystinga skal innbyggjarane i Volda gjere eit aktivt val mellom to alternativ. Det eine er ja til den framforhandla intensjonsavtalen om Volda-Ørsta kommune. Det andre er nei til avtalen.

Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016. Dersom kommunestyra vedtek ein ny Volda-Ørsta kommune vert den gjeldande frå 1. januar 2020.

Saksopplysningar:

Volda kommunestyre vedtok i møte 22.06.15, sak PS 70/15 om status pr. første halvår 2015 fylgjande:

- 1. Kommunestyret tek til vitende orienteringa i saksutgreiinga om status i prosessen.*
- 2. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.*
- 3. Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgevinge folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Volda kommunestyre invitere til eit samarbeid med Ørsta kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing. Det kan i drøftingane med Ørsta kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalene.*
- 4. Kommunestyret vedtek at det snarast råd skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt noverande syn på kva alternativ kommunen skal arbeide med fram mot folkerøystinga. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.*
- 5. Kommunestyret har som intensjon å følge framdriftsplanen som er skissert i saksutgreiinga.*

I tråd med pkt. 3 i kommunestyrevedtaket, om å gjere naudsynte førebuingar til å gjennomføre folkerøysting, har Volda og Ørsta no framforhandla intensjonsavtale om ny Volda-Ørsta kommune. Avtalen er datert 15. mars 2016. Eit økonominotat datert 15. mars 2016 er vedlegg til avtalen.

Forhandlingane er utført av to forhandlingsnemnder, ei frå kvar kommune. Nemndene er likt samansette; ordførar (forhandlingsleiar), varaordførar, politisk representant og rådmann. Kommunekontakter for lokal prosess og representant for Sunnmøre regionråd har fungert som sekretariat.

Nemndene har hatt fire sonderingsmøter (27.11.15, 18.12.15, 11.01.16 og 21.01.16) og seks forhandlingsmøter (29.01.16, 04.02.16, 11.02.16, 18.02.16, 23.02.16, 15.03.16). I dei innleiande forhandlingsmøta var møteleiinga ved ordførarane, seinare vart denne rolla overlata til representant frå Sunnmøre regionråd.

Arbeidet med intensjonsavtalen har vore ein prosess, og intensjonsavtalen har funne si form gjennom drøftingar i forhandlingsmøta men også etter innspel utanfrå. Forhandlingsnemnde har m.a. fått innspel frå felles kommunestyremøte i Loen 20.-21. januar i år, og frå leiargruppene i Ørsta og Volda som har gjennomført ei enkel SWOT-analyse om fordelar og ulemper med ei ev samanslåing. Nemndene sette sjølv føringar for arbeidet, om at avtalen ikkje skulle vere for lang (maks 5 sider), fokus skulle vere på prinsipp framføre detaljar, og at ein skulle utarbeide strategiar for å nå måla og definere tiltak som underpunkt.

Forhandlingsnemndene har lagt vinn på å legge til rette for ein open prosess. Alle møta har vore opne og det er ført referat. Tillitsvalde frå baa kommunane har vore spesielt invitert til å tal del på møta. Ved eit tilfelle fekk dei høve til å kommentere eit utkast av intensjonsavtalen. Ungdomsråda var inviterte til eit av møta, og orienterte om informasjonsopplegg dei har utarbeidd for elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skule. Referat frå møta er lagt ut på kommunen si heimeside og Facebook, og gjort tilgjengeleg for politikarane på chroombook. Ungdomsråda og tillitsvalde har fått kopi av alle møtereferat. Lokalavisene har dekkja alle møta. Undervegs i prosessen har ordførar og varaordførar gitt munnlege orienteringar i formannskapsmøte og kommunestyremøte. Framforhandla avtale vart presentert for politikarane i Ørsta og Volda på felles kommunestyremøte 30. mars i år.

Om intensjonsavtalen

Intensjonsavtalen er eit grunnlag for eit retningsval i kommunereforma. Avtalen peikar på muligheiter for ny Volda-Ørsta kommune og kva ein kan oppnå i fellesskap ved å slå seg saman.

Avtalen omhandlar desse punkta:

1. Bakgrunn
2. Innleiing og verdiar
3. Visjon og mål
4. Samfunnsutvikling
5. Kommunale tenester
6. Lokaldemokrati. Prinsipp styring, organisering
7. Kommunal organisering. Namn. Kommunevåpen
8. Arbeidsgjevarepolitikk/tilsette
9. Frivillige lag/organisasjonar
10. Økonomi
11. Planverk og areal
12. Fellesnemnd
13. Innbyggjarinvolvering
14. Hornindal og Stryn

Hovudmoment i avtalen:

Ny Volda-Ørsta kommune har visjon om å bygge eit tydeleg regionsenter, ivareta og utvikle arbeidsplassar, og vere attraktiv for busetting av familiar og unge. Ein vil vere Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk, og ein vil skape den beste skule- og utdanningskommunen på Vestlandet. Volda-Ørsta kommune skal få betre og meir samordna tilrettegging for næringsliv og busetting. Saman står ein også sterkare når ein skal kjempe for viktige samferdselsprosjekt som tunell mellom Volda og Ørsta og kryssing av Ørstafjorden.

I avtalen heiter det at dei kommunale tenestene skal vere nær innbyggjarane. Ingen kommunalt tilsette skal miste jobben i samband med ny kommune, og alle tilsette får vidareført sine noverande rettar.

Det er eit mål å engasjere fleire innbyggjarar i politiske prosessar. Her kan bygdeutval, også med politisk mynde, vere eit alternativ. Den nye kommunen skal i første valperiode ha 43 medlemmer. Tal på hovudutval og tal på medlemmer i dei ulike utvala, vert vurdert i den nye kommunen.

Namnet på den nye kommunen blir **Volda-Ørsta kommune**. Det skal vere balanse mellom ansvar og arbeidsplassar i dei to rådhusa og kommunale bygg. Ørsta får ordførar med stab. Volda får leiinga for dei mjuke einingane som skule og helse.

Volda-Ørsta kommune skal ha ei sunn økonomiforvaltning der kommuneøkonomien er i balanse i eit langt perspektiv. Det er eit mål at økonomiplanen skal ha eit netto driftsresultat på minst 1,75 % av samla inntekter for å bygge opp eigenkapital.

Fram til ny kommune er oppretta er både kommunen samde om å vise økonomisk varsemnd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne.

I kapittelet om Arbeidsgjevarpolitikk er det m.a. lagt prinsipp om å bygge vidare på trepartsamarbeidet og at alle tilsette sine noverande rettar vert vidareførte i samsvar med lov- og avtaleverk. Dette betyr at tilsette ikkje går ned i løn som følgje av gjennomføring av kommunesamanslåing.

Vidare har intensjonsavtalen med punkt om Fellesnemnd, folkerøysting 19. mai, og tilhøvet til Hornindal og Stryn.

Økonominotatet gjer greie for inngangsverdiar i både kommunane, og økonomien i den nye kommunen. I felles investeringsplan er ein samde om fylgjande regionale investeringar før ev samanslåing:

- Ørsta: I tillegg til vedteken fleirbrukshall skal Ørsta realisere regional symjehall
- Volda: I tillegg til vedteken idrettshall realisering av eit mediehus med kultursal i Volda

Vidare omtalar økonominotatet framlegget til nytt inntektssystem og korleis dette vil slå ut for den nye kommunen.

Informasjon om intensjonsavtalen til innbyggjarane


Det er inngått samarbeid med informasjonsbyrået Ekkoloddet as, om å utarbeide brosjyre og diverse anna informasjonsmateriell i samband med folkerøystinga. Brosjyren er under utarbeiding, og vert sendt til alle husstandar og bedrifter i Ørsta og Volda, samt gjort tilgjengeleg på eit utval offentlege stadar. Brosjyren er klar for distribusjon i veke 17/18. Brosjyren er på 8 sider og gir kortfatta og balansert informasjon om kva kommunereforma er, kva ein skal ta stilling til ved folkerøystinga 19. mai, og om hovudmomenta i intensjonsavtalen. Ei side inneheld praktisk informasjon om sjølve røystinga.

Det er lagt opp til folkemøte og elevmøte om kommunereforma og intensjonsavtalen som ligg føre, i april og mai. Oversyn over planlagde aktivitetar kjem fram av ei tidslinje som ligg på heimesida.


Ungdomsråda i har fått midlar frå Fylkesmannen til informasjonsarbeid knytt til kommunereforma. I Ørsta er det lagt opp til skulequiz og instagramkonkurranse, båd med premiar. I Volda har dei tilsvarande opplegg, med klassekonkurranse og premiar. Volda skal i tillegg arrangere elevmøte 11. mai, der begge ordførarane og varaordførarane stiller. Det vert lagt opp til tilsvarande opplegg i Ørsta, men dato er ikkje tidsett.

Demografi

Volda har hatt ein positiv folketalsvekst siste åra. I 2010 var tal på innbyggjarar 8 573. Ved inngangen til 2019 budde det 9 037 personar i Volda. Tala viser at Volda i åra framover får fleire eldre og færre yngre innbyggjarar. At andelen av eldre aukar skuldast både at folk lever lengre og at det vert fødte færre born enn tidligare. I fylkeskommunen sin Kommunestatistikk har Volda demografisk sårbarheit på 7 av 10.



Ei aldrande befolkning får konsekvensar for tenestetilbodet. I dag har Volda i overkant av 3 arbeidstakarar per pensjonist, som er under fylkesgjennomsnittet. I takt med endringane i folkesamansettinga (fleire eldre- færre yngre) vil dette talet synke i åra framover og forsørgarbyrden per arbeidstakar vert større.



Økonomi og tenesteproduksjon

Dei kommunane som gjer vedtak om samanslåing innan ramma av kommunereforma, får behalde dagens inntektssystem i 17,5 år (15 år +5 år nedtrapping). For dei kommunane som ikkje gjer eit slikt vedtak har Regjeringa sendt eit utkast til nytt inntektssystem på høyring

med høyringsfrist 1.mars 2016, og evt iverksetjing frå 2017. KS (Kommunenes Sentralforbund) har laga ein berekningsmodell som viser følgjande effekt for Ørsta og Volda dersom endringane vert vedtekne:

Kommune	Utslag ny kostnadsnøkkel	Endra basistilskot. Strukturkriterium 25,4 km	Samla utslag per år
Volda	-1 738 000	-6 010 000	-7 748 000
Ørsta	-961 000	-4 895 000	-5 856 000
Samla			13 604 000

Inntektstap i inndelingsperioden for Volda kommune dersom vi ikkje gjer vedtak om samanslåing:

$7,75 \text{ mill} \times 17,5 = \underline{\underline{135 \text{ mill kroner}}}$.

Samla inntektstap for Volda-Ørsta i inndelingsperioden dersom vi ikkje gjer eit vedtak om samanslåing: $13,6 \text{ mill} \times 17,5 = \underline{\underline{238 \text{ mill kroner}}}$.

Stortinget si handsaming av nytt inntektssystem vil ikkje vere ferdig før vedtak om samanslåinga er gjennomført. Dei endelege endringane i inntektssystemet kan difor avvike frå KS sin berekningsmodell.

Ein strammare kommuneøkonomi i kombinasjon med demografiske endringar vil gje utfordringar for det kommunale tenestetilbodet, og for rekruttering til kommunale stillingar.

Inntektstapet med å stå åleine bør ein sjå i samanheng med inntektstvinsten ved samanslåing. Volda-Ørsta kommune vil få ein eingongsstønad på **20 mill kroner** og reformstønad på ytterlegare **20 mill kroner**. Eingongsstønaden vert utbetalt når Stortinget har godkjent samanslåinga, medan reformstønaden vert utbetalt når samanslåinga er gjennomført. Dagens ordning med inndelingstilskot vert vidareført for dei kommunane som slår seg saman. Volda-Ørsta kommune får difor behalde sine to basistilskot i 17,5 år (15 + 5 nedtrapping). Etter 15 + 5 perioden vil dei få same endringar i inntektssystemet som ikkje samanslåtte kommunar. Det gir kommunen god tid til å tilpasse seg nye rammevilkår. Eit basistilskot utgjer ei årleg overføring på 13,2 mill kroner. Periodeeffekten $13,2 \text{ mill. kr.} \times 17,5 = \underline{\underline{231 \text{ mill kroner}}}$.

Volda-Ørsta kommune har eit effektiviseringspotensiale når dei får behalde to basistilskot i 17,5 år. I kva grad og korleis ein vel å ta ut dette vert eit politisk spørsmål som eit nytt kommunestyre må ta stilling til.

Sjølv om det er knytt fleire usikkerheitsmoment til både kva konsekvensar det vil ha for kommunen å ikkje slå seg saman og vidare kva konsekvensar det nye inntektssystemet vil medføre, så tyder føringane at Volda kommune vil tape store summer på å stå åleine. Med det ein veit i dag vil difor **truleg ikkje alternativet å stå åleine vere ynskjeleg for Volda**.

Eit usikkerhetsmoment har vore om dei økonomiske verkemidlane i reforma berre går til dei kommunane som vedtek samanslåing før 1. juli. Kommunaldepartementet seier no (04.04.2016) at slik er det ikkje. Alle kommunane som **vert** vedtatt slått saman i reformperioden får verkemidla uavhengig av om kommunen sjølv har gjort vedtak om samanslåing eller ei. Det går elles fram av Kommuneproposisjonen 2015 pkt 4.9.1 s. 52:

"Virkemidlene gjøres gjeldene for kommuner som slår seg sammen i reformperioden, det vil si sammenslåinger der det er fattet nasjonale vedtak innen 1.1.2018".»

Samfunnsutvikling og samarbeid

Volda og Ørsta samarbeider i dag på ei rekkje område, m.a. IKT, barnevern, PPT, NAV og landbruk. Voldatunnel og Ørstafjordkryssing er viktige samarbeidsområde for samferdsleutviklinga i Ørsta og Volda, men også for utviklinga av heile regionen. Om Ørsta eller Volda kommune held fram som eiga kommune kan det få konsekvensar for fleire av desse samarbeida, og då særskilt dersom Volda vel å slå seg saman med Hornindal/Stryn. Forhandlingsutvala har fått mandat til å framforhandle ein avtale no, og som sikrar Volda kommune sine rettar på best mogleg måte.

Vurdering og konklusjon:

Intensjonsavtalen er eit grunnlag for eit retningsval i kommunereforma. Avtalen peikar på muligheter for ny Volda-Ørsta kommune og kva ein kan oppnå i fellesskap ved å slå seg saman.

Rådmannen er av den oppfatning at høve til å legge føringar for framtidig kommunalt tenestetilbod og ei heilskapleg samfunnsutvikling er meir føreseieleg ved å fylgje intensjonsavtalen som no ligg føre om ny Volda-Ørsta kommune, enn ved at Volda held fram som kommune åleine.

Rådmannen meiner at avtalen viser korleis kommunane kan møte framtida og sjå moglegheitene med ny og større kommune. Dette er ei god tilnærming til endring, der ein er aktiv med tanke på kva ein kan skape.

Spørsmålet om kommunesamanslåing er komplisert. Kommuneekspert Geir Vinsand i Nivi Analyse har sagt at dette er så vanskeleg at ein kan ikkje forvente at innbyggjarane greier å skaffe seg tilstrekkeleg oversikt over dette, og at kommunestyret må ta eit sjølvstendig ansvar for å konkludere. Sjølv om vi veit ein del om dei økonomiske rammevilkåra, iallfall basert på forslaget til endra inntektssystem, så vert det meste basert på ein del tvil og tru. Dette gjeld både nullalternativet og alternativet med samanslåing. Samtidig så ser vi ut frå samfunnstrendane at samanslåing truleg er meir fordelaktig alternativ enn å halde fram åleine. Det er særleg det regionale perspektivet og kva ein gjennom større kommune kan få til for å styrke samfunnsutviklinga som er sentralt. Større fagmiljø vil også gi betre tenester og større kapasitet på utviklingsressursar. Ekspertutvalet (Vabo-utvalet) gjorde ei grundig utgreiing, og etter rådmannen si meining trefte dei godt da dei råde til at kommunar på 15 - 20 000 er tilfredsstillande storleik.

Vedtak om eventuell samanslåing av Volda og Ørsta skal fattast av kommunestyra i juni i 2016. Dersom kommunestyra vedtek ein ny Volda-Ørsta kommune vert den gjeldande frå 1. januar 2020.

I tråd med kommunestyret sitt vedtak 11.06.15, pkt. 3 om å gjere naudsynte førebuingar for å gjennomføre folkerøysting, rår rådmannen til at framforhandla intensjonsavtale for ny Volda-Ørsta kommune vert vedteken av kommunestyret, og at kommunestyret legg avtalen til grunn for folkerøystinga 19. mai 2016.

Det er ein førestnad at begge kommunestyra vedtek avtalen. Dersom det ikkje skjer, så vil folkerøystinga verte avlyst.

Likestillingsmessige sider ved saka: Nei

Konsekvensar for folkehelsa: Nei

Miljøkonsekvensar: Nei

Økonomiske konsekvensar: Vurdert i tidlegare saker


Beredskapsmessige konsekvensar: Nei

Konsekvensar for barn og unge: Nei

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:
Ørsta kommune
Fylkesmannen



VOLDA-ØRSTA KOMMUNE

Intensjonsavtale om å slå saman
kommunane Volda og Ørsta



15. MARS 2016
FORHANDLINGSUTVALA
Ørsta og Volda

Innhald

- 1. Bakgrunn**
- 2. Innleiing og verdiar**
- 3. Visjon og mål**
- 4. Samfunnsutvikling**
- 5. Kommunale tenester**
- 6. Lokaldemokrati. Styring og organisering**
- 7. Kommunal organisering. Namn. Kommunevåpen**
- 8. Arbeidsgjervarpolitikk/tilsette**
- 9. Frivillige lag og organisasjonar**
- 10.Økonomi**
- 11.Planverk og areal**
- 12.Fellesnemnd**
- 13.Innbyggjarinvolvering**
- 14.Hornindal og Stryn**

1. Bakgrunn

Stortinget har vedtatt å gjennomføre ei nasjonal kommunereform der alle kommunar skal utgreie alternativ til dagens struktur.

Målsetjinga er ein ny felles kommune frå 1. januar 2020. Det er kommunestyra som avgjer om kommunane skal slå seg saman eller ikkje, etter råd frå innbyggjarane (rådgjevande folkerøysting).

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, økonomisk robuste og berekraftige kommunar, og styrka lokaldemokrati.

2. Innleiing - verdier

Arbeidet med ein ny felles kommune skal vere prega av openheit, tillit, respekt, rausheit og likeverd. Ein vil tenkje felles mulegheiter, kva vi kan bli betre på, korleis skape vekst og velstand, basert på ein framtidsvisjon om levande bygder og eit sterkt felles regionsenter.

Ørsta og Volda kommunar er ulike, men likevel likeverdige. Den nye kommunen skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar og identitetar, fortrinn og utfordringar. Struktur, organisasjonskultur og system skal vektleggjast, og utvikling av nærdemokrati skal gjevast høg prioritet.

3. Visjon og mål

Eit sterkt regionsenter med attraktive sentrum og levande bygder.

Ørsta og Volda er i dag senter for Søre Sunnmøre og Nordfjord. Om lag 50 000 personar kan nå Volda-Ørsta i løpet av ein time, og på 1,5 time heile 120 000.

- Visjonen er å bygge eit tydeleg regionsenter med større samla attraktivitet og avanserte tenester for heile regionen.
- Ivareta og utvikle arbeidsplassar.
Volda og Ørsta har fleire enn 1300 statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, m.a. høgskule, sjukehus, tingrett, jordskifterett, lånekasse, vegvesen, prosti, politi, flyplass, HELFO og NAV. Arbeidsplassane er viktige fordi dei tiltrekkjer seg og bidreg til utvikling av kompetanse i regionen, og utfyller den private arbeidsmarknaden.
- Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk. Høgskulen i Volda har medieutdanning på masternivå med unik posisjon og renommé. Eit nytt mediesenter på campus er eit viktig steg for framleis å vere Noregs fremste medieutdanningscenter. Lærarutdanning, sosialarbeidarutdanning og andre er viktig å oppretthalde for å bygge ein sterk region.
- Nynorsk er del av ein felles identitet. Ivar Aasen-tunet er i dag eit nasjonalt opplevings- og dokumentasjonscenter for nynorsk. Forsking på nynorsk skriftspråk, nynorske læremiddel og nynorsk litteratur er viktig for høgskulen og Nynorsk kultursentrum.
- Volda-Ørsta kommune skal vere attraktiv for busetjing av familiar og unge.

4. Samfunnsutvikling

Auka attraktivitet og større slagkraft: Ein ny kommune av Volda og Ørsta gir nye mulegheiter; utvikle moderne sentrum med urbane kvalitetar, sterkare fagmiljø som sikrar rekruttering og god kompetanse. Ein ny kommune kan gje betre kvalitet og mangfald i tenestetilbodet, betre og samordna arealutnytting til bustad- og næringsformål, samordna og spissa satsing på næringsarbeid og etablerarar. Volda-Ørsta vil få meir påverknadskraft overfor sentrale og regionale styresmakter, og bli ein større og meir ressurssterk kommune betre rusta til å handtere nye og større oppgåver.

Strategi og tiltak

- Etablere Volda-Ørsta som eit moderne regionsenter med attraktive sentrum og levande bygder. Utarbeide ny arealplan som sikrar attraktiv og tenleg lokalisering av næringsverksemdar og tenester, attraktive bustadområde, og landbruks- og miljøinteresser.
- Utvikle Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk i samarbeid med Høgskulen, Nynorsk kultursentrum og andre. Utvikle samarbeidet med Høgskulen og næringslivet, og arbeide strategisk for å sikre og utvikle regionale og statlege funksjonar, spesielt sjukehuset.
- Arbeide målretta for at Volda sjukehus vert vidareutvikla som eit velfungerande lokalsjukehus med gode akuttfunksjonar, herunder akuttkirurgisk beredskap og fødeavdeling for regionen.
- Volda-Ørsta er den største landbruksregionen på Søre Sunnmøre, og den nye kommunen skal ha fokus på landbruk, skogbruk og arbeidsplassar som bygg på primærnæringane.
- Realisere viktige samferdsel-, tryggleik- og miljøprosjekt i heile Volda-Ørsta kommune og regionen. Arbeide aktivt for å realisere tunnel Volda-Ørsta og Ørstafjord-kryssing som del av ny E-39/stamveg.
- Volda-Ørsta kommune skal legge til rette for ei spissa satsing på innovasjon og grunderverksemd i dialog med næringslivet og kompetansemiljø, og spesielt retta mot kompetansekreivjande tenester. Danne eit felles utviklingsselskap for Ørsta og Volda med offentleg og privat kapital og kompetanse.
- Skape den beste skule- og utdanningskommunen på Vestlandet. Vere ein motor for å utvikle skule- og oppvekstmiljø gjennom samarbeid med Høgskulen.
- Arbeide for dei vidaregåande skulane i Ørsta og Volda slik at dagens struktur vert vidareført, og at det vert lagt til rette for renovering og nybygg av skular og idrettsbygg.
- Planlegge og realisere universell utforming slik at alle menneske skal ha like mulegheiter til arbeid og leve gode og meningsfulle liv.

5. Kommunale tenester

Kommunale basistjenester skal framleis vere lokaliserte nær innbyggjarane. Dette betyr gode tilgjengelege tenester både i bygdene og i sentrum. Innbyggjarane skal ha medverknad på utviklinga av tenestene gjennom ulike brukarutval. Kommunen skal ha ressursar og kompetanse til å møte demografiske endringar med fleire eldre med omsorgsbehov i framtida. Kommunane vil i åra som kjem oppleve vanskelegare økonomiske føresetnader, og ein ny samanslått kommune vil kunne møte desse utfordringane. Større fagmiljø gir mulegheiter til å profesjonalisere og imøtekome behovet for spesialiserte tenester og spisskompetente fagmiljø.

Strategi og tiltak

- Vidareutvikling av tenestetilbod skal bygge på eksisterande struktur for skular, sjukeheimar og helse
- Bygge solide fagmiljø i alle delar av den nye kommunen
- Eit aktivt samarbeid mellom kommunen sitt fagmiljø og dei regionale/statlege funksjonane for å sikre vidare vekst og utvikling
- Forsterke det gode samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar som legg ned ein formidabel innsats for lokalsamfunna
- Bruke mulegheiter som ligg i digital tenesteproduksjon og legge til rette for innovasjon og nyskaping i tenesteproduksjon for betre ressursutnytting

6. Lokaldemokrati. Prinsipp for styring og organisering

Volda-Ørsta kommune skal ha formannskapsmodellen etter kommunelova § 8 som styringsform. Kommunestyret skal i første valperiode ha 43 medlemmar. Tal på hovudutval og medlemmar i desse vil bli vurdert. Det er eit mål å engasjere fleire innbyggjarar i politiske prosessar. Her kan grende- og bygdeutval med politisk mynde vere eit alternativ saman med nye medverknadsformer gjennom til dømes sosiale media.

Det interkommunale samarbeidet mellom Ørsta og Volda vil bli ein del av ordinær drift. Nye kommunegrenser vil medføre ein gjennomgang av alle interkommunale samarbeid. Nokre vil bli bevarte, nokre vil inngå i den nye kommunane og nye ordningar kan bli vurderte.

Strategi og tiltak

- arbeide vidare med ulike modellar for medverknad og involvering
- begge rådhus skal ha sentrale funksjonar i den nye kommunen
- finne ei tenleg fordeling av administrasjonstenester i dei to tettstadane

7. Kommunal organisering. Namn. Kommunevåpen.

Kommunenamn blir Volda-Ørsta. Administrasjonssenter/kommunesenter blir lagt til Ørsta. Dei strategiske leiarfunksjonane (ordførar/rådmann med stab) skal vere i Ørsta, og leiarfunksjonane for dei mjuke tenestene i Volda (t.d. oppvekst og helse/omsorg). Det skal vere servicekontor i begge rådhusa. **Det er ein klar intensjon at det skal vere balanse mellom ansvar og arbeidsplassar i dei to rådhusa/kommunale bygg.**

Einingsleingane for basistjenester (t.d. barnehagar, grunnskular, sjukeheimar, eldrebustader) skal framleis vere ved einingane ute. Fellesnemnda og prosjektorganiseringa vil fram til 2020 gjennom ein grundig og inkluderande prosess gå gjennom organisasjonsstruktur og tilrå kvar dei ulike administrative ansvarsområda skal vere. Gjennomgangen bør ha som utgangspunkt å samle fagmiljø som høyrer saman.

Volda-Ørsta kommune skal få nytt kommunevåpen som kan vere ein kombinasjon av dei to kommune-våpena, eller eit heilt nytt uttrykk. Det er naturleg å arrangere ein open idèkonkurranse om dette.

8. Arbeidsgjevarpolitikk / tilsette

Dei tilsette er kommunen sin største ressurs og har samla ein unik kompetanse. Vi er samde om å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som bidrar til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skaper eit løysingsorientert miljø med gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og

arbeidstakarar. Det føreset høg grad av medverknad både på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at den er etablert. Volda-Ørsta kommune skal ha ein tydeleg og inkluderande arbeidsgjevarpolitikk, vidareføre det gode trepartssamarbeidet, og legge til rette for mangfald blant dei tilsette.

Strategi og tiltak

- Høg grad av medverknad frå arbeidstakarorganisasjonane både under og etter etablering av den nye kommunen.
- Alle tilsette sine noverande rettar vert vidareførte i samsvar med lov- og avtaleverk
- Ingen tilsette må slutte som følgje av kommunereforma. Alle tilsette vil få tilbod om stilling i tilsvarande størrelse og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Dersom det blir overtallige, vil den nye kommunen gje tilbod om anna passende arbeid.
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon, og sikre gode fagmiljø som stimulerer til god rekruttering og godt omdømme som arbeidsgjevar.
- Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning gjennom KLP/SPK.

Det skal opprettast eit partssamansett utval for handsaming av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgivar og dei tilsette. jfr. Inndelingslova §26 2. ledd

9. Frivillige lag og organisasjonar

Ørsta og Volda har eit omfattande idretts- og kulturtilbod som blir drive av frivillige lag, organisasjonar og kyrkja. Den samla frivillige innsatsen er avgjerande for innbyggjarane og lokalsamfunna, og avlastar kommunen på sine ansvarsområde. Volda-Ørsta kommune skal vidareføre sterk satsing på og støtte til det frivillige arbeidet.

Strategi og tiltak

- Vidareføring av Frivilligsentral utifrå erfaringar og ressursinnsats som er i Ørsta og Volda i dag
- Gode tilskotsordningar for frivillig arbeid, lag og organisasjonar
- Samarbeid med frivillig sektor i kommunal tenesteyting og innovasjonsprosjekt

10. Økonomi

Volda-Ørsta kommune skal ha ei sunn økonomiforvaltning der kommuneøkonomien er i balanse i eit langt perspektiv. Budsjett og økonomiplan skal ha eit stabilt tenestetilbod som målsetjing, slik at det ikkje blir brukt unødvendige ressursar på midlertidige omstillingar. Det er eit mål at økonomiplanen over tid skal ha eit netto driftsresultat minst på 1,75% av samla inntekter for å bygge opp eigenkapital.

Kommunane er fram til den nye kommunen er oppretta samde om å vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne. Vi skal:

- a) Ha dialog med kvarandre under budsjett- og økonomiplanarbeidet, og foreleggje forslaga for kvarandre før politisk handsaming
- b) Ikkje selje verdiar som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med kvarandre

Lånegjeld og framtidige investeringar

Kvar kommune har ansvar for å planlegge og prioritere økonomisk berekraft. Det er ønskeleg at Fylkesmannen følgjer opp dette overfor den enkelte kommune i samband med oversendinga av årsbudsjett og økonomiplan fram til 2020. Etter 2020 vil eit nytt felles kommunestyre ha ansvaret for å prioritere mellom investeringsprosjekta innanfor ein forsvarleg økonomisk politikk. Intensjons-

avtalen sin investeringsplan vil vere eit viktig politisk dokument for prioriteringar av investeringar også etter 2020.

Eigarskap Tussa

Volda-Ørsta kommune vil få aksjemajoritet i Tussa og nye mulegheiter gjennom majoritetsstyring. Utbytte frå Tussa og konsesjonskraft vil variere frå år til år.

Eigedomsskatt og avgiftsnivå

Både Ørsta og Volda har eigedomsskatt i dag, og nivået blir harmonisert seinast frå 2020. Det er ein intensjon at midlar frå eigedomsskatt skal brukast til prioriterte byggeprosjekt og vedlikehald i heile den nye kommunen.

Kommunale avgifter er berekna utifrå sjølvkostprinsippet, dvs at avgiftene dekkjer inn driftsutgifter og utjamna investeringskostnader. Felleskommunen vil ha likt avgiftsnivå basert på same utrekningsmetode.

Strategi og tiltak

- Bruke frigjorte midlar og omstillingsmidlar til utvikling
- Sikre ein kommuneøkonomi i balanse med netto driftsresultat minimum 1,75%
- Realisere prioriterte investeringar som har regional verdi

11. Planverk og areal

Kommunane vil arbeide med separate planstrategiar/kommuneplanar/arealplan i 2016/2017. I arbeidet skal begge partar vurdere kva planoppgåver som er naturleg å prioritere i lys av føreståande kommunesamanslåing. Juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Samla planportefølje vert gjennomgått i samband med utarbeiding av planstrategi for den nye kommunen, og naudsynte prioriteringar av planoppgåver vert gjort der.

Strategi og tiltak

- Felles og styrka plankontor. Utarbeide felles arealplan for Ørsta og Volda
- Utarbeide felles planar for andre samfunnsområde og tenester
- Sikre ei god utvikling der ein har meir og ulike typar areal å spele på
- Lettare å utløyse statlege og regionale midlar til samfunnsutvikling

12. Fellesnemnd

Det skal opprettast ei Fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova §26 som har ansvar for å styre og følge opp samanslåingsprosessen i perioden frå det er gjort vedtak og fram til samanslåinga vert sett i verk.

Fellesnemnda skal ha fire medlemmar frå Volda og fire medlemmar frå Ørsta. Dei tilsette vil ha medverknad gjennom eit nytt partssamansett utval for den nye kommunen. Fellesnemnda kan gjere bruk av arbeidsutval og -grupper etter behov.

13. Innbyggjarinvolvering


Kommunane har gjort vedtak om å halde rådgivande folkeavstemming 19. mai med røysterett frå 16 år. Kommunane skal vere aktive for å informere grundig og balansert. Begge kommunestyra må vedta intensjonsplanen før folkeavstemming blir halde.

14. Hornindal og Stryn

Denne intensjonsavtalen gjeld mellom Ørsta og Volda. Begge kommunar er opne for eit nærare samarbeid med Hornindal og Stryn, men vil vurdere resultatet av folkeavstemming om Ørsta og Volda før ein samla går i forhandlingar med Hornindal og Stryn.

Furene

15.mars 2016



Jørgen Amdam
Ordfører Volda



Stein Aam
Ordfører Ørsta

Økonominotat –

vedlegg til intensjonsavtalen om felles kommune Volda- Ørsta

15. MARS 2016
FORHANDLINGSUTVALG
ØRSTA OG VOLDA

Målsetjing

Volda-Ørsta kommune skal utøve ei sunn økonomiforvaltning der kommuneøkonomien er i balanse i eit langt perspektiv. Budsjett og økonomiplan skal ha eit stabilt tenestetilbod som målsetjing, slik at det ikkje blir brukt unødvendige ressursar på midlertidige omstillingar. Det er eit mål at økonomiplanen over tid skal ha eit netto driftsresultat minst på 1,75% samla inntekter (resultatgrad) for å bygge opp eigenkapital.

Inngangsverdiar

Vi har her lagt fram nokre punkt som viser inngangsverdiene til Volda og Ørsta kommunar. Vi kunne tatt med fleire punkt, men meiner at desse er dei viktigaste.

▪ Lånegjeld

i-1000 kr.	Volda	Ørsta
Lånegjeld pr. 31.12.2015	kr 779 692	kr 668 400
Startlån	kr 55 631	kr 25 340
Sjølvsfinansierende lån VAR	kr 66 802	kr 120 000
Rentekomp (oms.b. skule)	kr 81 250	kr 83 712
Lån som belaster kommunen sin økonomi	kr 576 009	kr 439 348

▪ Fond/Akkumulert overskot

i-1000 kr.	Volda	Ørsta
Disposisjonsfond	kr 31 956	kr 24 043
Bundne driftsfond	kr 23 881	kr 22 780
Ubundne investeringsfond	kr 65 214	kr 14 725
Bundne investeringsfond	kr 6 271	kr 4 544
Total fond	kr 127 323	kr 66 093

Akkumulert overskot	kr 28 474	kr 29 816
----------------------------	------------------	------------------

Rekneskapstala på Lånegjeld og Fond 2015 er p.t. ureviderte.

▪ Eigarskap

Tussa:

Ørsta kommune 1056 aksjar 34,8%

Volda kommune 484 aksjar 16,0%

Tilsaman 50,8%

Verdien på Tussa vart i årsrapporten for 2012 stipulert til rundt 2mrd. Etter dette har nettverksemdene til Tussa og Tafjord fusjonert og inntektsrammereguleringa for nettverksemdar gitt betre økonomisk utteljing. På den andre sida har reduksjonar i kraftprisane redusert verdien av årsproduksjonen vesentleg. Verkeleg økonomisk verdi er difor vanskeleg å angi konkret før eit konkret tilbod ligg føre. Med ein stipulert verdi på rundt 1,6 mrd. vil Ørsta kommune ha ein urealisert verdi på om lag 300 mill meir enn Volda.

Ørsta og Volda har i tillegg eigarskap i ei rekkje selskap. Det skal utarbeidast ein eigarstrategi i den nye kommune.

- **Demografi**

Demografien gir eit grunnlag for å vurdere andel innbyggjarar i produktiv alder og andel innbyggjarar i aldersgrupper som kan ha eit tenestebehov.

Alderssamansetjing. Framskriven utvikling for 6 ulike aldersgrupper. Framskrivinga er basert på SSB sitt mellomalternativ.

2015						
Kommune	0 - 5 år	6 - 15 år	16 - 19 år	20 - 66 år	67 - 79 år	80 år og eldre
Samla	1366	2466	1098	11497	2034	1105
Volda	584	1131	542	5314	933	473
Ørsta	782	1335	556	6183	1101	632
2040						
Kommune	0 - 5 år	6 - 15 år	16 - 19 år	20 - 66 år	67 - 79 år	80 år og eldre
Samla	1583	2843	1187	12712	2968	1938
Volda	750	1374	582	6274	1363	861
Ørsta	833	1469	605	6438	1605	1077

Framskrivingar av alderssamansetjinga viser at Volda vil ha ein sterkare auke av innbyggjarar i produktiv alder (20-66 år) enn det Ørsta har.

Oversikt over kjønnsbalanse i kvar av kommunane

Siste tala frå SSB syner at det er balanse mellom kjønna i Volda (100,4%) medan det i Ørsta er stort overskot av menn (104,5%).

Tenestebehov

Estimert framtidig tenestebehov i årsverk per 1000 innbyggjarar 20-66 år.

Kommune	2014	2020	2040
Samlet	49,8	48,9	67,8
Volda	44,8	43,4	57,5
Ørsta	54,2	53,8	77,8

Årsverkbehova i barnehage og grunnskule per 1000 innbyggjar vil i 2040 vere om lag som i dag. Begge kommunane får auka tenestebehov i pleie- og omsorgstenestene frå 2020 til 2040, men tenestebehovet aukar vesentleg meir i Ørsta.

Arbeidsmarknad - ulik grad av pendling

Data er henta frå SSB sine pendlingstal for 2014.

Ørsta/Volda har felles bu- og arbeidsmarknadsregion.

Kommune	Arbeidstakarar	Pendlarikkje	Pendlartil
Samla	9 110	8 011	
Volda	4 318	2 714	Ørsta: 798
Ørsta	4 792	3 554	Volda: 945

Med ei gjennomsnittsløn utgjer dette ein "inntektsoverføring" mellom Volda og Ørsta på omlag 60 mill. kroner pr. år. Volda har 98% arbeidsplassdekning, medan Ørsta har 88% arbeidsplassdekning.

Meir om demografi finn ein ved å gå inn i heftet "Basisinformasjon Ørsta og Volda."

Økonomien inn i ein ny felles kommune:

- Kommunaldrift

Volda-Ørsta kommune må tilpasse si drift i forhold til inntektsføresetnadene, skatt og rammetilskot frå staten. Begge kommunane er i dag "låginntekts-kommunar" og har relativt lite handlingsrom. Endringar av inntektssystemet og bortfall av delar av basistilskotet (dersom ein vel å stå åleine), vil medføre at både driftsbudsjett og økonomiplanar vil måtte reduserast.

- Etter samanslåing;

Etablering av den nye kommunen vil kunne frigjere økonomiske midlar, hovudsakleg ved samanslåing av felles administrative funksjonar. Ei samanslåing inneber derfor betydelege midlar som dei to kommunane elles vil gå glipp av, og betyr mulegheiter for å realisere gevinstar og felles prosjekt.

- Plan for investeringar

- Før samanslåing;

Kommunane sin gjeldande økonomiplan fram mot ei samanslåing;

Volda	2016	2017	2018	2019
Byggefelt og industriområde	7 000 000	9 500 000	1 000 000	8 300 000
Sjølvkost-området (vatn, avløp og feiing)	5 400 000	20 000 000	24 500 000	8 000 000
Omsorgsbustader m.m.	29 900 000	23 500 000	30 000 000	14 000 000
Andre investeringar	211 012 500	128 073 500	53 858 000	22 458 000
Sum investeringar	253 312 500	181 073 500	109 358 000	52 758 000
Ørsta	2016	2017	2018	2019
Byggefelt	3 900 000	15 200 000	15 000 000	0
Industriområde	20 750 000	0	0	0
Sjølvkost-området (vatn, avløp og feiing)	14 200 000	6 000 000	11 000 000	7 000 000
Omsorgsbustader m.m.	42 748 000	54 000 000	4 000 000	4 000 000
Andre investeringar	103 091 000	157 010 000	65 560 000	36 460 000
Sum investeringar	184 689 000	232 210 000	95 560 000	47 460 000

Kommunane sin økonomiplan er basert på **gjeldande inntektssystem og inntektsføresetnader**.

I tillegg til ovannemnde investeringsplanar er ein samde om følgjande **regionale investeringar**:

Ørsta:

- I tillegg til vedteken fleirbrukshall skal Ørsta realisere ein regional symjehall.

Volda:

- I tillegg til vedteken idrettshall realisering av eit mediehus med kultursal i Volda.

- **Harmonisering av sjølvkostområde og avgifter**

Midlar frå eigedomsskatt skal som intensjon brukast til prioriterte byggeprosjekt og vedlikehald i heile den nye kommunen.

Kommunale avgifter er berekna utifrå sjølvkostprinsippet, dvs at avgiftene dekkjer inn driftsutgifter og utjamna investeringskostnader. Ein ny felleskommune vil ha likt avgiftsnivå basert på same utrekningsmetode.

- **Eigedomsskatt**
Både Ørsta og Volda har eigedomsskatt i dag, og nivået blir harmonisert seinast frå 2020.
- **Felles eigarskap i Tussa, utbytte og konsesjonskraftinntekter.**
Den nye kommunen vil få aksjemajoritet i Tussa som gir nye mulegheiter gjennom majoritetsstyring.

Utbyttet frå Tussa frå 2014 var 5,8 mill. for Ørsta og vel 2,6 mill. for Volda.
Volda-Ørsta kommune har som mål at drifta blir uavhengig av årleg utbyte frå Tussa.

Nytt inntektssystem / statlege overføringar

- **Eingongsstønad og reformstønad**
Volda-Ørsta kommune vil få ein **eingongsstønad** på **20 mill kr** og **reformstønad** på ytterlegare **20 mill kr**. Eingongsstønaden vert utbetalt når Stortinget har godkjent samanslåinga, medan reformstønaden vert utbetalt når samanslåinga er gjennomført (dvs. 01.01.2020).
- **Inndelingstilskot**
Dagens ordning med inndelingstilskot vert vidareført for dei kommunane som slår seg saman. Volda-Ørsta kommune får difor behalde sine **to** basistilskot i 17,5 år (15+5nedtrapping). Etter 15+5 perioden vil dei få same endringar i inntektssystemet som ikkje-samanslåtte kommunar. Det gir kommunen god tid til å tilpasse seg nye rammevilkår. Eit basistilskot utgjør ei årleg overføring på **13,2 mill kr**. Periodeeffekt 13,2 mill kr * 17,5 = **231 mill kr**.

Volda-Ørsta kommune har eit effektiviseringspotensiale når dei får behalde **to** basistilskot i 17,5 år. I kva grad og korleis ein vel å ta ut dette vert eit politisk spørsmål som eit nytt kommunestyre må ta stilling til.

- **Nytt inntektssystem**
Dei kommunane som gjer vedtak om samanslåing innan ramma av kommunereforma, får behalde dagens inntektssystem i 17,5 år (15+5nedtrapping).

For dei kommunane som ikkje gjer eit slikt vedtak har Regjeringa sendt eit utkast til **nytt inntektssystem** på høyring med høyringsfrist 1.mars 2016, og evt iverksetjing frå 2017.

KS (Kommunenenes Sentralforbund) har laga ein berekningsmodell som viser følgjande effekt for Ørsta og Volda dersom endringane vert vedtekne:

Kommune	Utslag ny kostnadsnøkkel	Endra basisstilskot. Strukturkriterium 25,4 km	Samla utslag per år
Volda	-1 738 000	-6 010 000	-7 748 000
Ørsta	-961 000	-4 895 000	-5 856 000
Samla			13 604 000

Samla inntektstap i Inndelingsperioden dersom vi ikkje gjer eit vedtak om samanslåing:
13,6mill x 17,5= **238 mill**

Stortinget si handsaming av nytt inntektssystem vil ikkje vere ferdig før vedtak om samanslåinga er gjennomført. Dei endelege endringane i inntektssystemet kan difor avvike frå KS sin berekningsmodell.

▪ **Auka folketalsvekst = auka økonomisk styrke**

SSB har gjort ulike framskrivingar av folketalsveksten i Volda-Ørsta kommune.

I kva grad folketalsveksten i VØ-kommune vil vere høg, middels eller låg, vil verte påverka av mange ulike faktorar. Vi trur likevel at ei felles VØ-kommune som samlar ressursane sine med eit felles mål om å halde på / bygge eit sterkt regionsenter for Søre Sunnmøre og Nordfjord, vil gi ei sterkare folketalsutvikling enn alternativet om å stå åleine.

SSB bruker tre ulike folketalsframskrivingar; lav – middels - høg

Kommune	1972	2016	2020 middels	2040 middels	2040 høg
Samla	17 053	19 714	20 467	23 231	26 606
Volda	7 478	9 037	9 543	11 204	12 836
Ørsta	9 575	10 677	10 924	12 027	13 770

Auka folketalsvekst gir auka økonomisk styrke i form av auka inntekter til området.

VØ-kommune vil også få eit auka tenestebehov med fleire innbyggjarar, noko som vil verte kompensert med auka overføringar.

Ein auke på 1000 nye innbyggjarar (snitt alder og fordelt med 500 på kvar av kommunane) vil gi auke i dei kommunale inntektene med omlag **23 mill. kr i året**.

Volda/Ørsta 15.03.2016

Til

Ordførarane
i Volda og Ørsta kommunar

11.04.16

Innspel/merknad til Intensjonsavtale mellom Volda og Ørsta kommunar

Før dei endelege politiske vedtak om kommunesamanslåing vert gjorde, vil arbeidstakarorganisasjonane kome med eit par merknadar til Intensjonsavtalen. Arbeidsgjevarpolitikk/tilsette, Strategi og tiltak.

Vi ber om at følgjande vert presisert i punkt 8 i avtalen, Arbeidsgjevarpolitikk/tilsette, Strategi og tiltak:

- *Ei kommunesamanslåing er ei verksemdsoverdraging, jf. Arbeidsmiljølova §16.*
- *Ingen tilsette skal gå ned i løn eller misse personlege lønstillegg som følgje av kommunereforma.*

Med helsing

Fagforbundet Volda
v/Oddbjørg Yksnøy Rangseter
Hovudtillitsvalt

Fagforbundet Ørsta
v/Hild Våge
Hovudtillitsvalt

Utdanningsforbundet Volda
v/Sirikit Vågen
Hovudtillitsvalt

Utdanningsforbundet Ørsta
v/Orlaug Bjørdal Kårstad
Hovudtillitsvalt



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2014/137

Arkivkode: 020

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
69/16	Formannskapet	19.04.2016
47/16	Kommunestyret	21.04.2016

KOMMUNEREFORMA - INTENSJONSAVTALE OM Å SLÅ SAMAN VOLDA, HORNINDAL OG STRYN KOMMUNAR

Handsaming:

Røysting:

Tilråding/ Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

Administrasjonen si tilråding:

1. I spørsmålet om kommunesamanslåing ser Volda kommunestyre alternativet Volda-Ørsta som det primære.
2. Volda kommunestyre tek i denne omgang til vitande framforhandla *Intensjonsavtale om slå saman kommunane Volda*, Hornindal og Stryn datert 14. april 2016.
3. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Det skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.
4. Kommunestyret vedtek at det snarast råd og før endeleg vedtak om kommunesamanslåing i juni skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta, Hornindal og Stryn er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt syn på aktuelle alternativ og som eit supplement til intensjonsavtalane og folkerøystinga om samanslåing mellom Volda og Ørsta kommune. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.

Vedleggsliste:

- Intensjonsavtale om å slå saman kommunen Volda, Hornindal og Stryn datert 11. april 2016
- Notat om basisinformasjon om Volda, Hornindal og Stryn kommunar til hjelp og bakgrunnsstoff for den politiske handsaminga av intensjonsavtalen

Uprenta saksvedlegg:

Tidlegare saker om kommunereform handsama i Volda kommunestyre:

- Kommunereform, handsama 28.08.14, PS 107/14
- Kommunereform – Strategi for vidare arbeidet, handsama 18.12.14, PS 164/14
- Kommunereform – Status pr. 1. halvår 2015, handsama 18.06.15, PS 70/15
- Kommunereform – Oppnemning av forhandlingsnemnd, handsama 26.11.15, PS 126/15
- Rådgevande folkerøysting om intensjonsplan for samanslåing, handsama 28.01.16, PS 10/16
- Kommunereform – Utviding av mandat, handsama 25.02.16, PS 21/16

Samandrag av saka:

Intensjonsavtale om å slå saman kommunen Volda, Hornindal og Stryn, er framforhandla av forhandlingsnemndene i desse kommunane. Intensjonsavtalen skal vere viktig grunnlagsdokumentasjon når Volda kommune skal ta stilling til om kommunen skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. I spørsmålet om kommunesamanslåing ser rådmannen alternativet Volda-Ørsta som det primære. Deler av denne saksutgreinga er lik den saksutgreinga som ligg til grunn for intensjonsavtalen mellom Volda og Ørsta, men rådmannen finn det likevel rett å ha to saker sjølv om deler av innhaldet vil vere det same i dei to sakene.

Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016. Dersom kommunestyra vedtek ein ny og større kommune vert den gjeldande frå 1. januar 2020.

Som supplement til intensjonsavtalane og folkerøystinga om samanslåing mellom Volda og Ørsta kommune vert det i denne saka også tilrådd at det snarast råd og før endeleg vedtak om kommunesamanslåing i juni skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta, Hornindal og Stryn er invitert til å delta.

Kommunestyret i Ørsta har imidlertid 31.03.2016 i PS 15/16 med knappast mogleg fleirtal avvist å ta del i ei slik innbyggjarundersøking.

Saksopplysningar:

Volda kommunestyre vedtok i møte 22.06.15, sak PS 70/15 om status pr. første halvår 2015 fylgjande:

1. *Kommunestyret tek til vitende orienteringa i saksutgreinga om status i prosessen.*

2. *Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.*
3. *Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Volda kommunestyre invitere til eit samarbeid med Ørsta kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing. Det kan i drøftingane med Ørsta kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalenene.*
4. *Kommunestyret vedtek at det snarast råd skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt noverande syn på kva alternativ kommunen skal arbeide med fram mot folkerøystinga. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.*
5. *Kommunestyret har som intensjon å følge framdriftsplanen som er skissert i saksutgreiinga.*

Kommunestyret gjorde vidare i sak PS 21/16 den 25.02.2016 slikt vedtak:

Kommunestyret syner til K-sak 760/15 pkt. 3. Det vert vidare synt til møte mellom ordførarane i Volda, Ørsta, Hornindal og Stryn.

Under føresetnad av at kommunestyra i Hornindal og ev også Stryn gjer initiativ overfor Volda og/el. Ørsta, vedtek kommunestyret at mandatet i pkt. 3 i ovannemnde sak vert utvida til også å gjelde forhandlingar om intensjonsplan med desse kommunane. Mandatet dekkjer både forhandlingar om mogleg samanslåing, og i alle høve samarbeid for å utvikle regionen med visjon om å kunne ta ein posisjon mellom Ålesund og Førde.

I tråd med desse vedtaka, har Volda, Hornindal og Stryn no framforhandla intensjonsavtale om ny Stryn-Volda kommune. Avtalen er tenkt underskriven 14. april 2016. Ein legg no ved det framforhandla intensjonsavtaleutkastet før underskriving.

Forhandlingane er utført av tre forhandlingsnemnder, ei frå kvar kommune. Nemndene er likt samansette; ordførar (forhandlingsleiar), varaordførar, politisk representant og rådmann.

Rådmenn og rådgjevar Volda har fungert som sekretariat.

Ordførarar og rådmenn har hatt eitt sonderingsmøte (7. mars), rådmennene har hatt to møter (14. mars, 29. mars) for å utarbeide utkast til avtale og forhandlingsnemndene har hatt tre forhandlingsmøter (16. mars, 1. april og 14. april). Ordførarane i dei kommunane møta har vore lagt til hatt møteleiinga.

Arbeidet med intensjonsavtalen har vore ein prosess, og intensjonsavtalen har funne si form gjennom drøftingar i forhandlingsmøta men også etter innspel utanfrå. I felles kommunestyremøte mellom Volda og Ørsta kommunar i Loen 20.-21. januar i år fekk kommunestyret innspel også frå ordførarane i Hornindal og Stryn. Leiargruppene i Ørsta og Volda har også gjennomført ei enkel SWOT-analyse om fordelar og ulemper med ei ev samanslåing, ikkje berre mellom Volda og Ørsta, men også ei større samanslåing.

Forhandlingsnemndene sette sjølv føringar for arbeidet. Dei hadde m.a. godt grunnlag i dei avtalane som var laga mellom Volda og Ørsta og mellom Hornindal og Stryn. Avtalen skulle ikkje vere for lang og detaljert og det skulle vere fokus på prinsipp framføre detaljar.

Forhandlingsnemndene har lagt vinn på å legge til rette for ein open prosess. Dei fleste møta i forhandlingsutvalet og sonderingsmøta har vore opne og det er ført referat. Tillitsvalde frå

kommunane har vore spesielt invitert til å ta del på møta. Ved eit tilfelle fekk dei høve til å kommentere eit utkast av intensjonsavtalen og det er også innarbeidd deler av tillitsapparatet sine innspel i pkt.11.

Lokalavisene har dekkja alle møta. Undervegs i prosessen har ordførar og varaordførar gitt munnlege orienteringar i formannskapsmøte og kommunestyremøte.

Om intensjonsavtalen

Intensjonsavtalen er eit grunnlag for eit retningsval i kommunereforma. Avtalen peikar på muligheiter for ny Volda-Stryn kommune og kva ein kan oppnå i fellesskap ved å slå seg saman.

Avtalen omhandlar desse punkta:

Innleiing

1. Verdier og mål
2. Samfunnsutvikling
3. Betre tenester
4. Nye oppgåver
5. Prinsipp for politisk styring
6. Kommunesenter og administrativ fordeling
7. Kommunenamn og kommunevåpen
8. Interkommunale selskap/samarbeid
9. Økonomi
10. Samordning av planverk
11. Arbeidsgjevarpolitikk
12. Fellesnemnd

Hovudmoment i avtalen:

Ny Stryn-Volda kommune har eit mål om å ta ein posisjon for vekstkraft og utvikling i ein større region. Ein vil ivareta og utvikle arbeidsplassar, og vere attraktiv for busetting av familiar og unge. Ein vil byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø og sikre gode tenester med høg kvalitet for innbygarane.

I avtalen heiter det vidare at ein vil byggje på dagens kommunar sine identitetar og styrker innan reiseliv, anna næringsverksemd, utdanning, helse, språk og kulturarv, for å gje dette større kraft i regional samanheng, og ein vil styrke folkevald styring med brei deltaking og involvering. Ein vil vurdere ulike demokratiske modellar for å møte behova for deltaking i ei større geografisk eining (jfr. pkt. 5 i avtalen)

Den nye kommunen tek og mål av seg til å kunne løyse strategiske oppgåver og prøve ut nye modellar for tenesteyting og samfunnsutvikling i partnerskap med t.d. sjukehus, vidaregåande skular, Høgskulen i Volda, NAV og næringslivet.

Her vil eit målretta arbeid for utvikling av dei vidaregåande skulane i Stryn og Volda, vidareutvikling av sjukehuset i Volda og utvikling av samarbeidet med høgskulen og næringslivet vere viktig.

Det skal vere ei overordna prioritering å byggje ut gode kommunikasjonstilbod innanfor den nye kommunen. Det skal arbeidast for løysingar som gjer den nye kommunen til ein reell felles bu og arbeidsregion. Breibandstilbod og mobildekning må sikrast for folk og arbeidsliv i alle deler av kommunen og kommunen skal vere ein pådrivar for utbygging av prosjekt som

realisering av E39 i samsvar med føreliggande planar, RV 15, Strynefjellsvegen og FV 60 Grodås – Møre grense

I framtidig arealplanlegging skal det leggest til rette for vekst og utvikling i dei ulike sentra. Det er lagt opp til at organisering av ei evt. ny kommune vil vere etter områdeprinsippet med ein basisorganisasjon tilsvarande områdeorganiseringa jfr. kommunelova §12. Fellesnemnda skal gjere vurderingar knytt til direkte val av medlemmer til kommunedelsutvala (Kommunelova § 12.2).

Fordeling av administrasjon skal gjerast ved ei prosentmessig fordeling for å få ei "balanse" i høve til kommunane i dag. Namnet på den nye kommunen skal vere Volda-Stryn.

Fram til ny kommune er oppretta er kommunane samde om å vise økonomisk varsemnd og berre gjennomføre tiltak som er samsvar med kommunane si økonomiske bereevne.

Det er utarbeidd eit notat med basisinformasjon om dei tre kommunane til hjelp og bakgrunnsstoff for den politiske handsaminga av intensjonsavtalen. *Notatet fylgjer vedlagt til vitande.* Notatet omtalar også framlegget til nytt inntektssystem og korleis dette vil slå ut for den nye kommunen.

Informasjon om intensjonsavtalen til innbyggjarane

Alternativet Volda-Hornindal og Stryn har ikkje vore så tydeleg tidlegare, og det har difor vore uråd å utarbeide noko utbreidd informasjonstiltak i høve denne avtalen. Det heng også saman med at det er Volda-Ørsta alternativet som er det primære alternativet for Volda.

Når utfallet av folkerøystinga 19. mai er klart, vil ein evt måtte gjere ekstra framstøyt i høve til ei informasjonskampanje, dersom det skulle vise seg at alternativet i retning desse to Nordfjordkommunane vert aktualisert. Når utkastet til intensjonsavtale no vert handsama i kommunestyret 21. april vil den avtalen vert lagt ut på nettet på Volda kommune si heimeside. Det er vidare naturleg at alternativet Volda-Hornindal og Stryn også vil vere tema på dei samlingane/elevmøte/arenaene som kommunen arrangerer og tek del i framover mot folkerøystinga.


Demografi

Volda har hatt ein positiv folketalsvekst siste åra. I 2010 var tal på innbyggjarar 8 573. Ved inngangen til 2019 budde det 9 037 personar i Volda. Tala viser at Volda i åra framover får fleire eldre og færre yngre innbyggjarar. At andelen av eldre aukar skuldast både at folk lever lengre og at det vert fødde færre born enn tidligare. I fylkeskommunen sin Kommunestatistikk har Volda demografisk sårbarheit på 7 av 10.

Demografisk sårbarheit 2014
(på ein skala frå 0-10, der 10 er mest sårbar)



Fylkesnitt: 7



Kommunestatistikk 2015 – Volda kommune

Indikator	Møre og Romsdal	Volda kommune
Dødelegheitsrate	1	0
Fødselsrate	1	1
Netto tilflytting	0	0
Del befolkning 0-14 år	0	1
Del befolkning 15-24 år	0	0
Del befolkning 25-54 år	1	1
Del befolkning 55-64 år	1	1
Del befolkning 65 år og eldre	1	1
Kvinneoverskot	1	1
Over 95 kvinner per 100 menn, 15-64 år	1	1
Tal sårbarheiter	7	7


Forklaring:
Verdi 0: Likt eller betre enn landet
Verdi 1: Dårlegare enn landet

Kjelder: SSB

3

Ei aldrende befolkning får konsekvensar for tenestetilbodet. I dag har Volda i overkant av 3 arbeidstakarar per pensjonist, som er under fylkesgjennomsnittet. I takt med endringane i folkesamansettinga (fleire eldre- færre yngre) vil dette talet synke i åra framover og forsørgarbyrden per arbeidstakar vert større.

Forsørgarbyrde, 2008-2014



Kommunestatistikk 2015 – Volda kommune

Tal lykesaktive (sysselsatte i alder 20-66 år og arbeidsløse) i høve talet på personar som er 67 år og eldre. Høgt tal er bra.

Kjelder: SSB og Pandre

24

Økonomi og tenesteproduksjon

Dei kommunane som gjer vedtak om samanslåing innan ramma av kommunereforma, får behalde dagens inntektssystem i 17,5 år (15 år +5 år nedtrapping). For dei kommunane som ikkje gjer eit slikt vedtak har Regjeringa sendt eit utkast til nytt inntektssystem på høyring med høyringsfrist 1.mars 2016, og evt iverksetjing frå 2017. KS (Kommunenes Sentralforbund) har laga ein berekningsmodell som viser følgjande effekt for Volda, Hornindal og Stryn dersom endringane vert vedtekne:

Kommune	Utslag ny kostnadsnøkkel	Endra basistilskot Strukturkriterium 25,4 km	Samla utslag per år
Volda	-1 738 000	-6 010 000	-7 748 000
Hornindal	+1 339 000	-2 483 000	-1 144 000
Stryn	-3 835 000	-1 880 000	-5 715 000

Samla	-4234 000	-10 373 000	-14 607 000
-------	-----------	-------------	-------------

Samla inntektstap for Volda, Hornindal og Stryn i inndelingsperioden dersom vi ikkje gjer eit vedtak om samanslåing:: $14,6 \text{ mill} \times 17,5 = 255,5 \text{ mill}$

Inntektstap i inndelingsperioden for Volda kommune dersom vi ikkje gjer vedtak om samanslåing:

$7,75 \text{ mill} \times 17,5 = \mathbf{135 \text{ mill kroner}}$.

Stortinget si handsaming av nytt inntektssystem vil ikkje vere ferdig før vedtak om samanslåinga er gjennomført. Dei endelege endringane i inntektssystemet kan difor avvike frå KS sin berekningsmodell.

Ein strammare kommuneøkonomi i kombinasjon med demografiske endringar vil gje utfordringar for det kommunale tenestetilbodet, og for rekruttering til kommunale stillingar.

Inntektstapet med å stå åleine bør ein sjå i samanheng med inntektssvinsten ved samanslåing. Volda, Hornindal og Stryn kommune vil få ein eingongsstønad på **30 mill kroner** og reformstønad på ytterlegare **20 mill kroner**. Eingongsstønaden vert utbetalt når Stortinget har godkjent samanslåinga, medan reformstønaden vert utbetalt når samanslåinga er gjennomført.

Dagens ordning med inndelingstilskot vert vidareført for dei kommunane som slår seg saman. Volda, Hornindal og Stryn kommune får difor behalde sine to basistilskot i 17,5 år (15 + 5 nedtrapping). Etter 15 + 5 perioden vil dei få same endringar i inntektssystemet som ikkje samanslåtte kommunar.

Volda, Hornindal og Stryn kommune har eit effektiviseringspotensiale når dei får behalde tre basistilskot i 17,5 år. I kva grad og korleis ein vel å ta ut dette vert eit politisk spørsmål som eit nytt kommunestyre må ta stilling til.

Sjølv om det er knytt fleire usikkerheitsmoment til både kva konsekvensar det vil ha for kommunen å ikkje slå seg saman og vidare kva konsekvensar det nye inntektssystemet vil medføre, så tyder føringane at Volda kommune vil tape store summer på å stå åleine. Med det ein veit i dag vil difor **truleg ikkje alternativet å stå åleine vere ynskjeleg for Volda**.

Eit usikkerhetsmoment har vore om dei økonomiske verkemidlane i reforma berre går til dei kommunane som vedtek samanslåing før 1. juli. Kommunaldepartementet seier no (04.04.2016) at slik er det ikkje. Alle kommunane som **vert** vedtatt slått saman i reformperioden får verkemidla uavhengig av om kommunen sjølv har gjort vedtak om samanslåing eller ei. Det går elles fram av Kommuneproposisjonen 2015 pkt 4.9.1 s. 52:

"Virkemidlene gjøres gjeldene for kommuner som slår seg sammen i reformperioden, det vil si sammenslåinger der det er fattet nasjonale vedtak innen 1.1.2018".»

Samfunnsutvikling og samarbeid

Volda, Hornindal og Stryn kommune har i dag få kommunale samarbeid. Dette er tradisjonelt betinga i høve til kommunikasjonane. Ein ser allereie at Kvivsvegen har medført stor auke i mobilitet mellom kommunane våre og pendlinga mellom kommunane har auka monaleg. Denne trenden vil som fylgje av kommunikasjonane heilt sikkert berre auke anten kommunane slår seg saman eller ei.

Ei samanslåing vil sjølv sagt berre styrke denne trenden. Det vil likevel vere eit omfattande arbeid å endre på dei gjeldande kommunesamarbeida dei tre kommunane har i dag dersom kommunane vel å slå seg saman.

Forhandlingsutvala har fått mandat til å framforhandle ein avtale no og som sikrar Volda kommune sine rettar på best mogleg måte.

Vurdering og konklusjon:

Intensjonsavtalen er eit grunnlag for eit retningsval i kommunereforma. Avtalen peikar på muligheiter for ny Volda-Stryn kommune og kva ein kan oppnå i fellesskap ved å slå seg saman. Volda kommune har heile tida vore klar på at alternativet med Volda-Ørsta er det primære, men ynskjer å sjå andre alternativ dersom dette alternativet ikkje kan realiserast. I avtalen mellom Volda og Ørsta kommunar ligg der og føringar i pkt. 14 på at dersom Volda og Ørsta vel og slå seg saman kan Volda og Ørsta samla "gå i forhandlingar med Hornindal og Stryn".

Rådmannen er av den oppfatning at høve til å legge føringar for framtidig kommunalt tenestetilbod og ei heilskapleg samfunnsutvikling er meir føreseieleg ved å fylgje intensjonsavtalen som no ligg føre dersom alternativet er å stå åleine.

Vedtak om eventuell samanslåing av Volda, Hornindal og Stryn skal fattast av kommunestyra i juni i 2016. Dersom kommunestyra vedtek ein ny Volda-Stryn kommune vert den gjeldande frå 1. januar 2020 dersom Stortinget sluttar seg til det.

Rådmannen meiner at avtalen viser korleis kommunane kan møte framtida og sjå moglegheitene med ny og større kommune. Dette er ei god tilnærming til endring, der ein er aktiv med tanke på kva ein kan skape. Samtidig er spørsmålet om kryssing av dagens fylkesgrense eit interessant tema som ein også bør sjå i samheng med regionreforma og framtida for organiseringa av sjukehusa (foretaksmodellen).

Spørsmålet om kommunesamanslåing er komplisert. Kommuneekspert Geir Vinsand i Nivi Analyse har sagt at dette er så vanskeleg at ein kan ikkje forvente at innbyggjarane greier å skaffe seg tilstrekkeleg oversikt over dette, og at kommunestyret må ta eit sjølvstendig ansvar for å konkludere. Sjølv om vi veit ein del om dei økonomiske rammevilkåra, iallfall basert på forslaget til endra inntektssystem, så vert det meste basert på ein del tvil og tru. Dette gjeld både nullalternativet og alternativet med samanslåing. Samtidig så ser vi ut frå samfunnstrendane at samanslåing truleg er meir fordelaktig alternativ enn å halde fram åleine. Det er særleg det regionale perspektivet og kva ein gjennom større kommune kan få til for å styrke samfunnsutviklinga som er sentralt. Større fagmiljø vil også gi betre tenester og større kapasitet på utviklingsressursar. Ekspertutvalet (Vabo-utvalet) gjorde ei grundig utgreiing, og etter rådmannen si meining trefte dei godt da dei rådde til at kommunar på 15 - 20 000 er tilfredsstillande storleik.

Likestillingsmessige sider ved saka: Nei

Konsekvensar for folkehelsa: Nei

Miljøkonsekvensar: Nei

Økonomiske konsekvensar: Vurdert i tidlegare saker

Beredskapsmessige konsekvensar: Nei

Konsekvensar for barn og unge: Nei

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådgevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Stryn kommune

Hornindal kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

(Utkast til)

Intensjonsavtale Samanslåing av Hornindal, Stryn og Volda kommunar

Innleiing

Hornindal, Stryn og Volda kommunar tek sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som gjer vedtak om kommunane skal slå seg saman eller ikkje.

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste og eit styrka lokaldemokrati.

1. Verdier og mål

Arbeidet med ein ny felles kommune skal vere prega av openheit, tillit, rausheit og likeverd. Ein vil tenkje felles muligheiter, kva vi kan bli betre på, korleis skape vekst og velstand, basert på ein framtidsvisjon om levande bygder og eit sterkt felles regionsenter.

Volda, Stryn og Hornindal kommunar er ulike, men likevel likeverdige. Den nye kommunen skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar og identitetar, fortrinn og utfordringar. Struktur, organisasjonskultur og system skal vektleggjast, og utvikling av nærdemokrati skal gjevast høg prioritet.

Vi er samde om at hovudmålet med samanslåinga er å:

- Ta ein posisjon for vekstkraft og utvikling i ein større region
- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Attraktiv lokaliseringsstad for næringsverksemd og sentrale tenester.
- Sterkare gjennomslagskraft utad
- Vere ein utviklingsaktør

Delmåla er å:

- Skipe ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle deler av kommunen.
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø
- Byggje på dagens kommunar sine identitetar og styrker innan reiseliv, anna næringsverksemd, utdanning, helse, språk og kulturarv, for å gje dette større kraft i regional samanheng

- Løse strategiske oppgåver og prøve ut nye modellar for tenesteyting og samfunnsutvikling i partnerskap med t.d. sjukehus, vidaregåande skular, Høgskulen i Volda, NAV og næringslivet.

2. Samfunnsutvikling

Det skal vere ei overordna målsetjing å realisere lokalsamfunna sine behov og interesser, samstundes sjå desse i regional samanheng og vere konkurransedyktig i landsdel og landet.

Arbeide målretta for dei vidaregåande skulane i Stryn og Volda slik at dagens struktur vert vidareført og at det blir lagt til rette for vidareutvikling knytt til lokale og regionale nærings- og samfunnsbehov.

Arbeide for at Volda sjukehus vert vidareutvikla som eit velfungerande lokalsjukehus med gode akuttfunksjonar, herunder akuttkirurgisk beredskap og fødeavdeling for regionen. Utvikle samarbeidet med høgskulen og næringslivet og støtte høgskulen i arbeidet med å styrke utdanning og forskning knytt til nasjonale og regionale behov; spesielt nynorsk, nytt bygg for medie- og kultur og kulturnæringspark og stimulere til innovasjon og kommersialisering.

Det skal vere ei overordna prioritering å byggje ut gode kommunikasjonstilbod innanfor den nye kommunen. Det skal arbeidast for løysingar som gjer den nye kommunen til ein reell felles bu og arbeidsregion.

Breibandstilbod og mobildekning må sikrast for folk og arbeidsliv i alle deler av kommunen. Kommunen skal vere ein pådrivar for utbygging av følgjande prosjekt:

- Realisering av E39 i samsvar med føreliggande planar
- RV 15, Strynefjellsvegen
- FV 60 Grodås – Møre grense

I framtidig arealplanlegging skal det leggst til rette for vekst og utvikling i dei ulike sentera.

3. Betre tenester

Vi er samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar.

- Utvikle desentraliserte tenestetilbod som skular, sjukeheimar, helse, herunder legeteneste, barnehagar, tekniske tenester, brannberedskap og kulturtilbod der dei er no
- Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule
- Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnerskap og samhandling
- Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass for dei tilsette i eit styrka fagmiljø
- Rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon
- Vere på høgde med den digitale utviklinga

4. Nye oppgåver

Vi er samde om å sikre at den nye kommunen er i stand til å ta på seg nye oppgåver frå sentral og regional stat og frå fylkeskommunen. Første prioritet har oppgåver som kan leggest inn i eksisterande organisasjon og som er tenlege for innbyggjarane. Det må følgje resursar med.

5. Prinsipp for politisk styring

Vi er samde om at den nye kommunen skal bygge på formannskapsmodellen etter KL. § 8 som styringsform.

Kommunestyret skal ha minimum 37 medlemmer, dette vert nærare fastlagd av Fellesnemnda.


Fellesnemnda skal vurdere ulike demokratiske modellar for å møte behova for deltaking i ei større geografisk eining. Fellesnemnda tek avgjerd om korleis ein elles skal utforme den politiske organiseringa, mellom anna gjere vurderingar knytt til oppretting av kommunedelsutval etter Kommuneleva sin § 12. Herunder skal Fellesnemnda også gjere vurderingar knytt til direkte val av medlemmar til kommunedelsutvala (Kommuneleva § 12.2).

6. Kommunesenter og administrativ fordeling

Vi er samde om at kommunesenteret blir lagt til Volda

Vi er og samde om at kommunesenteret bør innehalde det strategiske leiingsnivået og administrative støttefunksjonar knytt til dette.

Kommunale administrative arbeidsplassar skal så langt det er praktisk mogleg fordelast etter folketal. For å få til dette vert områdeorganisering lagt til grunn som prinsipp, som til dømes:



Dei tidlegare kommunesentra skal stimulerast gjennom å vere lokale knutepunkt ved bruk av servicetorg, og plassering av publikumsretta og andre tenester som det er naturleg ligg desentraliserte. Ein skal ha representasjon knytt til NAV og sosiale tenester i dei tidlegare kommunane. Omsynet til kompetansebygging bør i stor utstrekning byggje på å samle spesialiserte fagmiljø (t.d PPT og barnevern).

Ved framtidig administrativ effektivisering vil vi søkje å balansere effekten.

Fellesnemnda (FN – jfr. inndelingslova § 26) har ansvar for å styre og følgje opp samanslåingsprosessen i perioden – herunder politisk og administrativ organisering - frå det er gjort vedtak og fram til samanslåinga vert sett i verk. Det operative arbeidet skal utførast av ein prosjektorganisasjon og vere beskrive i ein prosjektplan. Politikarar, administrasjon og tillitsvalde skal ha definerte roller i prosjektorganisasjonen. Intensjonane frå denne avtalen skal ligge til grunn for Fellesnemnda sitt arbeid.

7. Kommunenamn og kommunevåpen

Vi er samde om at kommunenamnet vert Stryn - Volda.

Den nye kommunen skal få nytt kommunevåpen.

8. Interkommunale selskap/samarbeid

Vi er samde om at Fellesnemnda skal gå gjennom samarbeidet med andre kommunar (som ikkje vert del av den nye kommunen) for å endre vedtekter, kostnadsfordeling m.m. og/eller avvikle/melde oss ut av samarbeidet/ev inngå nye samarbeid.

Målet er at den nye kommunen ivaretek flest moglege av oppgåvene sjølv. Vi er difor alt no samde om å avvikle, endre eller rydde samarbeid.

9. Økonomi

Denne delen av avtalen gjeld frå 01.07.2016 til Fellesnemnda er etablert. Vi er samde om å vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne. Vi skal:

- a) Orienterer kvarandre om investeringar slik dei ligg i vedteken budsjett- og økonomiplan.
- b) Peike ut dei viktigaste tiltaka slik at dei andre kommunane får innsyn i dei
- c) Ikkje selje verdiar som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med dei andre.

Fellesnemnda skal gjennomgå kommunane sine posisjonar i fond, stiftingar, aksjeselskap og pensjonsfond. Fornuftig finansforvaltning skal sikre at realverdien av kommunane sine investeringar vert oppretthaldne. Budsjettert avkastning skal vere realistisk og ta omsyn til prisstigning.

Fellesnemnda skal foreta ein gjennomgang av investeringstrongen i den nye kommunen.

Investeringsprosjekt som allereie er innarbeidd i dei tidlegare kommunane sine økonomiplanar, skal prioriterast i den nye kommunen sitt budsjett og økonomiplan. Det er ein føresetnad at prosjekta er fullfinansiert i balansert budsjett/økonomiplan.

10. Samordning av planverk

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at dei andre kommunane får innsyn i dei innan 01.07.2016.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

11. Arbeidsgjevarpolitikk

Dei tilsette er kommunen sin største ressurs og har samla ein unik kompetanse. Kommunesamanslåingsprosessen skal ivareta dei tilsette på ein god måte. Det er viktig å legge tilhøva til rette slik at arbeidstakarane ynskjer å fortsette å jobbe i den nye kommunen. Vi er samde om å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som legg vekt på at det er tre ulike organisasjonskulturar som skal utviklast til ein felles organisasjonskultur i den nye kommunen. Dette bidreg til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen, og skaper eit løysingsorientert miljø med gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det føreset høg grad av medverknad både på lokalt og sentralt nivå, både før, under og etter etablering av den nye kommunen. Den nye kommunen skal ha ein tydeleg og inkluderande arbeidsgjevarpolitikk, vidareføre det gode trepartssamarbeidet, og legge til rette for mangfald blant dei tilsette.

Ein kommunesamanslutning er ei verksemdsoverdraging, Jf.Arbeidsmiljølova § 16..

Bemanningsreduksjon skal skje gjennom naturleg avgang. Eventuelle overtallege skal tilbydast andre oppgåver i den nye kommunen i tilsvarande storleik og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Effektiviseringstiltak skjer gjennom naturleg avgang. Alle tilsette sine noverande rettar og tilsetjingstilhøve vert vidareført i samsvar med lov- og avtaleverk .

Ingen skal gå ned i løn og dei tilsette sine pensjonsrettigheter skal ikkje verte svekka som fylgje av samanslåingsprosessen. Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning i samsvar med dei til kvar tid gjeldande tariffavtalane (KLP/SPK). Arbeidsgjevarpolitikken skal spela på lag med fagforeningane og fylgja regelverket på ein god måte. Målet er å byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon, og sikre gode fagmiljø som kan stimulere til god rekruttering og godt omdøme.

12. Fellesnemnd

Det skal opprettast ei Fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova § 26 som har ansvar for å styre og følgje opp samanslåingsprosessen i perioden frå det er gjort vedtak og fram til samanslåing vert sett i verk.

Fellesnemnda skal ha 3 medlemmar frå Volda, tre medlemmar frå Stryn og 3 medlemmar frå Hornindal. Dei tilsette vil ha medverknad gjennom eit nytt partssamansatt utval for den nye kommunen, Jf Inndelingslova § 26, 2.ledd. Fellesnemnda kan gjere bruk av arbeidsutval og – grupper etter behov.

Volda, 14. april 2016

Jørgen Amdam
Ordførar Volda

Stig Olav Lødemel
Ordførar Hornindal

Sven Flo
Ordførar Stryn

NOTAT

Dok. ref.


16/429-1/K1-002, K3-&23//HAR

Dato:

06.04.2016

Oppdatert 11.04.2016

Basisinformasjon Volda, Hornindal og Stryn. Kommunereform




Innhold

Folketal – framskriving	Side	2
Arbeidspendling		3
Alderssamansetting		3
Innbyggjarar 20-66/eldre		4
Pleie og omsorg. Estimert framtidig tenestebehov	4	
Driftsresultat, lånegjeld, inntekter, fond		4
Aksjar		6
Reformstøtte		6
Endringar i inntektssystemet	6	
Kommunebarometereer Kommunal rapport 2015		7
NHOs Kommune NM 2015		8
Kostra Nøkkeltal – Økonomisk status		8


Folketal – framskriving (SSB)

Kommune	1980	2015	2020 middels	2040 middels	2040 høg
Samla	15 854	17 353	18 111	20 577	23 647
Volda	8 020	8 977	9 543	11 204	12 836
Hornindal	1 247	1221	1183	1146	1 325
Stryn	6 587	7155	7385	8227	9 486



VELG PROGNOSE FOR BEFOLKNINGSUTVIKLING

LAV **MIDDELS** HØY



VELG PROGNOSE FOR BEFOLKNINGSUTVIKLING

LAV MIDDELS **HØY**

Arbeidspendling

Utpendling Første kolumne viser samla arbeidstakarar busett i kommunen. Kolonne to frå venstre viser arbeidstakarar som arbeider i kommunen og er busett i kommunen. Dei fem neste kolonnene viser kva kommune dit dei fleste pendlar til, og den siste kolonnen viser talet på pendlørar til andre kommunar.

Innpending Første kolonne viser totalt tal sysselsette i kommunen, kolonne 2 viser antal personar som er busett og arbeider i kommunen (lik kolonne 2 i utpendlingstabellen). Dei neste fem kolonnene viser kommunane dei fleste pendlar frå og siste kolonne summen av dei som pendlar frå andre kommunar. Summen av kolonne 2 til 8 gir totalt antall sysselsette i kommunen noko som tilsvarar kolonne 1. Data er henta frå SSB sine pendlingstal for 2014.

SAMLET	8 852 ARBEIDS- TAKERE	6 530 PENDLER IKKE	820 ØRSTA	154 ÅLESUND	154 EID	139 ULSTEIN	132 OSLO	923 ANDRE
VOLDA	4 397 ARBEIDS- TAKERE	2 714 PENDLER IKKE	798 ØRSTA	134 ULSTEIN	126 ÅLESUND	70 OSLO	61 BERGEN	494 ANDRE
HORNINDAL	613 ARBEIDS- TAKERE	325 PENDLER IKKE	140 STRYN	34 EID	22 STRANDA	13 OSLO	12 FØRDE	67 ANDRE
STRYN	3 842 ARBEIDS- TAKERE	3 262 PENDLER IKKE	77 EID	74 GLOPPEN	49 OSLO	47 BERGEN	43 FØRDE	290 ANDRE

UTPENDLING

INNPENDING

SAMLET	8 555 ARBEIDS- TAKERE	6 530 PENDLER IKKE	956 ØRSTA	138 EID	86 ULSTEIN	59 VANLYVEN	57 HERØY (M. OG R.)	729 ANDRE
VOLDA	4 318 ARBEIDS- TAKERE	2 714 PENDLER IKKE	945 ØRSTA	85 ULSTEIN	57 HERØY (M. OG R.)	51 ÅLESUND	43 VANLYVEN	423 ANDRE
HORNINDAL	399 ARBEIDS- TAKERE	325 PENDLER IKKE	29 STRYN	18 EID	10 VOLDA	4 ØRSTA	3 BERGEN	10 ANDRE
STRYN	3 838 ARBEIDS- TAKERE	3 262 PENDLER IKKE	140 HORNINDAL	94 EID	41 GLOPPEN	26 SELJE	25 OSLO	250 ANDRE

UTPENDLING

INNPENDING

Alderssamansetting. Framskrivven utvikling for 6 ulike aldersgrupper

2015						
Kommune	0-5 år	6-15 år	16-19 år	20-66 år	67-79 år	80 år og eldre
Samla	1 173	2 247	1 005	10 165	1 847	916
Volda	584	1131	542	5314	933	473
Hornindal	76	165	73	689	134	84
Stryn	513	951	390	4162	780	359

2040						
Kommune	0-5 år	6-15 år	16-19 år	20-66 år	67-79 år	80 år og eldre
Samla	1 367	2 523	1 043	11 338	2 645	1 661
Volda	750	1374	582	6274	1363	861
Hornindal	68	135	56	598	174	115
Stryn	549	1014	405	4466	1108	685

Innbyggjarar 20-66 år – eldre innbyggjarar

Tabellen viser tal personar i arbeidsfør alder samanlikna med to ulike grupper av eldre i 2015, 2020 og 2040. Arbeidsfør alder 20-66 år, medan eldre arbeidsgrupper er 67 år og over, og 80 år og over. Ein reduksjon i forholdstalet mellom de to aldersgruppene betyr at det er færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder per innbyggjar i den eldre aldersgruppa. Framskrivinga er basert på SSB sitt mellomalternativ.

67 år og over			
Kommune	2015	2020	2040
Samla	3,7	3,4	2,6
Volda	3,8	3,6	2,8
Hornindal	3,2	3,1	2,1
Stryn	3,7	3,2	2,5

80 år og over			
Kommune	2015	2020	2040
Samla	11,1	11,4	6,8
Volda	11,2	12,4	7,3
Hornindal	8,2	8,4	5,2
Stryn	11,6	10,9	6,5

Pleie og omsorg

Estimert framtidig tenestebehov i årsverk per 1000 innbyggjarar 20-66 år.

Kommune	2015	2020	2040
Samla	46,5	47,3	64,2
Volda	44,8	43,4	57,5
Hornindal	10,2	10,3	15,1
Stryn	54,8	58,4	80,2

Årsverkbehova i barnehage og grunnskule per 1000 innbyggjarar vil i 2040 vere om lag som i dag.

Driftsresultat og lånegjeld.

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for den økonomiske balansen i kommunen. Netto driftsresultat viser årets driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalt, og er eit uttrykk for kva kommunen har til disposisjon til avsetningar og investeringar. I følgje *Det tekniske berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU)* bør netto driftsresultat for kommunesektoren over tid utgjere om lag 3 pst. Av inntektene. Netto lånegjeld er langsiktig

gjeld fråtrekt utlån og ubrukte lånemidlar. i prosent er brutto driftsinntekter for same kommune. Tala er frå KOSTRA 2014.

Kommune	Netto driftsresultat % (2014)	Netto lånegjeld % (2014)
Samla	2,0	76,7
Volda	1,9	89,9
Hornindal	-0,5	82,6
Stryn	2,4	57,4

Driftsinntekter

Driftsinntektene er summen av skatteinntekter, rammetilskot, øymerka tilskot til løpande drift og gebyr/sals og leigeinntekter. Tala er i 1000 kroner.

Kommune	Per innbyggjar	Sum kommunen
Samla	80	1 389 408
Volda	84	750 149
Hornindal	87	106 024
Stryn	75	533 235

Fond – storleik

Kommunane si fondsbeholdning fordeler seg på disposisjonsfond og rekneskapsmessig mindreforbruk. Fonda er kommunen sine økonomiske reservar. Tala er i 1000 kroner.

Kommune	Per innbyggjar	Sum kommune
Samla	3	112 976
Volda	4	35 702
Hornindal	3	30 315
Stryn	7	46 959

Lånegjeld

I 1000 kroner	Volda	Hornindal	Stryn
Lånegjeld per 31.12.2014	762 753	130 937	447 909
Startlån	65 393	17 824	21 269
Sjølvsfinansierende lån	58 214	29 967	97 709
Rentekompensasjon	84 355	13 436	38 467
Lån som belastar kommunen sin økonomi	554 791	69 710	290 463

Ubrukte lånemidlar og fond. I 1000 kroner

	Volda	Hornindal	Stryn
Ubrukte lånemidlar	40 594	130 937	72 621
Fond:			
Disposisjonsfond	17 099	17 687	12 285
Bundne fond	30 572	7 017	15 908
Ubundne investeringsfond	63 104	5 153	20 582
Bundne investeringsfond	12 152	358	37 533
Sum fond	122 927	30 215	86 308

I 1000 kroner	Volda	Hornindal	Stryn
Akkumulert overskot	18 603	523	0

Aksjar og andelar

	Bokført verdi aksjar og andelar	Tilgang konsesjonsavgift	Sal konsesjonskraft
Volda	36 136 408	737 258	2 033 040
Hornindal		596 832	0
Stryn	29 639 231	0	0

Reformstøtte

1. Eingongsstøtte				
	0-20.000 innb.	20-50.000 innb.	50-100.000 innb.	>100.000 innb.
2 kommunar	20 mill	25 mill.	30 mill	35 mill
3 kommunar	30 mill (VHS)	35 mill	40 mill	45 mill
4 kommunar	40 mill	45 mill	50 mill	55 mill
5 kommunar el fl	50 mill	55 mill	60 mill	65 mill

2. Refomrstøtte	
0-15.000 innbyggjarar	5 mill
15-30.000 innb.	20 mill
30-50.000 innb.	25 mill
➤ 50.000 innb.	30 mill.

3. Inndelingstilskot	Endra inntektssystem
----------------------	----------------------

Dei kommunane som gjer vedtak om samanslåing i år/innan ramma av kommunereforma, får behalde m.a. basistilskot og småkommunetilskot som i dag i 17,5 år (15+5 nedtrapping) i kvar (tidlegare) kommune. Etter 15+5 perioden vil dei få same endringar i inntektssystemet som ikkje-samaslegne kommunar. Regjeringa ar nettopp sendt utkast til **nytt inntektssystem** på høyring med **høyringsfrist 1. mars 2016**, og evt. iverksetjing frå 2017.

KS (Kommunenes Sentralforbund) har laga ein berekningsmodell (14.01.16) som viser følgjande effekt for Volda, Hornindal og Stryn dersom endringane vert vedtekne:

Kommune	Utslag ny kostnadsnøkkel	Endra basistilskot Strukturkriterium 25,4 km	Samla utslag per år
Volda	-1 738 000	-6 010 000	-7 748 000
Hornindal	+1 339 000	-2 483 000	-1 144 000
Stryn	-3 835 000	-1 880 000	-5 715 000
Samla	-4234 000	-10 373 000	-14 607 000

Samla inntektstap i inndelingsperioden: 14,6 mill x 17,5 = 255,5 mill

Usikkerheit knytt til det nye inntektssystemet:

1. Det er skissert fleire ulike modellar. 2 alternativ på kostnadsnøkkel på barnehage og grenseverdiar på reiseavstand er døme på det. Kor mykje kommunane taper er avhengig av kva for modell som vert alt.
2. Høyringsnotatet seier ingenting om framtidig skatteandel. Nivået på skatteandel har store fordelingsverknader mellom kommunane.

3. Forslaget gir ikkje gode nok avklaringar på kva som skal gjelde frå 1. januar 2017 dersom ein har vedtak om kommunesamanslåing. Skal nytt basistilskot, eller skal dagens basistilskot, gjelde fram til samanslåingstidspunktet? (Mellom 2017-2020).

Inntektssystemet er eit omfordelingssystem der staten fastheld storleiken på kaka, slik at endringar inneber at ein må redusere frå nokre kommunar for å styrke andre. Det store grepet i dette forslaget er at kommunar rundt 12 000 innbyggjarar og oppover vert bidragsytarar for å styrke byane. Det kan sjå ut som om endringane er lagt opp til å stimulere kommunesamanslåing og kompensere for kostnadane med den demografiske utviklinga knytt til hovudsakleg urbanisering rundt dei sentrale områda i landet.

Dersom det vert mange kommunar som slår seg saman og utløyser eingongstilskot og reformtilskot, så skal dette også dekkjast av den same kaka til kommunesektoren. Det vil resultere i at kommunane samla sett får lågare overføring frå staten. Det er viktig at tilskota i samband med kommunereforma kjem oppå nivået for samla overføring til kommunesektoren.

Kommunebarometer Kommunal repport 2015 (Kostra juli 2015)

Samla ulike tenester

Knr	Kommune	Fylke	Gruppe	Korrigert inntekt	Rangering nøkkeltal åleine	Endeleg plassering-justert for inntektsnivå
1444	Hornindal	S og Fj	G04	102	115	89
1449	Stryn	S og Fj	G10	95	52	15
1519	Volda	M og R	G11	92	126	43

Grunnskule, eldreomsorg, barnevern, barnehage

Knr	Kommune	Fylke	Gruppe	Grunn-skule	Eldreomsorg	Barnevern	Barnehage
1444	Hornindal	S og Fj	G04	144	399	216	81
1449	Stryn	S og Fj	G10	7	270	234	243
1519	Volda	M og R	G11	72	109	371	264

Helse, sosial, økonomi, kostnadsnivå

Knr	Kommune	Fylke	Gruppe	Økonomi	Kostnads-nivå	Helse	Sosial
1444	Hornindal	S og Fj	G04	253	253	18	
1449	Stryn	S og Fj	G10	134	42	142	21
1519	Volda	M og R	G11	225	121	121	202

Kultur, miljø, saksbehandling, VAR

Knr	Kommune	Fylke	Gruppe	Kultur	Miljø og ressursar	Saks-behandling	Vatn, avløp, renovasjon
1444	Hornindal	S og Fj	G04	135	111	235	
1449	Stryn	S og Fj	G10	250	164	268	73
1519	Volda	M og R	G11	317	136	126	92

NHOs-kommuneNM 2015

Firdeling av arbeidsplassar	Volda	Hornindal	Stryn
Jord/skogbruk/fiske	3,4%	21,6%	6,9%
Industri og olje	5,8%	29,6%	19,7%
Byggevirksomheit	8,1%	10,5%	7,8%
Varehandel	10,5%	8,3%	14,3%
Overnatting og servering	2,1%	3,8%	7,0%
Offenleg administrasjon	2,4%	2,0%	2,9%
Undervisning	17,0%	4,3%	6,6%
Helse-sosial	32,3%	8,0%	15,2%
Tenester	18,6%	12,0%	19,5%
Sum	100,0%	100%	100%
%endring siste 3 år	1,27%	-14,38%	-0,93%
Kjelde SSB 4. kvartal 2014			

NHOs Kommune-NM 2015

Kommune	Rangering fylke	Rangering landet
Volda	8	98
Hornindal	12	172
Stryn	10	158

NHOs Kommune NM 2015 Totalresultat kommuar.

Kommune	Total	Næringsliv	Arbeids- marked	Demografi	Kompe- tanse	Kommunal økonomi
Volda	98	357	71	66	90	179
Hornindal	172	91	48	156	326	318
Stryn	158	155	121	222	154	189

Økonomisk status

Dei finansielle nøkkeltala og netto driftsutgifter syner ulikskapar.

Finansielle nøkkeltal 2014 (Kjelde KOSTRA SSB)

2014	Volda	Gjennoms M og R	Hornind.	Stryn	Gjennoms. S og Fj	Gjennoms. Landet u/Oslo
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	89,6	71,9	83,0	57,3	77,7	69,8
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt	1,6	3,3	19,4	2,3	3,8	5,2
Overføring frå driftsrekneskapen, i prosent av brutto investeringsutgift	0	2,2	0	3,1	1,6	2,8
Eigedomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter	1,9	3,7	0	2,0	5,3	3,0

Netto driftsutgift i kroner per innbyggjar	51 047	53 836	63 924	53 608	60 123	52 152
Netto driftsresultat i kroner per innbyggjar	1 596	-98	-483	1 816	936	687
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	73 876	53 316	70 670	42 694	67 286	50 139



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Nina Kvalen

Arkivsak nr.: 2016/577

Arkivkode: F30

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
70/16	Formannskapet	19.04.2016
48/16	Kommunestyret	21.04.2016

FORDELING AV MIDLAR TIL ASYL-, BUSETJINGS,- OG INTEGRERINGSARBEIDET

Handsaming:

Røysting:

Tilråding/ Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret godkjenner oppfølging av vedtaka i k-sak 128/15, slik det kjem fram av vedlegg 1.*
- 2. Frå 01.05.16 får helsestasjonen auka stillingsressurs på 50% som helsesøster til arbeidet med psykisk helse overfor barn og ungdom med minoritetsbakgrunn.*
- 3. Frå 01.05.16 får Volda læringscenter auka stillingsressurs på 100% som miljøarbeidar til arbeidet med busetjing av flyktningar og oppfølging i bustad og fritid.*
- 4. Frå 01.05.16 får biblioteket auka stillingsressurs på 50% til arbeidet med auka tal flyktningar og asylsøklarar ved biblioteket, og styrka ressurs på kr 30 000 til aktivitetar og integreringstiltak for målgruppa.*
- 5. Frå hausten 2016 vert det oppretta to nye lærlingplassar til flyktningar i Volda kommune, derav ein til helserekrutten i prosjektet "Menn i helse".*
- 6. Kommunestyret set av ei årleg ramme på 1,2 mill. til kvalifiseringstiltak for flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram.*
- 7. Kommunestyret godkjenner at sum utgifter i 2016 vert kr 2,4 mill, og kr 3,1 mill. i 2017, slik det kjem fram av vedlegg 1.*

Vedleggsliste:

1. *Oversikt over kostnader ved dimensjonering av kommunale tenester knytt til auka busetjing av flyktingar og asylsøklarar 2016-2018.*
2. *Faktaanalyse 2016 - status, utfordringar og tiltaksplan på busetjings- og integreringsfeltet i Volda kommune.*
3. *Uttale frå minoritetshelseteamet av 12.04.16: Behov for lavterskeltilbod innan psykisk helse for dei under 18 år.*

Uprenta saksvedlegg:

1. K-sak 4/16, vedteke 28.01.16 *Oppmoding om auka busetjing i 2016 og 2017*
2. K-sak 152/15, vedteke 17.12.15 *Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019*
3. K-sak 128/15, vedteke 26.11.15 *Bruk av vertskommunetilskotet for asylmottak*

Samandrag av saka:

I k-sak 152/15 *Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019* er det på fellesområde 80 sett av 5 mill kr til å styrke kommunale sektorar i asyl- og flyktingarbeidet (s. 80 i uprenta saksvedlegg 2). Det vert no fremja sak om fordeling av nokre av midlane til tenester og tiltak i kommunale sektorar. Sjå vedlegg 1, med detaljert oversikt over kostnader til dimensjonering av kommunale tenester knytt til auka busetjing av flyktingar og asylsøklarar 2016-2018. Administrasjonen kjem ev. attende med ny sak seinare i år, knytt til fordeling av udisponerte midlar.

Saksopplysningar:***Integreringstilskot og vertskommunetilskot***

Over statsbudsjettet mottok kommunen ei rekke statlege tilskot som skal dekke kommunen sine utgifter til tenesteyting for flyktingar og asylsøklarar. Integreringstilskotet skal dekke kommunen sine gjennomsnittlege utgifter til busetjing og integrering av flyktingar dei fem første åra etter busetjing. Tilskotet er m.a. meint å dekke innvandrar- og flyktingkontor-tenester, bustad- og bustadtenester, sysselsetjingstiltak, yrkeskvalifisering og arbeidstrening, og sosiale tenester.

Kommunen mottok eit vertskommunetilskot for tenesteyting overfor bebuarar i asylmottak, som skal dekke kommunen sine utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon. Det er særleg innafor helse ein har merkbart press knytt til auka tal bebuarar, men også på Volda læringssenter og biblioteket. I k-sak 128/15 (uprenta saksvedlegg nr. 3) finn ein oversikt over korleis vertskommunetilskotet er nytta til styrking av helsetenester.

Tilbakemelding frå sektorane knytt til k-sak 4/16 (uprenta saksvedlegg nr. 1) viser at det er rom for å auke busetjingskapasiteten om dei får tilført ressursar til arbeidet. I budsjettet for 2016 er det avsett ei ramme på kr 5 mill. til dimensjonering av kommunale tenester og ressursbehov, som følgje av auka busetjing av flyktingar og auka tal asylsøklarar i kommunen.

Oppfølging av k-sak 128/15

Denne saka følgjer også opp vedtaket i k-sak 128/15 om auka stillingsressurs på 50% helsesøster knytt til arbeidet med einslege mindrearige asylsøkjjarar på EMA-mottaket, 30% stilling som helsesekretær på legesenteret og 10% stilling som lege, knytt til arbeidet med auka tal flyktningar og asylsøkjjarar, då det ikkje er avsett midlar til stillingane i budsjett- og økonomiplanen.

Psykisk helse for barn og ungdom med minoritetsbakgrunn

Helsestasjonen har i dag 2,18 årsverk til arbeidet med minoritetshelse for flyktningar og asylsøkjjarar fordelt slik: 195% helsesøster, 15% jordmor og 8% helsesekretær. Knytt til k-sak 128/15 kom helsestasjonen med framlegg om 50% auka stillingsressurs til oppfølging av psykisk helse for barn og unge med minoritetsbakgrunn. I dag manglar kommunen eit godt nok system, eit tilbod som er viktig å få på plass. Det vil vere førebyggjande både for personane sjølve og for samfunnet. Rus- og psykisk helseteneste i helse- og omsorgssektoren tek imot henvisningar på personar over 18 år. Helsestasjonen har helsesøstre med vidareutdanning innan psykisk helse for barn og unge, som i dag jobbar innanfor skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom. Dersom helsestasjonen skal kunne tilby eit lavterskeltilbod innan psykisk helse for målgruppa, må ressursane omdisponerast, og dei treng difor 50% stillingsressurs til dette arbeidet. Sjå også vedlegg 3: Uttale frå minoritetshelseteamet om behov for eit lavterskeltilbod for dei under 18 år.

I saksutgreiinga til k-sak 128/15 skriv rådmannen at han vil kome attende til saka etter nyttår, og sjå dette i samheng med tilsetjing av kommunepsykolog og korleis kapasiteten og ressursituasjonen utviklar seg i arbeidet med minoritetshelse i kommunen. No er kommunepsykologen på plass. Leiar for helsestasjonen meiner kommunepsykologen primært kan bidra på to område innafør minoritetshelse: Rettleie tenesteytarar som arbeidar med minoritetshelse og gi eit samtaletilbod og vurdering av psykisk helse i einskildsaker der det er vurdert behov for dette, på lik line med tilbodet til andre i kommunen. Årskostnad: 220 000 (2016: 160 000).

Miljøarbeidar til busetjing og oppfølging i bustad og fritid

Auka busetjing har ført til auka oppgåver og arbeidspress på programrådgjevarane på Volda læringscenter. Det vart ikkje tilført ressursar til styrking av tenesta i 2015, noko som må gjerast i 2016, for å handtere auka busetjing, framskaffing av bustader og klargjering av desse, buretleiing, auka tal deltakarar i introduksjonsprogram, oppfølging av barn og ungdom i familiar, samt for å handtere auka oppgåver som følgje av oppfølging av NAV-tenester og kvalifiseringstiltak.

Ei evaluering to år etter omorganiseringa syner at arbeidsoppgåvene til programrådgivarane gjer at dei ikkje lenger har kapasitet til effektivt å utøve programrådgivarrolla slik vi ønskjer. Utan å gå i detaljar på dei enkelte områda ligg årsaka blant anna i auka busetting, flytting av NAV-kontor til Ørsta, større behov for buretta tiltak, hovudansvar ekstratilskot, auka krav til rapportering, auka fokus på oppfølging av språkpraksisplassar, ansvar for prosjektsøknadar, meir administrasjon på feltet m.v. Etter ein gjennomgang av arbeidsfeltet er oppvekstsjefen si vurdering at ein miljøarbeidar/miljøterapeut i 100% stilling, særlig knytt opp mot dei praktiske oppgåvene i arbeidet med busetjing av flyktningar, og bu- og fritidsretta tiltak, langt på veg vil løyse dei utfordringane ein har i tenesta. Ein vil då få muligheit i større grad til å reindyrke programrådgivarrolla, styrke kvaliteten og betre resultata i introduksjonsprogrammet og vere betre rusta for framtidige oppgåver som kan bli lagt til senteret. M.a. vert det vurdert å innføre ventestønad før oppstart i introduksjonsprogram og utbetaling av introduksjonsstønad, som alternativ til utbetaling av sosialhjelp i busetjings- og etableringsfasen. Årskostnad: 576 000 (2016: 384 000)

Biblioteket

I pkt. 46 i vedtaket til budsjett- og økonomiplanen i k-sak 152/15 ber kommunestyret administrasjonen sørge for at det viktige arbeidet biblioteket gjer for både nye og gamle Voldingar blir styrka når ein skal disponere dei ekstra statlege overføringane for auka tal på flyktningar/asylsøkarar. I dag har biblioteket 2,6 årsverk. Dei har tidlegare ikkje fått auka stillingsressurs som følgje av auka tal besøkande frå asyl- og flyktninggruppa. Dei ønskjer auka stillingsressurs på 50% og ei styrka ramme til aktivitetar og integreringstiltak for målgruppa i regi av biblioteket.

Biblioteket har hatt stor auke i tal besøkande i samband med auka tal flyktningar og asylsøklarar i kommunen. Biblioteket er eit lavterskeltilbod målgruppa kan bruke frå dag ein i Volda, og er med på å gjere dei til likeverdige borgarar. Biblioteket er ein viktig integreringsarena i Voldasamfunnet og spelar ei sosial rolle og er eit førebyggjande tiltak: Det motverkar einsemd, gir opplevingar, auka læring m.v. Biblioteket er dessutan ein viktig dørøpnar til norsk språk, kultur og samfunnsliv, og fungerer som møtestad mellom flyktningar og voldingar, både uformelt og gjennom tilrettelagde aktivitetar. Auka midlar og stillingsressurs vil nyttast til å setje i gang fleire aktivitetar og integreringstiltak i regi av biblioteket t.d. innkjøp av språkkurs, litteratur, utstyr, ulike arrangement/integreringsaktivitetar. Årskostnad: 345 400 (2016: 259 400).

Lærlingplassar til flyktningar

Volda kommune tek kvart år inn 8-9 lærlingar i faga helse og omsorg, barn og ungdom, IKT og kokk. Av lærlingar ein tek inn har 1-2 flyktningbakgrunn, dei fleste ungdom. I dag ventar fleire vaksne flyktningar som Volda kommune har busett, på å få lærlingplass. Nokre har venta i tre år. Desse når ikkje opp i konkurransen med andre søklarar, og får dermed ikkje fullført fagopplæringa og ta fagbrev. Årsaka er ofte knytt til språklege og faglege utfordringar.

I pkt. 32 i vedtaket til budsjett- og økonomiplanen i k-sak 152/15, står det at Volda kommune ønskjer fleire lærlingplassar, då dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenesteområda i kommunen. Vi ønskjer å leggje til rette for å ta inn ekstra lærlingar frå den vaksne flyktninggruppa som treng særskilt tilrettelegging, slik at desse kjem i posisjon til å fullføre fagopplæringa og ta fagbrev. Lærlingtilskotet frå fylkeskommunen vil nyttast til å gi styrka basiskompetanse i norsk- og fagopplæringa i lærlingtida m.a. knytt til lesing, skrivning og digitale ferdigheiter. Totalkostnad 24 mnd. lærling: Kr 408 400 (2016: 77 000, 2017: 203 900, 2018: 127 500).

Ein deltakar i Volda kommune sitt introduksjonsprogram er helserekrutt i prosjektet *Menn i helse* i Møre og Romsdal. Dette er eit nasjonalt prosjekt som er etablert i dei fleste av landets fylkar, og eit samarbeid mellom kommunar, NAV, fylkeskommunar, fylkesmannen, KS og helsedirektoratet. Helserekrutten har eit komprimert utdanningsløp fram til fagbrev som helsefagarbeidar, og veksler mellom å få yting frå NAV og kommunen. Vår helserekrutt får en teoretisk delen i Molde, medan Volda kommune stiller med praksis og sommarjobb, samt lærlingplass frå hausten 2016. Helserekrutten mottok introduksjonsstønad frå kommunen, medan NAV refunderer tiltakspengar på kr 9 740 pr. mnd. til kommunen, fram til deltakaren vert lærling. I lærlingperioden yter fylkeskommunen basistilskot på kr 4 229 pr. mnd. til kommunen, for delfinansiering av lærlingkostnadene. Kommunen må finansiere øvrige kostnader. Totalkostnad 246 300 (2016: 78 300, 2017: 168 000).

Kvalifiseringstiltak

Læringscenteret har ansvar for eit område som har vore i stor vekst dei siste åra. Det å busetje og kvalifisere flyktningar til arbeid/utdanning krev eit tiltaksapparat som kan ivareta alle sider ved det heilskaplege kvalifiseringsløpet. Sjølv om opplæringa på skulen er ein stor og viktig del av dette, er vi avhengig av at deltakarane også får god oppfølging og gode

kvalifiseringstiltak i den meir praktiske delen av kvalifiseringsløpet. Som ledd dette, og oppfølging av pkt. 4 i k-sak 4/16 om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening, meiner rådmannen at det må setjast av ressursar til å kunne gi eit breiare spekter av kvalifiseringstiltak enn det kommunen i dag er i stand til å tilby, for betre å kunne lukkast i arbeidet med grunnleggjande kvalifisering av flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram.

Skal vi lykkast i integrerings- og kvalifiseringsarbeidet er vi avhengig av samarbeid med mange aktørar, både frivillige, private og offentlege. For å nå målet om rask språkinnlæring og overgang til ordinært arbeid og utdanning er det viktig å bruke arbeidsplassar som læringsarena. Her får dei praktisere og vidareutvikle språket, arbeidstrening og bygge nettverk. Mange har fått fast arbeid gjennom språk- og arbeidstreningstiltak. Ideelt burde fleire fått arbeidsretta tiltak gjennom NAV, men grunna mangel på tilstrekkeleg med statlege tiltaksplassar i NAV, især i ein tidleg fase i kvalifiseringsløpet, må kommunen legge tilrette for fleire språk- og arbeidsretta tiltak spissa med tett og god oppfølging.

Vi treng eit breiare spekter av kvalifiseringstiltak som er spissa mot den einskilde sine behov og lokalt arbeidskraftbehov, for å sikre at fleire får reell overgang til ordinært arbeid og slik blir sjølvstendige i det norske samfunnet. Midlane til kvalifiseringstiltak vil nyttast både på individnivå, men også mot tiltaksplassar/kurs som kan gjevast til fleire, ev. i grupper. Drift av kantina på rådhuset og reinhald/klargjering av møterom m.v. er eit tiltak som no er under planlegging/etablering, eit prosjekt staten ved IMDi har støtta med kr 400 000 i 2016. På sikt kan det bli aktuelt at tiltaket vert ei elevbedrift i kvalifiseringa av flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogrammet. Det vil også bli vurdert å inngå samarbeid med andre aktørar som har erfaring med tilsvarande språk- og arbeidstreningstiltak. Ein slik aktør kan vere Furene AS, som i dag har avtale med Ørsta kommune om drift av kjøkken/kafé på BakkOlamarka. Her vert drifta nytta som ein arena for arbeidsutprøving og tilrettelagde arbeidsplassar.

Entreprenørskap som integreringsverktøy er eit anna innovasjonsprosjekt som er under planlegging, eit samarbeid mellom frivilligsentralen, Sunnmøre Kulturnæringshage og Volda læringscenter. Det er innvilga kr 150 000 i tilskot frå NAV i 2016 til planlegging av prosjektet *Kimen, sosial entreprenør Volda*. Tiltaket er tenkt å vere eit godt sosialt miljøtiltak, samstundes som det på sikt kan bli skapt arbeidsplassar der praktisk etableringsopplæring bygd på realkompetanse, skal skape arbeidsplassar og etablering av mindre verksemder. Kimen er tenkt som ei øvingsarena for å etablere små verksemder der ein kan omsetje eigne produkt eller tenester i ei trygg og risikofri ramme. I denne samanheng er det også verdt å nemne at Høgskulen i Volda, i samarbeid med Volda læringscenter, har fått kr 264 000 frå IMDi til å etablere ein mentorordning knytt til språk- og arbeidstrening i lokalt næringsliv, for flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram. For meir informasjon, sjå vedlegg 2: Faktaanalyse 2016 - status, utfordringar og tiltaksplan på busetjings- og integreringsfeltet i Volda kommune.

Rådmannen ber kommunestyret om ei årleg ramme til kvalifiseringstiltak på kr 1,2 mill., som rådmannen får fullmakt til å disponere i arbeidet med å etablere kvalifiseringstiltak for flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram. Det vil verte vurdert ulike løysingar, og dette er eit oppgåvefelt der det er aktuelt å leige inn tenester. Årskostnad: 1,2 mill. (2016: 1 mill.).

Oppretting av stillingar

Arbeidsmiljølova § 14-9 legg føringar på når det skal tilsetjast i faste stillingar og når det kan tilsetjast i mellombelse stillingar. Lova fastset at arbeidstakarar som hovudregel skal tilsetjast i faste stillingar. Midlertidig tilsetjing kan berre nyttast når arbeidets karakter tilseier det og

skil seg frå det som ordinært vert utført i verksemda, eller for arbeid i staden for ein annan (vikar). Vi kan ikkje sjå at auka behov for stillingsressursar knytt til auka behov for tenesteyting overfor flyktningar og asylsøkjjarar skil seg frå det som ordinært vert utført av kommunen overfor målgruppa. I samsvar med gjeldande regelverk vert det oppretta faste stillingar for å setje kommunale sektorar i stand til å yte naudsynte og lovpålagde tenester overfor målgruppa. Ved ev. bortfall av oppgåver, t.d. ved nedbygging av mottakskapasiteten, skal styrkinga trappast ned att med ein tilsvarende reduksjon.

Vurdering og konklusjon:

God folkehelse, eit godt sosialt liv og kvalifisering for utdanning og arbeid er det mest grunnleggjande for å verte integrert og unngå sosiale problem og eit liv i fattigdom. For å kunne yte naudsynte og lovpålagde tenester til auka tal flyktningar og bebuarar i mottak i samsvar med nasjonale føringar, og for å sikre berekraftig busetjings- og integreringsarbeid, ser rådmannen det som naudsynt å dimensjonere opp kommunale tenester til å gi betre oppfølging og yte gode tenester overfor flyktningar og asylsøkjjarar.

Helse og miljøkonsekvensar:

Eit godt busetjings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparingar i åra framover.

Økonomiske konsekvensar:

Auka tal flyktningar som skal busetjast og auka tal bebuarar i mottak gir auka statlege overføringer frå staten, samstundes som kommunen må dimensjonere opp kommunale sektorar til å yte gode tenester for målgruppa. Det er sett av ei ramme i budsjettet for 2016 på kr 5 mill. til dimensjonering av kommunale tenester og ressursbehov, som følgje av auka busetjing av flyktningar og auka tal asylsøkjjarar i kommunen. Framlegget til dimensjonering av tenestene har ein kostnad i 2016 på kr 2,4 mill. inkl. sosiale utgifter. På årsbasis vil kostnaden vere kr 3,1 mill.

Administrasjonen kjem ev. attende med ny sak seinare i år knytt til bruk av udisponerte midlar, om det viser seg at ein må ha ei ytterlegare dimensjonering på område som ikkje er teke høgde for i denne saka for å sikre god integrering. Dette kan m.a. vere aktuelt knytt til psykisk helse for personar over 18 år og språkutvikling for barn og unge.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen utover det som går fram av saka.

Rune Sjugard
Rådmann

Nina Kvalen
spesialrådgjevar

Utskrift av endeleg vedtak:

Sektor Opplæring og oppvekst, her.
Volda læringssenter, her.
Helsestasjonen, her.
Minoritetshelseteamet, her.
Sektor Helse og omsorg, her.
Rus- og psykisk helseteneste, her.

Avd. førebygging, rehabilitering, legeteneste, her.
Servicekontoret, her.
Biblioteket, her.
Personalavdelinga/koordinator læringar, her.
Barnevern, her.
Økonomistaben, her.
Spesialrådgjevar innvandring og integrering, her.

Dimensjonering av kommunale tenester knytt til auka busetjing av flyktningar og asylsøkjjarar 2016-2018

revidert 12.04.16

Vedteke budsjett 2016: 5 mill.

Aktivitet/tiltak	Arbeidsstad	%	Sekt	Ansv	Funk	Prosj	Fly	Asy	Årskostn.	B 2016	B 2017	B 2018	Tot.kostnad
Helsesøster EMA (k-sak 128/15)	Helsestasjonen	50	OO	4110	232	120962		x	220 000,00	220 000,00	220 000,00	220 000,00	660 000,00
Helsesekretær (k-sak 128/15)	Legesenteret	30	HO	4159	241	120962		x	180 000,00	180 000,00	180 000,00	180 000,00	540 000,00
Lege (k-sak 128/15)	Legesenteret	10	HO	4159	241	120962		x	85 000,00	85 000,00	85 000,00	85 000,00	465 372,00
Helsesøster psykisk minoritetshelse (01.05.16->)	Helsestasjonen	50	OO	4110	232	120962	x	x	220 000,00	160 000,00	220 000,00	220 000,00	600 000,00
Miljøarbeidar flyktningar (01.05.16->)	Læringssenteret	100	OO	2030	275		x		576 000,00	384 000,00	576 000,00	576 000,00	1 536 000,00
Bibliotekressurs/tiltak/aktivitetar (01.05.16->)	Biblioteket	50	KS	6000	370	120962	x	x	345 400,00	259 400,00	345 400,00	345 400,00	950 200,00
Læringplass Menn i helse (15.08.16-31.12.17)	Omsorgssenteret	100	HO				x		171 500,00	78 300,00	168 000,00		246 300,00
Læringplass Flyktning (15.08.16-14.08.18)	Volda kommune	100	?				x		203 900,00	77 000,00	203 900,00	127 500,00	408 400,00
Kvalifiseringstiltak	Læringssenteret		OO	2030	275		x		1 200 000,00	1 000 000,00	1 200 000,00	1 200 000,00	3 400 000,00
SUM									3 201 800,00	2 443 700,00	3 198 300,00	2 953 900,00	8 806 272,00



FAKTAANALYSE 2016 - status, utfordringar, tiltaksplan på busetjings- og integreringsfeltet i Volda kommune

1. Status og utfordringar

Volda kommune har busett flyktningar sidan 1987. Gjennom 28 år med busetjings- og integreringsarbeid kan ein for lengst konkludere med at oppgåva er løpande og permanent for kommunen, og at det har blitt opparbeidd høg fleirkulturell kompetanse blant dei tilsette i organisasjonen og forøvrig i voldasamfunnet. I høve folketalet har Volda vore blant dei kommunane i landet som har teke i mot flest flyktningar.

1.1 Jamn og kvartalsvis busetjing

Mål: Volda kommune skal busetje flyktningar i samsvar med gjeldande kommunestyrevedtak, jf. k-sak 4/16 handsama 28.01.16:

1. Kommunestyret er positiv til å busetje 28 vaksne flyktningar og familiar kvart av åra 2016 og 2017. Einslege mindreårige og familiesameiningar kjem i tillegg.
2. Kommunestyret vil ta stilling til oppmoding frå IMDi om å busetje 12 einslege mindreårige flyktningar i 2016 og 17 i 2017 i eiga sak i februar/mars. Kommunestyret vil da sjå dette i samanheng med organisering, kapasitet i tenestetilbodet, samt staten si finansieringsordning av kommunen sine utgifter. Desse vil ev. kome i tillegg til tal flyktningar som skal busetjast i pkt. 1.
3. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om ventestønad og etablering, med sikte på å effektivisere busetjings- og etableringsarbeidet.
4. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening.
5. Kommunestyret godkjenner ei låneramme på kr 6 mill., utover det som vert utløyst i bustadtilskot, for kjøp/bygging av bustader til flyktningar. Bustadene skal vere sjølvfinansierande, og finansierast ved låneopptak, bustadtilskot frå Husbanken og husleige. Administrasjonen får i fullmakt å legge inn bod og inngå kjøpekontrakt på private bustader.
6. Administrasjonen kjem attende med sak om å dekke framtidig behov for bustadbygging for flyktningar som skal busetjast i Volda. Der ein vurderer alternative samarbeidsformer for bustadbygging.

Status i busetjingsarbeidet

I 2015 vart det busett 40 flyktningar, inkludert 8 einslege mindreårige (EM). 9 kom på familiesameining, 2 flytta til og 15 flytta frå kommunen, derav 3 familiar. Samla utløyste 125 flyktningar og 32 familiesameinte integreringstilskot i 2015, dvs. totalt 157 personar. Pr. 01.01.16 vil 120 flyktningar og 31 familiesameinte utløyse integreringstilskot.

Nøkkeltal 2015

Det vart busett 40 flyktningar i 2015:

- 32 vaksne/familiar, derav
 - 22 einslege vaksne, 1 par, 2 barnefamiliar med til saman 5 barn
- 8 einslege mindreårige (EM) i alderen 16-18 år
- Kjønn: 27 menn, 13 kvinner.

Kvar kom dei frå:

- 21 er busett frå Volda mottak, 7 frå mottaka i Ulsteinvik og Hareid, 8 frå andre mottak
- 4 er overføringsflyktningar (familie)



- Nasjonalitet: Eritrea: 22. Afghanistan: 8. Syria: 4. Palestina: 4. Somalia: 1. Sudan: 1.

Bustader:

- 22 av 32 vaksne/familiar vart busett direkte på den private bustadmarknaden
- 7 EM vart busett i Smiebakken bufellesskap, og 1 i kommunalt husvære
- 6 kommunale bustader vart nytta til 1. gongs busetjing i 2015 derav:
 - 2 hyblar, 2 sokkelhusvære, 2 familiebustader, der 1 midlertidig er nytta til EM

Kvartalsvis busetjing og familiesameining i 2015

2015	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	SUM	Barn	Kvinner	Menn
Vaksen		1	4		5		3	2
Barn u/18 år		3	2		5	5	3	2
Einsleg vaksen	3	3	13	3	22		1	21
Einsleg mindreårig	1	1	4	2	8		4	4
SUM	4	8	23	5	40	5	11	29
Familiesameint	3	3	3		9	5	4	1
Alternativ mottaksplassering	1				1			1
SUM	8	11	26	5	50	10	15	31

Busetjing av flyktningar i 2016 og 2017

Kommunestyret vedtok i pkt. 1 i k-sak 4/16, å busetje 28 vaksne flyktningar og familiar kvart av åra 2016 og 2017. Einslege mindreårige og familiesameiningar kjem i tillegg.

Busetjing av einslege mindreårige flyktningar (EM) i 2016 og 2017

Som det kjem fram av pkt. 2 i k-sak 4/16 har kommunestyret utsett å ta stilling til oppmodinga om å busetje 12 EM i 2016 og 17 i 2017. Rådmannen har sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på bu- og omsorgsløysingar, bemanning/turnus, organisering, ansvar og samarbeid, kostnader og finansiering, kvalifisering og helse, for å kunne gi eit betre grunnlag for å ta avgjersle om auka busetjing av EM i 2016/2017. Kommunestyret vil sjå oppmodinga frå IMDi i samanheng med organisering, kapasitet i tenestetilbodet, samt staten si finansieringsordning av kommunen sine utgifter til busetjing av EM.

Busetjing frå Volda mottak

Volda kommune har signalisert til IMDi at vi er særleg positive til å busetje flyktningar og familiar med barn frå Volda mottak, som allereie er godt integrert i voldasamfunnet. Både helsestasjonen og Volda læringscenter ser det som stor fordel; mange skaffar seg bustad sjølve, dei fleste er godt kjent og har relasjonar, det er tidssparande i høve kartleggings- og oppfølgingsarbeid, som allereie er gjort av dei same kommunale sektorane medan dei var busett i mottak. Dei har allereie hatt mottakssamtale og fått fastlege, og får halde fram med oppfølging av same lærar og helsepersonell i 1. og 2. line etter busetjing. I 2015 vart det ikkje busett barnefamiliar frå Volda mottak, men det vart busett 21 vaksne. 18 av 40 som vart busett i 2015 skaffa bustad sjølve, medan dei budde på mottak. I januar 2016 vart det søkt ut ein familie på fem frå Volda mottak for busetjing i Volda, som allereie er svært godt integrert i voldasamfunnet. I tillegg er det busett tre einslege vaksne i januar frå Volda mottak.

Fråflytting

Kvart år flyttar personar innafor integreringstilskotsperioden over fem år til andre kommunar, oftast grunna skulegang og arbeid andre stader i landet. Volda har framleis høg grad av fråflytting: I 2015 flytta 12 innafor tilskotsperioden, medan 13 flytta i 2014.



Framskaffing av bustader

Tilgang på bustader er ofte flaskehalsen i busetjingsarbeidet. Volda har 82 kommunale gjennomgangsbustader, og vi har god gjennomstrøyming i desse. Volda deltek i eit busetjingsforsøk initiert av IMDi der flyktningar skaffar bustad sjølve medan dei bur i mottak. Stadig fleire flyktningar leiger bustad på den private bustadmarknaden, og nokre har kjøpt eller bygd hus i Volda. Alle dei private kontraktane er mellom utleigar og leigetakar, og alle framleigeavtalar med private huseigarar for vidareuteige til flyktningar er avslutta.

Bustadsosiale utviklingsprosjekt

I 2011-2013 fekk Volda kommune kompetansetilskot av Husbanken til prosjektet bustadkarriere for flyktningar. Det vart utvikla ny metodikk for butrening og buretta tiltak for flyktningar, med mål om sjølvstendig bustadkarriere. Vi er godt i gang med å implementere buretta tiltak i kvalifiseringa av EM og INTRO. Målet er at flyktningane blir sjølvstendig på bustadmarknaden og sikre rask overgang frå kommunal til privat bustad. Dei siste åra har meir enn 50 flyktningar, inkludert EM, hatt overgang frå kommunal til privat bustad, og fleire har kjøpt eigen bustad.

I 2013-2014 deltok Volda i Husbanken si målgruppesatsing for god og effektiv busetjing av flyktningar. Fokuset vart retta mot dei bustadsosiale utfordringane, framskaffing av bustader, auka gjennomstrøyming i kommunale bustader, auka bruk av Husbanken sine virkemidlar, bruk av INTRO til sjølvstendig bustadkarriere, og jamn og kvartalsvis busetjing.

I 2014 fekk vi på nytt innvilga kompetansetilskot frå Husbanken til greie ut modellen "Frå leige til eige" og "Privat leige av bustad", samt prosjektet "Å koordinere det fragmenterte", koordinert av Møreforskning AS. Prosjektarbeidet er delvis ferdigstilt og skal avsluttast i 2016.

Vidare satsingsområde

I arbeidet med framskaffing av bustader er det gjort eit godt arbeid i kommunen dei siste åra. Ved aktivt å nytte den private bustadmarknaden og opne for at flyktningar som ønskjer busetjing i Volda skaffar seg bustad sjølv, er det nytta få kommunale bustader til busetjing av nye flyktningar dei siste åra. Systematisk arbeid med buretta tiltak og sjølvstendig bustadkarriere har gitt rom for jamn og kvartalsvis busetjing og gode busetjingsresultat, samt sikra høgare grad av gjennomstrøyming i kommunale bustader. Slik har fleire kommunale bustader blitt frigjort til busetjing av flyktningar og andre vanskelegstilte. Vi ønskjer å halde fram med dette gode arbeidet, og pågåande bustadsosiale prosjekt vil fremje ytterlegare resultat.

Det er kartlagt at kommunen treng fleire sentrumsnære fleksible bustader, som med små grep kan gjerast om frå hyblar til familiebusad. På kort sikt er det aktuelt å kjøpe ledige bustader på den private bustadmarknaden. Kommunestyret har løyvd ei ramme på 6 mill. til låneopptak utover det som vert utløyst i bustadtilskot, til kjøp av nye bustader for busetjing av flyktningar i 2016, jf. pkt. 5 i k-sak 4/16. På lengre sikt er det aktuelt å bygge fleksible kommunale bustader i nye bustadfelt. Det skal utgreiast sak om dette, som skal leggjast fram til politisk handsaming, jf. pkt. 6 i k-sak 4/16.



1.2 Introduksjonsordninga (INTRO) - gode og stabile resultat

Mål: Resultatmålet i INTRO i 2016 er sett til 60%.

Resultatmålet i INTRO i 2016 er sett til det same som i 2015, 60%. Tidlegare år var det sett til 70%. I 2014 var Volda sitt resultat 55%. I 2015 var resultatet auka til 67%. Inkluderer vi dei som har hatt overgang til grunnskule for vaksne i resultatmålinga, har Volda dei siste ni åra eit snitt på 70% overgang til arbeid og utdanning.

Status for 2013-kohorten - tre år etter avslutta INTRO, pr. januar 2016

2016	<ul style="list-style-type: none">• 78% er i arbeid/utdanning/sjølvberga økonomisk tre år etter avslutta INTRO• Sju har flytta for å gå vidaregåande skule i andre kommunar
2015	<ul style="list-style-type: none">• 88% er i arbeid/utdanning - er sjølvberga økonomisk to år etter INTRO
2013	<ul style="list-style-type: none">• 19 deltakarar avslutta INTRO: 11 kvinner (K) og 8 menn (M)• Sju deltok mindre enn to år. Ingen fekk utviding av programtida• 53% hadde overgang til arbeid/utdanning (36% K, 75% M)
Konklusjon	<ul style="list-style-type: none">• 7 av 9 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk, to og tre år etter avslutta INTRO. Dette utgjer eit resultat på 78%.

Status for 2014-kohorten - to år etter avslutta INTRO, pr. januar 2016

2016	<ul style="list-style-type: none">• 79% er i arbeid/utdanning/sjølvberga økonomisk to år etter avslutta INTRO
2015	<ul style="list-style-type: none">• 79 % er i arbeid/utdanning/sjølvberga økonomisk to år etter INTRO
2014	<ul style="list-style-type: none">• 20 deltakarar avslutta INTRO: 5 kvinner (K), 15 menn (M)• 1 flytta. 7 deltok mindre enn to år. 4 fekk utviding av programtida. 2 fekk utviding for å fullføre grunnskule før overgang til vidaregåande skule. Ein i to månader, ein i fire. Ein fekk fire månader utviding før overgang til høgskule, og ein fekk utviding tre månader utviding for å fullføre yrkesretta kurs som del av INTRO.• 55% hadde overgang til arbeid/utdanning (0% K, 74% M)
Konklusjon	<ul style="list-style-type: none">• 11 av 14 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk, eitt og to år etter avslutta INTRO. Dette utgjer eit resultat på 79%.

Status for 2015-kohorten – eitt år etter avslutta INTRO, pr. januar 2016

2016	<ul style="list-style-type: none">• 80% er i arbeid/utdanning/sjølvberga økonomisk kort tid etter avslutta INTRO
2015	<ul style="list-style-type: none">• 67% hadde overgang til arbeid/utdanning (0% K, 67% M)• 15 deltakarar avslutta INTRO: 4 kvinner (K) og 11 menn (M)• 1 flytta. 6 deltok mindre enn to år, derav 2 i ett år og 1 i 9 mnd. Ingen fekk utvida programtid.
Konklusjon	<ul style="list-style-type: none">• 12 av 14 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk kort tid etter avslutta INTRO. Dette utgjer eit resultat på 80%.



Kvalifiserande tiltak i INTRO

Volda kommune har m.a. følgjande tiltak i introduksjonsprogrammet:

- | | | |
|-----------------------------|----------------------|------------------------------|
| • Språkretta tiltak | • Norskopplæring | • Reinholdskurs |
| • Utdanningsretta tiltak | • Grunnskule | • Temabaserte kurs |
| • Arbeidsretta tiltak | • Samtalegrupper | • Fagnorsk på arbeidsplassen |
| • Buretta tiltak | • Språkpraksis | • Bra Mat-kurs |
| • Helseretta tiltak | • Buretteiing | • ICDP-kurs |
| • Foreldreretta tiltak | • Trening | • Flyktningguide |
| • Nettverksfremjande tiltak | • Fritidsaktivitetar | |

Norskopplæring

Frå hausten 2013 har det vore ei stor auke i elevtalet ved Volda læringscenter. Pr. februar 2016 deltek 220 elevar i undervisning fordelt på 13 grupper på dagtid, samt ei gruppe på kveldstid. Ni grupper har rein norskundervisning, to har kombinert norskundervisning med grunnskulefag (einsleg mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar), og to har grunnskulefag for vaksne. Om lag 2/3-del av elevane er bebuarar på Volda mottak. Dei andre er busette flyktningar og innvandrarar. Pr. 01.02.16 er det 42 deltakarar i INTRO, og i mars startar seks nye. Ein deltakar er i permisjon grunna helse. Deltakarar i INTRO får 33 timar undervisning i veka innafor skuleruta, inkludert dei to timane programrådgjevarane har ansvar for.

Resultat norskprøve

Det er vanskeleg å lage statistikk på norskresultat, då det tidlegare var frivillig å ta norskprøve. Alle som med opphaldsløyve etter 01.09.13 må ta norskprøve, og har frist innan 3-5 år avhengig av behovsprøvd norsk eller ikkje. Statistikk frå IMDi skil ikkje mellom busette flyktningar og andre, t.d. arbeidsinnvandrarar. Norskprøva er oppdelt i fire delar; lytte, lese, skrive og munnleg. Desember 2015 gjennomførte ni norskprøve, der ein person ikkje tok munnleg prøve. Resultata fordelte seg slik:

Norskprøve:	A1	A2	B1	B2	Totalt
Lytte		4	4	1	9
Lese		2	5	2	9
Skrive	1	5	3		9
Munnleg		3	5		8

Kvalifiseringsretta utviklingsprosjekt

Gjennom deltaking i det forpliktande samarbeidet med IMDi om busetjing og integrering av flyktningar, er kommunen i posisjon til å søke ulike tilskot til utviklingsprosjekt for å betre kvalifiseringstiltaka og resultatoppnåinga i norsk og INTRO. Sidan 2010 har vi hatt ulike utviklingsprosjekt. I fjorårets prosjekt *Kvalifisering til lokalt arbeidskraftsbehov* jobba vi med å kartlegge framtidig arbeidskraftsbehov i kommunale sektorar og lokalt næringsliv, pleie av eksisterande samarbeid med offentleg og privat næringsliv, gi god informasjon om språkpraksis og arbeidspraksis som metode i kvalifiseringsarbeidet, lage rutinar for kontinuitet og oppfølging av praksisplassane og ein modell for kvalifiseringsløp med språkpraksis og arbeidspraksis som tiltak. Vi lykkast med fleire deltakarar som fekk overgang til arbeid, samt at vi kartla kva arbeidslivet ønskjer i forhold til å få personar i praksis. Det vart også avdekt at det er få praksisplassar i kommunal sektor samanlikna med privat



næringsliv. Dette har vi tatt utgangspunkt i ved søknad om kommunale utviklingsmidlar for 2016.

Ny prosjektsøknad for 2016 har som fokus å opprette kommunale praksisarena der Volda læringscenter skal stå ansvarleg for praksisplassane. I første omgang er fokuset kantinedrift, men ser for oss eit to-årig prosjekt, der vi også får inn reinhald og sal og service. Sistnemte vil truleg vere ein del av prosjektet Kimen, sjå under.

Vi ser at det offentlege utdanningssystemet på langt nær har tatt innover seg behova for å leggje til rette for komprimerte utdanningsløp for elevar med vaksenrett. Det er ikkje eigne vaksenopplæringstilbod på Ørsta eller Volda vidaregåande skule, og det er vanskeleg å få til realkompetansevurdering. Dei siste åra har vi aktivt vore i dialog med fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane i nærområdet for å formidle behov i målgruppa, m.a. knytt til helsefagarbeidarutdanning. For å tilby eit meir tilpassa utdanningsløp for målgruppa oppretta fylkeskommunen for skuleåret 2014/2015 eit forsøk ved Ulstein vidaregåande skule med eit "nullte" år for ungdom som treng litt meir tid før dei er klare for å starte eit ordinært vidaregåande løp. Kommunane som har elevar i tilbodet må betale kostnadene. På denne måten skyv fylkeskommunen det økonomiske ansvaret over på kommunane. For Volda kommune sin del var det ikkje aktuelt å sende elevar til Ulsteinvik og betale for eitt skuleår der, når det i prinsippet er fylkeskommunen sitt ansvar å legge til rette for eleven ved ein vidaregåande skule. Elevane har heller ikkje elevrett, dvs. at dei ikkje har rett til stipend og lån, og dei får ikkje dekt skyss. Dette vert difor ikkje eit reelt tilbod for elevar frå andre kommunar som ikkje er heimebuande og kan forsørgjast av foreldre med god nok økonomi til å pendle til Ulsteinvik. Fleire private aktørar på marknaden tilbyr kostbare utdanningsløp på vidaregåande nivå, men få flyktningar maktar å nyttiggjere seg dette utan offentleg støtte.

I dag har vi ein deltakar i INTRO som er helserekrutt i prosjektet "Menn i helse". Prosjektet er eit samarbeid mellom kommunen, NAV, fylkeskommunen, fylkesmannen, KS og helsedirektoratet. Helserekrutten har eit komprimert utdanningsløp fram til fagbrev som helsefagarbeidar, og veksler mellom å få yting frå NAV og løn frå kommunen. Helserekrutten får den teoretisk delen i Molde, medan Volda kommune stiller med praksis og sommarjobb, samt lærlingplass frå hausten 2016.

Vidare satsingsområde

Det er viktig med resultatfokus og at vi når måltala for overgang til utdanning/arbeid slik at flyktningane raskast mogleg vert økonomisk sjølvstendige, og for at Volda kommune sitt busetjings- og integreringsarbeid skal vere berekraftig. Resultatoppnåinga i Volda er forbetra dei siste åra, og er høgare enn landsgjennomsnittet, men vi kan bli betre. Mykje endrar seg for den einskilde etter avslutning av program, m.a. grunna overgang til grunnskule som utløyser rett til lån og stipend frå lånekassa, som gjer flyktningane økonomisk sjølvstendige.

Næringsstrukturen i Volda med eit akademisk arbeidsliv som krev utdanning for å få arbeid, gjer det meir krevjande å kvalifisere flyktningar i Volda til arbeid og bli økonomisk sjølvstendige med eigen bustad m.v., enn i samfunn som har meir industriretta næringsliv. Gjennom utviklingsprosjekt i kvalifiseringsarbeidet vert det etablert ny kunnskap og nye metodar, som bidreg til at flyktningane får betre heilskapleg og målretta kvalifisering for raskare overgang til ordinær utdanning og arbeid, og slik bli økonomisk sjølvstendige. Flytting av norskopplæringa til Volda, og samorganisering og samlokalisering av programrådgjevarane og lærarane på Volda læringscenter, har gitt betre samordning av tiltak



og ressursar tidleg i kvalifiseringsløpet, samt tettare samarbeid og målretta innsats kring kvar einskild flyktning og deltakar i INTRO.

Vidare fokus på heilskapleg arbeidsretta kvalifiseringsløp i norskopplæringa og INTRO, der vi også får inkludert NAV sitt virkemiddelapparat, vil ha høg prioritet i 2016. Vidare vil pkt. 4 i kommunestyresak 4/16, om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening oppretting av fleire kommunale praksisarena, få høg prioritet.

Entreprenørskap og innovasjon som integreringsverktøy

Statleg finansierte utviklingsmidlar til kommunen gir rom for innovasjon og proaktiv tilnærming, og auka kunnskap og tiltakskapasitet for å gi gode og tilpassa integrerings- og kvalifiseringstiltak. Volda læringsssenter er godkjent som elevbedrift, og gjennom KUM-midlar vil vi som nemnd, etablere *INTRO-bedrift* i *kantina* på rådhuset i 2016. I 2017 vil vi etablere kommunale praksisarena i *reinhold*.

Entreprenørskap som integreringsverktøy er også fokus i eit innovasjonsprosjekt initiert av frivilligsentralen, Sunnmøre Kulturnæringshage og Volda læringsssenter. Det er søkt om tilskot frå NAV til prosjektet *Kimen, sosial entreprenør Volda*, som skal vere eit sosialt miljøtiltak. På sikt er Kimen tenkt å vere ein arena for nyskaping av arbeidsplassar, der praktisk etableringsopplæring bygd på realkompetanse, skal skape arbeidsplassar og etablering av mindre verksemder. Kimen er også tenkt som ei øvingsarena, der ein kan omsetje eigne produkt eller tenester gjennom *sal og service*, i ei trygg og risikofri ramme. I februar vert det arrangert ein utviklingsverkstad, der m.a. IMDi, fylkeskommunen og NAV er invitert.

Rådmannen saknar ein meir heilskapleg statleg busetjings- og integreringspolitikk og meiner staten i for stor grad fokuserer på kommunane sitt ansvar for å busetje og kvalifisere flyktningane utan å stille naudsynte krav og tilrettelegging av tilpassa vidaregåande studietilbod og arbeidsretta tiltak frå NAV, som del av introduksjonsprogrammet. Rådmannen meiner at kommunane må stille krav til heilskapleg kvalifiseringsløp for flyktningar på tvers av forvaltningsgrensene. Det er underleg at staten ikkje sett i verk forplikande virkemidlar for å gjere busetjings- og integreringspolitikken i Noreg meir berekraftig.

Gjennom forplikande samarbeid mellom staten v/IMDi og Volda kommune om busetjing og integrering av flyktningar, er kommunen i posisjon til å gjere viktige grep og tiltak på feltet for betre resultatoppnåing. Målet er at flyktningane skal bli i stand til eit økonomisk og sjølvstendig liv i det norske samfunnet så raskt som mogleg. Eit godt busetjings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparingar i åra framover. Eit forplikande samarbeid om busetjing av flyktningar over fleire år vil styrke beredskapen på busetjings- og integreringsfeltet og gi meir føreseielege rammer å arbeide under for staten og kommunen, samt gi rom for vidareutvikling, kompetanseheving og betre resultatoppnåing på feltet.



2. Tiltaksplan i busettjening- og integreringsarbeidet 2016

(rullerast årleg)

INNSATSONRÅDE	NR	TILTAK/MÅL	AKTIVITET	ANSVARLEG	TID/FRIST
BUSETTJENING- FREMJEDE TILTAK 2.1 Framskaffe bustader til jamn og kvartalsvis busettjening Prosjektet: "God og effektiv busettjening av flyktningar" <i>Til gjennomføring av pkt. 1.4, 1.5, 1.6 har ein fått kr 400.000 i kompetansetilskot frå Husbanken</i>	1.1	<i>Skaffe oversikt over bustadbehov</i>	<ul style="list-style-type: none">Lage prognose over bustadbehovÅrleg plan for jamn og kvartalsvis busettjening av flyktningar	PO	Februar
	1.2	<i>Kjøp av bustader</i>	<ul style="list-style-type: none">Kommunestyret har fatta vedtak om kjøp/bygging av nye bustader til flyktningar i 2016Låneramma er sett til kr 6 mill., utover det som vert utløyst i bustadtilskotBustadene skal vere sjølvfinansierande, og finansierast ved låneopptak, bustadtilskot frå Husbanken og husleige	PO Eigedomsavdelinga Husbankansvarleg Volda læringscenter EM-tenesta	Desember
	1.3	<i>Utgreiing av framtidig behov for bustadbygging</i>	<ul style="list-style-type: none">Kommunestyret har fatta vedtak om at administrasjonen skal utgreie sak om korleis dekke framtidig behov for bustadbygging for busettjening av flyktningar, der ein vurderer alternative samarbeidsformer for bustadbygging.	PO Eigedomsavdelinga Helse og omsorg Volda læringscenter EM-tenesta	Juni
	1.4	<i>Å koordinere det fragmenterte</i>	<ul style="list-style-type: none">Prosjektet er ferdigstiltKonklusjonar må følgjast opp i bustadsosial plan og arbeid.	PO Helse og omsorg	Ferdigstilt Juni/Kontinuerleg
	1.5	<i>Frå leige til eige</i>	Utvikle modell for implementering av "Frå leige til eige": <ul style="list-style-type: none">Arbeidet starta opp, men ikkje ferdigstiltTilstrekteleg låneopptak av startlån for vidaredeling	PO Husbankansvarleg Eigedomsavdelinga	November
	1.6	<i>Privat leige av bustad</i>	Utvikle metode for privat leige av bustad: <ul style="list-style-type: none">Flyktningar skaffar privat leigebustad sjølvFrå kommunal til privat leige av bustad	PO Programrådgjevar EM-tenesta Helse og omsorg	November
	1.7	<i>Sikre god gjennomstrøyming i kommunale utleigebustader</i>	<ul style="list-style-type: none">Kontakte flyktningar i god tid før husleigekontrakta går ut og informere, motivere og bistå til å skaffe eigen bustad på den private bustadmarknaden (leige/eige)Yte bistand til finansiering av eigen bustad; startlån, bustadtilskot, bustønad	Helse og omsorg PO Husbankansvarleg	Kontinuerlig
	1.8	<i>Rullering av bustadsosial plan</i>	<ul style="list-style-type: none">Sektor for helse og omsorg har ansvar for rullering av bustadsosial plan.Arbeidet vart starta i 2015, men ikkje ferdigstilt.	Helse og omsorg Arbeidsgruppa for bustadsosialt arbeid	Juni



INNSATSOMRÅDE	NR	TILTAK/MÅL	AKTIVITET	ANSVARLEG	TID/FRIST
BUSETJINGS-FREMJEDE TILTAK 2.2 Sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar Sikre implementering og gjennomføring av det tidlegare prosjektet: "Bustadkarriere for flyktningar"	2.1	<i>Sikre betre implementering og gjennomføring av programmet for burettleiing og sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar i Volda</i>	<ul style="list-style-type: none">• Deltakarar i introduksjonsprogram og einslege mindreårige flyktningar skal som fast aktivitet ha tiltak retta mot burettleiing og sjølvstendig bustadkarriere i sin individuelle plan• Flyktningar skal frå dag ein i Volda få informasjon om å bu, burettleiing, sjølvstendig bustadkarriere, korleis skaffe eigen bustad, ivaretaking av husværet, uteområde, bumiljø, nabolag• Lage plan for korleis gjennomføre arbeidet med burettleiing og sjølvstendig bustadkarriere i:<ul style="list-style-type: none">○ Introduksjonsprogrammet○ Arbeidet med kvalifisering av einslege mindreårige○ For andre flyktningar/tidlegare busette	PO VL INTRO-teamet / Programrådgjevarar EM-tenesta, barnevern, særkontakt	Kontinuerleg Mars
	2.2	<i>Auke kunnskapen om Husbanken sine lån, tilskot og støtteordningar</i>	<ul style="list-style-type: none">• Gi informasjon på individnivå til brukarar• Gi informasjon i gruppe på Volda læringscenter• Etablere fleire informasjonsarena for brukarar og tilsette• Gjere informasjonsmateriell tilgjengeleg for hjelpeapparatet, leietakarar i kommunale og private bustadar, og andre interesserte.	Husbankansvarleg PO	Kontinuerleg



INNSATSOMRÅDE	NR	TILTAK/MÅL	AKTIVITET	ANSVARLEG	TID/FRIST
INTEGRERINGS-FREMJEDE TILTAK	3.1	Organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi	<ul style="list-style-type: none">Samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening, jf. pkt. 4 i k-sak 4/16	PO Volda læringscenter EM-tenesta Helse og omsorg NAV	Snarast/april
2.3 Vidareutvikle og sikre gode og stabile resultat i introduksjonsordninga	3.2	Innovasjon som integreringsverktøy INTRO-bedrift i Rådhuskantina Fleire kommunale arena for språkpraksisplassar	<ul style="list-style-type: none">Etablere INTRO-bedrift i kantina som arena for språkpraksisplass for deltakarar med liten eller ingen skulebakgrunn<ul style="list-style-type: none">Prosjektplan; innhald, metode, organiseringDrift av open kantine 5 d/vLage rutinar for kontinuitet og oppfølging av praksisplassarImplementere modellen og nye rutinar i det daglege arbeidetInkludere NAV sitt viremiddelapparat i avsluttande faseI seinare fase av prosjektet etablere arena for språkpraksis og arbeidstrening i reinhald	Prosjektansvarleg Programrådgjevarar Lærarar VLS Ass. rektor VLS NAV	April Mai April Desember
Prosjekt "Kommunal språkpraksisarena"	3.3	Fagnorsk på arbeidsplassen	For deltakarar med arbeid som mål må meir av undervisninga leggjast ute i bedrifter: <ul style="list-style-type: none">Fokus på bransjespesifikk norskopplæring knytt til kantinedrift, og etterkvart reinhald og sal og servicePraksisnær norskopplæring	Prosjektleiar Ass. rektor VLS	Kontinuerleg
Søkt om KUM-midlar frå IMDi i 2016.	3.4	Basisfag i norskopplæringa	For deltakarar med utdanning som mål: <ul style="list-style-type: none">Tilby basisfag tidleg for å effektivisere kvalifiseringsløpet og sikre rask overgang til vidaregåande skule	Prosjektleiar Ass. rektor VLS	Kontinuerleg
	3.5	Resultatfokus i norskopplæringa	Det er innført obligatoriske språkprøver og skal kontinuerleg arbeidast for: <ul style="list-style-type: none">Å spisse opplæringa mot språkprøveneResultat frå nasjonale prøver og eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.	Rektor VLS Ass. rektor VLS Lærarar VLS	Kontinuerleg
	3.6	Resultatfokus i introduksjonsprogrammet	Frå 2016 har rådmannen sett resultatmålet i INTRO til 60%. Det skal kontinuerleg arbeidast for å sikre deltakarane overgang til arbeid/utdanning ved avslutning av INTRO, og måloppnåing på minimum 60%.	Rektor VLS programrådgjevarar	Kontinuerleg



INNSATSOMRÅDE	NR	TILTAK/MÅL	AKTIVITET	ANSVARLEG	TID/FRIST
INTEGRERINGS-FREMJANE TILTAK 2.4 Vidareutvikle og sikre gode og stabile resultat i norskopplæringa Prosjekt "Kommunal språkpraksisarena" Søkt om KUM-midlar frå IMDi i 2016 og 2017. Prosjekt "Kimen" Søkt NAV-midlar i 2016.	4.1	<i>Gi god informasjon om arbeidsretta tiltak som metode i kvalifiseringsarbeidet</i>	<ul style="list-style-type: none">• Delta på leiarsamling i kommunalt regi• Delta på møter med Volda næringsforum• Arrangere lokalt fagseminar om arbeidsretta kvalifiseringsløp (off./priv. næringsliv)	Prosjektleder PO Volda næringsforum	Desember
	4.2	<i>Innovasjon som integreringsverktøy</i> <i>Kimen</i>	<ul style="list-style-type: none">• Etablering av "Kimen" som eit sosialt miljøtiltak og arena for nyskaping av arbeidsplassar• Gjennom praktisk etableringsopplæring skape arbeidsplassar og etablere mindre verksemder der flyktingar kan omsetje eigne produkt, gjennom sal og service.	Innovasjonsgruppa PO Volda læringscenter	Desember
	4.3	<i>Tilrettelegge for fleire komprimerte utdanningsløp for vaksne, som fører fram til fagbrev</i>	<ul style="list-style-type: none">• Arbeid for at fleire kan bli helserekruitt i prosjektet "Menn i helse"• Arbeide for fleire tilsvarande komprimerte utdanningsløp for vaksne, som fører fram til fagbrev• Sikre lærlingplass i Volda kommune	PO Læringkoordinator Volda læringscenter	Kontinuerleg
	4.4	<i>Etablering av fleire arbeidsretta tiltak i kommunalt regi</i> <i>Samarbeid med andre aktørar om kvalifiseringstiltak</i>	Grunna mangel på tilpassa og tilstrekkelege statlege NAV-tiltak og vaksenopplæringstilbod i det offentlege utdanningssystemet sjå på moglegheiter for: <ul style="list-style-type: none">• Årlege arbeidsretta kurs, ev. i samarbeid med nabokommunar<ul style="list-style-type: none">○ Arbeidslivskunnskap○ Fagkurs (reinhald, helse, vaktmeister, service m.v.)• Etablere avtalar med kommunale avdelingar/lokalt næringsliv om å ta inn <i>praksiskandidatar</i> som vil gå eit praksiskandidatløp med mål om fagbrev• Samarbeid med andre aktørar om kvalifiseringstiltak t.d. Furene AS	Prosjektleder PO Volda næringsforum NAV	Desember
	4.5	<i>Vidareutvikle samarbeidet med NAV</i>	<ul style="list-style-type: none">• Lage ny samarbeidsavtale mellom NAV og Volda læringscenter, avklare roller og ansvar, sikre tiltakskjeding av arbeidsretta kvalifiseringsløp	Prosjektleder PO NAV	Desember
	4.6	<i>Kompetanseheving i kvalifiseringsarbeidet</i>	<ul style="list-style-type: none">• K+ nettverkssamlingar• Innovasjon "Kommunal språkpraksisarena" og "Kimen"	PO Prosjektleder	Desember



Volda kommune

Volda 12.04.16

Uttale frå minoritetshelseteamet - behov for lavterskeltilbod innan psykisk helse for dei under 18 år.

Volda kommune har nyleg oppretta tverrfagleg team for minoritetshelse. Teamet består av ein frå legetenesta, ein frå rus- og psykisk helseteneste, to frå barnevern og to frå helsestasjonen. Teamet har fått eit mandat, beskrevet i notat frå 24/2-16, der blant anna arbeid med rutinar og prosedyrar for oppfølging av fysisk og psykisk helse inngår.

Teamet hadde møte 31/3-16, der temaet var oppfølging av psykisk helse. DPS, BUP og kommuneoverlege var invitert til møtet i tillegg til dei faste medlemmane.

I Volda kommune har vi i dag eit etablert tilbod for oppfølging av psykisk helse for dei over 18 år gjennom rus- og psykisk helseteneste. Det finst pr. i dag ikkje eit tilsvarande tilbod for dei som er under 18 år.

Minoritetshelseteamet ser at Volda kommune har behov for eit førebyggjande lavterskeltilbod for oppfølging av psykisk helse for dei som er under 18 år. Dette behovet har blitt forsterka etter at det vart oppretta bueining for 40 einslege mindreårige asylsøkjjarar i okt-15. I Volda har vi dei siste åra fått ei aukande gruppe med ungdomar med asyl/flyktning bakgrunn. Vi erfarer at gruppa har mange felles utfordringar i høve til flukt, separasjon frå familie, søvnvanskar og behov for rutinar, nettverksetablering og å finne mening i ein ny kvardag.

Konklusjonen frå møtet er at det er behov for ekstra ressurs vedrørende psykisk helse til personar under 18 år. Dette må vere eit lavterskeltilbod med kartlegging og oppfølging på individnivå eller i gruppe. Det er naudsynt å få på plass dette raskt.

Med vennleg helsing:

Minoritetshelseteamet i Volda

Koordinator helsestasjonen



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Jarle B. Krumsvik	Arkivsak nr.:	2013/2141
		Arkivkode:	F47

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
71/16	Formannskapet	19.04.2016
49/16	Kommunestyret	21.04.2016

OPPREISNING FOR TIDLEGARE BARNEVERNSBARN

Handsaming:

Røysting:

Tilråding/ Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner samarbeidsavtalen med kostnadsfordeling.

Vedleggsliste:

Samarbeidsavtale
Kostnadsfordeling

Samandrag av saka:

Etter ein relativ tung prosess vinter-13 og vår-14, fekk kommunane endeleg fylkeskommunen med på å ta sin del av ansvaret i desse sakene. Volda kommune vedtok å vere med på ordninga den 30.04.15 i PS 40/15.

Det ligg no føre eit forslag til samarbeidsavtale mellom kommunane og Fylkeskommunen om gjennomføringa av ei felles oppreisingsordning, samt kostnadsfordeling av dei administrative kostnadane. Eg tilrår at Kommunestyret godkjenner avtalen.

Saksopplysningar:

Etter påtrykk frå kommunane og frå sentralt hald (KS) tok Fylkeskommunen saman med Fylkesmannen og KS hausten 2013 initiativet for å lage ei felles oppreisingsordning for barnevernsbarn i Møre og Romsdal. Den økonomiske ansvarsfordelinga vart eit heitt tema, men etter at Fylkeskommunen tok sin del av ansvaret vart det einigheit om å opprette ei oppreisingsordning. Fylkeskommunen og 30 av kommunane i vårt fylke er no med. Volda Kommunestyre fatta sitt vedtak i møte den 30.04.15.

Det ligg no føre eit forslag om atale om gjennomføring av ordninga (1), og eit forslag til kostnadsfordeling når det gjeld den administrative delen av ordninga (2).

(1) Gjennomføringsavtalen.

Partar er den enkelte kommune som har vedteke å vere med på ordninga og Fylkeskommunen.

Ordninga gjeld for personar som har vore plasserte på institusjonar av ei deltakarkommune og som har opplevd omsorgssvikt eller overgrep.

Fylkeskommunen har det administrative ansvaret for ordninga, medrekna sekretariatsfunksjonane.

Deltakarkommunane delegerer mynde til sekretariatet for å førebu sakene og til oppreisingsutvalet til å treffe avgjerd.

Deltakarkommunane gjev vidare samtykke til at sekretariatet og utvalet får tilgjenge til naudsynte opplysingar i eige og interkommunalt arkiv.

Sjølve oppreisingsbeløpet som vert tilkjent av utvalet skal utbetalast til søkar av den kommunen som var ansvarleg for plasseringa. Dersom saka gjeld ein institusjon der Fylkeskommunen hadde driftsansvar, betalar Fylkeskommunen halvparten av oppreisingsbeløpet.

(2) Kostnadsfordelinga

Når det gjeld sekretariatet dekkjer Fylkeskommunen sjølv utgifter til husleige, arkivfunksjonar og kontorstøttefunksjonar. Dei øvrige utgiftene vert delt med 40% på Fylkeskommunen og 60% på kommunane.

Oppreisingsutvalet sitt utval vert delte på same måte.

Fordelinga kommunane i mellom vert slik: Halvparten vert delt likt på alle kommunane, medan den andre halvparten vert delt pr. innbyggjar.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen meiner vi no har fått til ei god og rettferdig ordning som vil kunne gje dei som har krav på det i alle fall ein økonomisk kompensasjon for dei overgrep dei har måtte tåle.

Dette er på høg tid.

Volda kommune tok i sin tid opp spørsmålet om klageretten. Eg ser at Fylkeskommunen no har ein dialog om dette med Justisdepartementet. Her kan det nok kome endringar etter kvart. Den gjennomføringsavtalen som no er til handsaming, er i tråd med det ein har blitt einige om tidlegare, og eg tilrår at den vert godkjent.

Økonomiske konsekvensar:

Sekretariats –og utvalsutgiftene for Volda kommune er for 2016 rekna ut til kr. 64.360,60. Disse vert foreslått dekkja inn ved neste tertialrapport. Når det gjeld eventuelle oppreisingsbeløp, er det svært vanskeleg å budsjettere. Vi får kome attende med det etter kvart som tilfelle oppstår.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Økonomisjefen for budsjettkorrigerering
Møre og Romsdal fylkeskommune
Servicekontoret, her
Barnevernet, her



SAMARBEIDSAVTALE OM GJENNOMFØRING AV EI MELLOMBELS FELLES OPPREISNINGSORDNING FOR TIDLEGARE BARNEVERNBSBARN I MØRE OG ROMSDAL

Avtalen bygger på Vedtekter for Oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal, vedteke av Fylkesmøte i Kommunenes Sentralforbund (KS) den 17.09.2014 og Fylkestinget i Møre og Romsdal den 09.12.2014, og som følgande kommunar har slutta seg til: Aukra, Averøy, Fræna, Giske, Gjemnes, Halså, Haram, Hareid, Herøy, Molde, Nesset, Norddal, Rindal, Sande, Sandøy, Skodje, Smøla, Stordal, Sula, Sunndal, Surnadal, Sykkylven, Tingvoll, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, Ørskog, Ørsta og Ålesund.

1. Partar

Avtalen er inngått mellom ovannemnde kommunar i Møre og Romsdal som deltek i og er forplikta etter denne oppreisningsordninga, og Møre og Romsdal fylkeskommune.

2. Organisering av oppreisningsordninga.

Oppreisningsordninga er organisert som eit frivillig samarbeid utan heimel i lov.

Ordninga gjeld personar som har vore plassert i institusjon i eller utanfor Møre og Romsdal fylke, dvs. på barneheim, skuleheim eller liknande av ei deltakarkommune, og som der har vorte utsett for omsorgssvikt eller overgrep, jf. §§ 1 og 4 i vedtektene. Dersom kommunetilknytninga for søkaren er uklar, avgjer oppreisningsutvalet i samråd med dei aktuelle kommunar, kven som eventuelt skal ha oppreisningsansvaret.

Etter § 2 om Oppreisningsutval i vedtektene, har Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppnemnt eit felles oppreisningsutval for oppreisningsordninga på 3 medlemmer med personlege varamedlemmer.

Fylkeskommunen har det administrative ansvaret for drifta av oppreisningsordninga, medrekna sekretariatet for oppreisningsutvalet. Sekretariatet er organisatorisk plassert i Møre og Romsdal Fylkeskommune, men er faglig underlagt oppreisningsutvalet.

3. Overføring av oppgåver og mynde frå deltakarkommunane til oppreisningsutvalet og sekretariatet.

Det er frå 1. januar 2016, som er det tidspunktet ordninga blei satt i verk, delegert mynde frå partane i avtalen til

1. sekretariatet til å førebu sakene om oppreisning for oppreisningsutvalet.
2. oppreisningsutvalet om å ta avgjerd i oppreisningssaker etter vedtektene.

Vedtak i oppreisningsutvalet bind partane.

Avtalepartane har på eit overordna nivå ansvaret for at oppreisningssakene er tilstrekkeleg opplyst, slik at ei avgjerd gjort av utvalet om eventuell oppreisning skal bygge på dei faktiske handlingar eller unnlatingar som vert vurdert som mest sannsynleg. I dette ligg at kommunane er ansvarlege for at nødvendig arkivmateriale om plassering og opphald på institusjon vert stilt til rådvelde i sakshandsaminga. Fylkeskommunen er ansvarleg for å skaffe fram arkivmateriale frå barnevernsinstitusjonar dei hadde driftsansvaret for i tidsrommet 01.01.1980 til 01.01.1993. På same måte er avtalepartane ansvarlege for eventuelle naudsynte kostnader sekretariatet/oppreisningsutvalet får, vedkomande mellom anna tenestekjøp, knytt til denne oppgåva.

Deltakarkommunane gir samtykke til at oppreisningsutvalet og sekretariatet får tilgjenge til opplysningar om søkarane frå dei arkiva deltakarkommunane har ansvar for.

Partane i avtalen gjev samtykke til at Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (Interkommunalt arkiv) får tilgang til deltakarkommunane sine arkiv som ledd i handsaminga av søknader. Det samtykkast og i at Interkommunalt arkiv kan samle informasjon i statlege og private arkiv på vegne av plasseringskommune og fylkeskommunen, sjå også punkt 4 tredje avsnitt i denne avtalen.

Den aktuelle deltakarkommunen skal ha melding frå sekretariatet om søknader som er innkomne og om vedtak som vert gjort i oppreisningsutvalet.

4. Rutinar for å hente inn informasjon i sakshandsaming av søknadar.

I vedtak datert 08.01.2016 har Datatilsynet gitt Møre og Romsdal fylkeskommune konsesjon til å handsame personopplysningar i forbindelse med administrasjon av oppreisningsordninga. Konsesjonen omfattar alle kommunar som opprettar samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Når søknadar kjem inn til sekretariatet vert opplysningar om søkaren og samtykkeerklæringa sendt til plasseringskommunen og Interkommunalt arkiv.

Interkommunalt arkiv sine arbeidsoppgåver i saksutgreiinga:

Interkommunalt arkiv har arbeidsoppgåva å samle nødvendig informasjon om søkarane i offentlege og private arkiv, og å gjere denne digitalt tilgjengeleg for oppreisningsutvalet ved sekretariatet.

Plasseringskommunen forpliktar seg til å medverke i Interkommunalt arkiv sitt arbeid med å hente fram relevante opplysningar om søkar og plasseringa på institusjon frå arkiv som kommunen ikkje har avlevert til Interkommunalt arkiv.

5. Økonomisk ansvar, utgiftsdeling og refusjonsordning.

Oppreisningsbeløp tilkjent i oppreisningsutvalet vert utbetalt direkte til søkaren sin bankkonto av den kommunen som var ansvarlig for plasseringa, så raskt som mogleg etter at vedtak frå oppreisningsutvalet er motteke. Møre og Romsdal fylkeskommune utbetalar ein halvpart av dei oppreisningsbeløpa som vert tilkjent for plassering av søkar på ein institusjon som Møre og Romsdal fylkeskommune hadde driftsansvaret for i det tidsrommet som følger av § 4, 2. ledd i vedtektene. I desse tilfella betalar kommunen og fylkeskommunen kvar sin halvpart av oppreisningsbeløpet direkte til søkaren.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for å bemanne og drifte sekretariatet. Fylkeskommunen dekker 40 prosent av sekretariatutgiftene, og deltakarkommunane dekker dei resterande 60 prosent.

Fylkeskommunen tek eit eineansvar for utgifter til husleige for oppreisningsutval/sekretariat, arkiv for oppreisningssakene og kontorstøttefunksjonar for oppreisningsutval/sekretariat, slik at desse ikkje går inn i den summen som skal fordelast mellom deltakarane.

Utgiftene til drifta av oppreisningsutvalet, skal dekkjast etter den same fordelingsnøkkelen som i avsnittet framom.

Utgiftsfordelinga av dei 60 prosent av driftsutgiftene som deltakarkommunane skal dekkje, skjer på følgande måte:

Totalt årleg utgiftsbeløp blir ordna i to delar.

1. Kvar kommune betalar det same grunnbeløpet som utgjer 1/30 av ein halvpart av forventa refusjonsbeløp frå kommunane, etter fylkeskommunen sitt budsjett for driftsåret. Beløpet betalast a konto seinast 01.08. i driftsåret, på bakgrunn av faktura frå fylkeskommunen.

2. Restbeløpet blir berekna på grunnlag av dei faktiske driftsutgiftene for ordninga, ut frå ein fordelingsnøkkel etter folketalet i deltakarkommunane pr. 01.01.2016. Fylkeskommunen vil sende refusjonskrav på dette beløpet i desember månad.

Eventuelt overskot ved oppreisningsordninga si avslutning vert ført tilbake til avtalepartane etter same fordelingsnøkkelen som nemnd ovanfor.

6. Endring av samarbeidsavtalen.

Alle deltakarkommunar er tilslutta ein likelydande samarbeidsavtale.

Dersom nokon annan kommune i fylket sluttar seg til ordninga, får fylkeskommunen fullmakt til å endre nøkkelen for utgiftsfordelinga av dei 60 prosent som deltakarkommunane skal dekkje etter punkt 5 fjerde avsnitt i denne avtalen, etter eit auka tal på deltakarkommunar. Nye kommunar må refundere sin part av dei faktiske utgiftene frå oppreisningsordninga starta opp den 01.01. 2016.

7. Tida avtalen gjeld for.

Avtalen gjeld med verknad frå 01.01.2016 og til alle søknader er handsama, etter ein søknadsfrist sett til to år frå den dato oppreisningsutvalet kunngjer at dei tek i mot søknadar. Samarbeidsavtalen fell bort frå det tidspunktet oppreisningsordninga vert avslutta, utan særskild oppseiing.

Dato,

.....

Kommune

.....

Møre og Romsdal fylkeskommune

Folkemengde 1. januar 2016

2016

1502 Molde	26732
1504 Ålesund	46747
1505 Kristiansund	24526 *
1511 Vanylven	3256
1514 Sande	2559
1515 Herøy	8972
1516 Ulstein	8430
1517 Hareid	5189
1519 Volda	9037
1520 Ørsta	10677
1523 Ørskog	2310
1524 Norddal	1652
1525 Stranda	4598 *
1526 Stordal	1020
1528 Sykkylven	7675
1529 Skodje	4620
1531 Sula	8952
1532 Giske	8094
1534 Haram	9200
1535 Vestnes	6611
1539 Rauma	7492 *
1543 Nesset	2970
1545 Midsund	2088 *
1546 Sandøy	1270
1547 Aukra	3518
1548 Fræna	9717
1551 Eide	3467
1554 Averøy	5826
1557 Gjemnes	2593
1560 Tingvoll	3103
1563 Sunndal	7160
1566 Surnadal	5969
1567 Rindal	2036
1571 Halså	1547
1573 Smøla	2141
1576 Aure	3536 *
Møre og Romsdal	265290

Kjelde: SSB

**Fordeling av utgifter for kommunane som er med i ordninga:
Oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn.**

Fordelt på 30 kommunar		Innbyggjarar	Faktura forfall august	Faktura forfall desember	Sum å betale for kvar kommune
		per 01.01.2016	(lik fordeling av kr 864 000)	(skal fordeles etter folketal og faktiske utgifter, men her utrekna etter budsjett)	ESTIMAT
1547	Aukra	3518	kr 28 800,00	kr 13 843,33	kr 42 643,33
1554	Averøy	5826	kr 28 800,00	kr 22 925,31	kr 51 725,31
1548	Fræna	9717	kr 28 800,00	kr 38 236,40	kr 67 036,40
1532	Giske	8094	kr 28 800,00	kr 31 849,89	kr 60 649,89
1557	Gjemnes	2593	kr 28 800,00	kr 10 203,46	kr 39 003,46
1571	Halsa	1547	kr 28 800,00	kr 6 087,45	kr 34 887,45
1534	Haram	9200	kr 28 800,00	kr 36 202,00	kr 65 002,00
1517	Hareid	5189	kr 28 800,00	kr 20 418,72	kr 49 218,72
1515	Herøy	8972	kr 28 800,00	kr 35 304,82	kr 64 104,82
1502	Molde	26732	kr 28 800,00	kr 105 190,42	kr 133 990,42
1543	Neset	2970	kr 28 800,00	kr 11 686,95	kr 40 486,95
1524	Norrdal	1652	kr 28 800,00	kr 6 500,62	kr 35 300,62
1567	Rindal	2036	kr 28 800,00	kr 8 011,66	kr 36 811,66
1514	Sande	2559	kr 28 800,00	kr 10 069,67	kr 38 869,67
1546	Sandøy	1270	kr 28 800,00	kr 4 997,45	kr 33 797,45
1529	Skodje	4620	kr 28 800,00	kr 18 179,70	kr 46 979,70
1573	Smøla	2141	kr 28 800,00	kr 8 424,84	kr 37 224,84
1526	Stordal	1020	kr 28 800,00	kr 4 013,70	kr 32 813,70
1531	Sula	8952	kr 28 800,00	kr 35 226,12	kr 64 026,12
1563	Sunnadal	7160	kr 28 800,00	kr 28 174,60	kr 56 974,60
1566	Surnadal	5969	kr 28 800,00	kr 23 488,02	kr 52 288,02
1528	Sykkylven	7675	kr 28 800,00	kr 30 201,13	kr 59 001,13
1560	Tingvoll	3103	kr 28 800,00	kr 12 210,31	kr 41 010,31
1516	Ulstein	8430	kr 28 800,00	kr 33 172,05	kr 61 972,05
1511	Vanylven	3256	kr 28 800,00	kr 12 812,36	kr 41 612,36
1535	Vestnes	6611	kr 28 800,00	kr 26 014,29	kr 54 814,29
1519	Volda	9037	kr 28 800,00	kr 35 560,60	kr 64 360,60
1523	Ørskog	2310	kr 28 800,00	kr 9 089,85	kr 37 889,85
1520	Ørsta	10677	kr 28 800,00	kr 42 014,00	kr 70 814,00
1504	Ålesund	46747	kr 28 800,00	kr 183 949,45	kr 212 749,45
	Samla	219583	kr 864 000,00	kr 864059,11	kr 1 728 059,11

For 2016 er budsjett på samla refusjonar frå kommunane kr 1 728 000.

50 % fordeles likt per kommune slik: $kr\ 1\ 728\ 000 * 50\ \% = Kr\ 864\ 000$. $kr\ 864\ 000/30\ kommunar=$

28800,00

50 % fordeles etter faktiske driftsutgifter utrekna etter folketal per 01.01.16. $kr\ 864\ 000/219583=$
(Her eit estimat etter budsjett)

3,935



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Sjugard

Arkivsak nr.: 2016/551

Arkivkode: 026

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
72/16	Formannskapet	19.04.2016
50/16	Kommunestyret	21.04.2016

FELLES SAMFERDSELSPAKKE FOR VOLDA OG ØRSTA - PROSESS

Handsaming:

Røysting:

Tilråding/ Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret ser framdrift og prioritering av dei overordna veglinene med tilhøyrande infrastruktur som avgjerande for utviklinga i regionen Volda - Ørsta, og minner om at dette er eit samfunn som må sjåast på line med dei tre byane Kristiansund, Molde og Ålesund.**
- 2. Kommunestyret godkjenner at prosess på utarbeiding av grunnlag for felles samferdselspakke for Volda og Ørsta vert sett i gang med sikte på innsending av søknad om bompengefinansiering i 2018.**
- 3. Programnotatet skal definere konkrete tiltak og sjå gjennomføring i fasar ut frå realisme knytt til målsetting for samferdselspakke-programmet, tilgjengelege ressursar og gjennomførbarheit.**
- 4. Kommunestyret ber ordførar og rådmann ta kontakt med Statens Vegvesen, region Midt, Møre og Romsdal fylkeskommune og Ørsta kommune for å få etablert ei styringsgruppe til å styre og gjennomføre utgreiinga. Styringsgruppa fastset framdriftsplan, set ned ev arbeidsgrupper og rapporterer til kommunestyret. Ordførar og rådmann representerer styringsgruppa frå Volda kommune.**

Vedleggsliste:

F-sak 96/12 Felles samferdselsprosjektet; Bypakken.

Samandrag av saka:

Statens Vegvesen har vendt seg til kommunane Volda og Ørsta med sikte på å starte opp ein prosess for å utgreie felles samferdselspakke i Volda og Ørsta. Formålet med denne saka er å forankre arbeidet i kommunestyret og setje i gang arbeidet med sikte på å kunne vere i posisjon til å sende søknad om bompengefinansiering i 2018.

Saksopplysningar:

Representantar frå Statens Vegvesen (reg. Midt), samferdselsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane Volda og Ørsta møttest i Ørsta 30.03.16 for å drøfte spørsmålet om felles samferdselsløyving.

Vegvesenet og fylkeskommunen er samarbeidspartar i bypakkeprogramma for byane Kristiansund, Molde og Ålesund. Den tette integrasjonen mellom sentruma for Volda og Ørsta gjer at vi i praksis utgjer den fjerde byen i Møre og Romsdal. Ein kunne slik sett gjerne kalle eit samferdselssamarbeid i dette området som bypakke. Ettersom det er ulike haldningar til byomgrepet, finn rådmannen det tenleg å bruke nemninga samferdselspakke. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at kommunane i den nasjonale prioriteringskampen i denne samanhengen kan ha fordelar av å sjå desse to sentra som ein komplementær by.

Samferdselspakkar eller bypakkar er eit samleomgrep for den aktiviteten og transportpolitikken som inngår i ei bompengoordning i eit byområde/definert sentrumsområde.

Sist dette var oppe som politisk sak i Volda kommune var i formannskapet i F-sak 96/12 den 25.05.12, der det vart vedteke å oppnemne ordførar og rådmann i arbeidsgruppa som skal samarbeide med Vegvesenet vedkomande bypakken. Med bakgrunn i at mange av dei aktuelle vegprosjekta ikkje var kome særleg langt i planlegginga, så vart ikkje arbeidet starta opp. Dette aktualiserer seg no særleg ved at E 39 Volda - Furene/Voldatunnellen er i oppstartfasen for regulering og veganlegget er kommentert i Vegvesenet sitt etatsframlegg til Nasjonal transportplan (NTP).

Etter mønster frå bypakkemodellane for byane Kristiansund, Molde og Ålesund er det aktuelt å setje ned styringsgruppe og arbeidsgrupper som får fram grunnlagsmateriale (situasjonsanalyse, behov mv) og utarbeider eit planprogram som skisserer aktuelle tiltak og prioriteringar for ei felles pakkeløyving.

Kommunane bør i fellesskap arbeide for å få realisert flest mogleg vegprosjekt, både prosjekt som skal knytast opp mot NTP med bompengefinansiering og mindre tiltak i Statens Vegvesen sitt Handlingsprogram (såkalla Programområda som vert lagt fram av Statens Vegvesen, avd. Midt i 2017)

Vurdering og konklusjon:

Statens Vegvesen har uttalt at E 39 Volda - Furene/Voldatunnellen som har kome langt i planlegging vil vere det berande elementet i ei felles vegpakke for bompengefinansiering. Kommunane er rådd til å planleggje i lag og sjå aktuelle prosjekt som kan inngå i ei felles bompengepakke. Dette er aktuelt å arbeide fram uavhengig av om E 39 Volda - Furene med i den endelege godkjenninga av NTP. Ørstafjordkryssinga har ikkje kome så langt i

planlegginga, og prosjektet må i samferdselspakken ivareta som ein politisk intensjon for å synleggjere behovet for omkøyringsveg gjennom Ørsta sentrum. Ei gjennomføring vil naturleg måtte kome i ei seinare fase når nødvendig planlegging og førebuing ligg føre.

I ein felles samferdselspakke vil ein knyte på aktuelle prosjekt for å stette aktuelle behov, der prioriteringa vert å dele opp i fasar ut frå realisme knytt til målsetting for samferdselsprogrammet, tilgjengelege ressursar og gjennomførbarheit.

Når det gjeld overordna behov som ei felles samferdselspakke skal løyse, så kan ein m.a trekkje fram:

- avløyse gjennomgangstrafikk gjennom sentruma
- gjere sentruma meir attraktive gjennom sentrumsutvikling
- miljømessig og trafikksikkert transportssystem for gåande og syklende
- veginfrastruktur som styrkar beredsskapen, flyplassen og kollektivtilbodet

På noverande tidspunkt er det for tidleg å peike på konkrete tiltak ut over at E 39 Volda - Furene og Ørstafjordkryssinga vil vere sjølvskrivne som dei store prosjekta inn i ei slik felles samferdselspakke. Tiltaka må utgreiast og innarbeidast i eit felles planprogram som grunnlag for søknad om bompengefinansiering i 2018.

Begge kommunane har inngått avtale med Gode Vegar AS. Det vil vere naturleg å spele på selskapet sin kompetanse og kapasitet i prosessen, og at dei vert knytt til prosjektorganisasjonen.

Rådmannen rår til at det vert sett i gang eit arbeid for å utgreie program for felles samferdselspakke for kommunane Volda og Ørsta med sikte på å søkje om bompengefinansiering i 2018.

Det vert sett ned ei styringsgruppe for prosjektet samansett av representantane frå kommunane, Statens Vegvesen og Fylkeskommunen. Rådmannen foreslår at ordførar og rådmannen vert representert frå Volda kommune.

Rådmannen rår vidare til at styringsgruppa vert gitt fullmakt til å styre arbeidet, leggje framdriftsplan og setje ned nødvendige arbeidsgrupper. Kommunane må vere budde på å setje av ressursar ved planleggjar og ingeniør frå teknisk til å delta i den faglege utgreiinga i prosjektet. For kommunane vil det også vere ynskeleg å kople prosjektleiing for miljøgate/sentrumsutvikling til slike grupper.

Styringsgruppa rapporterer til kommunestyret under vegs, og søknad om bompengefinansiering skal forankrast i kommunestyret.

Helse og miljøkonsekvensar:

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

Dette vil verte nærare utgreidd i prosessen, men nye og betre vegar med tilhøyrande infrastruktur som fremjar kollektivtilbodet og meir gåing/sykling vil ha positiv miljø- og helseeffekt.

Økonomiske konsekvensar:

Dette må utgreiast og kome attende til i samband med den vidare prosessen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Oppgradert veginfrastruktur aukar trafikksikringa og styrkar beredsskapen.

Rune Sjørgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Statens Vegvesen, region Midt
Møre og Romsdal, samferdselsavdelinga og samferdselsutvalet
Ørsta kommune
Gode Vegar AS
Volda næringsforum
Teknisk sjef, her
Rådgjevar rådmannen sin stab
Utviklingsjefen
Ordføraren



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»

«KONTAKT»

«ADRESSE»

«POSTI «POSTSTED»

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/1277	5646/2012	026	SVK/ SOH	04.06.2012

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - FELLES SAMFERDSELSPROSJEKT;
"BYPAKKEN"**

Vi melder med dette frå at Formannskapet den 25.05.12, hadde føre ovannemnde som sak PS 96/12, der det vart gjort slikt vedtak:

Ørsta og Volda kommune oppnemner ordførar og rådmann i arbeidsgruppa som skal samarbeide med Vegvesenet vedk. "Bypakken"

Sakutgreinga med følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Kopi til:
Per Ernst Lundberg sakshandsamar
Ordførar Arild Iversen
Rådmann Rune Sjurgard

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ernst Lundberg

Arkivsak nr.: 2012/1277

Arkivkode: 026

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

96/12

Formannskapet

25.05.2012

FELLES SAMFERDSELSPROSJEKT; "BYPAKKEN"

Handsaming:

Strategidirektør Kjetil Strand og seniorrådgjevar Jan Stavik frå Statens vegvesen, Region Midt, orienterte vedk. "Bypakken" og foreslo at det vert oppnemnt ei arbeidsgruppe med representantar frå politisk og administrativ leing i kommunane og vegvesen.

Deretter vart det høve til å stille spørsmål.

Røysting:

Det vart samrøystes vedteke å oppnemne ordførar og rådmann i gruppa.

Vedtak i Formannskapet - 25.05.2012:

Ørsta og Volda kommune oppnemner ordførar og rådmann i arbeidsgruppa som skal samarbeide med Vegvesenet vedk. "Bypakken"

Administrasjonen si tilråding:

Saksopplysningar:

Kommunane har i samband med KVU E 39 gjort vedtak om bompengefinansiering av Voldatunnel og kryssing Ørstafjord i ein "bypakke". Dette etter nærare drøftingar/avtale vegvesenet.

Fylkestinget har stadfesta dette i sitt vedtak 16.4.12, der det heiter:

Gjennom tettstadane Volda og Ørsta skal det byggjast tunnel eller bru utanom sentra etter framtidig trasèval VÅ-K4. Dette er ein "bypakke".

I høve Voldatunnelen er det vedteke eige planprogram, og det er utarbeidd forslag til kommunedelplan, som vert utlagt til offentleg ettersyn med det første.

I konseptvalutgreiinga har vegvesenet foreslått å prioritere Ørstafjordkryssinga. Kommunen har lagt opp til å innarbeide framlegg til alternative vegtrasear for dette i det oppstarta kommuneplanarbeidet, men har så langt ikkje fått forpliktande tilbakemeldingar frå vegvesenet om når det kan bli gjennomført konsekvensutgreiing som grunnlag for dette. Det pågår ein dialog mellom kommunen og vegvesenet i høve korleis dette arbeidet kan gjennomførast og koordinerast i høve kommunen sitt planarbeid.

Det som no står føre er at kommunane og vegvesen tek opp til drøfting av organisering av bypakkeprosjektet; herunder oppretting av bompengeselskap, plassering av bomstasjonar osv.. For å kome i gang med dette vert det frå vegvesenet si side forslått oppretting av ei arbeidsgruppe med representantar frå politisk og adm. leiing i kommunane og Vegvesenet.

Målet er å få klar ei slik organisering at prosjektet kan spelast inn til (og få godkjenning) i samband med Stortinget si handsaming av NTP i 2013.

Rune Sjurgard
rådmann



Statens vegvesen

Notat

Til: Volda kommune, Stormyra 2, 6100 VOLDA
Volda kommune, Stormyra 2, 6100 VOLDA
Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6153 ØRSTA
Volda kommune, Stormyra 2, 6100 VOLDA
Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6153 ØRSTA
Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6153 ØRSTA
Kjetil Strand
Ole Jan Tønnesen OLETON

Saksbehandler/telefon:
Cathrine Helle-Tautra / 71274104
Vår dato: 02.04.2016
Vår referanse: 16/49214-1

Fra: Strategiseksjonen

Kopi: Astrid Eide Stavseng
Robin Sætre

Møte om Samferdselspakke Ørsta/Volda 30.03.2016

Oppsummering av hovedpunktene frå møtet 30.mars 2016

- For å komme i gang med ei samferdselspakke for Ørsta og Volda, er det aktuelt å samle fleire prosjekter i området og delfinansiere dei med bompengar. Både Ørsta og Volda kommune er samstemt i dei fleste nye tiltaka som kan vere aktuelle i ei slik samferdselspakke. Inndeling i ulike fasar vil vere viktig for å unngå forseinking. Voldatunnelen må vere eit av hovudelementa i Samferdselspakke Ørsta/Volda. Ei slik samferdselspakke med fleire ulike prosjekter vil vere fleksibel og robust. Prioritering av prosjekt må kome som ein egen prosess seinare.
- Før ei bompengesak vert fremma for Stortinget må det liggje føre godkjent plangrunnlag for eit eller fleire av dei høgast prioriterte prosjekta. Statens vegvesen planlegger å være ferdig med reguleringsplanen for Voldatunnelen (Volda-Furene) i starten av 2018. Ein kan da sende inn bompengesøknad i 2018.
- Det vil vere mogleg å finne gode løysningar for både Ørsta og Volda sentrum sjølv om E39 må gå gjennom Ørsta sentrum enda ei stund. Ørstafjordkryssinga må bli handtert som ein politisk intensjon, både for å sikre evna til å gjennomføre samferdselspakka og for å synleggjøre behovet for ein omkjøringsveg for Ørsta sentrum.
- Strategiseksjonen i Statens vegvesen vil utarbeide ei prosjektorganisering for Samferdselspakke Ørsta/Volda, samt utarbeide ei framdriftsplan for arbeidet fram mot levering av ein bompengesøknad.

Postadresse
Statens vegvesen

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø

- Kommunane vil sørge for at arbeidet med Samferdselspakke Ørsta/Volda blir forankra politisk gjennom å fremme ei sak for kommunestyra.

PS 51/16 Orienteringssaker

Orienteringssaker

Orienteringssaker



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

16/1559-2

06.04.2016

Høring - Kommune lovutvalgets utredning 2016: 4 - Ny kommunelov

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sender med dette på høring NOU 2016: 4 *Ny kommunelov*.

Utvalget har foretatt en helhetlig gjennomgang av gjeldende kommunelov. Utvalget foreslår blant annet å lovfeste det kommunale og fylkeskommunale selvstyret og enkelte prinsipper for nasjonale myndigheters forhold til dette selvstyret. Utvalget foreslår også flere tiltak for å styrke egenkontrollen i kommunene og fylkeskommunene. Utvalget har lagt vekt på å gjøre loven enkel og tilgjengelig. Vi viser ellers til utredningens side 23–33 for et sammendrag av utvalgets vurderinger.

Utvalgets utredning er vedlagt. Den ligger også på www.regjeringen.no/id2478743.

Offentlige høringsinstanser som ønsker det, kan henvende seg til Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon pr. e-post til publikasjonsbestilling@dss.dep.no for å få oversendt et fysisk eksemplar av utredningen.

Departementet ber om at høringsinstansene vurderer om saken bør sendes til underliggende etater eller virksomheter, tilknyttede virksomheter, medlemsorganisasjoner eller lignende.

Høringsuttalelser skal avgis digitalt på regjeringen.no. Dette gjøres under "Send inn høringsssvar" på www.regjeringen.no/2481627. Alle kan avgi høringsuttalelse. Høringsuttalelsene blir publisert på departementets nettsider.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
NO-0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
<http://www.kmd.dep.no/>

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Erland Aamodt
22 24 68 28

Vi ber om at høringsinstansene tydelig tilkjenner hvilke kapitler i utredningen man uttaler seg om.

Høringsfristen er **6. oktober 2016**.

Med hilsen

Sølvé Monica Steffensen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Siri Halvorsen
avdelingsdirektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Ny kommunelov

Kommunelovutvalgets forslag

Dette er de viktigste lovendingsforslagene:

- **Det kommunale selvstyret tas inn i formalisparagrafen.** Tre prinsipper for forholdet mellom nasjonale myndigheter og kommunene foreslås lovfestet:
 - ◆ At selvstyret ikke bør begrenses mer enn det som er nødvendig for å ivareta nasjonale mål
 - ◆ At offentlige oppgaver bør legges så nær innbyggerne som mulig
 - ◆ At kommunene bør ha frie inntekter som gir økonomisk handlingsrom
- Tittelen rådmann eller administrasjonssjef erstattes med **kommunedirektør**. Kommunedirektøren får et lovfestet ansvar for personalsaker.
- Parlamentarisme må vedtas med minst **2/3 flertall** i kommunestyret.
- Kravet til å fremme **innbyggerforslag** skjerpes, slik at 8 prosent av innbyggerne må skrive under, mot 2 prosent i dag. 1.000 underskrifter skal likevel være nok, mot 300 i kommunene og 500 i fylkeskommunene i dag.
- Betegnelse faste utvalg og komiteer erstattes av **utvalg**. Det skal ikke være lov å kalle et byråd for byregjering.
- Kommunene kan beslutte at **ordføreren velges direkte**.
- Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret skal **ikke være valgberne til styret i kommunale foretak**.
- En ordfører skal kunne **suspendes** dersom vedkommende blir tiltalt for et forhold som kan straffes med fengsel i mer enn tre år, og 2/3 av kommunestyret stemmer for det.
- En ordfører skal kunne **fratas** **vervet** hvis vedkommende ved sin oppførsel viser at han eller hun er **uskikket** til å ivareta vervet. Vedtak krever minst 90 prosent av stemmene.
- Kravet til **kjønnbalanse** i formannskap og utvalg skjerpes. Ved forholdsvalg skal kravet knyttes til organet som helhet, ikke bare det enkelte listeforslag. Dersom det ene kjønn blir underrepresentert, skal kandidater fra dette kjønn rykke opp på den listen som har fått flest stemmer.
- Folkevalgte organer får en **utvalgdokumentasjons** og opplysninger som kan utnyttes offentlig med hjemmel i offentlighetsloven. Samtidig pålegges de folkevalgte taushetsplikt om slike opplysninger.
- Møter i alle folkevalgte organer skal som hovedregel **være åpne**. Unntatt er møter der organet skal motta informasjon fra kommunens advokat. Slike saker skal også kunne studdes på sakslisten.
- Saker som gjelder arbeidstakers tjenstlige forhold - dvs. **rådmann** - skal ikke føres på den sakslisten eller fremgå av den møteprotokollen som er **tilgjengelig for allmennheten**.
- Økonomiforvaltningen skal styrkes gjennom en **generalsekstammelse** som løfter fram kommunestyrets ansvar for å sikre kommunens økonomiske handlevne i et langsiktig perspektiv. Andre nye krav er:
 - ◆ Plikt til å fastsette et økonomireglement og fastsette finansielle mål for driftsresultat, gjeld mv.
 - ◆ Plikt til å utarbeide et samlet regnskap for kommunen som juridisk enhet
 - ◆ Merforbruk i årets regnskap skal dekkes inn før regnskapet avsluttes så lenge det finnes tilgjengelige midler i disposisjonsfond
 - ◆ Lovfeste hovedregel om at drift skal dekkes bare av løpende inntekter, men også lovfeste at en viss andel fra aksjesalg kan regnes som driftsinntekt.
 - ◆ Departementet gir hjemmel for å gi dispensasjon for forbudet mot å benytte kapitalinntekter til å finansiere løpende utgifter i særlige tilfeller.
 - ◆ Departementet skal i tillegg til å godkjenne låneopptak i Robek-kommuner kunne sette begrensninger for **hvilke investeringer lånene kan brukes til**.
 - Erstatte bestemmelsene om internkontroll i særlovene med en egen bestemmelse i kommuneloven, med **krav om systematisk kontroll** med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover, forskrifter og vedtak følges.
 - Antall medlemmer i **kontrollutvalget utvides fra tre til fem**.
 - Lovfeste at kommunestyret skal vedta en **plan for forvalningsrevisjon** for hver valgperiode, og at planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering.
 - Kontrollutvalget og revisjonen skal få en utvidet rett til innsyn og undersøkelser overfor **virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen**.

Om utvalget

- ◆ Leder var fylkesmann Oddvar Flæte. Utvalget har hatt 13 medlemmer.
- ◆ Ble nedsatt av forrige regjering i juni 2013. Overleverte sin utredning til kommunalministeren 10. mars - 2,5 år senere.
- ◆ Mandatet var å foreta en hellelig gjennomgang av kommuneloven for å styrke det kommunale selvstyret, for første gang siden degens kommunelov trådte i kraft i 1993.

Løfter fram

De folkevalgtes rolle **STYRKES** gjennom hele forslaget til ny kommunelov, mener utvalgsleder Oddvar Flæte.

Flæte overleverte sist uke kommunelovutvalgets utredning og forslag til ny kommunelov til kommunalminister Jan Tore Sanner (H).

Den røde tråden i arbeidet over to og et halvt år og det nær 500 sider lange dokumentet er ifølge Flæte at lovforslaget styrker de folkevalgtes rolle.

- Vi stiller strengere krav til administrasjonen, slik at de kan spille kommunestyret gode. Kommunestyret har, og må ha, en veldig viktig rolle i det lokale selvstyret, sier Flæte, fylkesmann i Sogn og Fjordane i nesten to tår fram til 2011.

Kommuneloven skal «legge til rette for et sterkt og representativt lokaldemokrati med aktivt innbyggerdeltakelse» mener utvalget, for folkestyret er innt mindre enn «fundamentet og grunnelsen for kommunenes eksistens.»

Styring med økonomien
Økonomistyring er ett sentralt område hvor utvalget styrker de folkevalgtes rolle.

- Når vi foreslår en generalsekstammelse om langsiktig økonomiforvaltning, så er det for å løfte fram kommunestyrets ansvar for den strategiske økonomiske planleggingen, sier Flæte.

Denne bestemmelsen som innleder lovens kapittel om økonomiforvaltning, slår fast at kommunene skal forvalte sin økonomi slik at den økonomiske handlevnen blir ivaretatt over tid.

Utvalget foreslår å pålegge alle kommuner å ha et økonomireglement, bruke finansielle mål-tall og å utvide krav til budsjett og årsmelding. Kommunene skal også ha plikt til å utarbeide et samlet regnskap for kommunen som juridisk enhet.

- Viktigste med rettslig forankring av selvstyret

Styrkingen av det kommunale selvstyret og av folkevalgtrollen er de viktigste forslagene i den nye kommuneloven, mener utvalgsmedlem Sigrid Stokstad.

Stokstad, som er forsker ved NIBR/Høgskolen i Oslo og Akershus, var i en periode sekretær for kommunelovutvalget.

- Det har vært et mål for utvalget at mest mulig av statens regulering av kommunene skal være lovfestet, slik styrkingen er forankret i vedtak i Stortinget. Vi vil utrett at for stor myndighet blir overført til statsforvaltningen.

Hun framhever også styrkingen av de folkevalgtes rolle gjennom

- Alt dette skal gi kommunestyret et bedre og mer oversikkelig beslutningsgrunnlag. Årsmeldingen skal være en skikkelig statusrapport, sier Flæte.

Mer kontroll
- Kommunenes egenkontroll med sin virksomhet er viktig for den folkevalgte styringen av kommunen. Vi foreslår at kommunestyret jevnlig skal behandle rapporter om internkontroll som kommunedirektøren pålegges å gi, sier Flæte.

Utvalget foreslår å styrke kontrollutvalget med flere medlemmer. Dette er kommunestyrets eget kontrollorgan. Rådmannen, eller kommunedirektøren som utvalget vil kalle kommunenes øverste administrative leder, har ansvaret for internkontrollen. Men det er de folkevalgte som har det overordnede ansvaret for at kommunen drives etter lover og forskrifter - og etter politiske vedtak de selv har fattet.

Derfor skal det ikke lenger være nok for rådmannen å si at det er gjennomført internkontroll. De folkevalgte må ha bedre informasjon for å fylle sin rolle. Utvalget foreslår å lovfeste et krav om at kommunedirektøren minst rapporterer årlig til kommunestyret om internkontrollen.

Utvalget foreslår også nye regler for internkontroll. De vil ikke være informasjon for å fylle sin rolle. Utvalget foreslår å lovfeste et krav om at kommunedirektøren minst rapporterer årlig til kommunestyret om internkontrollen.

Mer innsyn
- Vi foreslår en tydeligere rolle-

nom økt innsyn og bedre egenkontroll som beyringsfall.

- Det jeg håper blir viktigst, er de språklige endringene vi har gjort for at loven skal bli lettere å forstå og bruke. Folkevalgte og andre interesserte skal kunne slå opp i loven og forstå innholdet, sier Stokstad.

Klart og brukervennlig språk har vært et viktig mål i lovarbeidet.

En konkret forenkling Stokstad trekker fram, er forslaget om å fjerne reglene om faste utvalg og komiteer og erstatte slike organer med utvalg. Blir det vedtatt, forsvinner komité, fast utvalg og ad hoc-komite som begreper.

-Meningen er at det skal bli lettere å forstå hvilke oppgaver utvalgene har.

Kommunelovutvalget har vært enige om de fleste forslagene til lovendringer, men en del dissenser er det. Selv er Stokstad uenig med flertallet i at det skal bli mulig å suspendere eller frata ordførervervet.

-Jeg håper vi er enige nok til at vi får slagkraft. Samtidig kan dissenser berike debatten. Det er ikke alle spørsmål det er like lett å konkludere om.

Stokstad viser til Ole Gustav Naruds standpunkt om at parlamentarisme som styreform ikke skal være tillatt som en dissens som et eksempel på en dissens som kan føre til en bredere debatt.

Eierskapsmelding
◆ Utvalget foreslår krav om eierskapsmeldinger for kommunale selskaper og foretak. Det skal gi bedre grunnlag for folkevalgt styring, slik at ikke bedriftsstyrene i praksis også tar på seg eierstyringsrollen.

Direkte valg av ordfører
◆ Utvalget foreslår at ordføreren skal kunne velges direkte av innbyggerne hvis kommunestyret bestemmer det. Dette har tidligere vært en forsøksordning som er blitt avviklet.

Fjernmøter
◆ Utvalget foreslår at også kommunestyremøter skal kunne holdes som fjernmøter, slik andre folkevalgte organer kan i dag. Dette vil gjøre det enklere for kommunestyret å møte, for eksempel i hastesaker.

JAN INGE KROSSLI, 928 86 402
jan@kommunal-rapport.no
RÅGNHILD SVED, 932 87 840
ragnhild@kommunal-rapport.no

Stokstad viser til Ole Gustav Naruds standpunkt om at parlamentarisme som styreform ikke skal være tillatt som en dissens som et eksempel på en dissens som kan føre til en bredere debatt.



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Kommunestyret

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/1680	3659/2016	F00	SVK/ BENTKRO	29.03.2016

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - ARENA FOR LÆRING OG
VELFERDSTEKNOLOGI - MØRE OG ROMSDAL (ALV - MØRE OG ROMSDAL)**

Vi melder med dette frå at driftsstyret den , hadde føre ovannemnde som sak 15/16, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Driftstyret tek orienteringa om partnerskap med ALV-Møre og Romsdal på dei vilkåra som går fram av vedlagte avtale, til vitende.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret
Bente Kristin Krøvel
førstesekretær

Kopi til:
Svein Berg-Rusten

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Svein Berg-Rusten Arkivsak nr.: 2015/1680
Arkivkode: F00

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
15/16	Driftsstyret	09.03.2016

Orienteringssak:

ARENA FOR LÆRING OG VELFERDSTEKNOLOGI - MØRE OG ROMSDAL (ALV - MØRE OG ROMSDAL)

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 09.03.2016

- 1. Driftsstyret tek orienteringa om partnerskap med ALV-Møre og Romsdal på dei vilkåra som går fram av vedlagte avtale, til vitende.*

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Driftsstyret tek orienteringa om partnerskap med ALV-Møre og Romsdal på dei vilkåra som går fram av vedlagte avtale, til vitande.*

Vedleggsliste:

Partnerskapsavtale

Uprenta saksvedlegg:

Særutskrift: HTV for NSF, legeföreninga og Fagforbundet

Saksopplysningar:

Aktuelt:

Arena for læring om velferdsteknologi (ALV-Møre og Romsdal), vart etablert som eit partnerskap mellom Høgskulen i Ålesund og Ålesund kommune i 2013. Frå og med 1. januar 2016 vart ALV-Møre og Romsdal utvida gjennom partnerskapsavtalar med kommunane på Sunnmøre. Målet er å ta dette vidare til kommunane i Romsdal og på Nordmøre i løpet av

2016. Det er bygd opp eit kompetansemiljø i Ålesund, og spørsmålet er om kommunane ynskjer å nyttiggjere seg dette i sitt eige arbeid med innføring og bruk av velferdsteknologi.

Nasjonalt: Helse og omsorgsdepartementet har satt som mål at velferdsteknologi skal vere ein integrert del av helse- og omsorgstenesta innan 2020. “Samveis – nasjonalt program for velferdsteknologi” er oppretta som eit bidrag for å nå dette målet. Hovudoppgåva er å utvikle og prøve ut velferdsteknologiske løysingar i kommunane, skape og spreie kunnskap om velferdsteknologi, bidra til gode modellar for innføring og bruk, og etablere standarder og IT-arkitektur for velferdsteknologi.

Samveis omfattar 11 prosjekt i 31 kommunar, som i hovudsak testar ut tryggleiksskapande teknologi, varslings- og lokaliseringsteknologi og velferdsteknologi i sjukeheimar. Ingen kommunar i Møre og Romsdal er med i Samveis.

Regionalt:

I Møre og Romsdal har Ålesund kommune og Høgskulen i Ålesund hatt eit partnerskap sidan 2013. Partnerskapet vart kalla ALV Møre, og starta opp som eit samarbeidsprosjekt delfinansiert gjennom midlar frå fylkesmannen. ALV-Møre var eit resultat av behov ein erfarte gjennom lokale prosjekt om velferdsteknologi, starta under Det midnorske velferdsteknologiprojektet i 2011. Her var Sunnmøre representert med 2 prosjekt køyrt i samarbeid mellom kommunane Herøy, Ulstein, Vanylven, Ørskog og Ålesund. Prosjekta synleggjorde behov for å bygge tverrfagleg kompetanse i arbeidet med velferdsteknologi.

ALV- Møre tok utgangspunkt i ein plan om å bygge ei felles demonstrasjonsleilegheit gjennom tverrfagleg samhandling, men utvikla seg vidare til ein tverrfagleg arena for læring om velferdsteknologi. Sidan oppstarten har ALV-Møre etablert demonstrasjonsleilegheit, drifta og/eller samarbeidd med prosjekt innan GPS-sporing, spelteknologi i velferdstenestene, bruk av Skype i sjukeheim, systematisk innføring av velferdsteknologi i tenestene til menneske med utviklingshemming og bruk av videokommunikasjon i kvardagsrehabilitering. ALV-Møre har også vore delaktige i produksjon av ulike publikasjonar, erfaringsnotat, kronikkar og rapportar, bidrege som fagpersonar inn i Læringsnettverk for velferdsteknologi, vore involvert i prosessar knytt til tryggleikspakkar (utvida tryggleiksalarm) og pasientvarslingsanlegg og arrangert større og mindre seminar og konferansar.

Dei opphavlege partane er samde om at det er formålstenleg å utvikle partnerskapet vidare ved at kommunane i fylket vert inviterte inn. Som eit ledd i dette vedtok styringsgruppa å endre namnet frå ALV-Møre til ALV-Møre og Romsdal.

ALV-Møre og Romsdal nyttar no høvet, ved overgang til ordinær drift, til å tilby kommunane knytt til Sunnmøre regionråd partnerskap, gjeldande frå 2016. Under føresetnad av at interessa frå kommunane er stor nok til å sikre vidare drift, vil neste steg bli utsending av tilbod om partnerskap til kommunane i Romsdal og Nordmøre i løpet av 2016.

Fylkesmannen tok i vår initiativ til eit møte der ulike partar drøfta om det var mogleg å samordne arbeidet i fylket. Dei som var invitert til dette møtet var representantar frå Fylkesmann, KS, SR, ROR, Orkidé, Utviklingssenter for heimetenester og sjukeheim i Møre og Romsdal, KomUT og ALV. På møtet var det semje om at heile Møre og Romsdal må jobbe saman om velferdsteknologi, og det vart bestemt å sette ned eit samarbeidsforum som representerer aktørane for velferdsteknologi i fylket. Samarbeidsforumet har som hovudoppgåve å kartlegge arbeid med velferdsteknologi i fylket, og bidra til å koordinere dette der det er mogleg. Forumet har uttalt at det er viktig å nytte alle etablerte arenaer i det vidare arbeidet i fylket, og at det difor er ønskjeleg at ALV Møre og Romsdal blir ein kompetanse- og læringsarena for heile fylket.


Frå leverandørmarkedet peikar tilbakemeldingar på fordelane ved å ha ein fast plass å vende seg for å nå mange, og stadig fleire firma tek kontakt med ønskje om å presentere sine produkt. ALV-Møre og Romsdal skal vere «leverandørnøytralt», men har mål om å ha kjennskap til produkta sine fordelar og ulemper og gi klare tilbakemeldingar på kva ein ser som forbettringspotensiale. Dersom kommunane vil ha produkt som treff behova hjå brukar, pårørande og tenestane så må behov tydeleggjerast, og det må stillast krav til leverandørane. ALV-Møre og Romsdal har og fått konkrete spørsmål rundt idear om nye produkt og blitt bedt om å gi råd i vidareutvikling av eksisterande produkt.

Høgskulen i Ålesund går no inn under NTNU. ALV-Møre og Romsdal har fått tilbakemeldingar på verdien av det unike samarbeidet mellom praksis og akademia, og korleis dette bidrar til å sikre kvalitet og kompetanse- spreining. Sjølv om andre aktørar i NTNU jobbar aktivt med velferdsteknologi, så har dei etter det ALV får tilbakemelding på ikkje eit tilsvarande samarbeid med praksisfeltet.

Om ALV

ALV-Møre og Romsdal vil frå 2016 vere organisert med eit styre, samansett av representantar frå dei opphavlege partnarane, representantar frå dei andre partnarkommunane, brukarrepresentantar og ansattrepresentant. Styret er ansvarleg for at eiga organsiering vert endra i tråd med samansetjinga av partnerskapskommunar. ALV-Møre og Romsdal skal ha tilsett ein prosjektleiar, og vidare vurdere personalressursar etter behov og økonomi.

ALV-Møre og Romsdal skal medverke til etablering av ulike arenaer der partnarane kan dele erfaringar, tilegne seg ny kunnskap og få rettleiing relatert til tenesteinnovasjon, utprøving og implementering av velferdsteknologi. Ein kan skildre hovudområda for aktivitet gjennom denne modellen:



Dei fire hovudområda vil vere gjensidig avhengig av kvarandre, og det skal vere ein kontinuerleg straum av erfaringsdeling og kunnskapsbygging i og mellom desse.

Dei ulike læringsarenaene kan omfatte kompetanseutviklingstiltak som bl.a. nettverksgrupper, seminar/konferansar, undervisning og bruk av dei eksisterande arenaene www.alv-moreogromsdal og demonstrasjonsleiligheta. I tillegg til dei ulike arenaer skal prosjektleiarane vere ressursperson for ALV-kommunane og bistå i forbindelse med tenesteutvikling og implementering av velferdsteknologi og ta initiativ til nye prosjekt saman med partnarane.

Som i alle organisasjonar må det gjerast prioriteringar i val av aktivitetar. I ALV-Møre og Romsdal skal desse prioriteringane ta utgangspunkt i partnarskapskommunane og Høgskulen i Ålesund sine ønskjer og behov relatert til velferdsteknologi. Det planleggjast difor ei kartlegging av eksisterande aktivitet og planar, behov og ønskjer i kommunane som kjem inn i partnarskapet. Denne kartlegginga vil danne grunnlag for prioriteringar, i samråd mellom styre og prosjektleiar. På denne måten vil ein auke sannsynlegheita for fokus på problemstillingar som er aktuelle til ei kvar tid og at alle partar får best mogleg utbytte av partnarskapet.

ALV Møre og Romsdal er kjent med at overgang til digital tryggleiksalarm og mottakssentral, samt anskaffing pasientvarslingssystem er aktuelt for fleire kommunar.

Det er ønskjeleg å ha god brukarrepresentasjon og brukarmedverknad i all aktivitet i ALV-Møre og Romsdal. Det har frå starten av vore brukarrepresentant i styringsgruppa og stort fokus på brukarmedverknad i ulike prosjekt. Dette vil bli vidareført.

Kostnad:

Det er rekna ei medlemsavgift for partnarkommunar som er fordelt etter følgjande modell:

Folketal	Kostnad
< 5 000	50 000
5 000 – 11 000	75 000
>11 000	150 000

Eigendel frå partnerane:

- Partnerane dekkjer sjølv kostnadane for medlemmane i styringsgruppa.
- Ålesund kommune bidreg med eigeninnsats relatert til rekneskap, arbeidsgjevaransvar mv.
- Høgskulen i Ålesund svarer for husleige, straumutgifter og reinhald i ALV-leilegheita etter avtale.

ALV-Møre og Romsdal dekkjer brukarrepresentantane sine utgifter og møtegodtgjerdler etter gjeldande offentlege satsar.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen ser at velferdsteknologi må nyttast som ein drivar for å fremje utvikling av helse- og omsorgstenestene, og styrke tenestene i møtet med komande demografiske utfordringar. Samstundes står vi overfor auka forventningar, både gjennom sentrale føringar og frå innbyggjarar, om at vi skal klare å nytte velferdsteknologi på ein god måte for brukarar, pårørande og dei tilsette i tenestene.

Velferdsteknologi gjev mange moglegheiter og fallgruver. Det er eit stort fagområde som berører både etikk, personvern, tenesteutvikling, teknologi, innovasjon, anskaffing, individuell tilpassing, opplæring og kvalitetssikring. Utviklinga skjer raskt, og det er krevjande å halde seg oppdatert på erfaringar og utvikling lokalt og nasjonalt.

På bakgrunn av dette vurderer rådmannen at det vil vere hensiktsmessig for kommunen å ta del i kompetanse og ressursar i fellesskap med dei andre kommunane.

Konsekvensar for drift:

Den årlege kostnaden for partnerskapet for Volda kommune er på kr. 75 000. Dette vart innarbeidd i budsjettet som eit nytt tiltak. I tillegg kjem lønns- og reisekostnadar for eventuelle medlemmar i styret.

Når det gjeld juridiske konsekvensar er dette eit partnerskap der vilkåra for deltaking framgår av avtalen, og der risikoen kun er knytt til medlemsavgifta. Kommunen sine plikter framgår av avtalen.

Medlemsskap har vore drøfta i Sjustjerne nettverket for helse- og omsorg. Dei fleste kommunane var positive til partnerskap ut frå behovet for felles satsing på området, men ein stilte spørsmål ved prisen. Det er uklart kva medlemsavgifta skal dekkje, og korleis ein har kome fram til beløpet.

Rådmannen ser at ein gjennom partnerskap får tilgang på kompetanse og ressursar som vil styrke og effektivisere kommunen sitt vidare arbeid med velferdsteknologi. Rådmannen tilrådde derfor Volda kommune som partner på dei vilkåra som går fram av vedlagte avtale, med atterhald om rom for justeringar når ein ser kor mange kommunar som vert med i partnerskapet. Målet må vere at alle kommunane vert med på denne dugnaden, og di fleire kommunar som vert med, di mindre kostnad vert det på kvar enkelt.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Kr 75.000,- vart avsett i budsjettarbeidet til 2016 og vedtatt av kommunestyret. Sektor helse- og omsorg vil vere ansvarleg for oppfølging av samarbeidet.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert.

Naturmangfaldlova:

Ikkje vurdert

Rune Sjurgard
Rådmann

Jorunn Anne Tomasgard
Helse- og omsorgssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Kommunestyret



Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2014/402	4883/2016	BARDSETH	031	07.04.2016

SØKNAD. TILSKOT TIL VEGAR, BREIBAND OG ANDRE DIGITALISERINGSTILTAK I KOMMUNAR SOM SKAL SLÅ SEG SAMAN

Volda kommune og Ørsta kommune viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementet si utlysing av midlar til vegar, breiband og andre digitaliseringstiltak i kommunar som skal slå seg saman, søknadsfrist 11. april 2016.

Volda og Ørsta er i dialog om samanslåing. Intensjonsavtale for ny Volda-Ørsta kommune er signert 15. mars 2016. Visjonen for den nye kommunen er å bygge den fjerde byen i fylket, og vere attraktiv for familiar og unge.

Volda og Ørsta søker med dette om tilskot til tre tiltak; 1) Byggekostnader for to attståande parsellar av gang/sykkelveg mellom Volda og Ørsta, 2) Sykkelstallar i Volda og Ørsta, i samband med gang/sykkelveg, 3) Oppdatering av informasjonsskilt for Volda-Ørsta.

Tiltak 1: Gang/sykkelveg – byggekostnader for to attståande parsellar mellom Ørsta og Volda

Skildring av tiltaket og tilhøvet til kommunereformprosessen

Gang/sykkelveg Volda-Ørsta er ein del av hovudnettet for sykkel i Ørsta og Volda og har vore prioritert frå kommunane i lang tid. Store delar av sambandet er utbygt, men nokre parsellar gjenstår før ein har samanhengande gang/sykkelveg mellom tettstadane, sjå vedlagte kart. Gang/sykkelvegen fyl E39 og vegeigar med ansvar planlegging og utbygging er Statens vegvesen.

Vi søker om tilskot til byggekostnader for parsellane i Furene (Volda kommune) og Hovdebygda (Ørsta kommune). Parsellen i Furene er om lag 0,7 km lang, parsellen i Hovdebygda 1,5 km, til saman 2,2 km. Budsjettpris pr. løpemeter ferdig gang/sykkelveg er 9000 kroner, og inkluderer grunnverv og byggekostnader. Parsellane er regulerte.

Etter utbygging av parsellane i Furene og Hovdebygda gjenstår utbygging av parsellen nærast Volda sentrum. Utbygging her er utfordrande, teknisk og med omsyn til grunneigartilhøve.

Denne parsellen inngår ikkje søknaden, då ein må finne løysingar for denne gjennom eigen planprosess.

Volda og Ørsta er komplementære tettstadar og med ein felles arbeidsmarknad. Avstanden mellom tettstadane er ca 10 km. Dagleg pendlar om lag 800 personar frå Volda til Ørsta og om lag 950 ørstingar pendlar til Volda. Skulependling kjem i tillegg. Potensialet for å auke sykkelbruken for arbeidsreisande mellom tettstadane er stort, likeeins for fritidssyklende. Samanhengande gang/sykkelveg mellom Volda og Ørsta vil ha stor positiv effekt i arbeidet med å binde kommunane saman. Betre vegsamband og kommunikasjonar mellom tettstadane vil styrke tettstadane gjensidig og bidra til å nå målet om den fjerde byen i fylket. Det vil bidra til å redusere bilbruk og vil gje miljøgevinst. Det vil bidra til å fremje folkehelse og legge til rette for ein aktiv livsstil. Samanhengande gang/sykkelveg vil vere eit viktig trafikksikringstiltak i den nye kommunen.

Plan for gjennomføring

Det er naturleg at Statens vegvesen som vegeigar er byggherre, men prosjekteigar kan også vere dei respektive kommunane. Volda og Ørsta kommunar vil gå i dialog med Statens vegvesen om dette.

Haust 2016: Innleiande dialog med Statens vegvesen
2017: Grunnerverv og detaljprosjektering
2018: Bygging av gang/sykkelveg

Søknadssum og finansieringsplan

Budsjett:

Byggekostnad (2,2 km x 9000 kr)	19 800 000
Eigeninnsats Volda-Ørsta	200 000
Sum kroner	<u>20 000 000</u>

Finansiering:

KMD	19 800 000
Volda kommune	100 000
Ørsta kommune	100 000
Sum kroner	<u>20 000 000</u>

Tiltak 2: Sykkelstallar i Volda og Ørsta

Skildring av tiltaket og tilhøvet til kommunereformprosessen

For å stimulere til meir sykling mellom Volda og Ørsta, og for å auke attraktiviteten til sykkelvegen, vil ein legge til rette for sykkelstallar i kvart endepunkt av forbindelsen, ein i Volda og ein i Ørsta. Sykkelstallane skal tilby sikker parkering og toalett/dusjfasilitetar. For Ørsta kan det vere aktuelt å bygge sykkelstall i samband med ny bussterminal ved "Mørebiltomta". Terminalen er under planlegging og det er avsett 8,25 mill kroner til dette i 2016-budsjettet. Lokaliseringa er i sentrum og i tilknytning til E39. For Volda sin del er det aktuelt med sykkelstall ved rutebilstasjonen i sentrum. Lokaliseringane i både Ørsta og Volda er sentrale og naturlege start/stoppunkt for syklande mellom Volda og Ørsta.

Tiltaket må ein sjå i samanheng med ferdigstilling av sykkelvegen mellom Volda og Ørsta.

Vi søker om tilskot til planlegging og byggekostnader for to sykkelstallar. Kostnad er stipulert til 250 000 kroner per sykkelstall. Prosjekteigar og byggherre vil vere dei respektive kommunane.

Plan for gjennomføring

Volda og Ørsta kommunar planlegg og gjennomfører tiltaket i fellesskap, men kvar kommune er prosjekteigar for sine respektive prosjekt.

Haust 2016: Planlegging av tiltak
2017: Gjennomføring av tiltak

Søknadssum og finansieringsplan

Budsjett:

Byggekostnad (2 x 250 000)	500 000
Eigeninnsats Volda-Ørsta	200 000
Sum kroner	<u>700 000</u>

Finansiering:

KMD	500 000
Volda kommune	100 000
Ørsta kommune	100 000
Sum kroner	<u>700 000</u>

Tiltak 3: Oppdatering av informasjonsskilt for Volda-Ørsta

Skildring av tiltaket og tilhøvet til kommunereformprosessen

Tiltaket vil omfatta oppdatering av eksisterande kart- og informasjonsskilt om Volda og Ørsta kommunar. Skilta vart sett opp for ca 25 år sidan på sentrale stadar kring om i begge kommunane og langs hovudferdselsårer, m.a. på ferjekaier, ved rådhusa og langs E39. Tal på eksisterande skilt er ca ti. Informasjonen på skilta er no utdatert, m.a. har nye hovudvegar kome til som ikkje er med på skilta (Eiksundsambandet og Kvivsvegen (E39)). Det er i første rekke behov for å oppdatere kart/skiltinformasjon og lage nye prent som kan erstatte dei gamle. Ein reknar med at nokre av dei gamle stativa også må bytast ut. Vidare er det ønskje om å sette opp skilt nye stadar, ca 5 stykk.

Nye, oppdaterte informasjonsskilt vil vere positivt og naudsynt for å presentere ny kommune på ein korrekt og tiltalande måte, både for tilreisande og fastbuande. Nye informasjonsskilt vil ha ein positiv symboleffekt for ny Volda-Ørsta kommune.

Plan for gjennomføring

Volda og Ørsta kommunar planlegg og gjennomfører tiltaket i fellesskap. Arbeidet vert utført av ei arbeidsgruppe med representantar frå begge kommunar.

Haust 2016: Planlegging av prosjekt
2017: Produksjon og oppføring av nye skilt

Søknadssum og finansieringsplan

Budsjett:

Tekst og foto	150 000
Formgjeving	150 000
Prent	200 000
Skiltstativ	200 000
Eigeninnsats Volda-Ørsta	200 000
Sum kroner	<u>900 000</u>

Finansiering:


KMD	700 000
Volda kommune	100 000
Ørsta kommune	100 000
Sum kroner	<u>900 000</u>

Oppsummering

Volda og Ørsta søker om tilskot til tre tiltak; 1) Byggekostnader for to attstående parsellar av gang/sykkelveg mellom Volda og Ørsta, kroner 20 000 000. 2) Sykkelstallar i Volda og Ørsta, i samband med gang/sykkelveg kroner 700 000. 3) Oppdatering av informasjonsskilt for Volda-Ørsta kroner 900 000. Samla søknadssum kroner 21 600 000.

Helsing

Wenche Solheim
rådmann Ørsta



Rune Sjurgard
rådmann Volda

Vedlegg:

Kart som viser gang- og sykkelvegnett i Volda og Ørsta
Foto av informasjonsskilt

Vedlegg 2.





MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom 137, Volda rådhus
Dato: 09.03.2016
Tid: 13.00 – 13.35

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ronald Hagen	Leiar	
Solfrid Førde	Nestleiar	
Ragnhild Folkestad	Medlem	
Jørgen Holte	Medlem	
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	
Inge Alexander Bruheim	Medlem	

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Torill Rødven Eide	Medlem

Vara som møtte:

Namn

Frå Vest Kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Ada Håberg	Konsulent

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
------	----------

SAKLISTE

- SAK 01/16 GODKJENNING AV INNKALLING AV SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 02/16 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/16 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015
- SAK 04/16 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2016
- SAK 05/16 MELDINGAR
- SAK 06/16 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2015
- SAK 07/16 MØTEPLAN 2016
- SAK 08/16 KONTROLLRAPPORT – ÅRSMELDING 2015
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

SAK 01/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vart godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vart vald Solfrid Førde.

SAK 02/16 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet den 04.11.2015.

Samrøystes vedtak

Møteprotokollen frå møtet den 04.11.2015 vart godkjent.

SAK 03/16 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015

Møteprotokollar som var til gjennomgang:

Kommunestyret	01.10, 01.10, 29.10, 12.11, 26.11, 17.12
Formannskapet	22.09, 03.11, 17.11, 24.11, 01.12, 08.12
Driftsstyret	07.10, 18.11, 24.11, 02.12
Eldrerådet	29.09, 09.12
Forvaltningsstyret	21.09, 13.10, 17.11, 08.12
Kommunalt råd for funksjonshemma:	21.09
Ungdomsrådet	23.09, 14.10, 18.11, 16.12
Valnemnda	25.11, 26.11
Valstyret	15.09
VØR representantskap	25.11
VØR styret	24.11

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

SAK 04/16 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2016

Møteprotokollar som var til gjennomgang:

Kommunestyret	28.01, 25.01
Formannskapet	19.01, 09.02, 23.02, 01.03
Driftsstyret	13.01, 10.02
Eldrerådet	15.02
Forvaltningsstyret	14.01, 16.02
Valnemnda	28.01, 25.02
Valstyret	19.01, 09.02
VØR styret	26.01

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

SAK 05/16 MELDINGAR

Vedlegg

1. Brev frå Det Grøne Treet AS v/ Trude Lid, av 08.01.16. : « Tilsvar på dykkar brev «svar på krav om tredjepartserstatning – Det Grøne Treet AS»»
2. Kommunal økonomi, februar 2016 : «Leder: Javel, herr statsråd»

Samrøystes vedtak

Meldingane vart tekne til orientering.

SAK 06/16 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2015

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2015.

Saksopplysning

Viser til vedlagte forslag til årsmelding for kontrollutvalet 2015.

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek til etterretning kontrollutvalet si årsmelding for 2015.

SAK 07/16 MØTEPLAN 2016

Saksopplysningar

I 2016 er det sett opp møte 9.mars, 4.mai (alt.1 rekneskap), 25.mai (alt. 2 rekneskap), 6.oktober og 7.desember.

Det vart diskutert om møteplanen og talet på møter passar til utvalet sin aktivitet.

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet fastset møteplanen i samsvar med framlegget.

SAK 08/16 KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2015 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Vedlegg

- Kontrollrapport 2015 frå Skatteetaten av 15.02.2016.
- Årsmelding for 2015 frå Skatteoppkrevjaren av 20.01.2016.
- Skatterekneskapen 2015 av 20.01.2016.
- Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll 2015 av 14.01.2016.

Saksopplysning

Viser til Kontrollrapporten frå Skatteetaten, Årsmelding frå Skatteoppkrevjaren, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll.

Fylgjande kjem av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna intern kontroll.
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og framlegginga av rekneskapen.
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølging av restansane.
- Arbeidsgivarkontrollen, også utført i tilstrekkeleg omfang.

Ikkje tilfredsstillande:

- Ingen merknad.

Andre tilhøve:

Når det gjeld detaljar for innkrevjinga viser eg til Skatteetaten sin kontrollrapport pkt. 3, Årsmeldinga frå skatteoppkrevjaren pkt. 3 og Skatterekneskapen.

Skatt fordelt til kommunen viser kr 193.969.561 mot kr 184.301.006 i 2014. Dvs. ein auke på kr 9.668.555 eller 5,25%.

Kommunen hadde budsjettert med 190 mill. i skatteinngang. Tilleggsinntekta vart då 3,9 mill.. Jf. Årsmeldinga pkt. 1.3.2.

Samrøystes uttale

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Årsmelding for Skatteoppkrevjaren, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll for 2015.

Møtet slutt.

Ronald Hagen

Solfrid Førde

Møteprotokollen går til:

**Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**

Fra: Ada Håberg [<mailto:Ada.haaberg@vestkontroll.no>]
Sendt: 17. mars 2016 08:58
Til: V-Postmottak
Emne: SV: VO 01-16 MØTEPROTOKOLL - UTSKRIFT TIL KOMMUNESTYRET

Hei og god morgon, Unni.

Ja, det skal vere eit vedlegg, eg legg med fila på denne e-posten.

Ha ein fin dag.

Med helsing



Ada Elise Håberg
Konsulent

Tlf: 700 30 445
ada@vestkontroll.no

Fra: V-Postmottak [<mailto:postmottak@volda.kommune.no>]
Sendt: 17. mars 2016 08:04
Til: Ada Håberg
Emne: SV: VO 01-16 MØTEPROTOKOLL - UTSKRIFT TIL KOMMUNESTYRET

Hei og god morgon.

Skal ikkje her vere eit vedlegg?



Unni Strand
førstesekretær
Servicekontoret
Tlf 70 05 88 86
unni.strand@volda.kommune.no
www.volda.kommune.no

Fra: Ada Håberg [<mailto:Ada.haaberg@vestkontroll.no>]
Sendt: 16. mars 2016 12:15
Til: V-Postmottak
Kopi: Jørgen Amdam; Rune Sjurgard
Emne: VO 01-16 MØTEPROTOKOLL - UTSKRIFT TIL KOMMUNESTYRET

Oversending for behandling, skal som melding til kommunestyret.

Med helsing



Ada Elise Håberg
Konsulent

Tlf: 700 30 445
ada@vestkontroll.no



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

Driftsstyret og kommunestyret

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/182	4372/2016	A29	OPP/ PERKON	13.04.2016

ORIENTERING OM MIDLAR TIL AUKA PEDAGOGTETTLEIK I 1. - 4. KLASSE

Viser til PS 22/16, som var til handsaming i kommunestyret 22.02.2016.

I PS 22/16 vart kommunestyret orientert om at Volda kommune ikkje var kvalifisert til den statlege ordninga med auka lærartettleik i 1. – 4. klasse.

[I pressemelding frå Kunnskapsdepartementet](#), dagsett 29.03.2016, vert det orientert om at fleire kommunar likevel får ta del i ordninga. No skal alle midlane til auka lærartettleik fordelast [jamt over heile landet](#), og ikkje berre til kommunar som i snitt har fleire elevar pr lærar enn landsnittet.

For vårhalvåret 2016 får Volda kommune tildelt ein eingongssum til mellombelse stillingar på kr 763 199,-, medan ein for hausthalvåret 2016 får kr 545 142,- til varig styrking. Midlane er øyremerkte til lærarstillingar i 1. – 4. klasse.

For Volda kommune sin del er midlane omrekna til 50 lærartimar pr veke. Lærartimane er administrativt fordelt mellom dei skulane med lågast tildelt timetal pr elev i 1. – 4. klasse. Ved å fordele midlane på denne måten, bidreg ein til ein meir likeverdig ressursbruk mellom elevane i 1. -4. klasse i kommunen.

Dei 50 lærartimane pr veke er komande skuleår fordelt slik:

Mork skule	: 7 lærartimar pr veke
Øyra skule	: 27 lærartimar pr veke
Bratteberg skule	: 15 lærartimar pr veke
Folkestad skule	: 1 lærartime pr veke

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Postadresse:

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727



NOTAT

Kommunestyret

Sak: Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/1559	4261/2016	151	ADM/RUNSJU	11.04.2016

STATLEG SYSSELSETTINGSPAKKE I STATSBUJSJETTET FOR 2016 - VEDLIKEHALDSMIDLAR

I regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2016 (Prop 1 S 2015 - 2016) var det innarbeidd kr 500 mill i tiltakspakke til kommunane for å stimulere aktiviteten i arbeidsmarknaden. Under forhandlingane med samarbeidspartia vart innretninga endra til å gjelde vestlandsfylka og ramma litt redusert. Tilskotet var formålsretta mot vedlikehald og rehabilitering av skule- og omsorgsbygg. For Volda kommune vart tilskotet stipulert til om lag kr 864 000.

Under handsaminga av budsjettet i Stortinget så fall tiltakspakka ut. Det har ikkje vore noko merksemd rundt dette. Ein kan stille spørsmål ved dette ettersom vi for tida har relativt høg auke i arbeidsløysa i landet.

I budsjettet for Volda kommune er midlane vist med både inntekt og utgift som nullsumsspel. Dette inneber at det ikkje får budsjettmessige konsekvensar. Konsekvensen er derimot at det ikkje vert eit ytterlegare lyft av vedlikehaldstiltak som kunne gitt sysselsettingsmessig effekt.

Verken administrasjonen i Volda kommune eller fylkesmannen finn at det er presisert frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet at midlane til kommunal sysselsettingspakke/vedlikehaldspakke har falle ut. Det er først ved etterlysing av midlane overfor fylkesmannen vi har funne ut at midlane ikkje er med i det endelege statsbudsjettet. Dette har gjort at vi til no har levd i den trua at desse midlane var på plass.

Revidert nasjonalbudsjett for 2016 og kommuneproposisjonen for 2017 vert lagt fram i mai. Med bakgrunn i situasjonen med auka arbeidsløysa bør det forventast at regjeringa på nytt

fremjar forslag om sysselsettingspakkar også i kommunal sektor.

Dette til orientering.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

PS 52/16 Delegerte saker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 51/16 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 18/148

DS 52/16 Mellombels bruksløyve, tilbygg Gbr 30/219

DS 53/16 Igangsettingsløyve, taktekking Gbr 19/877

DS 54/16 Mellombels bruksløyve Gbr 15/16/0/1

DS 55/16 Løyve til tiltak, løfteplattform Gbr 10/23

DS 56/16 Dispensasjon Gbr 6/36

DS 57/16 Løyve til tiltak, bruks- og fasadeendring Gbr 19/275

DS 58/16 Løyve til tiltak, mellombels bruksendring Gbr 4/5

DS 59/16 Løyve til tiltak, tilbygg/garasje Gbr 12/22

DS 60/16 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 20/283/0/2

DS 61/16 Igangsettingsløyve, garasje og veranda Gbr 19/83

DS 62/16 Ferdigattest, naust og flyrebrygge Gbr 80/8

DS 63/16 Ferdigattest, garasje Gbr 20/531

DS 64/16 Igangsettingsløyve, bustad Gbr 12/3

DS 65/16 Mellombels bruksløyve Gbr 17/231

DS 66/16 Løyve til endring Gbr 19/877

DS 67/16 Rammeløyve, teknisk anlegg Gbr 16/12

DS 68/16 Løyve til endring Gbr 30/24

DS 69/16 Ferdigattest, garasje Gbr 13/47

DS 70/16 Løyve til tiltak, parkeringsplass Gbr 20/79

DS 71/16 Løyve til tiltak, påbygg Gbr 20/36

DS 72/16 Ferdigattest gbr 4/5

DS 73/16 Ferdigattest Gbr 131/3